(Opphavleg utgåve)

DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

Innhald

Del I **Innleiande del** 9

1 **Hovudinnleiing** 11
1.1 Ansvarsområde og organisering ... 11
1.2 Mål for justis- og beredskaps-sektoren 11
1.3 Resultat i regjeringsperioden 12
1.3.1 Innleiing 12
1.3.2 Effektiv kamp mot kriminalitet 12
1.3.3 Rettsstat og rettargang 13
1.3.4 Straffegjennomføring 14
1.3.5 Ein berekraftig innvandrings-politikk 15
1.3.6 Beredskap 15
1.3.7 Svalbard og dei andre polar-områda 17
1.4 Hovudsatsingar i 2026 17
1.5 Rettstryggleik 20
1.5.1 Innleiing 21
1.5.2 Tilstandsvurdering 21
1.5.3 Tiltak 24
1.6 Tryggleik i samfunnet 24
1.6.1 Innleiing 24
1.6.2 Tilstandsvurdering 24
1.6.3 Tiltak 26
1.7 Låg kriminalitet 27
1.7.1 Innleiing 27
1.7.2 Tilstandsvurdering 27
1.7.3 Tiltak 29
1.8 Kontrollert, rettferdig og berekraftig innvandring 29
1.8.1 Innleiing 29
1.8.2 Tilstandsvurdering 30
1.8.3 Tiltak 33
1.9 Godt forvalta polarområde 34
1.9.1 Innleiing 34
1.9.2 Tilstandsvurdering og tiltak 34
1.10 Godt og tilgjengeleg lovverk 35
1.10.1 Innleiing 35
1.10.2 Tilstandsvurdering og tiltak 35
1.11 Oppfølging av oppmodings-vedtak 37
1.11.1 Stortingssesjonen 2024–2025 43
1.11.2 Stortingssesjonen 2023-2024 52
1.11.3 Stortingssesjonen 2022–2023 59
1.11.4 Stortingssesjonen 2021–2022 61
1.11.5 Stortingssesjonen 2020–2021 63
1.11.6 Stortingssesjonen 2019–2020 70
1.11.7 Stortingssesjonen 2017–2018 71
1.11.8 Stortingssesjonen 2016–2017 71

Del II **Nærmare om budsjett-forslaget** 77

2 **Nærmare om budsjett-forslaget** 79

Programkategori 06.10 Administrasjon 79
Kap. 400 Justis- og beredskaps-departementet 80

Programkategori 06.20 Rettsvesen 83
Kap. 61 Høgsterett 86
Kap. 410 Domstolane 86
Kap. 3410 Domstolane 93
Kap. 411 Domstoladministrasjonen 94
Kap. 3411 Domstoladministrasjonen 94
Kap. 414 Forliksråd og andre doms-utgifter 95

Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd 97
Kap. 430 Kriminalomsorga 98
Kap. 3430 Kriminalomsorga 106
Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet 106
Kap. 432 Høgskolen og utdannings-senteret til kriminalomsorga 107
Kap. 3432 Høgskolen og utdannings-senteret til kriminalomsorga 107
Kap. 433 Konfliktrådet 108
Kap. 3433 Konfliktrådet 111

Programkategori 06.40 Politi og påtale 112
Kap. 440 Politiet 114
Kap. 3440 Politiet 126
Kap. 441 Politidirektoratet 127
Kap. 442 Politihøgskolen 128
Kap. 3442 Politihøgskolen 128
Kap. 443 Påtalemakta i politiet 129
Kap. 444 Politiets tryggingsteneste (PST) ... 129
Kap. 3444 Politiets tryggingsteneste (PST) ... 132
Kap. 445 Den høgare påtalemakta 132
Kap. 448 Grensekommissæren 133

Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap 134
Kap. 451 Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap 137
Kap. 3451 Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap 141
Kap. 452 Sentral krisehandtering 143

Kap. 453 Sivil klareringsmyndigheit 144
Kap. 3453 Sivil klareringsmyndigheit 144
Kap. 454 Redningshelikoptertenesta 145
Kap. 3454 Redningshelikoptertenesta 145
Kap. 455 Redningstenesta 146
Kap. 3455 Redningstenesta 148
Kap. 457 Nasjonalt tryggingsorgan 148
Kap. 3457 Nasjonalt tryggingsorgan 149

Programkategori 06.60 Andre verksemder 151
Kap. 460 Spesialeininga for politisaker 152
Kap. 461 Advokattilsynet 154
Kap. 3461 Advokattilsynet 155
Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m. 155
Kap. 467 Norsk Lovtidend 157
Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker 157

Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m. 159
Kap. 470 Fri rettshjelp 160
Kap. 3470 Fri rettshjelp 162
Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning 163
Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning 164
Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning 168
Kap. 475 Bubehandling 169

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m. 170
Kap. 480 Svalbardbudsjettet 171
Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen 173
Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen 174

Programkategori 06.90 Vern og innvandring 175
Kap. 490 Utlendingsdirektoratet 177
Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet 191
Kap. 491 Utlendingsnemnda 192

Del III Særlege tema 195

3 FNs berekraftsmål – rapportering 197

4 Likestilling og ikkje-diskriminering 201
4.1 Justis- og beredskapsdepartementet 201
4.2 Domstoladministrasjonen 203
4.3 Kriminalomsorga 203
4.4 Konfliktrådet 204
4.5 Politiet 205
4.6 Den høgare påtalemakta 206
4.7 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 206
4.8 Sivil klareringsmyndigheit (SKM) 207
4.9 Hovudredningssentralen (HRS) ... 207
4.10 Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) 208
4.11 Spesialeininga for politisaker 209
4.12 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker 209
4.13 Statens sivilrettsforvaltning 210
4.14 Kontoret for valdsoffererstatning 210
4.15 Utlendingsdirektoratet (UDI) 211
4.16 Utlendingsnemnda (UNE) 211

5 Omtale av klima- og miljørelevante saker 213
5.1 Politiet 213
5.2 Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre 213

6 Enkeltståande tilskot 214

7 Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overførast» 215

Forslag 217

Digitalt vedlegg
Domstolenes budsjettbehov – Vedlegg til Prop. 1 S (2025–2026)

Tabelloversikt

Tabell 1.1 Oversikt over dei nye satsingane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2025 17
Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer 38
Tabell 2.1 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane 88
Tabell 2.2 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker (i månader) 88
Tabell 2.3 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker (i månader) 89
Tabell 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane (i månader) 90
Tabell 2.5 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane 90
Tabell 2.6 Oversikt over fengsel der vedlikehald blir prioritert innanfor gjeldande budsjettrammer 102
Tabell 2.7 Pågåande arbeid med framtidig fengselskapasitet 103
Tabell 2.8 Tilskot som blir lyste ut 124
Tabell 2.9 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar 125
Tabell 2.10 Forslag til nytt gebyr for barn f.o.m. 1. januar 2026 181
Tabell 2.11 Returar og rekneskapstal per ordning, 2024 189
Tabell 2.12 Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2024 189
Tabell 4.1 Oversiktstabell for departementet 201
Tabell 4.2 Fordeling av stillingar 2024 og 2025 201
Tabell 4.3 Lønn (i 1 000 kroner) 202
Tabell 6.1 Samla oversikt over enkeltståande tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 214

Figuroversikt

Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemder under Justis- og beredskaps-departementet 11
Figur 1.2 Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet 12
Figur 1.3 Lovbrot meldt til politiet. Kroppskrenkelse, kroppsskade, mishandling i nære relasjonar og valdtekt/grov valdtekt. 2006–2024 22
Figur 1.4 Oppklaringsprosent: Vald, mishandling i nære relasjonar og seksuallovbrot. 2006–2024 22
Figur 1.5 Del av befolkninga (16–84 år) som meiner å ha vore utsett for ulike lovbrotstypar i løpet av det siste året (2020, 2022, 2023 og 2024) 28
Figur 1.6 Innvandring til Noreg etter innvandringsgrunn og år 30
Figur 1.7 Talet på personar som søkte om vern 2015–juni 2025 31
Figur 2.1 Saksavvikling i forliksråda 2019–2024 96
Figur 2.2 Utvikling i aktivitet i kriminalomsorga 99
Figur 2.3 Utvikling i talet på innsette med mindre enn to og åtte timars fellesskap 100
Figur 2.4 Talet på saker til konfliktrådet 2019–2024 109
Figur 2.5 Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2019–2024) 153
Figur 2.6 Innkomne og behandla saker og restansar i DRK 156
Figur 2.7 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2019–2024) 161
Figur 2.8 Saksbehandling hos KFV (2019–2024) 165
Figur 2.9 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2019–2024) 166
Figur 2.10 Tal på saker om vern 2015–juni 2025 179
Figur 2.11 Tal på saker om opphald og statsborgarskap til UDI 2018–juni 2025 180
Figur 2.12 Utvikling i restansar i UDI 2018–juni 2025 181
Figur 2.13 Bebuarar i mottak per utgangen av året, 2015–30. juni 2025 182
Figur 2.14 Tal på saker og gjennomsnittleg behandlingstid i asylsaker 2018–juni 2025 193
Figur 2.15 Tal på saker og gjennomsnittleg behandlingstid i saker om opphald 2018–juni 2025 193

DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 26. september 2025, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

Del I
Innleiande del

1 Hovudinnleiing

1.1 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, konfliktrådet, politiet og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsmyndigheitene og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og rikstryggleiken på sivil side. Ansvaret for samordning av norsk politikk i polaromåda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Departementet har ansvar for om lag 150 lover og har i tillegg som oppgåve å bidra til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement. Totalt har Justis- og beredskapsdepartementet 19 underliggjande og tilknytte verksemder som saman bidrar til å oppfylle samfunnsoppdraget til sektoren.



Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemder under Justis- og beredskapsdepartementet

1.2 Mål for justis- og beredskapssektoren

For 2026 gjeld desse måla for justis- og beredskapssektoren:

Kapittel 1.5 til 1.10 er inndelt etter måla for justissektoren. For kvart av dei seks måla gjer departementet greie for tilstanden og dei sentrale utfordringane på feltet. Dei tiltaka regjeringa vil sette inn blir lagt fram til sist.



Figur 1.2 Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet

1.3 Resultat i regjeringsperioden

1.3.1 Innleiing

Regjeringa har i regjeringsperioden 2022–2025 jobba målretta for å få eit betre og sterkare politi, eit meir digitalisert og effektivt rettsstell og ei moderne kriminalomsorg som kan handtere ei ny samansetjing av innsette. Regjeringa har styrkt beredskapen på ei rekkje område. Det er gitt løyving til fleire større investeringar i perioden, som rehabilitering av tinghus i Bergen, ny løysing for Oslo fengsel, auka kapasitet ved ungdomseiningane og betre soningsforhold for kvinner, digitalisering i domstolane, modernisering av IT-systema i utlendingsforvaltninga, Schengen IT-system, nye redningshelikopter og ny fagskule i Tjeldsund for brann- og redningspersonell.

1.3.2 Effektiv kamp mot kriminalitet

Regjeringa har styrkt politiet i kampen mot kriminalitet. Budsjettet til politiet har fått ein nominell auke på 5,4 mrd. kroner sidan regjeringa tiltredde. Det er ein auke på 26 pst. sidan 2021.

Politiinnsatsen mot kriminelle nettverk har auka, og politiet har derfor kunna møte trusselen frå organiserte kriminelle nettverk meir treffsikkert og effektivt. Den nasjonale innsatsen har sett politiet betre i stand til å få bukt med dei kriminelle nettverka som blir vurderte å utgjere dei mest alvorlege trusselaktørane. Fleire drap er avverja og talet på rettskraftige inndragingar har auka med nærmare 40 prosent dei siste to åra.

Regjeringa har òg sett i verk ei rekkje tiltak og innsatsar for å både førebyggje og kjempe mot barne- og ungdomskriminalitet. Barne- og ungdomskriminalitet må løysast på tvers av sektorar, og regjeringa har prioritert auka løyving til dette arbeidet. Tiltaka er målretta mot område og miljø i Noreg med kriminalitetsutfordringar over tid.

Lovendringar for å sikre betre og raskare reaksjonar for unge lovbrytarar vart sette i verk i perioden, og det er i budsjettet gitt løyving til å følgje opp lovendringane. Regjeringa har prioritert ein særskild innsats for hurtigare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo, Sør-Vest og Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor.

Det er behov for auka kapasitet i ungdomseiningane i kriminalomsorga. Regjeringa har derfor sett i gang tiltak for å auke talet på plassar og i 2025 er ein ny ungdomseining opna på Evje. Regjeringa har òg sørgt for «ein-til-ein-oppfølging» for ungdom som gjer seg skuldig i gjenteken kriminalitet, eller står i fare for å gjere det. Sjå òg omtale under Barne- og familiedepartementet.

Med eit krevjande trusselbilete og eit kriminalitetsbilete i endring er det viktig at politiet har tilgang på dei maktmidla og verkemidla som er nødvendige. Stortinget har i 2025 vedteke endringar i politilova som opnar for at Politidirektoratet (POD) kan avgjere at politiet skal bere våpen i dagleg teneste. På dette grunnlaget har POD bestemt at politiet skal bere våpen i dagleg teneste frå 1. juli 2025. Det blir arbeidd med eit lovforslag om innføring av permanent generell væpning av norsk politi.

For å gi Politiets tryggingsteneste (PST) verkemiddel som er tilpassa både samfunnet sine behov og den digitale utviklinga, har regjeringa i perioden fremma lovendringar som lovfestar og tydeleggjer PST sine oppgåver som innanlands etterretningsteneste, og som opnar for behandling av ope tilgjengeleg informasjon for etterretningsformål. Lovendringane gjer at PST skal utarbeide analysar og etterretningsvurderingar om forhold i Noreg som kan true nasjonale tryggleiksinteresser, og legg til rette for at PST har verke-

middel som gjer at PST kan sjå samanhengar og identifisere trusselaktørar i tide.

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet og blant dei lovbrota som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. Regjeringa har derfor lagt fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar som gjeld for perioden 2024–2028. Regjeringa har òg følgt opp dette arbeidet med auka løyvingar, bl.a. til politiet. Kapasiteten til Statens barnehus er styrkt, og det er rulla ut ein tverrfagleg modell for å førebyggje vald i nære relasjonar i distrikta Sør-Aust, Sør-Vest og Nordland, etter modell frå avsnitt for risikoanalyse og kriminalitetsførebygging av vald i nære relasjonar (RISK) i Oslo politidistrikt. I 2023 vart omvend valdsalarm brukt 21 gonger. I 2024 var det tilsvarande talet 194. Bakgrunnen for den store auken er lovendringa som tredde i kraft 8. april 2024, og som opna for bruk av omvend valdsalarm også ved eit besøksforbod. Ein førebels prognose på bruken av omvend valdsalarm basert på utviklinga så langt i 2025 ligg på mellom 350 og 400. For å styrke kunnskapsgrunnlaget om førebygging av vald i nære relasjonar ytterlegare har regjeringa etablert ein partnardrapskommisjon.

For å kjempe betre mot grensekryssande kriminalitet, terror og ulovleg migrasjon er det sett i gang eit større utviklingsarbeid i Schengen-samarbeidet. Det vil hjelpe til med å gjere både Noreg og Europa tryggare, gjennom betre grense- og territorialkontroll og meir målretta førebygging, avdekking og etterforsking av kriminalitet og terrorisme og gjennom at det blir færre personar med ulovleg opphald. Noreg er bunde av rettsaktene frå EU gjennom Schengen- og Dublin-avtalane. Eit viktig tiltak er å utvikle og implementere fleire felleseuropeiske IT-system (Schengen IT-systema) for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og større tryggleik. Regjeringa har prioritert midlar til implementering av rettsaktene og IT-systema.

Regjeringa har i perioden lagt fram ei stortingsmelding om førebygging og motverking av økonomisk kriminalitet. Dei fleste tiltaka som blir omtalte i meldinga, er sette i verk eller er under arbeid. Politiet har fått auka løyving til å styrke arbeidet mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet. Som ei oppfølging av meldinga har regjeringa også styrkt Økokrim og lagt til rette for betre bruk av finansiell etterretning i politiet og kontrolletatane.

Innsatsen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme og terrorisme er breitt innretta, og mange sektorar har eit ansvar for tidleg førebyggjande innsats. Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om førebygging av ekstremisme, som følgjer opp ekstremismekommisjonen sin rapport. Som ein del av oppfølginga av meldinga opprettar regjeringa eit nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Kristiansand. Senteret skal bl.a. støtte og rettleie kommunar, førstelinjetenester og andre som møter personar som står i fare for radikalisering.

1.3.3 Rettsstat og rettargang

Domstolane har blitt kraftig styrkte dei siste åra, med auka dommarressursar og digitalisering. Domstolane har fått auka kapasitet gjennom bl.a. løyvingar til bemanning, teknologi, nye tinghusprosjekt, trygging av rettslokala og utstyr for opptak av lyd og bilete. Det ordinære driftsbudsjettet til domstolane, Høgsterett (post 01) og Domstoladministrasjonen har auka med 544 mill. kroner i perioden (17,4 pst.), inkludert lønns- og prisvekst, frå 3 077 mill. kroner i 2022 til 3 670 mill. kroner i 2025 (saldert budsjett).

Det er løyvd midlar til fleire domstolsbygg. Rehabilitering av tinghus i Bergen pågår, det nye tinghuset i Drammen vart ferdig i 2023, og det nye tinghuset i Tønsberg har innflytting hausten 2025. Vidare er det i 2025 løyva midlar til forprosjekt til nytt tinghus i Stavanger.

Regjeringa vil redusere den økonomiske risikoen det inneber å få ei sak avgjord av domstolane, for særleg utsette grupper. Fleire tiltak er sette i verk for å auke effektiviteten, redusere tidsbruken og gjere det enklare for domstolane å redusere urimelege krav. Blant anna går det for seg ein stor digitaliseringsprosess i domstolane, og det har i regjeringsperioden blitt løyvd betydelege midlar til digitalisering og sikker og stabil drift av IT-systema i domstolane. Det har òg blitt lagt til rette for at alle rettsstadene i landet skal ha utstyr til å kunne gjere opptak av lyd og bilete i minst éin rettssal innan utgangen av 2025.

Prosjektet elektronisk samhandling i straffesakskjeda (ESAS) har etablert ein effektiv, sikker og robust felleskomponent (Justishub) for utveksling av data innanfor straffesakskjeda. Prosjektet vart avslutta i juni 2025.

Det er løyvd midlar til eit mellombels prosjekt i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker til nedbygging av restansar. Prosjektet vil vare ut 2026. Spesialeininga for politisaker har fått styrkt grunnfinansieringa over fleire år. Den høgare påtalemakta har fått løyvd midlar til å styrke fagleiinga av straffesaksbehandlinga i politiet.

Regjeringa har endra modellen for verjegodtgjersle ved å fjerne det tidlegare skiljet mellom verjeoppdrag som omfatta økonomiske forhold, og verjeoppdrag som omfatta personlege forhold. Det er òg innført ein ny, høgare sats for oppdrag som blir vurderte som særskilt krevjande. Formålet med endringane er å forenkle regelverket og fremme rettstryggleik og likebehandling i behandlinga av søknader om verjegodtgjersle hos Statsforvaltaren. I tillegg er dei fleste satsane for verjegodtgjersle auka. På denne måten har regjeringa medverka til at godtgjersla i større grad står i samsvar med arbeidsmengda, og at eit tilstrekkeleg tal verjer ønskjer å ta på seg oppdrag.

Regjeringa har fremma og fått tilslutning til endringar i tvistelova, for ei meir effektiv rettspleie, meir aktiv saksstyring og større grad av proporsjonalitet i prosessen. Endringane gir bl.a. utvida mogelegheit til ankesiling i lagmannsretten og utvida åtgang til rettsmekling.

Regjeringa har gjort endringar i straffeprosesslova som går ut på å innføre eit unntak frå lengstefristen på ti år for å krevje gjenopning av sivile krav som er fremma i samband med ei straffesak. Det er òg fremma forslag om endringar i domstollova som skal styrke sjølvstendet til domstolane, og sikre openheit og tillit til dei. Vidare er det sendt på høyring eit forslag om eit nytt kapittel i domstollova, med beredskapsheimlar som skal gjelde når riket er i krig, krig truar eller sjølvstendet eller tryggleiken til riket er i fare, og ved ekstraordinære situasjonar i fredstid.

Regjeringa har gjort endringar i rettshjelpslova, som skal sørge for at fleire personar faller inn under ordninga og dermed får rett til offentleg støtta rettshjelp, og dessutan føre til at ein kan få rettshjelp i fleire sakstyper. I revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd midlar til rettshjelp til innsette i fengsel i visse sakstyper.

I 2025 tok ny advokatlov og ny advokatforskrift til å gjelde. Med det vart monopolet for rettsråd oppheva, noko som gjer rettsleg bistand meir tilgjengeleg. Tilsyns- og disiplinærsystemet for advokatar vart effektivisert, og Tilsynsrådet for advokatverksemd endra namn til Advokattilsynet.

1.3.4 Straffegjennomføring

Straffegjennomføring skal redusere kriminalitet gjennom å setje den domfelte betre i stand til å leve utan kriminalitet etter at straffa er gjennomført. Som ein del av tryggingssatsinga si har regjeringa styrkt kriminalomsorga kvart år.

I 2025 har regjeringa lagt fram ei stortingsmelding om straffegjennomføring, Meld. St. 31 (2024–2025) *Straff som virker – straffegjennomføring for et tryggere Norge*. Meldinga tek for seg dei sentrale utfordringane ved dagens straffegjennomføring, og foreslår fleire tiltak for å møte desse. Kriminalomsorga har bl.a. utfordringar med redusert bemanning, særleg i fengsla. Bemanning er heilt avgjerande for ei trygg straffegjennomføring som førebyggjer kriminalitet, og er dermed ein føresetnad for at kriminalomsorga kan utføre samfunnsoppdraget sitt.

Regjeringa har i perioden prioritert auka løyvingar til kriminalomsorga for å oppretthalde aktivitet, styrke bemanninga og betre straffegjennomføringa. Bemanningssituasjonen i kriminalomsorga er framleis utfordrande, og det er forventa ein reduksjon i talet på fengselsbetjentar framover fordi fleire enn før vil gå av med pensjon. Regjeringa har derfor prioritert auka opptak med 75 plassar ved Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga KRUS, slik at det blir utdanna 75 fleire fengselsbetjentar årleg. Av desse skal 50 inngå i eit desentralisert studietilbod som inneber deltids tilsetjing ved eit fengsel. Den desentraliserte utdanninga skal gjere utdanninga meir fleksibel og auke rekrutteringa i heile landet.

Midlane som regjeringa kvart år har prioritert til styrkt bemanning i kriminalomsorga, er nødvendige for å betre arbeidsforholda til dei tilsette og for å redusere omfanget av isolasjon og ta betre vare på innsette med psykiske lidingar. For få tilsette gjer det vanskeleg å sikre tilstrekkeleg aktivitet og fellesskap for dei innsette. Regjeringa har lagt fram eit lovforslag som særleg har som formål å redusere omfanget av isolasjon i fengsel, auke graden av menneskeleg kontakt og leggje betre til rette for at dei som blir tekne ut av det ordinære fengselsfellesskapet, får nok oppfølging.

Kvinner er overrepresenterte blant innsette med psykiske lidingar. Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å betre situasjonen. Det er bl.a. løyvd midlar til eit forsterka team som skal gi kvinner med særskilde psykiske helseutfordringar tilstrekkeleg oppfølging. I tillegg er ei forsterka fellesskapsavdeling for kvinner ved Telemark fengsel, Skien avdeling under etablering (lik den som er teken i bruk ved Ila fengsel og forvaringsanstalt). Regjeringa har òg gitt Statsbygg og Kriminalomsorgsdirektoratet i oppdrag å greie ut nytt kvinnefengsel på Bredtvet.

Regjeringa har gjennomført og sett i gang fleire byggje- og vedlikehaldsprosjekt i perioden, fordi det er behov for å betre tilstanden ved fleire fengsel. Oslo fengsel skal bl.a. bli erstatta gjennom utviding av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling, Innlandet fengsel, Ilseng avdeling og gjen-

nom eit nytt fengsel på dagens fengselstomt på Grønland. Dei første innsette vil flytte frå Oslo fengsel til nye plassar på Ullersmo i november/desember 2025. Utvidinga av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling er starta opp i 2025.

Bruk av elektronisk kontroll (fotlenke) har betyding for kapasiteten i kriminalomsorga. Frå 15. august 2025 kan retten bestemme at varetekt skal gjennomførast med elektronisk kontroll.

1.3.5 Ein berekraftig innvandringspolitikk

Regjeringa fører ein kontrollert, rettferdig og berekraftig innvandringspolitikk innanfor rammene av internasjonale forpliktingar. Migrasjonsutfordringane er uføreseielege. Regjeringa har lagt vekt på å ha beredskap for raske skiftingar.

Fullskalainvasjonen av Ukraina i 2022 utløyste den største flyktningstraumen i Europa sidan 2. verdskrigen. Regjeringa innførte i mars 2022 ei ordning med mellombels kollektivt vern for fordrivne frå Ukraina, og i midten av september 2025 hadde om lag 93 200 personar fått innvilga slikt vern i Noreg. Regjeringa har med sine forslag til løyvingar lagt til rette for å handtere innkomstane frå Ukraina.

Regjeringa vurderer heile tida om det kan vere behov for endringar i regelverk eller praksis, slik at Noreg ikkje er eit meir gunstig land å søke vern i enn andre samanliknbare land. Det blir lagt til rette for lovleg bevegelse over landegrensene, bl.a. gjennom visum, familieinnvandring, oppholdsløyve for studentar og arbeidsinnvandring.

Regjeringa arbeider for å sikre at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker som gjeld barn, og at mindreårige asylsøkarar blir prioriterte i saksbehandlinga. Regjeringa har gjennomført fleire tiltak som har styrkt rettstryggleiken til barn i utvisingssaker.

Ei stor utfordring for utlendingsforvaltninga er at IT-systema er utdaterte, noko som gjer både at dei er til hinder for effektiv behandling av saker, og at det er aukande kostnader med å halde dei i drift. Det er òg risiko for nedetid i dei eksisterande systema, og utfordringar med informasjonstryggleik og personvern. I dagens ustabile globale situasjon, med auka migrasjonspress og grensekryssande kriminalitet, er samfunnet avhengig av at utlendingsforvaltninga fangar opp og kontrollerer opplysningar om identitet tidleg. Regjeringa har derfor sett i gang ei betydeleg satsing for å modernisere IT-systema i utlendingsforvaltninga. Saman med nye eller betre IT-system innanfor Schengen-området vil det gi betre oversikt over og kontroll med asylsøkarar og andre tredjelandsborgarar og effektivisere utlendingsforvaltninga, bl.a. ved å leggje til rette for automatisert behandling av saker og betre samhandling mellom aktørane i utlendingsforvaltninga. Dette blir følgt opp med nødvendige justeringar i regelverket for å få ei meir effektiv saksbehandling. Nokre er allereie på plass, medan andre vil bli foreslått i tida framover.

For å møte dei store migrasjonsutfordringane i Europa har EU vedteke ei samla regelverkspakke kalla pakta for migrasjon og asyl (pakta). Pakta inneber ei omfattande og heilskapleg reform av EUs regelverk for migrasjon og asyl, som skal forbetre og harmonisere samarbeid og prosedyrar på migrasjons- og asylfeltet i Europa. Noreg ventar samfunnsgevinstar av eit tettare europeisk samarbeid på feltet, bl.a. som følgje av betre grensekontroll for å stanse irregulær migrasjon og hindre sekundærmigrasjon innanfor Europa. Noreg er heilt eller dels bunde av fem av rettsaktene, som følgje av Schengen- og Dublin-avtalane. Dei nye reglane skal takast i bruk frå sommaren 2026. For å oppnå måla med pakta og sikre norske interesser har regjeringa i løyvingsforslaga sine prioritert implementering av pakta innan fristen.

Arbeidet med retur av personar utan lovleg opphald i Noreg er prioritert. Effektiv retur skal sikrast gjennom nasjonale og internasjonale tiltak. Det er foreslått ei ny returforordning i EU/Schengen for å effektivisere det europeiske retursamarbeidet. For å bidra til heilskapleg returarbeid har Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet samarbeidd om ein returstrategi for perioden 2025–2030 som gjeld for alle etatar som arbeider med retur. Effektivt returarbeid bidrar til å opprethalde tilliten til asylordninga. Godt samarbeid og dialog med myndigheitene i andre land over tid er det som gir dei beste resultata i returarbeidet. Regjeringa sin utviklingspolitikk har bidratt til å betre levekåra i fleire av landa som Noreg returnerer borgarar til, og støttar dermed opp under berekraftig retur.

Det er vedteke tilpassingar i utlendingslova som legg til rette for at utlendingar utan lovleg opphald effektivt forlèt Noreg og resten av Schengen- og EU-området, og om nødvendig blir hindra i å reise tilbake igjen.

1.3.6 Beredskap

Noreg står i den mest alvorlege tryggleikssituasjonen sidan andre verdskrigen. Etter tiår med fred er ei ny tid innleia for Noreg og Europa. Russlands angrepskrig mot Ukraina held fram, og konfliktnivået i Midtausten er stadig høgt. Regjeringa

har gjort ei rekkje prioriteringar for å styrkje beredskapen.

Regjeringa har i perioden auka løyvinga til den sivile beredskapen på ei rekkje område. Tiltaka omfattar bl.a. auka evne i politiet og PST til å avdekke samansette truslar og framande statar sin aktivitet i Noreg. Andre tiltak er auka operativ evne i Sivilforsvaret, utvikling av varslingssystem for digital infrastruktur (VDI), utvikling av ein myndigheitsportal og støtteverktøy for digital tryggleik, auka saksbehandlingskapasitet hos Sivil klareringsmyndigheit på grunn av auka behov for klareringar, tilskot til dei frivillige i redningstenesta, etablering av mobilbasert befolkningsvarsling og styrking av beredskapsarbeidet hos statsforvaltarane.

Førebyggjing og handtering av truslar mot nasjonal tryggleik er eit viktig arbeid. For å underbyggje dette har det bl.a. blitt straffbart å samarbeide med framand etterretning om påverknadsverksemd. Som ledd i arbeidet mot etterretningsaktiviteten til framande statar har regjeringa innført ytterlegare innstrammingar i regelverket for russiske fiskefartøy, og lagt til rette for forsterka kontrollaktivitet og nærvær til politiet og PST. Den nasjonale tryggleiksstrategien, som vart lansert 8. mai 2025, løftar fram det særskilde ansvaret til politiet og PST i arbeidet med avskrekking, mottiltak og førebuing for å redusere handlingsrommet for statlege og ikkje-statlege aktørar som opererer i Norge. Budsjettet til PST har fått ein nominell auke på 0,5 mrd. kroner sidan regjeringa tiltredde.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å vareta nasjonal tryggleik (Meld. St. 9 (2022–2023)). Meldinga gir ei strategisk retning for arbeidet med å styrke nasjonal og digital tryggleik. Tiltaka omfattar bl.a. regulering, nasjonalt eigarskap og kontroll, betre oversikt over verdiar og auka kompetanse og kunnskap. Det er gjort endringar i tryggingslova for å styrke kontrollen med oppkjøp som kan vere i strid med nasjonale tryggingsinteresser. Blant anna er terskelen senka for når ein må melde frå om oppkjøp, og både kjøpar, seljar og verksemda får plikt til å melde frå. Nokre av dei fastsette lovendringane har tredd i kraft, medan andre ikkje har blitt iverksette fordi det må utarbeidast forskrifter til dei nye reglane.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen – forberedt på kriser og krig*, som vart behandla i Stortinget våren 2025. Dei tre hovudmåla i totalberedskapsmeldinga (2025) er:

- eit sivilt samfunn som er førebudd på krise og krig
- eit sivilt samfunn som motstår samansette truslar
- eit sivilt samfunn som støttar opp under militær innsats.

Desse måla ligg til grunn for regjeringas arbeid med å styrke det sivile samfunnets motstandskraft og gjere Noreg betre rusta til å møte både naturkatastrofar, digitale truslar og tryggingspolitiske utfordringar.

Regjeringa er i gang med å følgje opp meldinga. Sentralt i oppfølginga er bl.a. etablering av rådsstruktur for beredskapsplanlegging, vurderingar av tilstanden innanfor kritiske samfunnsområde, og utvikling av ein langtidsplan for sivil beredskap. Totalberedskapsmeldinga må sjåast i samanheng med langtidsplanen for forsvarssektoren (LTP) i oppfølgingsarbeidet.

Noreg fekk sin første nasjonale tryggleiksstrategi i mai 2025. Strategien trekker opp tre strategiske hovudprioriteringar i møte med dei tryggingspolitiske utfordringane vi står ovanfor. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å følgje opp hovudprioriteringa som handlar om å gjere samfunnet meir motstandsdyktig. Det er eigne prosessar knytte til oppfølginga av strategien, som må sjåast i samanheng med oppfølginga av totalberedskapsmeldinga.

Noreg har anskaffa 16 nye redningshelikopter av typen AW101 – SAR Queen. Innfasinga av dei nye redningshelikoptera representerer eit betydeleg løft for den norske redningstenesta. Dei nye redningshelikoptera er på plass på alle dei seks basane; Sola, Ørlandet, Banak, Bodø, Rygge og Florø. Helikopteret har større rekkjevidd, flyg raskare, kan ta med fleire nødstilte, flyg betre i dårleg vêr og har betre søkeutstyr. SAR Queen kan fly direkte til målet i staden for å fly rundt kysten eller følgje dalar og fjordar under ugunstige vêrforhold. Dei nye helikoptera gir Noreg auka beredskap.

Brann- og redningsskulen vart opna i 2024. Skulen er ein del av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og har kapasitet til 160 studentar og 2500 kursdeltakarar årleg. Anlegget inneheld moderne fasilitetar som brannstasjon og øvingsobjekt for bustadbrannar, dyreredning og søk i samanraste bygningar. Opninga markerte eit historisk kompetanseløft for brann- og redningsvesenet i Noreg, og skal ruste det for framtidas utfordringar. Nokre effektar av den nye brannskulen er bl.a. styrkt nasjonal beredskap og betre og meir einskapleg kompetanse i nødeta-

tane, sidan skulen utdannar framtidas brann- og redningspersonell frå heile landet.

1.3.7 Svalbard og dei andre polarområda

Regjeringa la fram ei melding til Stortinget om Svalbard, Meld. St. 26 (2023–2024) i mai 2024.

Meldinga reflekterer at Svalbard er ein viktig del av Noreg, og at det alltid har vore sterke nasjonale interesser knytte til forvaltninga av øygruppa. I meldinga skriv regjeringa at ein vil ha sterkare statleg styring og nasjonal kontroll på Svalbard, og styrkje Longyearbyen for å halde oppe det norske familiesamfunnet. I 2026 og framover vil regjeringa prioritere å følgje opp tiltak som bl.a. er omtalte i meldinga til Stortinget om Svalbard.

I svalbardmeldinga viser regjeringa til at ein har som intensjon at staten skal ta eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen. Store Norske Spitsbergen Kullkompani AS og Longyearbyen lokalstyre har inngått ein avtale om overføring av Svalbard Energi AS (SEAS) frå lokalstyret til Store Norske. Føresett at Stortinget sluttar seg til vilkåra for overføring, overtar Store Norske eigarskapen til og ansvaret for SEAS, og med det ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen. Store Norske vil gjennomføre oppgradering av dagens energiforsyning i Longyearbyen.

Klimaendringar gir større fare for skred i Longyearbyen. Sikringa av sentrumsområdet mot snøskred frå fjellet Sukkertoppen og sørpeskred frå Vannledningsdalen er ferdigstilt. Opprydding etter kolverksemda til Store Norske i Svea og Lunckefjell vart fullført i 2023. Beredskapslova vart innført på Svalbard i 2023. Regjeringa innførte personkontroll og kontroll med vareførselen til og frå Svalbard i 2022.

Eit forslag til ny forskrift om tryggleik i felt på Svalbard vart vedteke 6 juni 2025 og tar til å gjelde 1. januar 2026.

I 2022 vart det etablert forsterka reservesatellittsamband mellom Svalbard og fastlandet. Etter forslag frå regjeringa vedtok Stortinget våren 2025 løyving til nytt sjøfibersamband mellom Svalbard, Jan Mayen og fastlandet. Sommaren 2024 starta arbeidet med å byggje nytt stasjonsbygg med tilhøyrande fasilitetar på Jan Mayen.

I 2024 stramma regjeringa inn på reglane for stemmerett og valbarheit til Longyearbyen lokalstyre, og for andre enn norske statsborgarar krev ein no tre års butid i ein norsk kommune for å kunne ha stemmerett og vere valbar til lokalstyret. Det er vedteke omfattande endringar i miljøregelverket på Svalbard. Ferielova og allmenngjeringslova er innførte på øygruppa, og det er foreslått heimel for frikortordning for ungdom i Longyearbyen. Stortinget vedtok 10. juni 2025 ny lov om besøksbidrag. Lova inneheld ein heimel for å gi forskrift om besøksbidrag for Longyearbyen. Inntektene frå besøksbidraget skal komme Longyearbyen lokalstyre til gode.

1.4 Hovudsatsingar i 2026

Innleiing

Regjeringa vil halde fram med å sikre tryggleik og rettstryggleik og tilgjengelege tenester for innbyggjarane i heile landet. Regjeringa sitt budsjettforslag for 2026 inneber fleire nye satsingar som vil leggje til rette for å styrke måloppnåinga i justis- og beredskapssektoren.

Regjeringa vil ha best mogleg utnytting av ressursane innanfor Justis- og beredskapssektoren. Derfor er det viktig å utgreie og setje i gang tiltak både på kort og lang sikt for å betre måloppnåing og effektivisere tenester innanfor politi, kriminalomsorg og samfunnstryggleik. Det har vore ein betydeleg kostnadsvekst i politiet dei siste åra. Det gjer det krevjande å nå sentrale mål, på tross av betydelege budsjettaukingar. Regjeringa er oppteken av at politiet får handlingsrom til å bruke ressursane sine der dei gjer mest nytte. På bakgrunn av politifaglege råd vil regjeringa derfor legge ned 14 passkontor, og erstatte kapasiteten med passbussar. Regjeringa vil vidare be politiet utgreie korleis den underliggjande kostnadsveksten kan reduserast og korleis ressursane kan nyttast best mogleg. Utredninga vil være eit viktig innspel til vidare politiske prioriteringar av retningsval for politiet.

Tabell 1.1 Oversikt over dei nye satsingane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2025

	Mill. kroner
Førebygging av barne- og ungdomskriminalitet	**44,6**
Hurtigspor for unge lovbrytarar	44,6
Politiet	**200,0**
Politiet **og** Spesialeininga for politisaker	200,0
Kriminalomsorga	**197,0**
Drift av nye plassar i Ungdomseining aust[1]	18,0
75 nye studieplassar ved Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga KRUS, og auke grunnløyvinga til KRUS	109,7
Auke bemanninga og forbetre arbeidsforholda til tilsette i kriminalomsorga	69,3
Rettstryggleik	**18,0**
Digitale domstolar III	10,0
Forprosjekt for Stavanger tinghus	8,0
Tryggleik i samfunnet	**171,5**
Styrking av PST	100,0
Styrking av dei sivile partane i nasjonalt etterretnings- og tryggleikssenter (PST, NSM, politiet)	10,0
Forprosjekt for nasjonal skyteneste (NSM)	30,0
Ikraftsetjing av lov om digital tryggleik (NSM)	15,0
Secure Connectivity (NSM)	3,0
Styrke samordningsrolla til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)	10,0
Auke statlege myndigheiter sitt nærvær i nordområda (DSB)[2]	3,5
Svalbard	**75,0**
Reduserte energiprisar i Longyearbyen	18,8
Sanering og oppryddingstiltak i Longyearbyen	25,0
Auke tilskotet til Longyearbyen lokalstyre	23,1
Auke beredskap og drift ved Sysselmeisteren på Svalbard	8,1
Utlendingsforvaltninga	**300,0**
Implementering av migrasjons- og asylpakta	200,0
Handtering av asylsøkarar frå Ukraina i politiet og UDI	100,0
Sum	**1 006,1**

[1] Regjeringa foreslår 21 mill. kroner samla til driftskostnader for to nye plassar ved Ungdomseining aust, fordelte med 18 mill. kroner over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet, til kriminalomsorga, og 3 mill. kroner over budsjetta til Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Drifta av ytterlegare fire nye plassar vil dekkast gjennom omprioritering av midlar løyvd i 2025 til førebygging av barne- og ungdomskriminalitet.

[2] Det blir i tillegg foreslått 1,5 mill. kroner under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, til statsforvaltaren i Troms og Finnmark, for etablering og fast nærvær med beredskapsressursar i samlingsstaden.

Redusere kriminalitet

Regjeringa ønskjer å halde fram satsinga på politiet i 2026 og foreslår å auke løyvinga til politiet og Spesialeininga for politisaker med til saman 200 mill. kroner. Auka midlar til grunnfinansiering til politiet på 196 mill. kroner bidrar bl.a. til at politiet får mest mogleg effekt ut av satsingane mot bl.a. kriminelle nettverk.

Regjeringa foreslår å løyve 44,6 mill. kroner i 2026 til den særskilde innsatsen for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år. Midlane skal gå til å utvide innsatsen til å gjelde Sør-Vest politidistrikt og til å vidareføre innsatsen og sikre tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere arbeidet med raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt.

Rettstryggleik

I statsbudsjettet for 2026 blir det foreslått å auke løyvinga til domstolane med 10 mill. kroner. Løyvinga er varig og skal gå til ytterlegare digitalisering av domstolane. Domstolane skal utvikle nye tenester og ny teknologi som skal effektivisere arbeidsprosessar og redusere saksbehandlingstida, mellom anna gjennom innføring av bruk av KI i domstolane.

Fleire av tinghusa er gamle og har behov for rehabilitering eller utskifting. I revidert nasjonalbudsjett 2025 vart det løyva midlar til vidare arbeid med nytt tinghus i Stavanger. Samla utgifter til forprosjektet er berekna til om lag 15 mill. kroner fordelt over tre år. Det blir foreslått å løyve 8 mill. kroner til formålet i 2026. Arbeidet med rehabilitering av Bergen tinghus blir ført vidare i 2026.

Regjeringa har styrkt budsjettet til kriminalomsorga kvart år for å møte den krevjande økonomiske situasjonen etaten har opplevd dei siste åra. God bemanning og høg kompetanse er avgjerande for ei forsvarleg og trygg straffegjennomføring, og for at kriminalomsorga kan førebyggje vidare kriminalitet. Regjeringa fortset styrkinga med 179 mill. kroner i 2026. Satsinga vil gi kriminalomsorga eit nødvendig løft og legg til rette for ein betydeleg opptrappingsplan for auka bemanning og kompetanse. Dette skal bl.a. skje gjennom å utdanne fleire folk som kan arbeide i kriminalomsorga, inkludert eit desentralisert utdanningstilbod som vil gjere utdanninga meir fleksibel og auke rekrutteringa på kort sikt i heile landet. For å betre bemanninga og arbeidsforholda i kriminalomsorga vil regjeringa også vurdere fleire tiltak for å styrke rekrutteringa til kriminalomsorga, og om det bør opnast for fleire vegar inn i yrket. Tiltaka skal redusere omfanget av isolasjon i fengsla og bidra til at innsette i fengsel får tilbod om meir tid utanfor fengselscella og meir menneskeleg kontakt. Det planleggjast for å overføre forvaltningsansvaret for Trandum utlendingsinternat frå politiet til kriminalomsorga frå 1. januar 2027. Dette er ein del av arbeidet med betre tilbodet til dei internerte.

Stortinget har vedteke startløyving i 2025 til utviding av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling. Arbeidet blir ført vidare i 2026.

Spesialeininga for politisaker har i fleire år hatt behov for å styrke grunnbemanninga og auke kapasiteten. Dei siste åra har sakene blitt meir komplekse òg. På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke grunnløyvinga til Spesialeininga for politisaker med 4 mill. kroner i 2026.

Regjeringa har forskriftsfesta i salærforskrifta at salærsatsen skal prisjusterast årleg. Det blir foreslått ein salærsats på 1 375 kroner i 2026, som er ein auke på 60 kroner frå 2025.

Tryggleik i samfunnet

Eitt av dei tre hovudmåla i totalberedskapsmeldinga er eit sivilt samfunn som motstår samansette truslar. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til PST, Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og politiet med til saman 10 mill. kroner i 2026. Løyvingane skal nyttast til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS).

Den krevjande tryggleikspolitiske situasjonen grip inn i alle ansvarsområda under PST. Regjeringa foreslår derfor å varig auke løyvinga til PST med 100 mill. kroner i 2026.

I totalberedskapsmeldinga set regjeringa retninga for den sivile motstandskrafta og for ei omlegging av den sivile delen av totalforsvaret. Bl.a. vil regjeringa etablere ein felles rådsstruktur for beredskapsplanlegging og tilstandsvurderingar på nasjonalt nivå, og utarbeide ein langtidsplan for sivil beredskap. Den nye rådsstrukturen skal styrke koordineringa av beredskapsarbeidet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) med 10 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å styrke samordning og koordinering av totalforsvarsarbeidet og følgje opp måla i totalberedskapsmeldinga.

Regjeringa har lagt fram ein ny nordområdestrategi. I strategien kjem det bl.a. fram at regjeringa vil utvikle ei nasjonal tiltakssone for bered-

skap i Troms og Finnmark. Eitt av tiltaka er at regjeringa vil sørge for auka statleg nærvær i Aust-Finnmark. Dette gjer dei ved å etablere ein statleg samhandlingshub i Kirkenes, for ulike aktørar med viktige roller i arbeidet med beredskap. Det blir foreslått auka løyving til DSB og statsforvaltaren sitt arbeid med dette.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å etablere ei nasjonal skyteneste. Formålet er å sikre auka nasjonal kontroll med kritisk digital infrastruktur, viktige samfunnsfunksjonar og digitale verdiar. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner i 2026 til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) sitt arbeid med å følgje opp forprosjekt som gjeld nasjonal skyteneste.

Lova om digital tryggleik med tilhøyrande forskrift vart sett i kraft 1. oktober 2025. Regelverket skal bidra til å sikre grunnleggjande krav til digital tryggleik i verksemder med særleg betyding for samfunnet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NSM med 15 mill. kroner, til å handtere myndigheitsoppgåver etter digitaltryggingslova med tilhøyrande forskrift.

Justis- og beredskapsdepartementet inngjekk i desember 2013 kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Anskaffinga er no gjennomført, og nye SAR Queen-helikopter er sette i drift på alle dei seks redningsbasane. I tillegg til dei nye redningshelikoptera omfattar kostnadsramma utgifter til bl.a. bygningsmessige tilpassingar ved redningshelikopterbasane og tilpassing av landingsmoglegheitene ved enkelte sjukehus. Regjeringa foreslår å løyve om lag 750 mill. kroner til dette arbeidet i 2026.

Godt forvalta polarområde

I svalbardmeldinga, lagt fram 31. mai 2024, viser regjeringa til at ein har som intensjon at staten skal ta eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen. Som ein del av dette skal Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (Store Norske) overta ansvaret for energiproduksjon og -forsyning i Longyearbyen framover, frå Longyearbyen lokalstyre. Store Norske vil òg oppgradere dagens energiforsyning. Regjeringa foreslår å løyve midlar til å dekke kostnadene Longyearbyen lokalstyre vil ha til sanering og opprydding etter kolkraftverket og avfallsdeponiet i Adventdalen. I 2026 utgjer dette 25 mill. kroner. I samband med innføring av Norgespris for straum på fastlandet frå 1. oktober 2025 foreslo regjeringa å leggje til rette for reduserte straumprisar for hushalda på Svalbard òg. Regjeringa foreslår å løyve til saman 118,8 mill. kroner i 2026 for å bidra til reduserte energiprisar i Longyearbyen. Regjeringa foreslår samstundes å auke løyvinga til Longyearbyen lokalstyre med 23,1 mill. kroner, for å styrke lokalstyret sin økonomi, og leggje til rette for eit framleis godt tenestetilbod i Longyearbyen. Regjeringa foreslår òg 8,1 mill. kroner for å styrkje Sysselmeisteren på Svalbard.

Kontrollert og berekraftig innvandring

Det er svært uvisst korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg framover. Regjeringa vil med løyvingsforslaget sitt leggje til rette for å handtere innkomstane frå Ukraina, både dei som har komme til no, og dei som ut frå prognosen er venta å komme i 2026. Regjeringa foreslår derfor å delvis vidareføre ei mellombels løyving til UDI og politiet frå 2025, med til saman 100 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre ramma for overskridingsfullmakt til innkvartering av asylsøkarar på 3 mrd. kroner, jf. forslag til vedtak.

For å møte dei store migrasjonsutfordringane i Europa har EU vedteke ei samla regelverkspakke kalla pakta for migrasjon og asyl (pakta). Pakta skal sikre betre kontroll og ei meir effektiv saksbehandling for irregulære migrantar og asylsøkarar. Blant reglane er ei ny screeningforordning med felleseuropeiske reglar for innhenting av opplysningar og innleiande kontroll av irregulære migrantar og asylsøkarar ved Schengens ytstergrense eller på territoriet. Regjeringa foreslår å løyve 200 mill. kroner til å halde fram med arbeidet med å sette i verk pakta i 2026. Løyvinga vil dekke nødvendige tiltak i UDI, UNE, POD og politiet.

Krigen i Ukraina har medført at mange fordrivne har komme til Noreg, og det er press på tenestetilbodet i kommunane der personane blir busette. Derfor foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar m.m. frå 500 plassar i 2025 til 100 plassar i 2026. Regjeringa meiner at den årlege kvoten må sjåast i samanheng over år, i den forstand at det er rom for noko fleksibilitet frå eitt år til eit anna.

1.5 Rettstryggleik

Rettstryggleik inneber at befolkninga i Noreg er trygg på at alle rettsforholda mellom offentlege myndigheiter og den enkelte er føreseielege og forholdsmessige. Avgjerder og inngrep overfor den enkelte skal vere basert på lover og reglar, og det skal vere openheit rundt avgjerder slik at dei

kan kontrollerast. Myndigheitene skal opptre upartisk, og reglane for saksbehandling skal følgjast. Alle skal ha reelt høve til å forsvare interessene sine overfor myndigheitene og kvarandre.

1.5.1 Innleiing

Verksemder som er særleg viktige for rettstryggleiken, er politiet, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, forliksråda, domstolane, kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Statens sivilrettsforvaltning, kriminalomsorga, konfliktrådet, Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda.

Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar òg ei rekkje ordningar som varetek rettstryggleiken til individa i samfunnet. Døme på slike ordningar er fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak, fri sakførsel i straffesaker, erstatning til valdsoffer, erstatning i samband med straffeforfølging og verjemålsordninga.

1.5.2 Tilstandsvurdering

Garantiar for rettstryggleiken kjem til uttrykk i Grunnlova og i dei internasjonale forpliktingane Noreg har, t.d. retten til ein rettvis rettargang, legalitetsprinsippet, forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft og forbod mot diskriminering. Krav til rettstryggleik inngår òg i ulike menneskerettsforpliktingar, som gjennomgåande stiller krav om at inngrep i menneskerettar må ha eit rettsleg grunnlag, forfølgje eit legitimt formål og vere forholdsmessige. Både norske domstolar og Den europeiske menneskerettsdomstolen bidrar til å sikre at Noreg oppfyller sentrale krav til rettstryggleik.

Noreg er eit land med svært høg tillit, samanlikna med andre land. Denne tilliten blir spegla i resultata i undersøkingar om tillit til både politiet og rettsvesenet. Likevel står justissektoren føre fleire utfordringar knytte til rettstryggleik på både kort og lang sikt.

Politiet og påtalemakta

Hovudmålet for påtalemakta og politiet er å medverke til redusert kriminalitet ved målretta og effektiv straffesaksbehandling, samtidig som ein innfrir krava til høg kvalitet og rettstryggleik. Rettstryggleik i vid forstand er av avgjerande betydning, også i eit tillitsperspektiv til påtalemakta og politiet. Det betyr bl.a. at etterforskinga skal vurdere bevis som taler for mistenkte sin uskyld og bevis som trekker i retning av skyld. Videre at det skal arbeidast for høy oppklaringsprosent i alvorlege saker og at det ikkje er store ulikheiter i oppklaringsprosent for likearta lovbrot mellom dei ulike politidistrikta.

I 2024 ble det i alt meldt 341 509 lovbrot til politiet, 13 pst. færre enn i 2006. Nedgangen skuldast i hovudsak færre politimelde eigedomstjuveri. I 2024 var 34 pst. av alle politimeldte lovbrot eigedomstjuveri, medan trafikklovbrot var nest størst med 13 pst. av alle registrerte lovbrot.

For alvorleg, integritetskrenkande kriminalitet ble det i 2024 meldt nesten åtte gonger så mange tilfelle av mishandling i nære relasjonar enn tilfellet var i 2006. Det var fram mot 2014 at aukinga var markant. For valdtekt og grov valdtekt har politianmelde lovbrot auka fra 1 313 i 2006 til 2 174 i 2024. Det har samstundes blitt fleire meldte kroppskrenkingar medan meir alvorleg vald som kroppsskade har gått ned.



Figur 1.3 Lovbrot meldt til politiet. Kroppskrenkelse, kroppsskade, mishandling i nære relasjonar og valdtekt/grov valdtekt. 2006–2024

Kjelde: SSB 2025, tabell 08484

Det er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte, både for offer og for mistenkte, at lovbrot blir oppklarte innan rimeleg tid. Høg oppklaringsprosent for lovbrot er også avgjerande for den generelle rettsoppfatninga i samfunnet. Spesielt for alvorlege lovbrot er det sentralt at dei blir oppklarte på ein rettstrygg måte. For vald, mishandling i nære relasjonar og valdtekt har det over lang tid vore ein fallande oppklaringsprosent.



Figur 1.4 Oppklaringsprosent: Vald, mishandling i nære relasjonar og seksuallovbrot. 2006–2024

Kjelde: SSB 2025, tabell 09406

Lovbrot utan tydelege personoffer blir i hovudsak melde av politiet og administrative kontrolletatar, og det er i stor grad kontrollverksemda deira som avdekker slike lovbrot. Døme på slike lovbrot er rusmiddellovbrot, trafikklovbrot og fleire typar ordens- og integritetskrenkingar. For rettstryggleiken til etterforska personar og den generelle rettsoppfatninga i samfunnet er det avgje-

rande at slike saker blir straffa på ein rettvis og legitim måte. Dei siste åra har det vore ein auke i slike melde saker som blir lagde bort av politiet og påtalemakta.

Domstolsbehandling

Tilgjengelege og effektive domstolar som tek avgjerder med høg kvalitet, er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte. Saksbehandlingstida i domstolane er sentral for rettstryggleiken til både offera og dei tiltalte. I 2024 var saksbehandlingstida i meddomsrettssaker i tingrettane 3 md., ein auke frå 2,7 md. i 2023. Fleire tingrettar enn før har lengre saksbehandlingstid i meddomsrettssaker enn det som er målsetjinga (åtte tingrettar i 2024, mot seks i 2023). For sivile ankesaker i lagmannsrettane er saksbehandlingstida uendra frå 2023 til 2024. Samla for alle lagmannsrettane var saksbehandlingstida i 2024 innanfor målet på seks md. i sivile anker over dom, og alle dei seks lagmannsrettane var innanfor målet som er sett av Stortinget for desse sakene, og innanfor fristen i tvistelova. Saksbehandlingstida auka i alle straffesakstypar i 2024. Fem av seks lagmannsrettar hadde ei saksbehandlingstid i straffesakene som var lengre enn målet på 3 md.

Den reelle tilgjengelegheita til domstolane er bl.a. knytt til kva det kostar å ta ei sak for domstolane. Sakskostnader i tvistesaker for domstolane har auka dei seinare åra, og det kan vere eit problem med tanke på befolkninga sin tilgang til domstolane. I straffesaker får dei tiltalte dekt utgifta til forsvarar, og i ei rekkje tilfelle har offera krav på bistandsadvokat. Når det gjeld sivile saker, kan ein få dekt utgifta til advokatbistand i bestemte sakstypar. Når det gjeld støtte til rettshjelp i sakstypar som er behovsprøvde, har det bl.a. vore ei utfordring at få har komme inn under ordninga.

Utfallet av domstolsbehandling i straffesaker er eit uttrykk for i kva grad domstolane er materielt samde i straffesaksbehandlinga i politiet og påtalemakta, og behandlinga er viktig for å vareta rettsvernet til tiltalte personar i straffesaker. I gjennomsnitt for alle lovbrot har delen tiltalar som endar med straffereaksjon i domstol, over lang tid lege på i overkant av 90 pst. Delen for seksuallovbrot og vald og mishandling har gjennomgåande lege noko lågare.

Anke er eit ordinært rettsmiddel som blir brukt for å få ei sak bringa inn for ein høgare rett etter at ho er avgjord i ein lågare rett. Både den domfelte og påtalemakta kan anke. I 2024 fekk lagmannsrettane inn omtrent 2 500 straffeankar til ankeprøving. Delen saker som vart vist til behandling, var på om lag 40 pst. Tilsvarande del i 2023 var 38 pst.

Straff i fengsel

Ei fengselsstraff skal vere tap eller innskrenking av fridom, ikkje tap av andre grunnleggjande menneskerettar. Straffegjennomføringslova set klare rammer for maktutøvinga til kriminalomsorga. Bortsett frå fridomsrøvinga har innsette dei same rettane som andre norske borgarar. Det at livet skal vere så normalt som mogleg, er derfor ein viktig del av verdigrunnlaget for kriminalomsorga, der skulen, helsetenesta og andre etatar kjem inn i fengsla og leverer dei tenestene som innsette har krav på.

Innsettepopulasjonen har blitt meir krevjande, bl.a. fordi fleire innsette er dømde for alvorlege lovbrot som vald, mishandling og seksuallovbrot, og fordi ein betydeleg del har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Det har vore ein auke i delen innsette med psykiske lidingar. Arbeidet med å førebyggje sjølvmord, sjølvmordsforsøk og alvorleg sjølvskading fell inn under folkerettslege forpliktingar. I 2024 var det ein nedgang i talet på sjølvmordsforsøk og sjølvskading, og Kriminalomsorgsdirektoratet har rapportert at nedgangen held frem i fyrste halvdel av 2025. Sjølvmordsforsøk og sjølvskading i fengsel er i stor grad knytt til kvinnelege innsette. I 2024 var det elleve kvinnelege innsette som stod for 70 pst. av alle tilfelle med sjølvskading.

Auken i talet på barn under 18 år som blir sikta for vald, mishandling og seksuallovbrot, har ført til ein kraftig auke i etterspurnaden etter plassar for mindreårige i kriminalomsorga. Dei siste to åra har det i gjennomsnitt vore ei nær tredobling av innsetjingar ved ungdomseiningane. Auken inneber ein risiko for at det i periodar kan vere fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane. Det er også ein risiko for at kriminalomsorga ikkje klarer å stille tilstrekkeleg med varetektsplassar til disposisjon for politiet. Det er derfor behov for å auke kapasiteten på plassar for barn i ungdomseiningane.

Samstundes som gruppa av innsette har endra seg, har det vore ein betydeleg reduksjon i talet på tilsette. I perioden 2021 til 2024 har det blitt over 300 færre faste årsverk i førstelinja. Det er no ein høg og aukande turnover blant dei unge tilsette, noko som bidrar til høg snittalder og auka arbeidsvolum og belastning for dei tilsette fengselsbetjentane.

1.5.3 Tiltak

Regjeringa har styrkt budsjettet til kriminalomsorga kvart år for å møte den krevjande økonomiske situasjonen etaten har opplevd dei siste åra. Regjeringa fortset styrkinga med 179 mill. kroner i 2026. Satsinga vil gi kriminalomsorga eit nødvendig løft med ein plan for auka bemanning og kompetanse. Dette skal bl.a. skje gjennom å utdanne fleire folk som kan arbeide i kriminalomsorga, inkludert eit desentralisert utdanningstilbod som vil gjere utdanninga meir fleksibel og auke rekrutteringa på kort sikt i heile landet. For å betre bemanninga og arbeidsforholda i kriminalomsorga vil regjeringa også vurdere fleire tiltak for å styrke rekrutteringa til kriminalomsorga, og om det bør opnast for fleire vegar inn i yrket.

Regjeringa si satsing på styrkt bemanning og kompetanse i kriminalomsorga skal støtte opp under Justis- og beredskapsdepartementet sitt forslag til lovendringar som er lagt fram for Stortinget, jf. Prop. 165 L (2024–2025). Lovforslaget har som formål å redusere omfanget av isolasjon i fengsla og bidra til at innsette i fengsel får tilbod om meir tid utanfor fengselscella og meir menneskeleg kontakt. Lovforslaget omfattar bl.a. føresegner om tid utanfor fengselscella, tydelegare lovvilkår og auka kontroll med bruk av utelukking, tryggingscelle og tryggingsseng, og dessutan krav til oppfølging og helsemessig tilsyn.

Regjeringa har sett i verk tiltak for å auke kapasiteten ved ungdomseiningane, frå 8 plassar i 2023 til 27 plassar i 2026. For å sikre betre kapasitet i ungdomseiningane foreslår regjeringa å løyve 21 mill. kroner til nye plassar ved Ungdomseining aust.

Stortinget har vedteke startløyving i 2025 til utviding av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling. Arbeidet blir ført vidare i 2026.

Stortinget har vedteke startløyving i 2024 til rehabilitering av Bergen tinghus. Arbeidet med rehabiliteringa blir ført vidare i 2026.

Stortinget vedtok 15. desember 2023 forslag til endringar i rettshjelpslova, jf. Prop. 124 L (2022–2023), som inneber ein ny modell for behovsprøvd rettshjelp. Endringane vil sikre at fleire personar kjem inn under ordninga, og grensa for å kunne få fri rettshjelp vil bli justert årleg. Den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp er planlagt å tre i kraft hausten 2025. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

1.6 Tryggleik i samfunnet

Tryggleik i samfunnet inneber at samfunnet skal vere verna mot hendingar som set liv og helse i fare, og som truar grunnleggjande verdiar og viktige samfunnsfunksjonar. Det skal vere trygt å bu og ferdast i heile Noreg.

1.6.1 Innleiing

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), Sivil klareringsmyndigheit (SKM), Hovudredningssentralen (HRS), politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) gjer alle eit viktig arbeid for å tryggje samfunnet. Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar og bidrar ved hendingar der livet eller helsa til menneske er i fare.

Dei samla beredskapsressursane inkluderer i tillegg til stat og kommune/fylkeskommune, eigenberedskapen vår, næringsliv og dei frivillige organisasjonane sin kapasitet til krisehandtering.

1.6.2 Tilstandsvurdering

Tryggingspolitisk utvikling

Stormaktsrivalisering, rask teknologiutvikling og stadige endringar i den tryggingspolitiske situasjonen påverkar i stor grad det nasjonale trusselbiletet og utfordrar tryggleiken vår. Russlands angrepskrig mot Ukraina bidrar framleis til å skjerpe etterretningstrusselen nasjonalt. Rolla vår som energileverandør og det at nordområda er meir strategisk viktige enn tidlegare, gjer at Noreg er særleg utsett for etterretnings- og sabotasjeverksemd og anna uønskt aktivitet frå Russland. Kina er òg eit land som har betydeleg etterretningskapasitet[1]. Eit av dei viktigaste verkemidla til Kina er økonomiske, som investeringar og oppkjøp. Det kjem fram i trussel- og risikovurderingane frå Etterretningstenesta, PST og NSM.

Riksrevisjonen la i mai 2025 fram ein rapport om totalforsvaret i tryggingspolitisk krise og krig (Dokument 3:11(2024–2025)). Undersøkinga rettar seg mot Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet. Målet var todelt: Å vurdere sivile totalforsvarsaktørar sin evne til å støtte militære behov på lokalt og regionalt nivå, og å undersøke kva konsekvensar utfordringane som Totalberedskapskommisjonen peikte på, har

[1] Fokus 2025 (E-tenesta sin ugraderte trusselvurdering) og Nasjonal trusselvurdering 2025 (PST).

for totalforsvarsaktørar på regionalt og lokalt nivå. På bakgrunn av undersøkinga ga Riksrevisjonen tilråding om tydelegare styring, betre samordning og auka framdrift i totalforsvarsarbeidet. Regjeringa vil følgje opp tilrådingane i det vidare forbetringsarbeidet gjennom bl.a. oppfølging av totalberedskapsmeldinga, sjå under tiltak i teksten under.

Regjeringa la fram den nasjonale tryggleiksstrategien i mai 2025. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å følgje opp hovudprioriteringa som handlar om å gjere samfunnet meir motstandsdyktig. Det er eigne prosessar knytte til oppfølginga av strategien, som må sjåast i samanheng med oppfølginga av totalberedskapsmeldinga.

Terrortrusselnivået i Noreg har dei siste åra i hovudsak vore på eit moderat nivå, men utfordringsbiletet er i stadig endring, og terrortrusselen i Noreg er reell. I Nasjonal trusselvurdering 2025 peikar PST på ekstrem islamisme og høgreekstremisme som dei største terrortruslane i Noreg.

Sivil motstandskraft

Motstandskraft er eit uttrykk for evna eit samfunn har til å halde ut og handtere store hendingar, vinne att viktige funksjonar etter at noko har hendt, og om nødvendig tilpasse seg endra føresetnader. Motstandskrafta vår er utfordra av samtidige kriser og eit meir samansett trusselbilete enn før. Eit land med stor motstandskraft vil vere mindre sårbart for samansette truslar, men òg for naturhendingar og ulukker.

Noreg er eit land som har stor evne til å handtere større hendingar og kriser. Eit viktig grunnlag for denne motstandskrafta er den store tilliten til myndigheitene. Innbyggjarundersøkinga til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) frå 2024 viser at sjølv om tilliten er litt lågare enn ved den førre undersøkinga, har folk framleis høg tillit til Stortinget, regjeringa og offentleg forvaltning, bl.a. domstolane og politiet. OECD sin rapport frå 2024 viser likeins at om lag fem av ti nordmenn har tillit til myndigheitene, medan gjennomsnittet i OECD-landa er om lag fire av ti.

Offentlege verksemder arbeider med å utvikle og halde ved like evna til å handtere hendingar som set liv og helse i fare, på tvers av sektorar og nivå. For å byggje eit trygt samfunn krevst det samarbeid mellom offentlege ressursar, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, lokalsamfunn og kvar og ein av oss.

Kommunane har ansvar for samfunnstryggleiken i spennet frå cyberhendingar til flaum og skred, og dei må ha kunnskap og evne til å kunne handtere ei rekkje truslar. I kommuneundersøkinga til DSB for 2025[2] rapporterer 99 pst. av kommunane at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan, men 22 pst. av dei rapporterer at planen deira er for gammal, dvs. meir enn fire år. I befolkningsundersøkinga til DSB for 2024 svarer 84 pst. at dei er samde i at hushalda må være budde på å klare seg utan samfunnet si hjelp i ei veke, samanlikna med 78 pst. i 2023. Dette er ei positiv utvikling.

Politiet og Forsvaret er dei sentrale aktørane i utøvinga av maktmonopolet til staten. Forsvaret skal bidra til samfunnstryggleik gjennom samarbeid med og bistand til politiet og sivile beredskapsmyndigheiter. Den gjensidige avhengnaden aukar mellom militære og sivile aktørar og mellom offentleg og privat sektor.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet er å tryggje samfunnet og innbyggjarane. Saman med andre aktørar skal politiet førebyggje kriminalitet og ulukker og agere raskt, kompetent og samordna når alvorlege hendingar likevel skjer. Innbyggjarundersøkinga til politiet for 2024 viser at befolkninga i Noreg har høg tillit til politiet, og like høg som i 2023.

For å auke sivil motstandskraft jobbar PST målretta med trusselformidling og kommunikasjon. PST offentleggjer fleire trusselvurderingar og arbeider med å tydeleggjere kommunikasjonen, både til publikum generelt og til trusselutsette grupper.

Digital tryggleik

Stadig fleire verdiar som er viktige for nasjonal tryggleik, er digitaliserte og blir forvalta og behandla ved bruk av datasystem og internett. Digitalisering og teknologiutvikling fører til meir effektivisering og fornying, men det introduserer samstundes nye sårbarheiter og avhengnader. Den raske utviklingstakta og endringane i den tryggingspolitiske situasjonen gjer det stadig meir krevjande for både offentlege og private verksemder å halde oppe eit forsvarleg tryggingsnivå gjennom heile krisespennet, dvs. i fred, krise og krig.

Cyberoperasjonar som metode for bl.a. etterretning og påverknad er forsterka av den nye tryggingspolitiske situasjonen som Russland sitt angrep på Ukraina har skapt. Slike operasjonar vil kunne gi høg effekt utan stor risiko for den som

[2] Befolkningsundersøkinga til DSB for 2025.

står bak. Statlege aktørar har vist evne til å bruke heile verkemiddelapparatet sitt for å oppnå politiske mål, gjennom såkalla samansett verkemiddelbruk.

Meld. St. 9 (2024–2025) om totalberedskap viser til fleire tiltak som skal sørgje for at Noreg etablerer tilstrekkelege nasjonale cybertryggleikskapasitetar og held dei ved like. Blant anna blir det jobba med ny tverrsektoriell regulering om grunnsikring av samfunnsviktige verksemder. Reguleringa skal stille felles krav til grunnsikring hos verksemder som er viktige for at samfunnet fungerer i heile krisespekteret. Arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med å førebu gjennomføring av direktiv som stiller grunnleggjande krav til digital og fysisk tryggleik (NIS2 og CER-direktiva) i norsk rett. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.50.

Klima

Det blir meir ekstremt vêr, og klimapanelet i FN er tydeleg på at auken i ekstremvêr kjem av klimaendringane. Ekstreme hendingar som storm, mykje nedbør, flaum og tørke vil bli kraftigare, meir uføreseielege, og dermed true liv og helse, materielle verdiar og nødvendig infrastruktur i større grad enn før. I kommuneundersøkinga til DSB (2025) rapporterer 75 pst. av kommunane at dei har handtert ei alvorleg naturhending dei siste to åra. Sterk vind, skred og vatn på avvegar er det ein ser mest av. Noreg har gode ordningar for dei som er råka av slike hendingar.

På lokalplanet må kommunane førebyggje dei mest alvorlege utfalla av klimaendringane, bl.a. gjennom god arealplanlegging. Lokale myndigheiter må òg kunne handtere alvorlege klimarelaterte hendingar.

Grenseoverskridande konsekvensar av klimaendringar kan påverke samfunnstryggleiken i Noreg. Tørke, ekstrem nedbør og flaum kan føre til matmangel, menneskeleg liding og økonomisk samanbrot i andre land, og dette kan føre til migrasjon og spreiing av sjukdommar.

1.6.3 Tiltak

Samansette truslar er blitt eit sentralt tema i tryggingspolitiske diskusjonar. Eitt av dei tre hovudmåla i totalberedskapsmeldinga er eit sivilt samfunn som motstår samansette truslar. Regjeringa er opptatt av å styrkje kunnskapen og kompetanse om samansette truslar, og foreslår derfor å auke løyvingane til PST, Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og politiet med til saman 10 mill. kroner i 2026. Løyvingane skal nyttast til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar, gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS).

Den krevjande tryggleikspolitiske situasjonen grip inn i alle ansvarsområda under PST. Regjeringa foreslår derfor å varig auke løyvinga til PST med 100 mill. kroner i 2026.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å etablere ei nasjonal skyteneste. Formålet er å sikre auka nasjonal kontroll med kritisk digital infrastruktur, viktige samfunnsfunksjonar og digitale verdiar. Med utgangspunkt i samanfallande behov skal utviklinga av ei nasjonal skyteneste samkøyrast med utviklinga av ei felles IT-løysing for departementsfellesskapet. Samkøyringa vil gi viktig erfaringsgrunnlag for den vidare utviklinga av ei nasjonal skyteneste for andre delar av forvaltninga. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner til eit forprosjekt for ei nasjonal skyteneste.

Lova om digital tryggleik med tilhøyrande forskrift vart sett i kraft 1. oktober 2025. Regelverket skal bidra til å sikre grunnleggjande krav til digital tryggleik i verksemder med særleg betyding for samfunnet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til NSM med 15 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å handtere myndigheitsoppgåver etter digitaltryggingslova med tilhøyrande forskrift. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med å førebu gjennomføring av CER-direktivet og NIS2-direktivet i norsk rett. Direktiva omfattar fleire sektorar og set krav til fysisk og digital tryggleik i dei aktuelle verksemdene. Direktiva har som mål å styrke tryggleiken i kritisk infrastruktur og digitale tenester i EU og EØS-området.

Totalberedskapsmeldinga følgjer opp det politiske grunnlaget for den strategiske retninga, prioriteringane og tiltaka for digital tryggleik frå Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet*. Sentralt i meldinga er bruken av regulatoriske verkemiddel for å ansvarleggjere verksemder. Samstundes må myndigheitene bidra til at arbeidet med førebyggjande tryggleik blir samordna, styrkt og forenkla. I tillegg til at førebyggjing blir prioritert, må Noreg sørge for å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å handtere digitale angrep, som stadig aukar i tal.

I totalberedskapsmeldinga set regjeringa retninga for den sivile motstandskrafta og for ei omlegging av den sivile delen av totalforsvaret. Blant anna er regjeringa i gang med å etablere ein felles rådsstruktur for beredskapsplanlegging og tilstandsvurderingar på nasjonalt nivå, og utarbeide ein langtidsplan for sivil beredskap. Den

nye rådsstrukturen skal styrke koordineringa av beredskapsarbeidet. Han skal sikre at private og frivillige aktørar blir meir systematisk involverte i tryggleiks- og beredskapsarbeidet, og bidra til best mogleg utnytting av den samla kompetansen og dei samla ressursane i samfunnet, nasjonalt, regionalt og lokalt. Blant anna er det private verksemder som eig store delar av den kritiske infrastrukturen i Noreg, dei er derfor sentrale i arbeidet mot samansette truslar.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) med 10 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å styrke samordning og koordinering av totalforsvarsarbeidet og følgje opp måla i totalberedskapsmeldinga.

Det vart i 2013 inngått kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Anskaffinga er no gjennomført, og dei nye SAR Queen-helikoptera er sette i drift på alle dei seks redningsbasane. I tillegg til dei nye redningshelikoptera omfattar kostnadsramma utgifter til bl.a. bygningsmessige tilpassingar ved redningshelikopterbasane og tilpassing av landingsmoglegheitene ved enkelte sjukehus. Regjeringa foreslår å løyve om lag 750 mill. kroner til dette arbeidet i 2026.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har utarbeidd eit forprosjekt for eit nytt nødnett. Ansvaret for nytt nødnett er overført frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Regjeringa foreslår ei løyving på 100 mill. kroner på kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet til vidare arbeid med nytt nødnett. Sjå programkategori 06.50. for nærmare omtale.

Som ein del av oppfølginga av totalberedskapsmeldinga har politiet og PST fått i oppdrag å vurdere kva slags rolle politiet og PST skal ha i den øvre delen av krisespekteret. Oppdraget inneber å sjå nærmare på korleis ein skal prioritere oppgåver og ressursar, og på kva kompetanse-, ressurs- og regelverksbehov som kan oppstå.

Regjeringa opprettar eit nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Kristiansand. Senteret skal bl.a. støtte og rettleie kommunar, førstelinjetenester og andre som møter personar som står i fare for å bli radikaliserte.

1.7 Låg kriminalitet

Låg kriminalitet inneber at omfanget av lovbrot, og særleg alvorlege lovbrot, som enkeltpersonar og verksemder blir utsette for, er lite.

1.7.1 Innleiing

Verksemder som er viktige for at ein skal ha låg kriminalitet, er politiet, domstolane, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, kriminalomsorga og konfliktrådet. Samstundes krev det innsats frå fleire aktørar i samfunnet, frå verksemder som arbeider med eller har ansvar for tidleg førebygging av kriminalitet, som utdanningssektoren, barnevernet, helsesektoren, frivillige organisasjonar m.m.

Det er klare samanhengar mellom kriminalitet og alder, kjønn og ulike sosioøkonomiske faktorar. Særleg unge menn utanfor arbeid og utdanning har klart større risiko for å utføre lovbrot enn resten av befolkninga. Den same gruppa er også den som sjølv oftast er registrert som ofre for lovbrot. Det er òg ein samanheng mellom kriminalitet og geografi: Det er meir kriminalitet i byar. Men skilnadene mellom byar og mindre stader har blitt mindre over tid. Ulike økonomiske drivkrefter påverkar omfanget av kriminalitet, slik som arbeidsløyse og inflasjon.

Kriminaliteten i Noreg er låg i internasjonal samanheng, og det har vore ein trend i retning av mindre kriminalitet i Noreg dei siste tiåra. Det er derimot indikasjonar på eit trendbrot no, sidan både opplevd og meld kriminalitet har auka.

1.7.2 Tilstandsvurdering

Omfanget av kriminalitet

Kunnskap om mørketal, eller kriminalitet som ikkje blir meld til politiet, er viktig for å ha oversikt over det reelle omfanget av kriminalitet. Den nasjonale tryggleiksundersøkinga kartlegg omfanget av lovbrot retta mot den vaksne befolkninga i løpet av eit år. Undersøkinga vart første gong gjennomført for 2020 og er gjenteken for 2022, 2023 og 2024. I 2024 hadde 38 pst. av respondentane vore utsette for minst eitt lovbrot eller éi lovbrotsliknande handling, noko som er langt meir enn mengda kriminalitet som blir meld til politiet.



Figur 1.5 Del av befolkninga (16–84 år) som meiner å ha vore utsett for ulike lovbrotstypar i løpet av det siste året (2020, 2022, 2023 og 2024)

[1] Spørsmåla om seksuell vald vart betydeleg endra frå 2020 til 2022, og tala for 2022 og 2023 er ikkje direkte samanliknbare med tala for 2020.

Kjelde: Nasjonal tryggleiksundersøking

Delen som oppgjer at dei har vore utsette for lovbrot, auka frå 2020 til 2023. For 2024 er talet tilnærma likt. Hovudgrunnen til auken er at fleire er utsette for svindel og bedrageri, t.d. ved kjøp av varer eller tenester eller gjennom misbruk av kortopplysningar. Det er ein klar samanheng mellom storleiken på det økonomiske tapet og om lovbrotet vart meldt eller ikkje. Ei offerundersøkning av omfanget av vald og overgrep i befolkninga, gjennomført av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS), viser at nesten 40 pst. av mennene har vore utsett for alvorleg fysisk vald ein eller fleire gonger i livet. Fleire menn (46 pst. enn kvinner (29 pst.) var ofre for alvorleg fysisk vald, medan langt fleire kvinner var ofre for gjentatte hendingar med slik vald. Studien viser at de fleste som utøver alvorleg fysisk vald er menn, og at tre av fire menn som hadde opplevd alvorleg fysisk vald, ikkje kjente utøvaren frå før av. Yngre personar er oftare utsette for seksuell vald enn eldre personar, og kvinner er langt oftare utsette for seksuell vald enn menn. Tal frå NKVTS syner at éi av fem kvinner hadde opplevd valdtekt ved makt og tvang eller sovevaldtekt minst éin gong i løpet av livet.

Vald i nære relasjonar er eit vedvarande problem, og i 2024 registrerte politiet rundt 13 pst. fleire meldingar om mishandling i nære relasjonar samanlikna med året før. Auken i talet på meldingar finn ein i nær alle politidistrikta. Mange barn veks opp i vald, og barn under 18 år utgjorde nær 60 pst. av dei unike fornærma i melde saker om mishandling i nære relasjonar i 2024.

Hatkriminalitet er lovbrot som er motiverte av negative haldningar til religion, etnisitet, seksualitet, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller funksjonsevne. I den nasjonale tryggleiksundersøkinga for 2024, oppgjer 2 pst. å ha blitt utsett for hatkriminalitet- same nivå som i 2023 og 2022.

Etter ein lang periode med reduksjon har talet på barn og unge som blir sikta for kriminalitet auka fra 2015 og fram til idag. Auken har vore særleg stor blant barn under 15 år, med ei dobling av sikta frå 2015 til 2024. Endringa har vore mest tydeleg for valdskriminalitet. Frå 2023 til 2024 har tala på barn sikta for kriminalitet likevel gått litt ned, av dette også talet på barn sikta for vald med låg strafferamme. Tala er frå SSB, og som teller alle under 15 år som sikta, sjølv om barna reint juridisk berre er meld for lovbrot. Sidan dei er under straffbar alder, blir dei ikkje sikta for lovbrot på linje med unge som er 15 år og eldre. Ulikt tallgrunnlag gjer kriminalitetsutviklinga hos barn over og under straffbar alder lite samanliknbar. For unge mellom 15 og 17 år har talet på sikta for lovbrot auka med 8 pst sidan 2015. Det er samstundes ei lita gruppe av unge som står for ein betydeleg del av den registrerte, alvorlege kriminaliteten.

I sum fører dette til eit stort behov for meir kapasitet og kompetanse i straffesakskjeda. Ein auke i talet på saker frå politiet og påtalemakta medfører behov for større kapasitet i dei neste ledda i straffesakskjeda, som i domstol, kriminalomsorga og konfliktrådet.

Kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet

Kriminelle nettverk er eit samleomgrep for miljø, gjengar, grupperingar eller individ som er knytte saman gjennom kriminalitet. Slike nettverk kan vere både kortvarige og langvarige, og ha varierande grad av struktur og organisering. Digitaliseringa har gjort kriminaliteten meir global, anonym og tilgjengeleg, og påverkar både rekrutteringa til kriminelle nettverk og organiseringa av dei. Den organiserte kriminaliteten omfattar bl.a. alvorlege narkotikalovbrot, bedrageri, kvitvasking, datakriminalitet, arbeidslivskriminalitet og menneskehandel. Kriminaliteten er profittmotivert, men har ofte stort valdspotensial òg.

Trusselvurderinga til politiet dei siste åra peikar på at kriminelle nettverk er ein aukande trussel, bl.a. pga. auka profesjonalisering, grensekryssande samarbeid, digitalisering og stadig nye måtar å gjennomføre kriminalitet på. Det er særleg det auka konfliktnivået som uroar politiet, og trusselen frå svenske organiserte kriminelle peikar seg ut.

I trusselvurderinga for 2025 skriv politiet at det nå er eksemplar på at svenske valdsutøvarar har reist til Noreg for å gjennomføre valdsoppdrag. Dette er ei ny utvikling der valdsoppdrag i aukande grad er ei vare som blir kjøpt og seld på digitale plattformer, både på det mørke nettet og i aukande grad på sosiale medium.

1.7.3 Tiltak

Regjeringa har møtt utviklinga i kriminalitetsbiletet med ei kraftfull satsing på politiet. Totalt er driftsbudsjettet til politiet auka med 5,4 mrd. kroner i perioden 2021 til 2025.

Regjeringa ønskjer å halde fram satsinga i 2026 og foreslår å auke løyvinga til politiet med 196 mill. kroner. Auka midlar til grunnfinansiering bidrar til at politiet får mest mogleg effekt ut av satsingane mot bl.a. kriminelle nettverk.

Det digitale etterslepet i politiet er stort. Ein del av den auka løyvinga til grunnfinansieringa av politiet dei seinare åra har bl.a. gått til å sikre sikker og stabil drift av IT-systema, som er eit av dei viktigaste verktøya i oppgåveløysinga til politiet. Ei konseptvalutgreiing for å vurdere korleis ein kan gjennomføre ei heilskapleg styrking av digitaliseringsarbeidet i politiet er no gjennomgått av ein ekstern kvalitetssikrar. Regjeringa vil ta stilling til vegen vidare.

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet og blant dei lovbrota som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. I budsjettet for 2025 fekk politiet ei varig auke av løyvinga til bl.a. Statens barnehus og utrulling av ein tverrfagleg modell for å førebyggje vald i nære relasjonar (RISK) i distrikta Sør-Aust, Sør-Vest og Nordland, etter modell frå Oslo politidistrikt. Politiet skal prioritere dette arbeidet i 2026 òg.

Regjeringa foreslår å løyve 44,6 mill. kroner i 2026 til den særskilde innsatsen for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år. Løyvinga skal gå til å utvide innsatsen til å gjelde Sør-Vest politidistrikt og til å vidareføre innsatsen og sikre tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere arbeidet med raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt. Midlane skal fordelast på politiet, domstolane, kriminalomsorga, konfliktrådet og til involvering av forsvarar.

Regjeringa er oppteken av at styrkinga av politiet skal gi oss den polititenesta som innbyggjarane og samfunnet har behov for. Politiet treng tilstrekkeleg handlingsrom og føreseielegheit. Politiet må kunne disponere sine eigne ressursar på den mest formålstenlege måten for å sørge for at vi får den beste polititenesta vi kan få, og som er i tråd med politiske ambisjonar og målsetjingar. Regjeringa arbeider derfor med å innføre langsiktige plandokument for politiet.

1.8 Kontrollert, rettferdig og berekraftig innvandring

Det overordna målet om kontrollert, rettferdig og berekraftig innvandring inneber at innvandringa til Noreg skal regulerast i samsvar med utviklinga i verda kring oss og samfunnsbehovet. Det skal leggjast til rette for lovleg bevegelse over landegrensene. Noreg skal vareta rettstryggleiken til utlendingar og den enkelte sitt behov for vern, samstundes som tryggleiken i landet blir bevart.

1.8.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å forme og samordne innvandringspolitikken, med eit særskilt ansvar for bl.a. vern (asyl), familieinnvandring, visum, bortvising,

utvising og kontroll. Det sentrale juridiske rammeverket som regulerer innvandringa til Noreg, er utlendingslova, den europeiske menneskerettskonvensjonen, flyktningkonvensjonen og ei rekkje internasjonale forpliktingar i samband med EØS-avtalen, Schengen- og Dublin-samarbeidet og FN.

Dei operative oppgåvene som saksbehandling og kontroll blir utførte i Utlendingsdirektoratet (UDI), i Utlendingsnemnda (UNE), i Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), i POD og dei underliggjande einingane deira, i PST og på utanriksstasjonane.

Andre departement med særleg ansvar innanfor utlendingsforvaltninga er Arbeids- og inkluderingsdepartementet (arbeidsinnvandring, innvandring frå EØS-land, busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år) og Utanriksdepartementet (samarbeid med opphavsland og utanriksstasjonar som førstelinje for søknader om visum og opphald).

1.8.2 Tilstandsvurdering

Fordrivne i verda

Ifølgje tal frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) var det rundt 123 millionar tvangsfordrivne i verda ved utgangen av 2024. Dette er 6 pst. fleire enn ved utgangen av 2023, og det 8. året på rad det er ein auke i talet på menneske på flukt. Over halvparten av dei fordrivne er menneske på flukt i eige land. Dei fleste tvangsfordrivne i 2024 var frå Sudan, Syria, Afghanistan og Ukraina. Hovudårsaka til auken i talet på tvangsfordrivne både i 2023 og i 2024 er konflikten i Sudan. Samanlikna med 2023 var det i 2024 ein nedgang i talet ukrainarar som søkte om mellombels kollektivt vern i Europa. I 2024 var det om lag ein million menneske som søkte asyl i Europa, ein liten nedgang frå året før. Dei fleste søknadene om vern kom frå Syria, Ukraina, Tyrkia, Eritrea og Colombia.

Innvandring til Noreg

Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på personar som har innvandra til Noreg (dvs. blitt bustadregistrerte og fått fødselsnummer) dei siste åra, fordelte etter innvandringsgrunn. Innvandringa til Noreg auka betrakteleg i 2022 og 2023 som følgje av at det kom fleire som søkte om vern, primært fordrivne frå Ukraina (sjå nærmare omtale nedanfor). Det var om lag 51 000 personar som vart registrerte som innvandra til Noreg i 2024.[3] Dette er ein nedgang på 30 pst. samanlikna med året før. Den nest største gruppa innvandrarar, etter flukt, var personar som søker om familieinnvandring (23 pst.), og dernest arbeidsinnvandrarar (20 pst.).

[3] Det er her snakk om førstegongsinnvandrarar med ikkje-nordisk statsborgarskap.



Figur 1.6 Innvandring til Noreg etter innvandringsgrunn og år

Kjelde: SSB

Talet på familieinnvandrarar heng som regel saman med talet på flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Dei største gruppene som har fått innvilga søknad om familieinnvandring til Noreg dei seinaste åra frå land utanom EØS-området, er personar frå Syria og India. Når det gjeld innvilga søknad om arbeid frå land utanom EØS, er indarar den klart største gruppa, dernest personar frå Storbritannia.

Nærmare om innkomstar til Noreg

Innkomstane til Noreg gjekk ned i 2024 samanlikna med dei to føregåande åra, men nivået er framleis høgt, og dette krev mykje ressursar i utlendingsforvaltninga og i det offentlege tenestetilbodet elles.

Noreg samarbeider med UNHCR og andre organisasjonar om å overføre flyktningar til Noreg frå aktuelle vertsland. Det blir fastsett ein årleg kvote for slike overføringsflyktningar. Krigen i Ukraina har medført at mange fordrivne har komme til Noreg, og det er press på tenestetilbodet i kommunane der personane blir busette. Derfor reduserte regjeringa kvoten for overføringsflyktningar m.m. frå 1 000 plassar i 2024 til 500 plassar i 2025. I 2026 foreslår regjeringa ei kvote på 100 plassar.

Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på innkomstar av personar som søker om vern, og myndigheitsstyrt overføring av flyktningar/asylsøkarar/fordrivne til Noreg sidan 2015.



Figur 1.7 Talet på personar som søkte om vern 2015–juni 2025

Kjelde: UDI

I ein massefluktsituasjon opnar utlendingslova for ei ordning med mellombels kollektivt vern. Regjeringa sette i verk denne ordninga for fordrivne frå Ukraina i mars 2022. Det er óg regjeringa som vedtek når ordninga skal opphøyre. Opphald blir gitt for eitt år av gangen og kan fornyast eller forlengast i inntil fem år.

Frå fullskalainvasjonen av Ukraina starta, og til midten av september 2025, er det innvilga løyve om mellombels kollektivt vern til 93 200 personar. I løpet av 2023 kom det langt fleire ukrainarar til Noreg enn til dei andre nordiske landa. Regjeringa har sidan slutten av 2023 innført fleire innstrammingstiltak for at innkomstane til Noreg skulle vere meir på nivå med nabolanda våre. I 2024 innsnevra regjeringa ordninga med mellombels kollektivt vern slik at dei som kjem frå det som er vurdert som trygge område i Ukraina, ikkje får innvilga løyve om mellombels kollektivt vern. Vidare utvida UDI i byrjinga av 2025 talet på område som er vurderte som trygge i asylrettsleg forstand.

Talet på ukrainske fordrivne til Noreg har gått ned det siste året. Det same gjeld Noreg sin del av dei ukrainske fordrivne som kom til Norden. I første halvår 2025 kom 23 pst. av dei fordrivne frå Ukraina til Norden til Noreg. Til samanlikning låg denne delen ved inngangen til 2024 på 43 pst., medan han hausten 2023 låg på om lag 60 pst. Per 15. september har Noreg teke imot om lag 7 200

søknader om vern frå ukrainarar i 2025, og per 1. september har 6 100 personar fått innvilga løyve om mellombels kollektivt vern. Hittil i 2025 har det komme færre ukrainarar enn i same periode dei siste to åra. Dette kjem truleg dels av dei innstrammande tiltaka, men må òg sjåast i samanheng med lågare tal på fordrivne frå Ukraina til Europa og strengare reglar for utreise frå Ukraina. Det er samstundes fleire ukrainarar som ikkje oppfyller vilkåra for mellombels kollektivt vern i Noreg, og som må få saka si vurdert individuelt. Sjå òg omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina under programkategori 06.90 og i Prop. 1 S (2025–2026) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

I 2024 vart det registrert 4 970 søknader om vern frå ordinære søkarar. Det er ein nedgang på 8 pst. samanlikna med 2023. Per 30. juni er det registrert 1 677 ordinære søknader om vern i 2025, som er ein nedgang på 15 pst. samanlikna med same periode i 2024. Dei største søkargruppene er personar frå Ukraina (dei som ikkje er omfatta av mellombels kollektivt vern), Syria og Eritrea. Personar frå Syria var den klart største gruppa som søkte vern i Noreg i 2024 blant dei ikkje-ukrainske søkargruppene. Det er usikkert korleis den vidare utviklinga i Syria vil påverke innkomstar derfrå framover, men innkomstane i første halvdel av 2025 er kraftig reduserte.

Samstundes som Noreg skal leggje til rette for å ta imot dei som har behov for vern, er det viktig å ta omsyn til berekraft og internasjonale behov òg. Noreg har ei ordning med å gi økonomisk støtte til personar som har opphald med fluktbakgrunn, og som ønskjer å vende tilbake til heimlandet. Tilbakevendingsordninga var lite brukt før det vart mogleg for ukrainarar å søke på ordninga frå september 2022. Talet på personar som har reist tilbake med tilbakevendingsstønad, auka frå nokre få i 2019 til 475 i 2023, 1 600 i 2024 og om lag 1 000 i første halvår 2025. Det var i all hovudsak ukrainarar som vende heim. Utover 2025 var det ein kraftig auke i prognosen for talet som ønskte å vende heim. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2025 foreslo derfor regjeringa å auke løyvinga til tilbakevendingar.

Saksbehandlingstida er lang i mange saker

Utlendingsforvaltninga har over tid hatt ein auke i saksinngangen og oppgåvemengda elles.

Den aldrande IT-systemporteføljen krev stadig meir vedlikehald for å fungere, og er til hinder for effektiv behandling av saker. Det er aukande kostnader med å halde han i drift, og det er òg risiko knytt til nedetid, informasjonstryggleik og personvern. Regjeringa har derfor sett i gang eit fleirårig investeringsprogram for å modernisere IT-løysingane, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Justis- og beredskapsdepartementet. Programmet vil etter kvart bidra til betre og meir effektiv saksavvikling som vil gi gevinstar for både søkarane, forvaltninga og samfunnstryggleiken.

Verksemdene i utlendingsforvaltninga har dessutan fått store nye oppgåver med å implementere felleseuropeiske IT-system knytte til Schengen- og Dublin-avtalane. Systema vil gi styrkt grense- og migrasjonskontroll og betre informasjonsdeling og tryggleik. Som følgje av forseinkingar i EU er gjennomføringsperioden forlengd. Regjeringa foreslo derfor i samband med revidert nasjonalbudsjett 2025 å auke styrings- og kostnadsramma for Schengen IT-prosjekta. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

Implementeringa av reglane i EUs pakt for migrasjon og asyl (pakta) krev òg ressursar i utlendingsforvaltninga. Fristen til Noreg for å implementere pakta er sommaren 2026, og for å rekkje det må arbeidet starte i 2025. Regjeringa foreslo å auke løyvinga til implementeringa i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025. Tiltaka skal på lengre sikt bidra til ei meir koordinert og effektiv handtering av asylsøknader, meir effektiv retur, redusert sekundærflytting av asylsøkarar mellom land, og dessutan styrkt tryggleik gjennom betre grensekontroll ved yttergrensene til EU. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Auken i saker og oppgåvemengd samstundes med at handtering av innkvartering og saksbehandling av ukrainarar har vore ein nødvendig førsteprioritet, har gjort at talet på ubehandla saker er på eit høgt nivå. Saksbehandlingstida er lengre enn ønskjeleg for fleire sakstypar, og forvaltninga er i ein krevjande driftssituasjon. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Vidare er det stor uvisse knytt til ukrainarane sitt framtidige opphald i Noreg. Dei fleste ukrainarane med mellombels kollektivt vern skal i utgangspunktet vende tilbake til Ukraina når det blir mogleg. Dersom fleire etter kvart vil ønskje å bli verande i Noreg på lengre sikt, vil dei måtte søke om vern eller andre langvarige løyve, som må behandlast individuelt. Dette vil vere ressurskrevjande for utlendingsforvaltninga.

Kontrolloppgåver held fram med å vere viktige

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Europa og Noreg, er viktig for at utlendingsmyn-

digheitene skal gjere riktige vedtak i utlendingssaker, og er ein føresetnad for å nå målet om kontrollert innvandring og for å vareta rettstryggleiken til søkarane. Eit viktig grep er utviklinga av felleseuropeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og større tryggleik (t.d. Schengen Information System (SIS) og Entry Exit System (EES)). Fleire europeiske IT-system skal etter planen tre i kraft i løpet av dei neste åra.

I 2018 danna politiet og UDI, saman med andre relevante direktorat, eit forum for å betre samarbeidet om identitetsforvaltninga (koordineringsgruppa for ID-forvaltninga, KoID). Hovudmålet med samarbeidet er å bidra til ei styrkt identitetsforvaltning i Noreg slik at innsatsen på området blir meir heilskapleg og koordinert. Ei tilsvarande koordineringsgruppe som KoID er no etablert mellom fleire departement. Den skal bidra til ein meir målretta og heilskapleg tilnærming til departementa sitt arbeid med å styrke ID-forvaltninga.

Dei som ikkje har gyldig opphaldsgrunnlag, skal returnere til heimlandet eller eit anna land der dei har lovleg opphald. Regjeringa er oppteken av å oppretthalde tilliten til asylordninga gjennom eit effektivt returarbeid, med nødvendig kapasitet i politiet, UDI og UNE til arbeidet med returar, og å halde fram med insentivordningar for personar som samarbeider om retur. Regjeringa er òg oppteken av at personar som bryt norsk lov, skal utvisast, og at utlendingsforvaltninga særleg prioriterer utvisingssaker for dei som har gjort seg skuldige i alvorleg og gjenteken kriminalitet. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2025 vart derfor løyvinga til saksbehandling av utvisingssaker i utlendingsforvaltninga auka med 30 mill. kroner for 2025, sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Talet på returar er relativt stabilt, med ein liten auke sidan 2022. Ved utgangen av 2024 hadde 179 personar reist heim med assistert retur. Totalt 2 458 personar vart tvangsreturnerte, og Ukraina, Russland, Romania og Syria utgjorde dei største nasjonalitetane. Av desse vart 1431 personar returnert til andre Schengen-land. Talet på utreisepliktige i mottak vart redusert frå 380 i 2023 til 330 ved utgangen av 2024. Dei tre største nasjonalitetane blant utreisepliktige i asylmottak var Etiopia, Eritrea og Iran. Frå 2025 er etatane bedne om å rapportere på returar ut av Schengen-området, i tillegg til andre returar. Dette skal bidra til betre samanlikningsgrunnlag for utveksling av statistikk med EU.

1.8.3 Tiltak

Det er svært uvisst korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg framover. Regjeringa vil med løyvingsforslaget sitt leggje til rette for å handtere innkomstane frå Ukraina, både dei som har komme til no, og dei som ut frå prognosen er venta å komme i 2026. Regjeringa foreslår derfor å delvis vidareføre ei mellombels løyving til UDI og politiet på 100 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre ramma for overskridingsfullmakt til innkvartering av asylsøkarar på 3 mrd. kroner, jf. forslag til vedtak.

EUs pakt for migrasjon og asyl (pakta) skal gjennomførast sommaren 2026. Regjeringa sette i gang arbeidet med implementeringa i 2025, og foreslår å løyve 200 mill. kroner til å halde fram dette arbeidet i 2026. Løyvinga vil dekke nødvendige tiltak i UDI, UNE, POD og politiet.

Krigen i Ukraina har medført at mange fordrivne har komme til Noreg, og det er press på tenestetilbodet i kommunane der personane blir busette. Derfor foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar m.m. frå 500 plassar i 2025 til 100 plassar i 2026. Dette inneber at Noreg vil ta i mot færre flyktningar som har vore prioriterte på kvoten dei seinaste åra, til dømes flyktningar frå Syria, Afghanistan og evakuerte frå Libya. Regjeringa meiner at den årlege kvoten må sjåast i samanheng over år, i den forstand at det er rom for noko fleksibilitet frå eitt år til eit anna.

Regjeringa held fram innsatsen for å betre forholda for menneske på flukt ved å utvikle samspelet mellom humanitær støtte, utviklingsbistand og fredsinnsats på flukt- og migrasjonsfeltet, og gjennom Nansen-programmet for Ukraina. Sjå omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Utanriksdepartementet.

Regjeringa vil og halde fram å støtte europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress, bl.a. ved å sende ut ekspertar i støtteoperasjonar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. Vidare har Noreg gjennom EØS-midlane bidratt til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Samarbeid innan asyl, migrasjon og integrering er eit av dei prioriterte programområda for EØS-midlane 2021-2028. Sjå òg omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2025–2026) for Utanriksdepartementet.

1.9 Godt forvalta polarområde

Godt forvalta polarområde inneber at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse måla omhandlar bl.a. å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å halde oppe eksisterande norske samfunn i desse områda.

1.9.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet er det overordna departementet for Sysselmeisteren på Svalbard. Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på øygruppa og varetek dei statlege interessene der. Sysselmeisteren er politimeister og har same mynde som ein statsforvaltar.

Longyearbyen lokalstyre har som formål å utøve eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre i Longyearbyen. Longyearbyen lokalstyre får tildelt løyving over svalbardbudsjettet. Longyearbyen lokalstyre har oppgåver av same type som kommunane på fastlandet, men Longyearbyen lokalstyre har eit snevrare ansvarsområde og yter færre velferdstenester.

På svalbardbudsjettet blir det løyvd midlar til fleire statlege aktørar som er fagleg styrte av dei respektive fagdepartementa. I tillegg har ei rekkje andre statlege aktørar verksemd på Svalbard som blir finansiert utanfor svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet har budsjettansvaret for og koordinerer drifta av Samfunnet Jan Mayen. Samfunnet Jan Mayen blir drifta av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. I tillegg har fleire statlege verksemder ansvar for eller verksemd på Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk for Jan Mayen, Bouvetøya og dei norske bilanda Dronning Maud land og Peter I øy i Antarktis.

1.9.2 Tilstandsvurdering og tiltak

Regjeringa la i mai 2024 fram ei melding til Stortinget om Svalbard, Meld. St. 26 (2023–2024). Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard (svalbardmeldingar) legg grunnlaget for ei stabil og føreseieleg forvaltning av Svalbard og føringar for aktiviteten i tida framover. Stortinget behandla meldinga og voterte over ho 21. november 2024.

Svalbard er ein viktig del av Noreg, og det har alltid vore knytt sterke nasjonale interesser til forvaltninga av Svalbard. Svalbardmeldinga reflekterer dette. Meldinga inneheld to gjennomgåande tema, som eit einstemmig Storting har slutta seg til: sterkare statleg styring og nasjonal kontroll på Svalbard, og styrking av Longyearbyen for å halde oppe det norske familiesamfunnet. Nasjonal kontroll bidrar bl.a. til å nå dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken. Regjeringa foreslår i Meld. St. 26 (2023–2024) bl.a. å gjennomgå ansvaret for kritisk infrastruktur, som t.d. energiforsyninga, i Longyearbyen.

I svalbardmeldinga viser regjeringa til at ein har som intensjon at staten skal ta eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen, til dømes gjennom Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (Store Norske), og at ansvaret skal avklarast så snart som mogleg. Store Norske og Longyearbyen lokalstyre har inngått ein avtale om overføring av Svalbard Energi AS (SEAS) frå lokalstyret til Store Norske. Føresett at Stortinget sluttar seg til vilkåra for overføring, overtar Store Norske eigarskapen til og ansvaret for SEAS, og med det ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen. Store Norske vil gjennomføre ein vesentleg oppgradering av dagens energiforsyning i Longyearbyen.

Som ein del av avtalen blir gjelda som SEAS har til Longyearbyen lokalstyre innfridd, og pliktene til lokalstyret knytte til sanering og opprydding etter kolkraftverket og det tilhøyrande avfallsdeponiet m.m. blir dekte av staten. Overføringa, med innløysing av pliktene som er omtalte her, føreset tilslutning frå Stortinget. Regjeringa foreslår òg å løyve midlar til å dekke kostnadene Longyearbyen lokalstyre vil ha til sanering og opprydding etter avfallsdeponiet i Adventdalen er avslutta.

I samband med innføring av *Norgespris* for straum på fastlandet frå 1. oktober 2025 foreslo regjeringa å leggje til rette for reduserte straumprisar for hushalda på Svalbard òg, jf. Prop. 146 S (2024–2025). Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Løyvinga til Longyearbyen lokalstyre vart auka med 4,7 mill. kroner som vart øyremerkte til dette formålet. Heilårseffekten av tiltaket er 18,8 mill. kroner. Regjeringa foreslår å løyve til saman 118,8 mill. kroner i 2026 for å bidra til reduserte energiprisar i Longyearbyen. Det er eit mål framover at Longyearbyen skal vere ein attraktiv stad for norske familiar, og at ein slik kan bidra til å oppfylle målet om norske samfunn på øygruppa. Regjeringa foreslår bl.a. av den grunn å auke løyvinga til Longyearbyen lokalstyre med 23,1 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Sysselmeisteren med 8,1 mill. kroner, bl.a. for å styrkje

Sysselmeisteren si evne til å utføre oppgåvene sine, og for å tilføre Sysselmeisteren ressursar på beredskapsområdet.

Forsvarsbygg har starta arbeidet med å oppføre eit nytt hovudbygg på Jan Mayen, saman med to nye garasjar og eit naust. Prosjektet skal gjennomførast i åra 2024–2028, med ein kostnadsramme på 1 641 mill. kroner. Prisnivået er oppgitt i 2024-kroner.

Norsk Polarinstitutt, som er underlagt Klima- og miljødepartementet, driv forsking i Antarktis. Instituttet har heilårsdrift på forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud land og driv tokt i Sørishavet. Stasjonen nærmar seg slutten av levetida si og treng oppgradering. Våren 2025 underteikna Statsbygg kontrakt med entreprenør for totalentreprise med samspel for nye Troll forskingsstasjon. Sjå Prop. 1 S (2025–2026) Klima og miljødepartementet for utfyllande informasjon om oppgradering av Troll-stasjonen.

1.10 Godt og tilgjengeleg lovverk

Eit godt og tilgjengeleg lovverk er eit lovverk som både varetek viktige prinsipp i ein rettsstat – som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar – og bidrar til å fremme måla bak dei enkelte delane av lovverket. Eit godt og tilgjengeleg lovverk skal gi uttrykk for rettar og plikter på ein klar måte og fremme føreseielege løysingar, og det skal vere enkelt å finne fram til dei relevante lovene. Det skal bidra til vekst og verdiskaping for befolkninga og næringslivet og til at offentlege organ effektivt kan utøve mynde og yte tenester på ein god og framtidsretta måte.

1.10.1 Innleiing

Gode og fornuftige lover og reglar påverkar åtferd og medverkar til å hindre og løyse konfliktar. Rettsreglane skal vareta viktige prinsipp i ein rettsstat, som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er spesielt viktig når det gjeld reglar som opnar for inngrep overfor den enkelte, som straffelovgivinga, men slike grunnleggjande prinsipp må varetakast i andre regelverk òg.

Det er Stortinget som vedtek, endrar og opphevar lovene i Noreg, men regjeringa speler ei nøkkelrolle i lovprosessen. Det er som oftast regjeringa som fremmar lovforslag for Stortinget, og lovforslaga er utarbeidde av det departementet som har ansvaret for det aktuelle området. Alle lovforslaga skal formast ut i tråd med utgreiingsinstruksen og med utgangspunkt i rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet. Dette er sentrale utgangspunkt for å sikre god kvalitet på lovene og at relevante omsyn og konsekvensar blir vurderte og varetekne.

Lovgivinga må vere av god kvalitet dersom ein skal oppnå dei formåla lovene er meinte å vareta. Meininga bak lovføresegnene bør komme tydeleg fram, og lovteksten bør vere tilgjengeleg for flest mogleg. Dette oppnår ein typisk ved å byggje opp lovene og dei enkelte paragrafane på ein logisk og oversiktleg måte, tilpasse dei godt til andre regelverk og bruke eit tydeleg og forståeleg språk. Lovverket bør formast ut teknologinøytralt der det er mogleg og naturleg.

Eit godt lovverk bør ikkje vere for omfattande, og det bør ikkje innehalde reglar som det ikkje lenger er behov for, eller for mange detaljreglar. Eit sentralt spørsmål er kva som skal regulerast i lov, og kva som heller bør følgje av forskrift. Tidlegare hadde mange lover vide og generelle forskriftsheimlar, og dette finn ein framleis i enkelte lover, men ei slik fullmaktslovgiving høyrer i mindre grad heime i eit godt og tilgjengeleg lovverk i dag.

1.10.2 Tilstandsvurdering og tiltak

Eit klart og forståeleg regelverk

Lovverket i Noreg er langt meir tilgjengeleg og forståeleg enn i mange andre land når det gjeld både språk og struktur. Lovtekstane er gjennomgåande relativt kortfatta, og detaljane finn ein i hovudsak i forskriftene. Mange land har langt meir detaljerte og omfattande lover, noko som kan gjere det vanskelegare å finne fram til reglane og setje seg inn i dei. Enkelte land baserer seg dessutan i større grad på sedvanerett, noko som gjerne er vanskelegare tilgjengeleg enn skriftlege lover. Store delar av det norske lovverket har i seinare tid blitt bytt ut med nye lover, og ein har dermed fått eit meir moderne og oppdatert lovspråk. Alle lover og forskrifter er gratis tilgjengelege elektronisk på lovdata.no.

Det vil likevel alltid vere høve til forbetringar, og regjeringa vil arbeide for at regelverket skal bli endå betre og meir tilgjengeleg.

Eit klart og forståeleg regelverk er ein føresetnad for rettstryggleik for den enkelte. Klare og forståelege reglar er t.d. eit nødvendig grunnlag for å sikre at forvaltninga sine avgjerder og inngrep overfor den enkelte baserer seg på eit riktig rettsleg grunnlag, for at den enkelte kan føresjå

kva tiltak forvaltninga kan setje i verk, og for ein effektiv kontroll frå domstolane. Menneskerettane stiller òg krav til klare reglar når reglane skal gi grunnlag for inngrep i rettane til den enkelte.

Det er avgjerande for å kunne sikre eit klart og forståeleg regelverk at ein har gode grunnlagsdokument som legg rammer for regelverksarbeidet til forvaltninga, som rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse. Denne rettleiinga er under revisjon og vil etter kvart komme i ny utgåve.

God gjennomføring av internasjonale plikter

Lovverket blir stadig meir omfattande. Dette kjem i stor grad av gjennomføring av EØS-regelverk, og det gjeld både formelle lover og forskrifter. Ein viktig del av eit godt og tilgjengeleg lovverk er at internasjonale plikter er gjennomførte på ein klar og forståeleg måte. Det kan vere særleg utfordrande å sørge for at internasjonale plikter går klart og forståeleg fram, bl.a. fordi det er ulike tradisjonar for regelutforming i Noreg og utlandet. Når EØS-rettsakter skal gjennomførast, kan t.d. omsynet til å forme ut reglar på ein måte som er tilpassa norske forhold, og som harmonerer med norsk lovgiving elles, stå i motstrid til omsynet til nøyaktig og fullstendig gjennomføring og ein einsarta rettstilstand i heile EØS. Dersom vage eller fleirtydige reglar skal gjennomførast, må omsynet til korrekt gjennomføring vegast opp mot omsynet til klare reglar. Regjeringa vil arbeide for at lovverket balanserer desse omsyna på ein god måte. I tilfelle der regelverk må gjennomførast i norsk rett utan omarbeiding (inkorporasjon), slik som t.d. EØS-forordningar, kan ikkje reglane tilpassast på same måte. Det blir arbeidd med å finne løysingar for å gjere regelverket meir tilgjengeleg i slike tilfelle òg. Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet har oppdatert rettleiinga om EØS-gjennomføring for bl.a. å vise i kva for tilfelle det er mogleg å supplere forordningar for å gjere regelverket meir tilgjengeleg, og korleis ein generelt kan sikre klare og føreseielege reglar ved gjennomføring av EØS-rett i norsk rett. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider òg saman med Utanriksdepartementet med bl.a. å betre kvaliteten på tilpassingstekstar og å utgreie høvet for konsoliderte versjonar av EØS-rettsakter.

Justis- og beredskapsdepartementet arbeider generelt for å medverke til at internasjonale plikter blir gjennomførte på ein god måte, både på eigne ansvarsområde og gjennom hjelp med lovarbeid i andre departement. I tillegg er departementet med i internasjonale forum der sentralt regelverk blir forma ut, og søker såleis å medverke til utforminga av internasjonalt regelverk.

Forholdet til EØS-retten skal, der det er aktuelt, vurderast grundig i samband med førebuinga av nye lover og anna regelverk. Det same gjeld forholdet til Grunnlova og menneskerettane. Den eksisterande lovgivinga må dessutan kontinuerleg vurderast for å sikre at ho framleis er i samsvar med menneskerettskonvensjonane og EØS-retten, særleg i samband med at det kjem nye dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen, EFTA-domstolen og EU-domstolen.

Eit framtidsretta lovverk

Eit godt lovverk må vere framtidsretta og i takt med utviklinga og nye behov. Regjeringa vil medverke til at lovverket blir utforma teknologinøytralt og legg til rette for digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi, t.d. kunstig intelligens på område der det er aktuelt. Samstundes må ein vareta rettstryggleiken, personvernet og andre grunnleggjande rettar. Der utviklinga gir høve til å vareta dei aktuelle omsyna på ein mindre inngripande eller meir effektiv måte, bør eksisterande reglar endrast og gjerast enklare.

Justis- og beredskapsdepartementet har dei siste åra teke aktivt del i forhandlingar i Europarådet om ein konvensjon om kunstig intelligens. Denne konvensjonen er den første internasjonalt bindande konvensjonen om kunstig intelligens. Noreg var eit av landa som signerte konvensjonen då det vart opna for signering 5. september 2024. Departementet har òg leia ei interdepartemental arbeidsgruppe som har vurdert spørsmål rundt gjennomføringa av EU si KI-forordning i norsk rett.

Regjeringa la våren 2025 fram eit forslag til ny forvaltningslov, og Stortinget vedtok den nye lova i juni 2025. Lova skal leggje til rette for god, tillitsskapande og effektiv saksbehandling i forvaltninga og verne omsynet til den enkelte og til samfunnet. Det har blitt lagt stor vekt på at lova skal vere brukarvennleg og utforma språkleg klart. Lova er oppdatert og godt tilpassa oppgåvene og organiseringa i den moderne forvaltninga. Eit døme er regulering av automatisert saksbehandling.

Regjeringa vil arbeide vidare med dette, bl.a. gjennom utarbeiding av forskrifter til forvaltningslova. Eit sentralt moment her vil vere balansen mellom omsynet til rettstryggleiken for den enkelte og ei effektiv og moderne forvaltning der ein utnyttar høvet til automatisert og digitalisert saksbehandling.

På den andre sida er det viktig å ha alternativ til det digitale på sentrale område. Stortinget vedtok i juni 2024 endringar i finansavtalelova som styrker forbrukarane sin rett til å betale med kontantar. Endringane tok til å gjelde 1. oktober 2024. Kontantar er viktige av omsyn til beredskapen, samstundes som det gir ein tryggleik for mange som finn det krevjande å nytte digitale betalingsløysingar.

Fleire aktuelle lovarbeid har tilknyting til digitaliseringa og utfordringane ho fører med seg. Det gjeld bl.a. forslaget om aldersgrenser i sosiale medium, som er sendt på høyring.

Innhaldet i eit framtidsretta lovverk må vere tilpassa endringar i samfunnet. Lovverket er eit verkemiddel for å oppnå og reflektere ønskte samfunnsendringar, og det blir, og har blitt, arbeidd med ei rekkje lovsaker som illustrerer dette. Arbeidet med endringar i reglane om seksuallovbrot er eitt døme. Straffelovrådet gjekk i NOU 2022: 21 gjennom reglane i straffelova om seksuelle krenkingar. Utgreiinga vart følgd opp gjennom Prop. 132 L med forslag til endringar i straffelova, bl.a. slik at seksuell omgang utan samtykke no er definert som valdtekt, og med nye prinsipp for utmåling av straff for ulike former for valdtekt. Stortinget vedtok dei foreslåtte endringane i straffelova i juni 2025, og dei fleste endringane tok til å gjelde 1. juli 2025.

Fleire lovarbeid som er i gang, har samanheng med endringane i samfunnet og behovet for tilpassing til dette. Det gjeld bl.a. forslaget til ny inkassolov, som regulerer inndriving av pengekrav. Eit anna døme er forslaget om nye reglar om såkalla sjølvstendig inndraging, som har vore på høyring. Forslaget skal gi større høve til inndraging av utbyte frå kriminalitet. Dette er særleg viktig når vi har fått eit meir utfordrande kriminalitetsbilete. Regjeringa vil følgje opp forslaget med ein proposisjon med forslag til lovendringar som kan handsamast i inneverande stortingssesjon. Regjeringa har òg nyleg sendt på høyring eit forslag til ei ny straffeføresegn som gjer det til eit sjølvstendig straffbart forhold å involvere mindreårige i kriminalitet.

Truslane mot nasjonal tryggleik har endra seg og blitt meir alvorlege dei seinare åra. Eit forslag om å styrke det strafferettslege vernet mot skadeleg påverknadsverksemd frå framand etterretning i Noreg vart lagt fram i Prop. 42 L (2023–2024) og vedteke som lov i mai 2024, og reglane tok til å gjelde 1. juli 2024. Dei nye reglane gjer det straffbart å bidra på vegner av eller etter avtale med ein framand etterretningsaktør i verksemd som har til formål å påverke avgjerder eller den allmenne meiningsdanninga, når verksemda kan skade betydelege samfunnsinteresser.

Det er viktig at lover blir utforma slik at dei både kan nyttast i unormale tider og er i stand til å møte nye former for kriser. Men både koronapandemien og situasjonen med mange fordrivne frå Ukraina har vist at det kan vere behov for å utarbeide nye lover og forskrifter òg, og å tilpasse eksisterande regelverk til den aktuelle situasjonen. Eit forslag om lovregulering av sivil arbeidskraftberedskap vart fremma i Prop. 11 L (2024–2025). Stortinget vedtok lovendringar i juni 2025. Forslaget stiller opp klarare rammer for regulering av det sivile arbeidslivet under krig eller alvorlege tryggleikspolitiske kriser. Dette legg til rette for betre beredskapsplanlegging og øvingar, og det gjer situasjonen meir føreseieleg for befolkninga.

Regelverket må utviklast i tråd med at kriminaliteten endrar seg. Regjeringa ønskjer at politi og påtalemakta skal få meir effektive verkemiddel mot alvorleg økonomisk kriminalitet og ulike former for gjengkriminalitet. Blant prioriterte verkemiddel er forsterka arbeid med regelverksutvikling for å motverke særleg den mest samfunnsskadelege, organiserte og profittmotiverte gjengkriminaliteten. Dette arbeidet held fram i 2026.

Eit viktig moment i samband med arbeidet mot alvorleg kriminalitet er høvet til informasjonsdeling mellom offentlege organ og i nokre tilfelle òg mellom offentlege organ og private. I slike samanhengar kan det òg vere behov for å dele opplysningar som i utgangspunktet er omfatta av teieplikt. Det er sett i verk fleire arbeid for å oppnå gode og formålstenlege høve til slik informasjonsdeling. To arbeidsgrupper er oppretta, den eine leia av Justis- og beredskapsdepartementet, den andre av Økokrim. Det er òg sett ned eit ekspertutval som både ser på høvet til informasjonsdeling og enkelte andre nærliggjande problemstillingar og emne i arbeidet mot alvorleg kriminalitet. Denne gruppa blir leia av professor Asbjørn Strandbakken. Departementet har òg arbeidd med eit forslag om endra høve til deling av opplysningar knytte til Nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter (NTAES), som er eit samarbeid mellom politiet, skatteetaten, Nav og Arbeidstilsynet i arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Forslaget vart sendt på høyring i juni 2025.

1.11 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølginga av oppmodingsvedtak under Justis- og

beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2024–2025, i tillegg til dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 216 S (2024–2025) meinte ikkje var følgde opp. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kvar denne teksten finst.

I den fjerde kolonnen i tabellen nedanfor går det fram om departementet planlegg at rapporteringa på oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen til neste år òg.

Sjølv om det i tabellen blir opplyst at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan t.d. gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å vareta særlege omsyn i politikkutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2024–2025	26	Vurdering av endringar i namnelova	Nei
2024–2025	47	Oppretthalde flyfraktkapasitet mellom fastlandet og Svalbard	Ja
2024–2025	358	Ettergiving av idømde sakskostnader kyrkjeasylantar	Ja
2024–2025	473	Gjere det enklare å inndra verdiar som er eit resultat av kriminelle handlingar	Nei
2024–2025	474	Skjerping av straffenivået for ulovleg våpenhald	Nei
2024–2025	475	Kriminalisering av utnytting av barn og unge i kriminell verksemd	Nei
2024–2025	476	Prøveprosjekt for automatisk skotdeteksjon i Oslo	Nei
2024–2025	478	Raskare bortvising eller utvising av utlendingar som har utført, eller som det er grunn til å tru vil komme til å utføre, kriminalitet	Nei
2024–2025	479	Visitasjonssoner for våpenkontroll	Nei
2024–2025	480	Hurtigspor for rask domsavseiing ved lovbrot der gjerningspersonen er under 18 år	Ja
2024–2025	517	Fri rettshjelp i barnevernssaker	Nei
2024–2025	600	Handteringa til myndigheitene av koronapandemien	Nei
2024–2025	624	Tilfluktsrom – bruk av eksisterande infrastruktur	Nei
2024–2025	625	Politirolleutval	Ja
2024–2025	626	Stortingsmelding om langtidsplan for politiet	Nei
2024–2025	627	Organisasjonar med omsorgsberedskap i kriser og katastrofar	Nei
2024–2025	628	Kartlegging av frivillige beredskapsressursar	Nei
2024–2025	633	Tilfluktsrom – forenkling i regelverk	Nei
2024–2025	634	Dispensasjon frå plikt til å byggje tilfluktsrom	Nei
2024–2025	637	Tilgang til flyplasstenester for beredskapsressursar	Nei

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2024–2025	652	Internasjonalt samarbeid om tryggleik og beredskap	Ja
2024–2025	721	Innstrammingar på innvandringsområdet	Nei
2024–2025	722	Samanlikning med andre land om innvandring	Nei
2024–2025	724	Innstramming på familieinnvandringsområdet	Nei
2024–2025	782	Informasjonsdeling om økonomisk kriminalitet	Nei
2024–2025	783	Politiutdanning innanfor økonomisk kriminalitet	Nei
2024-2025	789	Politiets deltaking i a-krimsamarbeidet	Nei
2024-2025	794	Politiets deltaking i a-krimsamarbeidet	Nei
2024-2025	800	Politiets deltaking i a-krimsamarbeidet	Nei
2024–2025	810	Hovudregel om omvend valdsalarm ved besøks- og kontaktforbod	Ja
2024–2025	927	Det strafferettslege vernet til vektarar og andre utsette yrkesgrupper mot vald og truslar	Nei
2024–2025	928	Effekten av endringar i valdtektsføresegna	Nei
2024–2025	930	Førstelinjeteneste for rettshjelp	Nei
2024–2025	931	Endringar i forvaringsstraffa	Nei
2024–2025	942	Manglande svar frå offentleg forvaltning og lang saksbehandlingstid	Nei
2024–2025	943	Offentleg statistikk over venta saksbehandlingstid	Nei
2024–2025	944	Saksbehandlingsreglar ved nye lovforslag	Ja
2024–2025	948	Saksbehandlingstida i klareringssaker	Nei
2024–2025	960	Endringar i straffelova og legemiddellova	Nei
2024–2025	963	Endringar i straffelova og legemiddellova	Nei
2024-2025	964	Endringar i straffelova og legemiddellova	Nei
2024–2025	966	Forvaltningslova – personalsaker i interkommunale selskap som enkeltvedtak	Nei
2024–2025	967	Forvaltningslova – beredskapsheimelen	Nei
2024–2025	968	Forvaltningslova – automatisert saksbehandling	Nei
2024–2025	969	Forvaltningslova – rettleiingsplikta	Nei
2024–2025	970	Forvaltningslova – saksbehandlingstid	Nei
2024–2025	971	Forvaltningslova – administrative sanksjonar	Nei
2024–2025	972	Forvaltningslova – alternativ til digitale løysingar	Nei
2024–2025	1061	Generell væpning av norsk politi	Nei
2024–2025	1219	Strengare og meir effektiv praksis for bortvising, utvising og utsending	Ja

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2024–2025	1220	Prioritering av utvising ved alvorleg og gjenteken kriminalitet	Ja
2023–2024	70	Fritt rettsråd ved utvising av utlending	Ja
2023–2024	71	Alternativ til utvising av utlending med barn	Ja
2023–2024	83	Advokatordning for innsette i fengsel	Ja
2023–2024	109	Forbod mot marknadsføring av kreditt	Nei
2023–2024	136	Omvend valdsalarm skal vurderast før hemmeleg adresse for barn	Nei
2023–2024	137	Omsynet til barnet skal følgje direkte av lova ved elektronisk kontroll av besøksforbod	Nei
2023–2024	139	Finansiering av senteret C-REX	Ja
2023–2024	140	Betre reintegrering av ekstremistar	Nei
2023–2024	141	Oppfølging etter straffesoning	Ja
2023–2024	160	Lovverk knytt til teieplikt og informasjonsplikt i samband med lovbrot som blir utførte av barn og unge	Ja
2023–2024	457	Styrke den kommunale beredskapen for ekstremvêr og følgjehendingar	Ja
2023–2024	507	Habilitet	Ja
2023–2024	508	Habilitet	Ja
2023–2024	509	Habilitet	Ja
2023–2024	510	Habilitet	Ja
2023–2024	511	Habilitet	Ja
2023–2024	561	Forsyningstryggleik – oppfølging av totalberedskapskommisjonen	Ja
2023–2024	562	Forsyningstryggleik – sikre mest mogleg normal handel med og produksjon av mat i kriser	Nei
2023–2024	613	Utgreiing av forslag til lovfesting av kommunale handlingsplanar	Nei
2023–2024	616	Utvide målgruppa for barnehusa	Nei
2023–2024	617	Forslag om å utvide målgruppa for barnehusa til barn mellom 16 og 18 år	Nei
2023–2024	618	Gjennomgang av reglane for dødsstadsundersøkingar	Nei
2023–2024	634	Endringar i politilova og vaktverksemdlova	Nei
2023–2024	658	Tiltak mot æreskriminalitet, lik rett til skilsmisse	Nei
2023–2024	719	Organisering av advokatverksemd	Nei
2023–2024	723	Evaluering av valdserstatningslova	Ja
2023–2024	727	Fri rettshjelp til offer for lønnstjuveri	Ja

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2023-2024	753	Førehandsdeklarering av inn- og utførsel av kontantar	Nei
2023–2024	754	Opprette nytt politirolleutval	Ja
2023–2024	755	Fleirårige planar for politiet	Ja
2023–2024	758	Utgreiing av søknadsplikt ved kjøp av visse eigedommar i Noreg,	Nei
2023–2024	762	Nasjonal tryggleiksstrategi	Ja
2023–2024	766	Forelding av krav som er under klagebehandling	Nei
2023–2024	767	Bevisførsel om opplysning som er underlagd teieplikt hos Sivilombodet	Nei
2023–2024	771	Utanlandske kvinner som blir utsette for vald, vidare opphald	Nei
2023–2024	916	Lov om forbrukarleige av ting	Nei
2022–2023	132	Nasjonalt førebyggingsprogram mot partnarvald og partnardrap	Nei
2022–2023	133	Kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar	Nei
2022–2023	136	Betre dokumentering og informasjonsutveksling i hjelpeapparatet	Ja
2022–2023	139	Elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sendar for forvaringsdømde	Nei
2022–2023	445	Greie ut forliksrådsordninga	Ja
2022–2023	616	Endringar i tvistelova – innstilling av saker i forliksrådet som følgje av lang behandlingstid	Nei
2022–2023	618	Sakskostnader i sivile saker	Nei
2022–2023	644	Enklare og meir forbrukarvennleg regelverk for gåvekort	Nei
2022–2023	653	Stortingsmelding om kriminalomsorga	Ja
2022–2023	729	A-krimsenter	Nei
2021–2022	35.49	Ny rettshjelpsordning	Ja
2021–2022	372	Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap	Ja
2021–2022	420	Straffeføresegn om seksuell utnytting av barn	Ja
2021–2022	504	Organisering av advokatverksemd	Nei
2021–2022	506	Organisering av advokatverksemd	Nei
2021–2022	579	Vurdering av naturskadeforsikringsordninga	Ja
2021–2022	581	Utgreiing av meldeplikt for norske tenesteleverandørar	Nei
2021–2022	582	Regelverk om varsling frå kriminalomsorga	Nei
2021–2022	654	Tryggleik for personar med funksjonshindring	Nei
2021–2022	795	Forbod mot sal av forfalne fordringar	Nei

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	47	Utviding av avverjingsplikta	Nei
2020–2021	50	Forelding av lovbrot mot mindreårige	Nei
2020–2021	64	Tilgjengelege dopingopplysningar	Nei
2020–2021	65	Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping	Nei
2020–2021	206	Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern	Nei
2020–2021	208	Klarlegging av identitet	Ja
2020–2021	443	Høgare straff for barn som er involverte i gjenteken kriminalitet	Nei
2020–2021	446	Tiltak for å auke talet på inndragingar	Ja
2020–2021	627	Fornyingsordning for barneomsorgsattest	Nei
2020–2021	628	Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga	Nei
2020–2021	681	Oppretting av eit nasjonalt våpenregister	Ja
2020–2021	682	Identitetsskjerming for polititilsette	Nei
2020–2021	712	Straff for å tvinge barn til utlandet	Ja
2020–2021	729	Nasjonal langtidsplan for beredskap	Ja
2020–2021	730	Totalberedskapsutval	Ja
2020–2021	739	Nordisk samarbeid innanfor samfunnstryggleik	Ja
2020–2021	742	Brann til sjøs	Ja
2020–2021	743	Tilfluktsrom	Ja
2020–2021	799	ADR-kontroll	Ja
2020–2021	814	Nasjonal eigarskap og kontroll	Ja
2020–2021	848	Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga	Nei
2020–2021	983	Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren	Nei
2020–2021	1116	Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret	Ja
2020–2021	1159	Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn	Nei
2020–2021	1161	Internasjonale kriminelle organisasjonar	Ja
2020–2021	1162	Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel	Nei
2020–2021	1343	Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta	Ja

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2019–2020	436	Elektroniske fraktbrev	Ja
2019–2020	515	Reklamasjonsfrist på bustader	Nei
2017–2018	788	Utanlandsopphald	Ja
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	Nei
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	Nei

1.11.1 Stortingssesjonen 2024–2025

Vurdering av endringar i namnelova

Vedtak nr. 26, 12. november 2024

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomgå og vurdere endringer i navneloven, slik at etterkommere av urfolk og/eller nasjonale minoriteter lettere kan ta tilbake sin families opprinnelige etternavn.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 19 (2022–2023) og Innst. 30 S (2024–2025) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Oppretthalde flyfraktkapasiteten mellom fastlandet og Svalbard

Vedtak nr. 47, 21. november 2024

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for at flyfraktkapasitet mellom fastlandet og Svalbard opprettholdes inntil en permanent løsning er på plass.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 26 (2023–2024) *Svalbard*, og Innst. 36 S (2024–2025) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Regjeringa foreslo i samband med nysalderinga av 2024-budsjettet å auke løyvinga på kap. 0003, post 50 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre på svalbardbudsjettet med 15 mill. kroner, til støtte for å halde oppe flyfraktkapasiteten mellom Svalbard og fastlandet. Den auka løyvinga vart foreslått som eit ekstraordinært omstillingstilskot for å sørge for at Longyearbyen lokalstyre kunne skaffe til vegar nødvendig flyfraktkapasitet i 2025, inntil dei lokale aktørane hadde komme fram til ei langsiktig løysing.

Ettergiving av idømde sakskostnader kyrkjeasylantar

Vedtak nr. 358, 18. desember 2024

> *«Stortinget ber regjeringen ettergi idømte saksomkostninger, inkl. renter og gebyrer, til utlendinger som har gått til søksmål mot staten v/ Utlendingsnemnda for å få omgjort avslag på søknader om asyl og som senere har fått opphold i Norge gjennom engangsløsningen for kirkeasylanter, jf. utlendingsforskriften § 8-13. Eventuelle innbetalte beløp skal også ettergis og tilbakebetales»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 98 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har i brev til Statens innkrevjingssentral (SI) 19. desember 2024 bede SI om å stanse innkrevjinga av krava og slette gjelda til dei aktuelle personane.

Gjere det enklare å inndra verdiar som er eit resultat av kriminelle handlingar

Vedtak nr. 473, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme de nødvendige lovendringsforslag for å gjøre det enklere for påtalemyndigheten å inndra verdier som er frembrakt ved kriminelle handlinger.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. I oktober 2023 blei det nedsett ei arbeidsgruppe som mellom anna skulle utarbeide reglar om sivilrettsleg inndraging. Arbeidsgruppa sitt lovforslag blei sendt på høyring 20. september 2024, og høyringsfristen

utløp 15. november 2024. Regjeringa vil fremje ein proposisjon med forslag til lovendringar som kan handsamast i inneverande stortingssesjon. Sjå òg vedtak 446, 18. desember 2020.

Skjerping av straffenivået for ulovleg våpenhald

Vedtak nr. 474, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovendringsforslag for å sikre en skjerpelse av straffenivået for ulovlig våpenbesittelse.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025), Dokument 8:10 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Kriminalisering av utnytting av barn og unge i kriminell verksemd

Vedtak nr. 475, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å kriminalisere utnyttelse av barn og unge til ulovlig virksomhet i et eget straffebud. Lovverket bør gjøre det straffbart å rekruttere, betale, instruere, overlevere eiendeler til eller på annen måte involvere noen som er under 18 år, i kriminell virksomhet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025), Dokument 8:10 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende eit lovforslag på høyring 2. september 2025.

Prøveprosjekt for automatisk skotdeteksjon i Oslo

Vedtak nr. 476, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre et prøveprosjekt for automatisk skuddeteksjon i Oslo.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Raskare bortvising eller utvising av utlendingar som har utført, eller som det er grunn til å tru vil komme til å utføre, kriminalitet

Vedtak nr. 478, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at utlendinger som har begått eller som det er grunn til å tro at vil komme til å begå kriminalitet, bortvises eller utvises fra landet raskere.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Visitasjonssoner for våpenkontroll

Vedtak nr. 479, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen innen 1. september 2025 fremme de nødvendige lovendringsforslag for å sikre innføring av visitasjonssoner for våpenkontroll.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:7 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Ei utgreiing er sett i gang og skal ferdigstillast før årsskiftet 2025-2026. Deretter vil eit lovforslag bli sendt på høyring.

Hurtigspor for rask domsavseiing ved lovbrot der gjerningspersonen er under 18 år

Vedtak nr. 480, 20. februar 2025

> *«Stortinget ber regjeringen innen 2026 legge til rette for implementering av hurtigspor for rask pådømmelse av lovbrudd begått av gjerningspersoner som var under 18 år på handlingstidspunktet, i de resterende politidistriktene.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:10 S (2024–2025) og Innst. 133 S (2024–2025).

Vedtaket har blitt følgt opp. Utrullinga er i gang. I 2025 er det prioritert midlar til ein særskild innsats for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor, i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2026 å utvide innsatsen til Sør-Vest politidistrikt. Regjeringa foreslår òg midlar til å konsolidere arbeidet

med hurtigspor slik at det blir mest mogleg lik praksis i dei distrikta som er med på ordninga.

Fri rettshjelp i barnevernssaker

Vedtak nr. 517, dato 18. mars 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utrede endringer i rettshjelploven som vil gi private parter rett til fri rettshjelp fra og med undersøkelsesfasen i barnevernet i samværssaker og i tvangssaker som går for Barneverns- og helsenemnda.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:15 S (2024–2025) og Innst. 154 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Departementet har gjennom to proposisjonar følgt opp dei viktigaste forslaga til rettshjelpsutvalet. Det er vedteke ein ny økonomisk modell for behovsprøving, og det er føreteke ein heilskapleg gjennomgang av kva for sakstypar som bør vere prioriterte etter lova. Forslaget til fleirtalet i rettshjelpsutvalet om endringar i rettshjelpslova knytte til behandlinga av barnevernssaker må eventuelt greiast ut nærmare, og er derfor ikkje følgt opp i proposisjonen, jf. Prop. 103 L (2024–2025).

Handteringa til myndigheitene av koronapandemien

Vedtak nr. 600, 29. april 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomgå alle krise- og beredskapslover og, der det er naturlig, fremme forslag om en bestemmelse som sikrer at hensynet til barnets beste og å bevare en mest mulig normal hverdag for barn og unge skal vektlegges i all krisehåndtering.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 151 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Tilfluktsrom – bruk av eksisterande infrastruktur

Vedtak nr. 624, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for hvordan man kan ta i bruk eksisterende infrastruktur som tunneler og underjordiske stasjoner på jernbane og T-bane, som mulige tilfluktsrom.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa vil innføre eit nytt vernekonsept. I denne samanhengen vil regjeringa justere det gjeldande regelverket med nye kriterium for bygging av vernerom. Vurdering av bruk av eksisterande infrastruktur som mogelege tilfluktsrom vil vere del av arbeidet.

Politirolleutval

Vedtak nr. 625, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen nedsette et politirolleutvalg innen 1. september 2025.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er følgt opp. Den 24. juni 2025 sette regjeringa ned eit utval som skal bidra til å definere og tydeleggjere politirolla. Sjå elles omtale under kategori 06.40.

Stortingsmelding om langtidsplan for politiet

Vedtak nr. 626, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen basert på politidirektørens faglige råd og politirolleutvalget fremme en stortingsmelding om langtidsplan for politiet så snart som mulig og gi en orientering om fremdrift i forbindelse med statsbudsjettet for 2026.».*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Den kommande utgreiinga til politirolleutvalet vil vere eit sentralt bidrag, saman med anna relevant kunnskapsgrunnlag som blir utarbeidd. Utgreiinga vil kunne leggje til rette for å behandle retningsval for politiet, som det vil vere naturleg å leggje fram for Stortinget i form av ei melding eller ein proposisjon. Sjå elles omtale under kategori 06.40.

Organisasjonar med omsorgsberedskap i kriser og katastrofar

Vedtak nr. 627, 6. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med organisasjoner som står for omsorgsberedskap i kriser*

og katastrofer, deriblant Norske Kvinners Sanitetsforening og Norges Bygdekvinnelag, og etablere ordninger som bedre ivaretar deres økonomiske behov.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa fører god dialog med frivillige organisasjonar som er ein del av beredskapsapparatet. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å vurdere korleis frivillige ressursar best kan nyttast i beredskapsarbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt.

Kartlegging av frivillige beredskapsressursar

Vedtak nr. 628, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen kartlegge de frivillige beredskapsressursenes omfang, kapasitet og tilgjengelighet, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Det blir vurdert å gi HRS/DSB i oppdrag å gjennomføre ei kartlegging av omfang, kapasitet og tilgjengelegheit for dei frivillige beredskapsressursane i tildelingsbrevet for 2026.

Tilfluktsrom – forenkling i regelverk

Vedtak nr. 633, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre forenklinger i relevant forskrifts- og regelverk for å sikre kostnadsreduserende tiltak som tilsvarer om lag de økte kostnadene ved å innføre en plikt til å bygge tilfluktsrom.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. Som ein del av arbeidet med nye kriterium for bygging av tilfluktsrom, vil økonomiske konsekvensar for utbyggjarar bli vurderte.

Dispensasjon frå plikt til å byggje tilfluktsrom

Vedtak nr 634, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen, når nytt regelverk og kriterier er vedtatt, oppheve den gjeldende midlertidige dispensasjonen fra plikten til bygging av tilfluktsrom gitt i forskrift om tilfluktsrom, for offentlige og private tiltakshavere.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 9 (2024–2025), Innst. 242 S (2024–2025)

Vedtaket er under behandling og vil sjåast i samanheng med pågåande arbeid med utvikling av nytt vernekonsept og nye kriterium for bygging av vernerom.

Tilgang til flyplasstenester for beredskapsressursar

Vedtak nr. 637, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen sikre beredskap på flyplasser som gjør at redningshelikoptre, luftambulanser og andre helikoptre som bidrar i søk, redning og transport av skadde og syke, har en forutsigbarhet når det gjelder tilgjengelighet av flyplasstjenester»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 9 (2024–2025), og Innst. 242 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. HRS har gjennomført ei kartlegging av døgnkontinuerleg tilgang til drivstoff for redningstenesta og luftambulanse. Samferdselsdepartementet, i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet og Helse-og omsorgsdepartementet, vil følgje opp utgreiinga HRS har gjort.

Internasjonalt samarbeid om tryggleik og beredskap

Vedtak nr. 652, 6 mai. 2025

«Stortinget ber regjeringen identifisere hvilken kunnskap det er kritisk at Norge har i et sikkerhets- og beredskapsperspektiv, og hvilke områder Norge kan samarbeide med andre på, for eksempel Norden, Europa og USA.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 9 (2024–2025), og Innst. 242 S (2024–2025)

Vedtaket er blitt følgt opp. Alle departement skal i samsvar med Instruks for departementenes

arbeid med samfunnssikkerhet (Samfunnssikkerhetsinstruksen) ha analysar av risiko- og sårbarheit som skal omfatte vurderingar av både tilsikta og utilsikta hendingar som kan true departementet og sektoren si funksjonsevne, og setje liv, helse og materielle verdiar i fare. Arbeidet skal mellom anna ta utgangspunkt i strategiske dokument om risiko, truslar og sårbarheiter. Totalberedskapsmeldinga (Meld. St. 9 (2024–2025), jf. Innst. 242 S (2024–2025)) og den Nasjonal tryggleiksstrategien er, saman med dei årlege vurderingane frå Etterretningstenesta, Politiets tryggleikssteneste og Nasjonal tryggleiksmyndigheit, sentrale dokument.

Tryggleiksstrategien understrekar òg betydinga av å fordjupe det nordeuropeiske samarbeidet og å vidareutvikle det breie tryggleiks- og forsvarspolitiske samarbeidet med EU.

Innstrammingar på innvandringsområdet

Vedtak nr. 721, 22. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med konkrete forslag til innstrammingar på innvandringsområdet som kan iverksettes raskt ved behov.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:94 S (2024–2025) og Innst. 282 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Samanlikning med andre land om innvandring

Vedtak nr. 722, 22. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av hvilke områder på innvandringsfeltet der Norge skiller seg ut fra sammenlignbare land, for eksempel i Norden og Europa, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag om innstramminger.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:94 S (2024–2025) og Innst. 282 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Innstramming på familieinnvandringsområdet

Vedtak nr. 724, 22. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å stramme inn vilkårene for familieinnvandring.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:156 S og Innst. 284 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Informasjonsdeling om økonomisk kriminalitet

Vedtak nr. 782, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen fremme de nødvendige lovendringsforslag og utarbeide forskrifter som gjør det mulig for politiet, Skatteetaten, registerenhetene, finansinstitusjoner, teleoperatører og Nav å dele informasjon ved berettiget mistanke om økonomisk kriminalitet, hvor hensynet til personvern også ivaretas.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:129 S (2024–2025) og Innst. 364 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling. I juni 2025 blei det nedsett ei arbeidsgruppe som skal greie ut lovgrunnlaget for deling av informasjon mellom offentlege organ i innsatsen mot økonomisk kriminalitet. Det er også oppretta ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på samarbeid mellom det offentlege og private verksemder i arbeidet mot økonomisk kriminalitet.

Politiutdanning innanfor økonomisk kriminalitet

Vedtak nr. 783, 27. mai 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomgå politiutdanningen og vurdere hvordan etterforskningskompetansen innen økonomisk kriminalitet kan styrkes og spesialiseres.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:129 S (2024–2025) og Innst. 364 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Politiets deltaking i A-krimsamarbeidet

Vedtak nr. 789, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen sikre at politiet har tydelige hjemler for fullverdig deltakelse i både kontrollgruppen og kunnskapsbyggingen ved a-krimsentrene, og komme tilbake til Stortinget senest innen revidert nasjonalbudsjett for 2026.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025) og Lovvedtak 74 (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Politiets deltaking i A-krimsamarbeidet

Vedtak nr. 794, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre tiltak, herunder eventuelle nødvendige regelverksendringer, for å sikre at politiet deltar i både kontrollgruppen og kunnskapsbyggingen ved a-krimsentrene gjennom gode og effektive ansvars- og oppgavedelinger med de øvrige akrim-etatene, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025) og Lovvedtak 74 (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Politiets deltaking i A-krimsamarbeidet

Vedtak nr. 800, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen sikre at politiet har tydelige hjemler for fullverdig deltakelse i både kontrollgruppen og kunnskapsbyggingen ved a-krimsentrene, og komme tilbake til Stortinget senest innen statsbudsjettet for 2026.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 80 L (2024–2025), Innst. 334 L (2024–2025) og Lovvedtak 74 (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Hovudregel om omvend valdsalarm ved besøks- og kontaktforbod

Vedtak nr. 810, 2. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket knyttet til bruk av omvendt voldsalarm, med sikte på at omvendt voldsalarm skal være hovedregelen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:130 S (2024–2025) og Innst. 363 S (2024–2025).

Vedtaket har blitt følgt opp. Regelverket knytt til elektronisk kontroll av besøks- og kontaktforbod (omvendt valdsalarm) vart endra ved lov 20. desember 2023 nr. 111. Endringane tredde i kraft 8. april 2024. Etter at lovendringa tredde i kraft, viser statistikken ein markant auke i bruken av elektronisk kontroll av besøks- og kontaktforbod, og prognosane tyder på ein vidare auke framover. Riksadvokaten har gitt retningslinjer for påtalemakta som legg til rette for at elektronisk kontroll blir vurdert i alle tilfelle der vilkåra er oppfylte og tiltaket er eigna. Dette tyder på at elektronisk kontroll i stor grad er den praktiske hovudregelen i tilfelle der dette er eit forholdsmessig og eigna vernetiltak.

Det strafferettslege vernet til vektarar og andre utsette yrkesgrupper mot vald og truslar

Vedtak nr. 927, 6. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen vurdere helhetlig hvorvidt vektere og andre yrkesgrupper bør omfattes av det særlige strafferettslige vernet i straffeloven §§ 265 og 286 eller om det bør innføres et generelt sterkere vern av yrkesutøvere med særlig risiko for å utsettes for trusler, vold og kroppskrenkelser i forbindelse med utøvelse av yrket.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:203 S (2024–2025) og Innst. 507 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Effekten av endringane i valdtektsføresegna

Vedtak nr. 928, 6. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen igangsette en systematisk følgeforskning, herunder studier av rettspraksis, bevisvurdering samt effekten på rettssikkerheten av endringene i voldtektsbestemmelsene i straffeloven, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en vurdering av hvordan loven fungerer etter at den har vært i kraft en tid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 132 L (2024–2025) og Innst. 451 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Førstelinjeteneste for rettshjelp

Vedtak nr. 930, 6. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen følge opp utredningen om en førstelinjetjeneste for rettshjelp fra 2023 og komme tilbake til Stortinget på egnet vis med forslag til etablering av en førstelinjetjeneste for rettshjelp.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 103 L (2024–2025) og Innst. 468 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Endringar i forvaringsstraffa

Vedtak nr. 931, 6. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til endring av forvaringsstraffen, herunder innstramning i reglene for å begjære prøveløslatelse, krav til bruk av elektronisk kontroll ved permisjon og prøveløslatelse og en sikrere risikovurdering av domfelte med forvaringsstraff.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:209 L (2024–2025) og Innst. 482 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Manglande svar frå offentleg forvaltning og lang saksbehandlingstid

Vedtak nr. 942, 6 juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en redegjørelse om hvordan arbeidet med å senke antall manglende svar fra offentlig forvaltning og redusere saksbehandlingstid går.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 4:2 (2024–2025) og Innst. 472 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Offentleg statistikk over venta saksbehandlingstid

Vedtak nr. 943, 6 juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for at langt flere forvaltningsorganer løpende offentliggjør statistikk over forventet/reell saksbehandlingstid for de søknader og klager organet behandler.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 4:2 (202—2025) og Innst. 472 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Saksbehandlingsreglar ved nye lovforslag

Vedtak nr. 944, 6 juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at det ved nye lovforslag som innebærer behandling av søknader, og ved større revisjoner av eksisterende søknadsordninger, også vurderes om det bør fastsettes konkrete saksbehandlingsfrister».*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 4:2 (2024–2025) og Innst. 472 S (2024–2025).

Vedtaket har blitt følgt opp. Regjeringa vil ta omsyn til vedtaket i arbeidet med nye lover som regulerer behandling av søknader til forvaltninga, og ved revisjon av eksisterande ordningar.

Saksbehandlingstida i klareringssaker

Vedtak 948 6 juni 2025

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 7 (2024–2025), Innst. 393 S (2024–2025),

> *«Stortinget ber regjeringen på egnet måte og innen rimelig tid komme tilbake til Stortinget med konkrete tiltak for å redusere saksbehandlingstiden i klareringssaker.»*

Vedtaket er under behandling. Regjeringa har beslutta å starte eit arbeid med å modernisere klareringsinstituttet til eit system rusta for fremtida. Justis- og beredskapsdepartementet er i gang med dette arbeidet. Til grunn for arbeidet har Justis- og beredskapsdepartementet fått ei einmannsutgreiing om korleis klareringsinstituttet bør organiserast, som blei levert i midten av juni 2025. Rapporten, saman med rapporten frå Gjedrem II-

utvalet, er no til behandling i Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Endringar i straffelova og legemiddellova

Vedtak nr. 960, 13. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen, innen våren 2026, utrede og sende på høring et lovforslag som sikrer at politiet ikke straffeforfølger narkotikaovertredelser etter legemiddelloven og mindre alvorlige overtredelser av straffeloven § 231, der lovbryteren yter assistanse, er til stede eller tilkaller nødetater i akutte nødsituasjoner, eller der en slik overtredelse avdekkes hos fornærmede ved anmeldelse av andre straffbare forhold, med sikte på deretter uten unødig opphold å komme tilbake til Stortinget med et lovforslag.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 L (2024–2025), Innst. 518 L (2024–2025) og Lovvedtak 118.

Vedtaket er under behandling.

Endringar i straffelova og legemiddellova

Vedtak nr. 963, 13. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre regelverket om tilbakekall av førerrett på grunn av rusmiddelbruk og gi veiledning om praksis for å sikre at hensynet til rettssikkerhet og forholdsmessighet ivaretas.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 L (2024–2025), Innst. 518 L (2024–2025) og Lovvedtak 118.

Vedtaket er under behandling.

Endringar i straffelova og legemiddellova

Vedtak nr. 964, 13. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gjennom tildelingsbrev legge til rette for at Den høyrere påtalemyndighet følger med på politiets tvangsmiddelbruk i mindre alvorlige narkotiasaker, herunder ved å føre en åpen statistikk over omfanget og resultatene av narkotikatesting. Videre bes regjeringen legge til rette for at Den høyere påtalemyndighet gjennomfører en undersøkelse av tvangsmiddelbruk, tilsvarende den som ble gjennomført i 2022, etter at de foreslåtte endringene i legemiddelloven har virket i ett år.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 L (2024–2025), Innst. 518 L (2024–2025) og Lovvedtak 118.

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – Personalsalsaker i interkommunale selskap som enkeltvedtak

Vedtak nr. 966, 11. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere om personalsaker i interkommunale selskaper og oppgavesamarbeid fortsatt skal defineres som enkeltvedtak etter forvaltningsloven, eller om det er mest hensiktsmessig at det utelukkende reguleres gjennom arbeidsmiljøloven.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – beredskapsheimel

Vedtak nr. 967, 11. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomgå reglene for bruk av beredskapshjemmelen i forvaltningsloven og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – automatisert saksbehandling

Vedtak nr. 968, 11. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen evaluere virkningene av lovendringene i forvaltningsloven om automatisert saksbehandling og automatiserte avgjørelser innen tre år etter lovens ikrafttredelse.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – rettleiingsplikta

Vedtak nr. 969, 11. juni 2025

> *«Stortinget ber regjeringen følge opp overfor forvaltningen gjennom forskrift, veiledninger etc. og understreke at veiledningsplikten først kan anses*

som oppfylt når informasjonen er mottatt og forstått av den enkelte.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – saksbehandlingstid

Vedtak nr. 970, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte innskjerpe overfor forvaltningen at forvaltningslovens bestemmelser vedrørende krav til saksbehandlingstid og personer og virksomheters rett til svar blir ivaretatt.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 47 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningsllova - administrative sanksjonar

Vedtak nr. 971, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen sørge for at rettssikkerheten ivaretas når staten ilegger privatpersoner og virksomheter administrative sanksjoner, og ber regjeringen utrede hvordan kravene til saksbehandling som EMK artikkel 6 oppstiller for slike saker, kan ivaretas.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Forvaltningslova – alternativ til digitale løysingar

Vedtak nr. 972, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan forvaltningen skal imøtekomme behovet for alternative løsninger som ivaretar rettighetene til personer som ikke kan eller ønsker å ta i bruk digitale løsninger.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 478 L (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Generell væpning av norsk politi

Vedtak nr. 1061, 12. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige lovendringer for å innføre generell bevæpning av politiet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:89 S (2024–2025) og Innst. 523 S (2024–2025).

Vedtaket er under behandling.

Strengare og meir effektiv praksis for bortvising, utvising og utsending

Vedtak nr. 1219, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen påse at utlendingsmyndighetene sammen med politiet foretar en gjennomgang av mulighetene for en strengere og mer effektiv praksis for bortvisning, utvisning og utsendelse av utlendinger uten lovlig opphold og uten sterk familietilknytning, som politiet har konkrete holdepunkter for at også er involvert i kriminalitet, herunder narkotikakriminalitet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Vedtaket har blitt følgt opp. Utlendingsdirektoratet (UDI) har fått i oppdrag å saman med politiet se på moglegheitene for ei meir effektiv handtering av bortvising, utvisning og utsending, jf. oppdrag 5 i supplerande tildelingsbrev til UDI nr. 2 datert 30. juni 2025.

Prioritering av utvising ved alvorleg og gjenteken kriminalitet

Vedtak nr. 1220, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen påse at utlendingsmyndighetene prioriterer utvisning av personer som har begått alvorlig og gjentatt kriminalitet, herunder narkotikakriminalitet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Vedtaket har blitt følgt opp. I supplerande tildelingsbrev nr. 2 2025 er det gitt føring til Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE) om å fortsette å prioritere utvising av personar som har begått alvorleg og gjenteken kriminalitet, inkludert narkotikakriminalitet, samt brot på utlendingsloven. UDI og UNE har òg, i sam-

band med revidert nasjonalbudsjett, fått ekstra løyving til utvisingssaker for 2025. Sjå supplerande tildelingsbrev nr 2 til UDI og UNE datert 30. juni 2025. Stortingssesjonen 2023–2024.

1.11.2 Stortingssesjonen 2023-2024

Fritt rettsråd ved utvising av utlending

Vedtak nr. 70, 4. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen innen 1. juli 2024 fremme et forslag om innføring av fritt rettsråd for flyktninger med barn i Norge, som er foreslått utvist på grunn av brudd på straffeloven.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet greidde i Prop. 113 L punkt 6.1 ut om korleis vedtaket har blitt følgt opp gjennom ein ny § 17-18a i utlendingsforskrifta.

Alternativ til utvising av utlending med barn

Vedtak nr. 71, 4. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 følgje opp Baumann-rapportens forslag, som en samlet arbeidsgruppe stod bak, om at det for enkelte typer utvisningssaker som omfatter utlendinger med barn i Norge som hovedregel skal ilegges krav til tilleggstid for permanent oppholdstillatelse, istedenfor utvisning.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet greidde i Prop. 113 L (2024–2025) punkt 6.2 ut om korleis vedtaket har blitt følgt opp gjennom ein ny § 14-1a i utlendingsforskrifta, som tredde i kraft 20. januar 2025.

Advokatordning for innsette i fengsel

Vedtak nr. 83, 21. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen opprette en advokatordning for innsatte i norske fengsler innen 1.1.2025, og komme tilbake til hvordan en slik ordning kan innrettes i løpet av 2024.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Ved *lov 20. juni 2025 nr. 82 om endringer i rettshjelpsloven mv. (prioriterte sakstyper for rettshjelp mv.)* er nærmare definerte tilfelle av utelukking frå fellesskap, bruk av tryggingsseng og tryggingscelle tekne inn som prioriterte saker utan behovsprøving etter rettshjelpslova. For saker som ikkje er omfatta av det som er teke inn som prioriterte område etter rettshjelpslova, vil det vere mogleg å søke om rettshjelp etter unntaksføresegna i rettshjelpslova § 11. Lovendringane tredde i kraft 1. juli 2025.

Forbod mot marknadsføring av kreditt

Vedtak nr. 109, 7. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre forbud mot markedsføring av kreditt (usikret lån) og forbrukslån.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 S (2023–2024) og Innst. 81 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. EU har vedteke nytt direktiv om forbrukarkredittavtalar, (EU) 2023/2225, som bl.a. inneheld reglar om marknadsføring av kredittavtalar. Frist for iverksetjing av direktivet i EU er 20. november 2026. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider med eit høyringsnotat.

Omvend valdsalarm skal vurderast før hemmeleg adresse for barn

Vedtak nr. 136, 12. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen utrede bruk av omvendt voldsalarm før beslutning om at barn må flytte og bo på hemmelig adresse/kode 6.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 L (2022–2023) og Innst. 89 L (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Omsynet til barnet skal følgje direkte av lova ved elektronisk kontroll av besøksforbod

Vedtak nr. 137, 12. desember 2023

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om at det skal fremgå direkte av loven at hensynet til barn skal ha særlig vekt i vurderingen av om elektronisk kontroll*

ved besøksforbud er nødvendig og forholdsmessig.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 L (2022–2023) og Innst. 89 L (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Finansiering av senteret C-REX

Vedtak nr. 139, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre fortsatt finansiering av senteret C-REX også ut over 2026 og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for oppmodingsvedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Departementet foreslår å følgje opp oppmodingsvedtaket med ei noko anna innretning enn vidare finansiering av C-REX. Departementet legg til grunn at Stortingets intensjon med vedtaket er å sikre forsking om dei største terrortrugslane mot Noreg som eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å førebyggje radikalisering og framvekst av ekstremisme og terrorisme. Ekstremismefeltet er svært relevant for politikkutforming på feltet og utviklinga og trugselbiletet er i stadig endring. Departementet meiner derfor at det ved behov bør opnast opp for å justere innretninga på dei tematiske rammene som midlane til ekstremismeforsking skal dekke. Vidare at fleire fagmiljø jamleg kan konkurrere om midlar og bidra til å styrke forskinga. Slik sikrar vi eit solid og relevant fagmiljø i Noreg. Sjå elles stortingsmeldinga om førebygging av ekstremisme, Meld. St. 13 (2024–2025). Departementet vil be Noregs forskingsråd om å halde fram å forvalte midlane til forsking på ekstremisme, og å lyse ut midlane i ein ny, open konkurranse, slik Forskingsrådet sjølv tilrår. Gjennomføring av ein slik konkurranse vil ta noko tid, men vil kunne sluttførast innan desember 2026. Justis- og beredskapsdepartementet foreslår derfor at løyvinga til C-REX blir vidareført ut 2026.

Betre reintegrering av ekstremistar

Vedtak nr. 140, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre bedre reintegrering av ekstreme gjennom forbedrede exit-program, blant annet gjennom å oppdatere veilederen for exit-arbeid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. I Noreg har vi ikkje eit eige nasjonalt exit-program for enkeltpersonar som søker bistand for å trekkje seg ut av ekstreme miljø. Dette arbeidet blir handtert i dei etablerte strukturane som har ansvar for og kompetanse til å førebyggje radikalisering og ekstremisme. Exit-arbeidet blir skreddarsydd til den enkelte som ønskjer seg ut av eit ekstremistisk miljø eller tankesett, og blir gjennomført på tvers av etatar og fagmiljø. Regjeringa vil, som nemnd i Meld. St. 13 (2024–2025), gi relevante underliggjande verksemder i oppdrag til å oppdatere rettleiaren for exit-arbeid.

Oppfølging etter straffesoning

Vedtak nr. 141, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen følge opp evalueringsrapporten om reintegreringstiltak etter endt straffesoning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet legg til grunn at evalueringsrapporten som regjeringa blir beden om å følgje opp, er rapporten *Evaluering av forebyggingstiltak mot radikalisering under straffegjennomføringen,* som vart utarbeidd av Rambøll på oppdrag frå kriminalomsorga, og offentleggjord i april 2023. Kriminalomsorgsdirektoratet har vurdert rapporten og følgt opp dei relevante tiltaka, gitt direktoratet sine gjeldande budsjettrammer.

Lovverk knytt til teieplikt og informasjonsplikt i samband med lovbrot som blir utførte av barn og unge

Vedtak nr. 160, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen foreta en juridisk gjennomgang av relevant lovverk knyttet til taushetsplikt og informasjonsplikt for alle relevante instanser som jobber med barn og unge som har høy risiko for å begå alvorlige lovbrudd, med spesielt henblikk på mulighetsrommet for informasjonsflyt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. Vedtaket blir sett i samanheng med arbeidet til ekspertgruppa som skal greie ut betre tverretatleg samarbeid og informasjonsutveksling ved førebygging av barne- og ungdomskriminalitet, ekstremisme og mishandling i nære relasjonar. Ekspertgruppa blir leidd av professor Asbjørn Strandbakken og skal levere utgreiinga si i løpet av sommaren 2026.

Styrke den kommunale beredskapen for ekstremvêr og følgjehendingar

Vedtak nr. 457, 16. januar 2024

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for å styrke den kommunale beredskapen for ekstremvær og følgehendelser, herunder støtte oppunder økt øvingsfrekvens, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* og Innst. 161 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred* beskriver tiltak for å styrke den kommunale beredskapen. Oppfølgingstiltaka som blir vurderte er bl.a. å skjerpe krava til kunnskapsgrunnlaget som skal leggjast til grunn ved utarbeiding av heilskapleg ROS, og å betre oppfølginga av funn i heilskapleg ROS. I tildelingsbrevet for 2025 har DSB fått i oppdrag å bidra i utarbeidinga av nasjonal klimasårbarheitsanalyse. Analysen skal gje eit heilskapleg bilete av klimasårbarheit i Noreg framover, og vil fungere som eit breitt kunnskapsgrunnlag i arbeidet med klimatilpassing. Med bakgrunn i dei analysane og vurderingane som er gjorde, vil regjeringa kome tilbake til Stortinget om vidare oppfølging av problemstillinga.

Habilitet

Vedtak nr. 507, 5. mars 2024

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en tverrgående analyse av hvordan departementene driver opplæring i habilitetsregelverket, hvordan det praktiseres, og hvordan embetsverket bistår politisk ledelse. Basert på dette ber Stortinget regjeringen om å vurdere å utforme en felles mønsterpraksis som legges til grunn som et minimum i alle departementene.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp gjennom ein brei gjennomgang av opplegget for opplæring av den politiske leiinga i departementa. Revisjonen inneber bl.a. ei omstrukturering av *Håndbok for politisk ledelse*, slik at handboka tydelegare skil mellom forhold som angår arbeidsvilkåra for den politiske leiinga i departementa på den eine sida, og oversikt over generelle rettsreglar som skal sikre tillit til avgjerdene som blir tekne av departementa og regjeringa på den andre. Det er også innført felles retningslinjer for opplæring av den politiske leiinga i dei enkelt departementa, med utgangspunkt i standardiserte plansjar som er utarbeidde i samarbeid mellom Statsministerens kontor og dei enkelte fagdepartementa. Det vil bli gjennomført felles samlingar for dei som skal halde opplæring i departementa. Opplæringa omfattar ikkje berre habilitetsregelverket, men det er eit sentralt tema. Spørsmålet om offentlegheit rundt habilitetsvurderingar blir òg teke opp. I utgangspunktet er habilitetsvurderingar interne i departementa eller i regjeringa, men i dei tilfella der det ligg føre habilitetsutfordringar, er det praksis for å opplyse om at det har blitt gjort ei vurdering. Den konkrete habilitetsvurderinga blir normalt ikkje gitt ut. Bakgrunnen for det er behovet for å leggje til rette for at dei som ønskjer det, skal kunne få bistand til habilitetsvurderinga i fortrulegheit. Forholdet som personen har behov for å undersøke, kan vere av personleg karakter, og det er viktig at omsynet til openheit ikkje kjem i vegen for moglegheita til den politiske leiinga til å ha fortrulege drøftingar med embetsverket sitt. Dersom ein har konkludert med at ein statsråd er inhabil, er det vanleg å opplyse kort om årsaka til inhabiliteten. Inhabilitet på eige område inneber òg at det blir utnemnt ein setjestatsråd.

Habilitet

Vedtak nr. 508, 5. mars 2024

> *«Stortinget ber regjeringen fremme en proposisjon med forslag til fornyelse av habilitetsreguleringen i forvaltningsloven basert på NOU 2019: 5. Proposisjonen må fremmes i tide for at den kan behandles av Stortinget i inneværende stortingsperiode.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp i Prop. 79 L (2024–2025) *Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven)*, som vart fremma i april 2025.

Habilitet

Vedtak nr. 509, 5. mars 2024

> *«Stortinget ber regjeringen på egnet måte gjøre en gjennomgang av gjeldende rutiner og regelverk, der man både er tydeligere på hvilke føringer som er regulert på hvilket nivå, og samtidig vurderer hva som bør reguleres på hvilket nivå.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. I arbeidet med Prop. 79 L (2024–2025) (ny forvaltningslov) har det blitt gjort ei grundig vurdering av kva for reglar som bør følgje av lova, og det er gjort ei grundig vurdering av rutinar og retningslinjer i samband med oppfølginga av vedtak nr. 507.

Habilitet

Vedtak 510, 5. mars 2024

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere å innføre en rutine om å skriftliggjøre habilitetsvurderinger gjort av statsråder, statssekretærer og politiske rådgivere.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. I Prop. 79 L (2024–2025) (ny forvaltningslov) er det gitt føringar for når det er behov for å skriftleggjere habilitetsvurderingar.

Habilitet

Vedtak 511, 5. mars 2024

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere en større grad av åpenhet om habilitetsvurderinger som foretas i departementene av politisk ledelse i departementene.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024)

Vedtaket har blitt følgt opp. Som nemnt i omtalen av oppfølginga av vedtak nr. 507 blir spørsmålet om offentlegheit rundt habilitetsvurderingar av den politiske leiinga i departementa teke opp i opplæringa i habilitetsregelverket. I utgangspunktet er slike habilitetsvurderingar interne i departementa eller i regjeringa, men i dei tilfella der det ligg føre habilitetsutfordringar, er det praksis for å opplyse om at det er gjort ei vurdering. Den konkrete habilitetsvurderinga gir ein normalt ikkje ut. Bakgrunnen for det er behovet for å leggje til rette for at dei som ønskjer det, skal kunne få bistand til habilitetsvurderinga i fortrulegheit. Forholdet som personen har behov for å undersøke, kan vere av svært personleg karakter, og det er viktig at omsynet til openheit ikkje kjem i vegen for moglegheita til den politiske leiinga til å ha fortrulege drøftingar med embetsverket sitt. Dersom ein har konkludert med at ein statsråd er inhabil, er det vanleg å opplyse kort om årsaka til inhabiliteten. Inhabilitet på eiget område inneber òg at det blir utnemnt ein setjestatsråd.

Oppfølginga av vedtaket blir sett i samanheng med prosessar som er knytte til oppfølginga av vedtak nr. 507.

Forsyningstryggleik – oppfølging av totalberedskapskommisjonen

Vedtak nr. 561, 18. april 2024

> *«Stortinget ber regjeringen vektlegge Norges beredskapspotensial i den videre oppfølgingen av Totalberedskapskommisjonens rapport NOU 2023: 17.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket* og Innst. 258 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. På bakgrunn av bl.a. Totalberedskapskommisjonens rapport NOU 2023: 17 har regjeringa i Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldinga* påpekt at nok og trygg mat er ein forutsetning for eit samfunn, og regjeringa har prioritert å styrke norsk matproduksjon og tiltak for auka mattryggleik høgt sidan den tilrådde. Norsk matforsyning er basert på nasjonal produksjon og fordeling av råvarer frå landbruk, fiskeri og havbruk samt import av rå- og ferdigvarer. Regjeringas politikk om økt sjølvforsyning, beredskapslagring av korn og eit sterkt jordvern vil gi synlege resultat i form av auka beredskap og tryggleik. Regjeringa har derfor i meldinga varsla at vi vil legge til rette for auka samarbeid med nordiske land om mattryggleik og matberedskap,

bygge opp beredskapslagringen av matkorn til tre månaders forbruk, auke graden av sjølvforsyning av jordbruksvarer og sikre eit sterkt jordvern, redusere vår avhengigheit til andre kva gjeld kritiske varer eller funksjoner og sikre eit godt samarbeid om forsyningstryggleik med allierte og nære strategiske partnarar.

Forsyningstryggleik – sikre mest mogleg normal handel med og produksjon av mat i kriser

Vedtak nr. 562, 18. april 2024

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at kritiske samfunnsfunksjoner gis fortrinn ved kriser slik at blant annet handel og produksjon av matvarer går mest mulig normalt under en krise.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket* og Innst. 258 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil vurdere vedtaket i samband med arbeidet med oppfølginga av Totalberedskapsmeldinga og regjeringas nye Nasjonale tryggleiksstrategi. Nasjonal tryggleiksstrategi slår bl.a. fast at vi må ha god matvareberedskap og trygg mat- og vann forsyning.

Utgreiing av forslag til lovfesting av kommunale handlingsplanar

Vedtak nr. 613, 7. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede forslag til lovfesting av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner og sende lovforslag på høring innen våren 2025.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe under leiing av Justis- og beredskapsdepartementet, med representantar frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet, har følgt opp oppmodingsvedtaket og greidd ut lovfesting av kommunale handlingsplanar. Utgreiinga, med tilråding, vart ferdigstilt sommaren 2025.

Utvide målgruppa for barnehusa

Vedtak nr. 616, 7. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av planperioden (2024–2028) utvide målgruppen for barnehusene til å gjelde mistenkte barn, innenfor de lovbruddstyper som gjelder for utsatte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Frå 2024 er målgruppa for barnehusa utvida slik at mistenkte under 16 år i saker som gjeld seksuelle overgrep, er omfatta òg. Med utgangspunkt i erfaringane som blir innhenta, vil regjeringa planleggje for ei utviding av målgruppa slik at ho omfattar mindreårige som er mistenkte for dei same typane lovbrot som gjeld for mindreårige fornærma i dag.

Forslag om å utvide målgruppa for barnehusa til barn mellom 16 og 18 år

Vedtak nr. 617, 7. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av første halvdel av planperioden (2024–2028) utrede og komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide målgruppen for barnehusene, slik at også barn mellom 16 og 18 år kan få tilrettelagte avhør på lik linje med andre barn».*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024) (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket krev ei nærmare utgreiing som førebels ikkje er igangsett. Det må bl.a. greiast ut om ei utviding av målgruppa for tilrettelagt avhøyr vil innebere ei utviding av tilgangen til å forklare seg utanfor retten òg, sidan fleire då vil bli omfatta av føresegna om tilrettelagde avhøyr.

Gjennomgang av reglane for dødsstadsundersøkingar

Vedtak nr. 618, 7. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomgå reglene om dødsstedsundersøkelse når barn dør plutselig og uventet, og vurdere behovet for lovendringer.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 36 S (2023–2024) og Innst. 259 S (2023–2024) (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. I ei tolkingsfråsegn frå 2009 har Lovavdelinga gitt uttrykk for at det er tvilsamt om ein kan etablere ei ordning med obligatorisk dødsstadsundersøking innanfor ramma av Grunnlova § 102 (og EMK artikkel 8), men det er ikkje gjort ei full ny vurdering av dette spørsmålet. Det kan ikkje utelukkast at det kan vere rom for å gi reglar som opnar for dødsstadsundersøking i fleire tilfelle enn i dag, men det føreset krevjande rettslege vurderingar.

Før det eventuelt blir sett i gang nærmare vurderingar av det rettslege handlingsrommet, må behovet for obligatorisk dødsstadsundersøking, og korleis ei slik ordning bør avgrensast, greiast ut.

Endringar i politilova og vaktverksemdlova

Vedtak nr. 634, 14. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med nytt forslag til endringer i vaktvirksomhetsloven § 2. I arbeidet med et nytt forslag må berørte parter involveres, med hensikt å unngå negative følger for yrkesgrupper som jobber på lufthavner.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 45 L (2023–2024) og Innst. 275 L (2023–2024) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet og Samferdselsdepartementet jobbar med forslag til endringar i verkeområdet til vaktverksemdlova og vil etter planen leggje fram ein ny lovproposisjon hausten 2025.

Tiltak mot æreskriminalitet, lik rett til skilsmisse

Vedtak nr. 658, 23. mai 2024

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om at det ved familiegjenforening stilles krav om erklæring om at ekteskapet er inngått av egen fri vilje og at man anerkjenner hverandres like rett til skilsmisse.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Organisering av advokatverksemd

Vedtak nr. 719, 6. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen forskriftsfeste at forsikringsadvokater kan utøve advokatvirksomhet som en del av rettshjelpforsikringen i tråd med forslag til ny forskrift § 9 som tidligere foreslått i høring.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 61 L (2023–2024) *Lov om endringer i advokatloven mv. (overgangsregler mv.)*, Innst. 392 L (2023–2024) og Lovvedtak 84 (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov, ny advokatforskrift og overgangsreglar, irekna for internadvokatar (bl.a. forsikringsadvokatar), har tredd i kraft. Oppfølginga av oppmodingsvedtaket krev at ein vurderer endringane i lov og forskrift. Vurderinga er påbyrja. Oppmodingsvedtaket blir følgt opp så raskt som mogleg, og i god tid før overgangsregelen i advokatlova § 73 trettande ledd løper ut.

Evaluering av valdserstatningslova

Vedtak nr. 723, 6. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen evaluere ny voldserstatningslov to år etter ikrafttredelse.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:123 S (2023–2024) og Innst. 415 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Oppdraget med å evaluere lova vart tildelt i januar 2025, og evalueringa er i rute. Den endelege rapporten blir levert i juni 2026.

Fri rettshjelp til offer for lønnstjuveri

Vedtak nr. 727, 6. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan den juridiske hjelpen til ofre for lønnstyveri kan styrkes, herunder om den bør innlemmes i ordningene med fri rettshjelp eller rettsråd, og komme tilbake til Stortinget innen statsbudsjettet for 2025.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:142 S (2023–2024) og Innst. 376 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp, jf. Prop. 103 L (2024–2025), Innst. 468 L (2024–2025) og Lovved-

tak 114 (2024–2025). Lovvedtaket inneber at innkrevjing av lønn blir ein prioritert sakstype på rettsrådsstadiet. Tidspunktet for i kraftsetjing avhenger av at det blir løyvd midlar til formålet.

Førehandsdeklarering av inn- og utførsel av kontantar

Vedtak nr. 753, dato 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen stille krav om elektronisk forhåndsdeklarering av større pengeverdier som skal fraktes inn og ut av landet, samt innføre krav om å opplyse om pengenes opprinnelse, og komme tilbake til Stortinget om dette innen revidert nasjonalbudsjett for 2025.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil i samråd med Finansdepartementet gi eit oppdrag til relevante etatar i løpet av hausten 2025.

Opprette nytt politirolleutval

Vedtak nr. 754, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen opprette et nytt politirolleutvalg hvor målet er en bred politisk forankring av hva politiets rolle er og skal være fremover, og hvilke oppgaver politiet skal utføre og eventuelt fritas for.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Den 24. juni 2025 sette regjeringa ned eit utval som skal bidra til å definere og tydeleggjere politirolla. Sjå elles omtale under kategori 06.40.

Fleirårige planar for politiet

Vedtak nr. 755, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen legge til rette for flerårige planer for politiet og komme tilbake i statsbudsjettet for 2025 med forslag om hvordan dette skal gjennomføres.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa arbeider med å innføre langtidsplanar for politiet. Langtidsplanarbeidet er delt inn i to trinn. Regjeringa vil i første trinn prioritere tiltak for å få kontroll på den underliggjande utgiftsveksten og effektivisere drifta for å få ei berekraftig utvikling av politiet. For å sikra ei tydeleg retning i første del av langtidsplanarbeidet, er samfunnsmålet konkretisert i tre effektmål, høvesvis eit politi som har effektiv ressursutnytting, eit politi som har føreseielege rammevilkår som gir handlingsrom til utvikling, og eit politi som har ein oppgåveporteføljе som støttar opp under samfunnsoppdraget. I trinn 2 av langtidsplanarbeidet er ambisjonen ei meir gjennomgripande endring i retning av ei meir kunnskapsbasert styring og utvikling av politisektoren. Her inngår politirolleutvalgets utgreiing, som vil leggje til rette for å behandle retningsval for politiet. Sjå elles omtale under kategori 06.40.

Utgreiing av søknadsplikt ved kjøp av visse eigedommar i Noreg

Vedtak nr. 758, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede en plikt til å søke tillatelse til kjøp av visse eiendommer, herunder om det bør være begrensninger i hvem som kan kjøpe eiendom nær viktige militære installasjoner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. I totalberedskapsmeldinga går det fram at regjeringa vil auke kontrollen med eigedom av omsyn til nasjonal tryggleik. Regjeringa vil greie ut pliktig eigarskapsregistrering for å oppnå tilstrekkeleg oversikt over og kontroll med eigarskap til fast eigedom, og vil foreslå nødvendige regelendringar som sikrar ein godkjenningsmekanisme for kjøp av visse eigedommar. Kartverket har gjennomført ei konseptvalutgreiing for pliktig eigarskapsregistrering. Rapporten vart overlevert til kommunal- og distriktsministeren 19. juni 2025. Regjeringa arbeider med å finne ei formålstenleg innretning på ein godkjenningsmekanisme for kjøp av visse eigedommar.

Nasjonal tryggleiksstrategi

Vedtak nr. 762, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utarbeide en nasjonal sikkerhetsstrategi.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:124 S (2023–2024) og Innst. 414 S (2023–2024).

Vedtaket har blitt følgt opp. Den nasjonale tryggleiksstrategien vart lagt fram 8. mai 2025, som den første samla strategien for å styrke Noregs tryggleik. Strategien gjev ei oversikt over dei grunnleggjande tryggleiksinteressene til landet, vurderer den aktuelle tryggleikssituasjonen, og peikar ut dei viktigaste strategiske prioriteringane framover.

Forelding av krav som er under klagebehandling

Vedtak nr. 766, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede og foreslå lovendringer for å sikre at foreldelsesfristen ikke begynner å løpe så lenge et krav er gjenstand for klagebehandling i forvaltningen eller gjenstand for klagebehandling hos privat motpart.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:75 S (2023–2024) og Innst. 418 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Bevisførsel om opplysning som er underlagd teieplikt hos Sivilombodet

Vedtak nr. 767, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen følge opp brev til Stortingets presidentskap fra Sivilombudet av 20.april 2023 om – Oppfølging av Dokument 21 (2020–2021) – bevisførsel om opplysning underlagt taushetsplikt hos Sivilombudet – og komme tilbake til Stortinget med et lovforslag som ivaretar intensjonen i brevet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er, Dokument 21 (2020–2021) og Innst. 352 L (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Utanlandske kvinner som blir utsette for vald, vidare opphald

Vedtak nr. 771, 12. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med nødvendige endringsforslag vedrørende oppfølgingen av kvinner som utsettes for vold, men som ikke tør å be om hjelp av bekymring for å bli sendt til hjemlandet. Saken må inkludere en vurdering av utlendingsloven § 53 b, som i dag regulerer fortsatt opphold etter samlivsbrudd på bakgrunn av vold.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 99 L (2023–2024) *Endringer i ekteskapsloven (forbud mot ekteskap mellom nære slektninger)* og Innst. 427 L (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Lov om forbrukarleige av ting

Vedtak nr. 916, 21. juni 2024

> *«Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake til Stortinget i løpet av vårsesjonen 2026 med forslag om en forbrukerlovgivning for leie av ting, for å sikre et heldekkende forbrukervern for leie, leasing og delingstjenester.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

1.11.3 Stortingssesjonen 2022–2023

Nasjonalt førebyggingsprogram mot partnarvald og partnardrap

Vedtak nr. 132, 6. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen utarbeide et nasjonalt forebyggingsprogram for en samordnet innsats mot partnervold og partnerdrap.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet er i dialog med den nyetablerte direktoratsgruppa som følgjer arbeidet mot vald mot barn og vald i nære relasjonar for utforming av eit nasjonalt førebyggingsprogram. Statens sivilrettsforvaltning (SRF), som har

sekretariatsansvar for partnardrapskommisjonen, deltek i direktoratsgruppa.

Kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar

Vedtak nr. 133, 6. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen påse at kommunene, enten i egen regi eller i interkommunalt samarbeid, har vedtatt en handlingsplan mot vold i nære relasjoner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling og må sjåast i samanheng med vedtak nr. 613 av 7. mai 2024.

Betre dokumentering og informasjonsutveksling i hjelpeapparatet

Vedtak nr. 136, 6. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen legge til rette for bedre dokumentasjonsrutiner og styrke kompetansen på reglene om informasjonsutveksling mellom politi og annet hjelpeapparat, i tråd med partnerdrapsutvalgets anbefaling.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Vedtaket blir sett i samanheng med arbeidet til ekspertgruppa som skal greie ut betre tverretatleg samarbeid og informasjonsutveksling ved førebygging av barne- og ungdomskriminalitetet, ekstremisme og mishandling i nære relasjonar. Ekspertgruppa skal levere utgreiinga si i løpet av sommaren 2026. Det er sett i gang spreiing av informasjon om rettleiar for teieplikt, opplysingsrett og opplysingsplikt, gitt ut av Justis- og beredskapsdepartementet i 2023, i regi av nettstadene dinutvei.no og plikt.no.

Elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sendar for forvaringsdømde

Vedtak nr. 139, 6. desember 2022

> *«Stortinget ber regjeringen sikre adgang til å sette vilkår om elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sender for forvaringsdømte under permisjon fra soning, og om nødvendig fremme forslag om nødvendige lovendringer for å oppnå formålet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:261 S (2021–2022) og Innst. 93 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling. Eit forslag som følgjer opp oppmodingsvedtaket, vart sendt på høyring 8. mai 2024, sjå høyring av *forslag til endring av straffegjennomføringsloven og forskrift om straffegjennomføring mv. (bruk av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak i kriminalomsorgen)*, punkt 7.7 *Nærmere om forslaget om å åpne for bruk av digitale kontrolltiltak ved utganger og prøveløslatelse fra forvaring*. Høyringsfristen var 2. september 2024. Departementet følgjer no opp høyringa.

Greie ut forliksrådsordninga

Vedtak nr. 445, 5. januar 2023

> *«Stortinget ber regjeringen utrede forliksrådsordningen med sikte på å styrke og forbedre den.»*

Dokumenta som ligg til grunn for saka, er Dokument 8:6 S (2022–2023) og Innst. 123 S (2022–2023).

Vedtaket er følgt opp. På oppdrag frå Justisdepartementet leverte Politihøgskolen ein rapport om forliksrådsordninga i januar 2025. Rapporten er til oppfølging i departementet. Statens sivilrettsforvaltning har fått i oppdrag å sjå på innretninga av opplæringa av medlemmene i forliksråda. Dei har utvikla eit nytt system for opplæring som starta i januar 2025, og jobbar vidare med utvikling av kurs og opplæringssystem.

Endringar i tvistelova – innstilling av saker i forliksrådet som følgje av lang behandlingstid

Vedtak nr. 616, 25. april 2023

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i tvisteloven kapittel 6 for saker som kreves innstilt som følge av at behandlingen ikke er avsluttet innen fristen i § 6-11 fjerde ledd.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Sakskostnader i sivile saker

Vedtak nr. 618, 25. april 2023

> *«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan partenes sakskostnader i sivile saker kan bli lavere, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 34 L (2022–2023) og Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Enklare og meir forbrukarvennleg regelverk for gåvekort

Vedtak nr. 644, 9. mai 2023

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere en styrking av forbrukernes rettigheter ved erverv og bruk av gavekort. Videre bes regjeringen vurdere innføring av et forbud mot at gavekortutsteder kan trekke gebyr fra kortet etter at det er solgt og overlevert til kunden, samt å innføre plikt til at de avtalerettslige prinsippene som gjelder for gavekortet, synliggjøres på selve kortet. Det bes om at regjeringen kommer tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:122 S (2022–2023) og Innst. 299 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Stortingsmelding om kriminalomsorga

Vedtak nr. 653, 11. mai 2023

> *«Stortinget ber regjeringen, som en del av en helhetlig stortingsmelding om kriminalomsorgen, utrede de samlede behovene og vurdere nødvendige tiltak for å sikre likeverdige soningsforhold for kvinnelige og mannlige innsatte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:152 S (2022–2023) og Innst. 318 S (2022–2023).

Vedtaket har blitt følgt opp. Regjeringa la fram Meld. St. 31 (2024–2025) *Straff som virker – straffegjennomføring for et tryggere Norge* 20. juni 2025.

A-krimsenter

Vedtak nr. 729, 1. juni 2023

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at politiet har tydelige hjemler for deltakelse i kontrollgruppen og kunnskapsbyggingen ved a-krimsentrene, og om nødvendig komme tilbake til Stortinget med forslag til oppdaterte lovhjemler.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:198 S (2022–2023) og Innst. 388 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling i eit samarbeid mellom Justis- og beredskapsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Finansdepartementet. Eit lovforslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet vart sendt på høyring i starten av juli 2024, med høyringsfrist 15. oktober 2024.

1.11.4 Stortingssesjonen 2021–2022

Ny rettshjelpsordning

Vedtak nr. 35.49, 2. desember 2021

> *«Stortinget ber regjeringen om å legge frem forslag til ny lov om støtte til rettshjelp i løpet av våren 2023, og vurdere ulike tiltak som kan forsterke rettshjelpsordningen for befolkningen, herunder forslagene i NOU 2020: 5»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022), Prop. 1 S (2021–2022), Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket har blitt følgt opp, dels gjennom *lov 20. desember 2023 nr. 109 om endringer i rettshjelpsloven (ny modell for økonomisk behovsprøving)* som vart vedteken av Stortinget i desember 2023, og dels gjennom Prop. 103 L (2024–2025), Innst. 468 L (2024–2025) og Lovvedtak 114 (2024–2025). Forslag til ny rettshjelpsforskrift vart sendt på høyring med frist 26. august 2024, og trer i kraft hausten 2025.

Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap

Vedtak nr. 372, 3. februar 2022

> *«Stortinget ber regjeringen utrede en fravikelig samboerlov.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 S (2021–2022) og Innst. 121 S (2021–2022) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Sambuarlovutvalet vart oppnemnt i mars 2023. Utgreiinga frå utvalet, NOU 2025: 6 *Samboerloven – Regulering av det økonomiske forholdet mellom samboere,* vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet 23 mai 2025. Utgreiinga er sendt på offentleg høyring, med frist for innspel 1. desember 2025.

Straffeføresegn om seksuell utnytting av barn

Vedtak nr. 420, 8. mars 2022

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere om ordet 'livssituasjon' i straffeloven § 295 første ledd bokstav c bør endres til 'situasjon', slik at bestemmelsen rammer det 'å utnytte en person under 18 år i en særlig sårbar situasjon'.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:26 S (2021–2022) og Innst. 177 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. I Prop. 132 L (2024–2025) som vart fremma i april 2025, vart det foreslått at straffelova § 295 første ledd bokstav c skulle endrast slik at føresegna rammar den som skaffar seg sjølv eller ein annan seksuell omgang, eller får nokon til å utføre handlingar som svarer til seksuell omgang med seg sjølv, ved «å utnytte en person under 18 år i en særlig sårbar situasjon». Lovforslaget vart einstemmig vedteke av Stortinget, jf. Innst. 451 L (2024–2025) og lovvedtak 112 (2024–2025), og tredde i kraft 1. juli 2025.

Organisering av advokatverksemd

Vedtak nr. 504, 28. april 2022

> *«Stortinget ber regjeringen utarbeide forskrift etter § 19 andre ledd, hvor forsikringsselskap kan tilby advokatbistand gjennom rettshjelpforsikring.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov, ny advokatforskrift og overgangsreglar, irekna for internadvokatar (bl.a. forsikringsadvokatar), har tredd i kraft. Oppfølginga av oppmodingsvedtaket krev at ein vurderer endringane i lov og forskrift. Vurderinga er påbyrja. Oppmodingsvedtaket blir følgt opp så raskt som mogleg, og i god tid før overgangsregelen i advokatlova § 73 trettande ledd løper ut.

Vedtak nr. 506, 28. april 2022

> *«Stortinget ber regjeringen iverksette forskrift for berørte forsikringsselskap i god tid før overgangsreglene som vil bli fremmet i forbindelse med ikraftsettingen av advokatloven, utløper i tid.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov, ny advokatforskrift og overgangsreglar, irekna for internadvokatar (bl.a. forsikringsadvokatar), har tredd i kraft. Oppfølginga av oppmodingsvedtaket krev at ein vurderer endringane i lov og forskrift. Vurderinga er påbyrja. Oppmodingsvedtaket blir følgt opp så raskt som mogleg, og i god tid før overgangsregelen i advokatlova § 73 trettande ledd løper ut.

Vurdering av naturskadeforsikringsordninga

Vedtak nr. 579, 24. mai 2022

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere mulighetene for å innrette naturskadeforsikringsordningen slik at den bedre ivaretar hensynet til forebygging, men likevel slik at dette ikke går på bekostning av prinsippet om en solidarisk og lik premiefastsettelse for forsikringskunder i hele landet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for forslaget, er Prop. 62 L (2021–2022) og Innst. 308 L (2021–2022).

Vedtaket har blitt følgt opp. Departementet vurderte moglegheitene for å innrette naturskadeforsikringslova slik at ho betre tar omsyn til førebygging, i høyringsnotat om ny naturskadeforsikringslov 24. juni 2024.

Utgreiing av meldeplikt for norske teneste-leverandørar

Vedtak nr. 581, 30. mai 2022

> *«Stortinget ber regjeringen utrede innføring av en plikt for norske tjenesteleverandører til å melde fra dersom de oppdager at deres tjenester brukes til straffbar oppbevaring eller distribusjon av overgrepsmateriale.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:126 S (2021–2022) og Innst. 309 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet ser denne saka i samanheng med EUs forslag om å innføre ei tilsvarande plikt, men EUs arbeid er forseinka, då det ikkje er semje om heile forordninga. Ei mellombels forordning er vedteken, som gir tenestetilbydarane ein heimel til å melde frå om mogleg overgrepsmateriale, og forordninga vil bli teken inn i norsk rett ved ikraftsetjinga av den nye e-komlova. I samband med arbeidet er det gjennomført ein høyring av et tidligare utkast frå Kommisjonen, og ei interdepartemental arbeidsgruppe har hatt fleire møter, også med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Kripos og Datatilsynet. Da forhandlingane i EU har tatt lenger tid enn venta, er den mellombelse forordninga forlenga til 3. april 2026, og anmodningsvedtaket vil følgast opp innafor den endelege forordninga i EU når denne er vedteke.

Regelverk om varsling frå kriminalomsorga

Vedtak nr. 582, 30. mai 2022

> *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre et regelverksarbeid om varsling fra kriminalomsorgen, der hensynet til fornærmede og etterlatte vektlegges sterkere enn det som ligger i dagens regler.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:133 S (2021–2022) og Innst. 311 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Eit forslag om varslingsplikt for kriminalomsorga om straffegjennomføringa til domfelte har vore på høyring. Høyringsfristen gjekk ut 1. april 2025 og høyringa er no til oppfølging i departementet.

Tryggleik for personar med funksjonshindring

Vedtak nr. 654, 3. juni 2022

> *«Stortinget ber regjeringen se på hvordan myndighetene kan treffe nødvendige tiltak for å sikre funksjonshindrede beskyttelse og sikkerhet i risikosituasjoner i hele krisespekteret, og sikre at funksjonshindredes organisasjoner høres i forbindelse med dette.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:213 S (2021–2022) og Innst. 367 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling og vil sjåast i samanheng med pågåande arbeidet med utvikling av nytt vernekonsept og nye kriterium for bygging av vernerom. Forslag til nytt regelverk vil bli sendt på alminneleg høyring slik at også funksjonshindras organisasjonar vil bli høyrt.

Forbod mot sal av forfalne fordringar

Vedtak nr. 795, 15. juni 2022

> *«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å forby salg av forfalte fordringer hvor forbruker er debitor.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:200 S (2021–2022) og Innst. 373 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil behandle vedtaket i samband med arbeidet med ny inkassolov og sjå vedtaket i samanheng med reglar i direktiv (EU) 2021/2167 om kredittenestefirma og kredittkjøparar og direktiv (EU) 2023/2225 om forbrukarkredittavtalar.

1.11.5 Stortingssesjonen 2020–2021

Utviding av avverjingsplikta

Vedtak nr. 47, 3. november 2020

> *«Stortinget ber regjeringen utrede om avvergingsplikten i straffeloven § 196 bør utvides til også å omfatte flere straffbare handlinger, særlig straffeloven §§ 257, 260, 261, 272 b, 292, 293, 294, 300,301, 302, 304 og 305.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Lovbrot som nemnde i straffelova § 293 (grov valdtekt), § 300 (minstestraff for valdtekt til samleie av barn under 14 år) og § 301 (grov valdtekt av barn under 14 år) var omfatta av avverjingsplikta allereie då oppmodingsvedtaket vart fatta, jf. at § 291 (valdtekt) og § 299 (valdtekt av barn under 14 år) er, og var, nemnde i § 196. Straffelova § 292 er oppheva med verknad frå 1. juli 2025. Resten av vedtaket er under behandling. Lovutvalet om negativ sosial kontroll m.m. har i NOU 2024: 13 foreslått at avverjingsplikta blir utvida til å omfatte lovbrota som er nemnde i straffelova § 261 (omsorgsunndraging). Utgreiinga vart send på høyring 28. juni 2024, med høyringsfrist 28. oktober 2024.

Forelding av lovbrot mot mindreårige

Vedtak nr. 50, 3. november 2020

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av foreldelsesreglene for seksuallovbrudd og voldsforbrytelser mot mindreårige, og komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som hever det generelle nivået på foreldelsesfrister for denne typen lovbrudd.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 1159 av 7. juni 2021.

Tilgjengelege dopingopplysningar

Vedtak nr. 64, 10. november 2020

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan opplysninger om idrettsutøvere og støtteapparat som straffes for dopingkriminalitet, også kan gjøres tilgjengelig for antidopingorganisasjonene, herunder eventuelle behov for endring av lovgivning.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping

Vedtak nr. 65, 10. november 2020

> *«Stortinget ber regjeringen vurdere muligheter for nye bestemmelser i straffeloven for å kunne straffeforfølge de som tjener penger på idrettsprestasjoner som følge av doping, og mulighet for inndragning.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern

Vedtak nr. 206, 7. desember 2020

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til lovendringer som innenfor rammen av internasjonale forpliktelser gir et klarere skille mellom konvensjonstatus (asyl) og subsidiær beskyttelse, gjennom å begrense retten til familiegjenforening samt utvide bruken av midlertidige tillatelser ved subsidiær beskyttelse.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Klarlegging av identitet

Vedtak nr. 208, 7. desember 2020

> *«Stortinget ber regjeringen stille de samme krav til klarlegging av identitet for permanent oppholdstillatelse og familieetablering som for statsborgerskap.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Det blir lagt til grunn at intensjonen bak oppmodingsvedtaket er eit ønske om strengare kontroll av identiteten til utlendingar med oppholdsløyve i Noreg. Departementet meiner at det å kjenne identiteten til utlendingar som oppheld seg i Noreg er viktig både for utlendingsstyresmaktene og for politiet. Ein gjennomgang av regelverk og praksis viser likevel at innføring av vilkår om klarlagt identitet i dei to nemnde sakstypane berre i svært avgrensa grad vil innebere ein høgare juridisk terskel samanlikna med dei gjel-

dande vilkåra om dokumentert og sannsynleggjord identitet. Unntaka frå ID-krava er tilnærma identiske i statsborgarforskrifta og utlendingsforskrifta. Eit endra beviskrav vil få utslag i ein svært liten del av søknadene. Samtidig vil saksbehandlinga bli meir ressurskrevjande, og truleg òg føre til auka ressursbruk til rettleiing til søkarar og intern opplæring. Det blir bl.a. vist til at vedtaket inneber at ID-kravet i saker om familieinnvandring blir ulikt i saker om etablering og gjenforeining, slik at utlendingsstyresmaktene må vurdere kva kategori saken fell inn under (utan at dette skiljet elles har nokon praktisk betydning for saka).

Samla sett meiner departementet at tiltaket berre i svært avgrensa grad sikrar betre ID-kontroll, samtidig som saksbehandlinga vil bli meir ressurskrevjande, særleg i saker om familieinnvandring. Regjeringa foreslår at vedtaket blir oppheva.

Høgare straff for barn som er involverte i gjenteken kriminalitet

Vedtak nr. 443, 18. desember 2020

> *«Stortinget ber regjeringen utrede om man i særlige tilfeller kan åpne for forhøyet straff ved nytt lovbrudd av samme art også for kriminelle gjengangere under 18 år.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Tiltak for å auke talet på inndragingar

Vedtak nr. 446, 18. desember 2020

> *«Stortinget ber regjeringen i inneværende stortingsperiode legge fram tiltak og forslag til lovendringer for å øke omfanget av antallet inndragninger og gjøre det enklere for politiet å inndra verdier som er tilegnet gjennom kriminelle handlinger, både gjennom sivilrettslig inndragning og i straffesaker.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Regjeringa fremma 24. september 2021 ei rekkje forslag til endringar som bidreg til eit meir effektivt og pedagogisk regelverk om inndraging, sjå Prop. 241 L (2020–2021). Forslaga vart vedtekne av Stortinget i april 2022, jf. *lov 8. april 2022 nr. 22 om endringer i straffeloven mv. (klargjøring av inndragningsregler m.m.)*, og tredde i kraft 1. juli 2022. Regjeringa la 22. mars 2024 fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet, sjå Meld. St. 15 (2023–2024). I meldinga er det foreslått ei rekkje tiltak for å betre resultata innanfor inndraging av utbytte, inkludert endringar i lovverket. Eit lovforslag om sivilrettsleg inndraging av utbytte frå straffbare handlingar har vore på høyring, og regjeringa vil følgje opp forslaget med ein proposisjon med forslag til lovendringar som kan handsamast i inneverande stortingssesjon, sjå òg vedtak nr. 473, 20. februar 2025.

Fornyingsordning for barneomsorgsattest

Vedtak nr. 627, 18. februar 2021

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om å gjeninnføre en fornyelsesordning for barneomsorgsattest.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 S (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har fått vurderingar og førebelse berekningar frå Politidirektoratet av økonomiske og administrative konsekvensar ved å innføre ei fornyingsordning for politiattestar generelt og barneomsorgsattestar spesielt. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak. Sjå òg omtale under vedtak nr. 628 av 18. februar 2021.

Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga

Vedtak nr. 628, 18. februar 2021

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av barneomsorgsattestordningen, som også innbefatter en utredning av digitale forenklingsmuligheter, en vurdering av muligheten for informasjonsdeling av gjeldende lovbrudd i andre land og en vurdering av om straffeloven § 272 og § 273 skal være en del av politiattesten.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 S (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet arbeider med ein gjennomgang av barneomsorgsattestordninga. Departementet har fått vurderin-

gar og førebelse berekningar frå Politidirektoratet av økonomiske og administrative konsekvensar av ulike digitale forenklingsmoglegheiter. I samråd med andre involverte departement vurderer Justis- og beredskapsdepartementet behovet for å utvide barneomsorgsattesten slik at han gir merknader om fleire straffebod. Sjå òg omtale under vedtak nr. 627 av 18. februar 2021.

Oppretting av eit nasjonalt våpenregister

Vedtak nr. 681, 25. februar 2021

> *«Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt våpenregister som legges til Brønnøysundregistrene og til Nordland politidistrikt med forvaltning i Mosjøen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29 (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Politidirektoratet har fått i oppdrag å setje i gang eit prosjekt for ei ny digital våpenforvaltning, der ein tek omsyn til dette oppmodingsvedtaket. Brønnøysundregistera og Politidirektoratet har inngått ein avtale for å utvikle ei digital løysing for våpenforvaltning som er planlagt ferdigstilt innan utgangen av 2025. Parallelt har Brønnøysundregistera starta utviklinga av eit nytt nasjonalt våpenregister. Arbeidet med å etablere eit våpenforvaltningskontor i Mosjøen er i gang, og oppstarten er planlagd i løpet av hausten 2025.

Identitetsskjerming for polititilsette

Vedtak nr. 682, 25. februar 2021

> *«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med forslag til ny straffeprosesslov sikre full identitetsskjerming for politiansatte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. NOU 2024: 5 *Maktens ansikt – Skjermet identitet for ansatte i politiet og kriminalomsorgen*?, som vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet 21. mars 2024, har vore på høyring med frist 15. august 2024. Departementet vurderer korleis forslaga i utgreiinga skal følgjast opp.

Straff for å tvinge barn til utlandet

Vedtak nr. 712, 9. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen utrede straffeforbudet mot frihetsberøvelse i situasjoner hvor barn vil bli, eller allerede er, sendt til utlandet mot sin vilje, og fremme forslag til lovendringer som sikrer at påtvungne utenlandsopphold kan straffes.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:137 S (2019–2020) og Innst. 269 S (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Lovutvalet om negativ sosial kontroll mv. har sett nærmare på kva straffebod som gjeld i saker der barn og unge ufrivillig blir etterlatne i utlandet, og om det er behov for å klargjere heimlar i straffelova som held foreldre ansvarlege dersom barn blir sende på utanlandsopphald mot sin eigen vilje. I NOU 2024: 13 peikar utvalet på at ein del ufrivillige utanlandsopphald vil bli ramma av straffelova § 254 (om fridomsrøving), § 261 (om omsorgsunndraging) eller § 288 (om å etterlate nokon i hjelpelaus tilstand). Utvalet foreslår fleire lovendringar for å styrke barns strafferettslege vern mot skadelege utanlandsopphald, mellom anna nye føresegner om utreiseforbod i barnevernslova og ei endring i straffelovens føresegn omsorgsunndraging slik at ho omfattar brot på utreiseforbod. I Prop. 159 L (2024–2025), som vart fremma i juni 2025, har regjeringa følgt opp dette forslaget. Etter lovforslaget kan barneverns- og helsenemnda vedta straffesanksjonerte utreiseforbod for barn i tilfelle der det er ein nærliggjande fare for at barnet vil bli utsett for mishandling, alvorleg fare for livet eller helsa til barnet eller annan alvorleg omsorgssvikt i utlandet. Barnevernstenesta kan treffe straffesanksjonerte akuttvedtak. Som varsla i handlingsplanen mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald for 2025–2028 vil regjeringa vurdere dei andre forslaga til lovutvalet.

Nasjonal langtidsplan for beredskap

Vedtak nr. 729, 11. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen innføre en nasjonal langtidsplan for beredskap, som ser beredskapsressursene nasjonalt og regionalt i en sammenheng og legger grunnlaget for konkrete planer for utbedringer.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Langtidsplanen for sivil beredskap skal leggje til rette for langsiktig og heilskapleg styring, planlegging og utvikling av sentrale beredskapsressursar i sivile sektorar, og sikre evna til å prioritere på tvers av sektorar, jf. totalberedskapsmeldinga. Arbeidet med å utvikle planen er starta. Ho må favne breidda i beredskapsarbeidet, men samstundes kunne spissast mot utvalde beredskapsområde eller utfordringar dersom utfordringsbiletet tilseier det. Planen må òg avstemmast med strategiske dokument i ulike sektorar, som Nasjonal transportplan og Langtidsplanen for forsvarssektoren. Vidare må planen utviklast over tid, og utviklingsarbeidet må sjåast i samanheng med etableringa av den nye rådsstrukturen (sjå Del 1, tryggleik i samfunnet, tiltak). Innspel frå tilstandsvurderingane i den nye rådsstrukturen vil vere viktige bidrag til utarbeidinga av planen.

Totalberedskapsutval

Vedtak nr. 730, 11. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen etablere et fast totalberedskapsutvalg som rapporterer til regjeringen hvert år, slik at man sikrer koordinert ledelse overordnet og på tvers, og helhetlige og koordinerte trusselvurderinger. Både beredskapsmyndigheter, samfunnets organisasjoner og næringsliv skal være representert i utvalget.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa etablerer ein ny rådsstruktur for tilstandsvurderingar og beredskapsplanlegging på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Privat næringsliv og frivillige skal vere involverte i strukturen. På sentralt nivå vil det bli peika ut kritiske samfunnsområde med eit ansvarleg departement for kvart område. Innanfor desse områda skal det etablerast eit råd leia av departementet, med høveleg deltaking frå private og frivillige aktørar. Rådsstrukturen skal mellom anna brukast til å utarbeide tilstandsvurderingar, som skal vere ein del av grunnlaget for regjeringa sine prioriteringar knytte til arbeidet med tryggleik og beredskap.

Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik

Vedtak nr. 739, 11. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av muligheten for tettere samarbeid med nordiske naboland knyttet til samfunnssikkerhet og beredskap, herunder felles sikkerhetsklarering, planverk på tvers av landegrensene og øvelser på tvers av landegrensene.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Sidan 2021 har det vore ei brei intensivering av både sivilt og militært samarbeid mellom dei nordiske landa, både gjennom tidlegare eksisterande samarbeidsarenaer som Haga-samarbeidet og NORDEFCO, men òg gjennom NATO etter at Sverige og Finland vart med.

Når det gjeld tryggingsklareringar, finst det i dag tryggingsavtalar mellom Noreg og dei nordiske nabolanda som gjer det mogleg å utveksle gradert informasjon mellom landa. Avtalane omfattar òg gjensidig godkjenning av kvarandre sine tryggingsklareringar. Vidare vil Sverige og Finland bli innlemma i NATOs system for tryggingsklareringar og deltaking i gradert informasjonsdeling, noko som vil gjere samhandlinga enklare.

Brann til sjøs

Vedtak nr. 742, 11. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen styrke Redningsselskapet og gjennomgå hvordan de kan bistå brann- og redningsetaten ved brann til sjøs.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. Tilskotet til Redningsselskapet (RS) har hatt ein jamn og kraftig auke dei seinare åra, frå om lag 56 mill. kroner i 2013 til om lag 140 mill. kroner i 2023.

Tilfluktsrom

Vedtak nr. 743, 11. mars 2021

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan eksis-*

terende tilfluktsrom i større grad kan benyttes slik at de holdes i stand samt inngår som en del av den nasjonale beredskapen i forbindelse med for eksempel migrasjon, pandemi eller forsyningskrise.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp ifm. Meld. St. 9 (2024–2025), jf. Innst. 242 S (2024–2025).

Oppmodinga er vurdert og viser at det er lite formålstenleg å nytte eksisterande private tilfluktsrom til andre beredskapsformål, bl.a. grunna klargjeringstid og at tilfluktsromma er byggeigar sin eigedel. I tillegg vil ei bandlegging av areala til beredskapsformål gå ut over eigar sin råderett over eigen eigedom. Enkelte offentlege tilfluktsrom har ein fleirbruksfunksjon. Slik funksjonalitet vil også vere relevant å vurdere ved ei eventuell framtidig etablering av offentlege tilfluktsrom eller dekningsrom.

ADR-kontroll

Vedtak nr. 799, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å overføre myndighet til å gjennomføre ADR-kontroll til godkjente tungbilverksteder.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:106 S (2020–2021) og Innst. 311 S (2020–2021) frå transport- og kommunikasjonskomiteen.

Vedtaket har blitt følgt opp. DSB har vurdert moglegheita for å overføre myndigheit til å gjennomføre ADR-kontroll til både godkjende tungbilverkstader og andre godkjende køyretøyverkstader som er godkjende som kontrollorgan for periodisk køyretøykontroll (PKK) òg. Det er Statens vegvesen som utfører ADR-kontroll i dag, medan PKK blir utført av private aktørar. Det er ca. 4 500 ADR-godkjende køyretøy i Noreg, og berre omkring 1 800 av desse er tunge køyretøy. Til samanlikning blir det gjennomført over to millionar PKK-ar årleg.

DSB tilrår ikkje ei overføring av ADR-kontrollar til private aktørar. Køyretøya som skal inn til årleg ADR-kontroll, er dei som utfører den mest risikofylte transporten av farleg gods på norske veger. For at risikoen for ulukker med farleg gods ikkje skal auke, er det viktig at kontrollane blir gjennomførte einskapleg og av kompetente kontrollørar som held kompetansen sin ved like, bl.a. ved å gjennomføre ei tilstrekkeleg mengd kontrollar kvart år.

ADR-kontroll og PKK blir vurderte som vesensforskjellige med omsyn til både innhald og kommersiell lønnsemd. Statens vegvesen har i dag eit landsdekkjande, einskapleg og gratis tilbod om ADR-kontrollar. Ei overføring til private aktørar vil føre til at tilbydarar må ta betalt for tenesta. ADR-kontroll vil føre til kostnader for dei private aktørane, bl.a. til personell, utvikling av kompetanse og system. Etter DSB si vurdering vil det vere for få ADR-køyretøy på landsbasis som skal kontrollerast kvart år, til at mange nok køyretøyverkstader vil sjå på ADR-kontroll som ei lønnsam teneste. Dersom verkstader ønskjer å tilby tenesta, vil det mest sannsynleg vere i område med stor etterspurnad. Med ei privatisering vil det dermed vere ein risiko for færre og meir sentraliserte ADR-kontrollstasjonar enn i dag, og dermed eit dårlegare distriktstilbod med lengre avstandar. På bakgrunn av rapporten til DSB er det etter Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering ikkje tilrådeleg å overføre myndigheit til å gjennomføre ADR-kontroll til godkjende tungbilverkstader no.

Nasjonal eigarskap og kontroll

Vedtak nr. 814, 20. april 2021

«Stortinget ber regjeringa sikre norsk eigarskap av kritisk infrastruktur og eigedom samt nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2020–2021) og Innst. 289 S (2020–2021) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet*, jf. Innst. 247 S (2022–2023), vart behandla i Stortinget 30. mars 2023. Ei rekkje tiltak i meldinga peikar på korleis regjeringa skal bidra til å sikre nasjonal kontroll og eigarskap over strategisk viktig infrastruktur og eigedom og over naturressursar. Regjeringa har trappa opp arbeidet med å kartleggje verdiar med heimel i tryggingslova, bl.a. ved å forsterke arbeidet med å leggje verksemder under tryggingslova.

Regjeringa vurderer òg korleis ein kan få betre oversikt over verksemder og verdiar som ikkje er omfatta av tryggingslova, men som likevel kan ha betyding for nasjonal tryggleik, bl.a. ved gjennomgangar av sektorar.

I tillegg vil regjeringa vurdere korleis ein kan få betre oversikt over kven som er reelle eigarar av verdiar av betyding for nasjonal tryggleik. Frå 1. oktober 2024 har selskap og andre juridiske einingar hatt høve til å registrere opplysningar i det nye registeret over reelle rettshavarar i Brønnøysundregistera. Frå 31. juli 2025 er det plikt til å registrere slike opplysningar. Verdikartlegginga og innsikta i reell eigarskap vil danne grunnlag for å vurdere relevante verkemiddel for å vareta nasjonal tryggleik, bl.a. gjennom førebyggjande tryggingstiltak med heimel i tryggingslova, bruk av anna relevant regelverk og nasjonal eigarskap. Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å greie ut korleis pliktig eigarregistrering kan gi norske myndigheiter tilstrekkeleg kontroll over eigarskap i fast eigedom.

Regjeringa går òg gjennom relevant eksisterande lovverk for å sørge for at omsyn til nasjonal tryggleik inngår som vurderingskriterium der det er aktuelt. På bakgrunn av forslag i Prop. 95 L (2022–2023) *Endringer i sikkerhetsloven (eierskapskontroll og lovens virkeområde),* vedtok Stortinget i juni 2023 ei plikt for eigarar av skjermingsverdige objekt eller skjermingsverdig infrastruktur til å identifisere eigedom som på grunn av plasseringa kan leggje til rette for truslar mot det skjermingsverdige objektet eller den skjermingsverdige infrastrukturen til verksemda.

Regjeringa gjer fortløpande vurderingar og set inn nødvendige tiltak for å sikre norsk eigarskap til kritisk infrastruktur og eigedom, samt nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.

Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga

Vedtak nr. 848, 27. april 2021

> *«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av vergemålsordningen og legge frem forslag til lovendringer som styrker og forbedrer den.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:77 S (2020–2021) og Innst. 285 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Stortinget vedtok i mars 2023 endringar i verjemålslova, som tredde i kraft 1. april 2023 (endringslov 31. mars 2023 nr. 5). Etter endringane er bl.a. prinsippet om sjølvråderett tydeleggjort i fleire føresegner i verjemålslova. I Prop. 141 L (2021–2022), punkt 2.4 gjorde departementet greie for nokre prioriteringar for den vidare oppfølginga av oppmodingsvedtaket, bl.a. at terminologien i lova skulle vurderast nærmare. Fleire endringar i lova, bl.a. i terminologien, vart foreslått i eit høyringsnotat datert 18. november 2024, med høyringsfrist 14. februar 2025. Departementet arbeider no vidare med oppfølginga av høyringa og den vidare gjennomgangen av ordninga. Vidare vart det innført ein ny modell for godtgjering til verjer frå og med 1. januar 2025. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70. Arbeidet med den vidare revisjonen av lova blir gjennomført i dialog med sivilt samfunn og andre relevante aktørar.

Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren

Vedtak nr. 983, 25. mai 2021

> *«Stortinget ber regjeringen starte nødvendige forberedelser som sikrer at Forsvaret overtar som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2020–2021) og Innst. 393 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Hovudredningssentralen (HRS) har levert ei utgreiing av konsekvensane ved å gjennomføre vedtaket. Utgreiinga synleggjer to modellar som begge vil kunne levere tilfredsstillande redningshelikoptertenester, men som kvar på sin måte har ulike fordelar og ulemper: ein modell med vidareføring av sivil operatør, og ein modell der Forsvaret overtek som operatør av basen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut. Utgreiinga skal følgjast opp vidare.

Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret

Vedtak nr. 1116, 3. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen sørge for at opplysninger i reaksjonsregisteret om personer som er ilagt strafferettslige reaksjoner for bruk og besittelse av narkotika til eget bruk, sperres etter tre år. Sperring forutsetter at det ikke er registrert flere straffbare forhold i den aktuelle perioden.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. Behovet for sperring av ilagde reaksjonar for brot på legemiddellova § 24 er endra etter at Stortinget har vedteke den nye

rusreforma. Regjeringa vil gjere greie for og vurdere reglane om sperring i samband med vidare oppfølging av rusreforma.

Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn

Vedtak nr. 1159, 7. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til lovendringer som fjerner foreldelsesfristen for alle typer seksualforbrytelser mot barn.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:273 S (2020–2021) og Innst. 634 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 50 av 3. november 2020.

Internasjonale kriminelle organisasjonar

Vedtak nr. 1161, 11. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med strengere regler dersom det nye regelverket ikke i tilstrekkelig grad hindrer etableringer av internasjonale kriminelle gjenger og mafiaorganisasjoner.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. I orskurd 8. oktober 2024 stadfesta Høgsterett eit forbod mot ein motorsykkelklubb som dermed ble rekna som ein kriminell samanslutning. Klubben hadde opphav i utlandet. Orskurden er eit uttrykk for at reglane som ble vedtekne i 2021 verkar etter siktemålet, og er egna til å hindre etableringar av slike samanslutningar, også dei med internasjonale forgreiningar. Departementet har for øvrig sett i gang eit større arbeid knytt til regelverksutvikling for å motverke gjengkriminalitet, og vil i den samanhengen vurdere behovet for ytterlegare lovendringar.

Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel

Vedtak nr. 1162, 11. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen utrede særskilt om politiet bør gis tilgang på straffeprosessuelle tvangsmidler ut over det den foreslåtte strafferammen på tre års fengsel for deltagelse, rekruttering eller videreføring av en kriminell sammenslutning, tilsier.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil vurdere behovet for fleire straffeprosessuelle tvangsmiddel når dei gjeldande føresegnene har fått verke ei tid. Departementet tek sikte på å vurdere spørsmålet i samanheng med eit større arbeid knytt til regelverksutvikling for å motverke gjengkriminalitet.

Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta

Vedtak nr. 1343, 18. juni 2021

> *«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 legge frem en vurdering av om det bør innføres en kompensasjonsordning for tapt arbeidsfortjestene for frivillige som blir anmodet av nødetatene om å bistå i redningsoppdrag.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa har i Meld. St. 9 (2024–2025) Totalberedskapsmeldinga gjort greie for frivilligheita si rolle i totalberedskapen, og behovet for å styrkje og formalisere samarbeidet mellom offentlege myndigheiter og frivillige beredskapsorganisasjonar. Meldinga viser òg at regjeringa vil styrkje dei økonomiske rammene for frivillige organisasjonar i redningstenesta, og formalisere samarbeidet gjennom beredskapsavtalar og tydeleggjering av roller. I det vidare arbeidet med oppfølging av meldinga og utvikling av tilskotsordningar vil regjeringa vurdere korleis innsatsen frå frivillige kan kompenserast på ein rettferdig og berekraftig måte.

1.11.6 Stortingssesjonen 2019–2020

Elektroniske fraktbrev

Vedtak nr. 436, 31. mars 2020

> *«Stortinget ber regjeringen sikre at nye elektroniske fraktbrev som er planlagt i CRM-direktivet, gjøres obligatoriske.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 LS (2019–2020) og Innst. 214 S (2019–2020).

Vedtaket har blitt følgt opp. Fraktbrev regulerer forholdet mellom avsendaren, fraktføraren og mottakaren ved godstransport. Ved internasjonal transport krev CMR-konvensjonen papirbaserte fraktbrev, men med eCMR er det opna for elektroniske alternativ. Tilleggsprotokollen, som vart gjeldande i Noreg i 2020, gjer elektroniske fraktbrev og digitale signaturar til eit frivillig og fullverdig alternativ både innanlands og internasjonalt.

Eit krav om elektroniske fraktbrev ved innanriks transport kan føre til ulik behandling av aktørar, sidan berre innanriks transportørar blir pålagde investeringar. Reglane må utformast slik at dei ikkje hindrar utanlandske EØS-selskap frå å operere i Noreg. Noreg må framleis godta papirfraktbrev ved grensekryssande transport. Det er òg usikkert om fraktbrev er eigna til å oppfylle intensjonen bak forslaget, sidan partane har stor avtalefridom og kan endre transportoppdraget undervegs. Det blir derfor ikkje innført krav om obligatorisk bruk av elektroniske fraktbrev ved innanriks godstransport no.

Det blir vidare vist til at EUs mobilitetspakke og regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping inneheld fleire tiltak for rettvise vilkår og betre kontroll i transportsektoren. Tiltaka omfattar nye reglar, styrkt kontroll og krav om smarte fartsskrivarar. Ei ny forskrift gir høve til å ileggje gebyr på staden ved brot på transportreglane. Samferdselsdepartementet arbeider òg med å gjennomføre EU-reglar om elektronisk dokumentasjon ved godstransport.

Reklamasjonsfrist på bustader

Vedtak nr. 515, 21. april 2020

> *«Stortinget ber regjeringen utrede om reklamasjonsfristen på nyoppførte boliger skal økes fra fem til ti år, samt konsekvensene av en eventuell utvidelse.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2018–2019) og Innst. 171 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. EU har vedteke nye forbrukarvernreglar som gjere at ein bør vurdere norske reglar om absolutte reklamasjonsfristar i ein større samanheng.

1.11.7 Stortingssesjonen 2017–2018

Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

> *«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket har blitt følgt opp. Sjå omtale under vedtak nr. 712 av 9. mars 2021.

Eige lovverk for Statens barnehus

Vedtak nr. 795, 29. mai 2018

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretakelse av hele mandatet til Statens barnehus.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil i samarbeid med Politidirektoratet setje i gang eit utgreiingsarbeid om eit eige lovverk for Statens barnehus. Oppstarten av ei slik utgreiing vil skje etter at Politidirektoratet har avslutta revisjonen av *Felles retningslinjer for Statens barnehus* i samarbeid med Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Revisjonen av retningslinene skal ferdigstillast innan utgangen av 2025.

1.11.8 Stortingssesjonen 2016–2017

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

> *«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestemmelser kan foretaket også straffes når handlingen er utført av noen som gjennom sine forbindelser med selskapet må assosieres med det. Det må vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om å utvide ansvaret som selskap har for korrupsjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet gav ein fagperson i oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og komme med forslag til lovendringar. Rapporten vart overlevert i mai 2021 og har vore på høyring. Rapporten er no til oppfølging i departementet.

Utgifter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon				
400	Justis- og beredskapsdepartementet	646 148	624 299	640 435	2,6
	Sum kategori 06.10	*646 148*	*624 299*	*640 435*	*2,6*
	Rettsvesen				
61	Høgsterett	141 355	140 344	145 381	3,6
410	Domstolane	3 401 266	3 437 926	3 758 790	9,3
411	Domstoladministrasjonen	89 938	91 842		-100,0
414	Forliksråd og andre domsutgifter	392 951	419 353	427 082	1,8
	Sum kategori 06.20	*4 025 510*	*4 089 465*	*4 331 253*	*5,9*
	Straffegjennomføring og konfliktråd				
430	Kriminalomsorga	6 024 503	6 414 799	6 933 815	8,1
431	Kriminalomsorgsdirektoratet	164 976	176 520		-100,0
432	Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga	251 106	252 138	335 145	32,9
433	Konfliktrådet	198 750	224 186	305 353	36,2
	Sum kategori 06.30	*6 639 335*	*7 067 643*	*7 574 313*	*7,2*
	Politi og påtalemakt				
440	Politiet	24 048 136	25 554 466	27 056 066	5,9
441	Politidirektoratet	376 802	383 084		-100,0
442	Politihøgskolen	685 634	713 726	746 529	4,6
443	Påtalemakta i politiet	1 589 773	1 644 655	1 738 400	5,7
444	Politiets tryggingsteneste (PST)	1 662 503	1 812 805	1 964 650	8,4
445	Den høgare påtalemakta	377 017	393 959	406 623	3,2
446	Den militære påtalemakta	5 594	235		-100,0
448	Grensekommissæren	7 313	6 571	7 617	15,9
	Sum kategori 06.40	*28 752 772*	*30 509 501*	*31 919 885*	*4,6*
	Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap				
451	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	2 412 225	2 417 336	2 494 334	3,2
452	Sentral krisehandtering	29 544	30 140	31 088	3,1
453	Sivil klareringsmyndigheit	60 321	68 569	70 673	3,1
454	Redningshelikoptertenesta	1 849 355	2 180 860	2 015 385	-7,6

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
455	Redningstenesta	570 397	608 516	590 570	-2,9
457	Nasjonalt tryggingsorgan	603 299	542 997	587 258	8,2
	Sum kategori 06.50	*5 525 141*	*5 848 418*	*5 789 308*	*-1,0*
	Andre verksemder				
460	Spesialeininga for politisaker	68 221	72 738	79 060	8,7
461	Advokattilsynet		65 500	56 891	-13,1
466	Særskilde straffesaksutgifter m.m.	1 642 680	1 651 572	1 858 577	12,5
467	Norsk Lovtidend	7 233	10 886	14 284	31,2
468	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	27 779	30 743	31 718	3,2
	Sum kategori 06.60	*1 745 913*	*1 831 439*	*2 040 530*	*11,4*
	Statens sivilrettsforvaltning, retts-hjelp, erstatningsordningar m.m.				
470	Fri rettshjelp	726 744	974 395	987 163	1,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlags-ordning	390 265	276 702	304 141	9,9
473	Statens sivilrettsforvaltning	750 489	893 991	786 141	-12,1
475	Bubehandling	159 398	154 746	182 855	18,2
	Sum kategori 06.70	*2 026 896*	*2 299 834*	*2 260 300*	*-1,7*
	Svalbardbudsjettet m.m.				
480	Svalbardbudsjettet	554 692	477 050	569 562	19,4
481	Samfunnet Jan Mayen	59 893	62 678	64 559	3,0
	Sum kategori 06.80	*614 585*	*539 728*	*634 121*	*17,5*
	Vern og innvandring				
490	Utlendingsdirektoratet	5 718 047	5 638 265	5 114 191	-9,3
491	Utlendingsnemnda	300 750	294 706	307 636	4,4
	Sum kategori 06.90	*6 018 797*	*5 932 971*	*5 421 827*	*-8,6*
	Sum programområde 06	55 995 097	58 743 298	60 611 972	3,2
	Sum utgifter	55 995 097	58 743 298	60 611 972	3,2

Inntekter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon				
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	6 110	6 582	6 819	3,6
	Sum kategori 06.10	*6 110*	*6 582*	*6 819*	*3,6*
	Rettsvesen				
3061	Høgsterett	250			0,0
3410	Domstolane	244 226	244 482	251 315	2,8
3411	Domstoladministrasjonen	487	325		-100,0
	Sum kategori 06.20	*244 963*	*244 807*	*251 315*	*2,7*
	Straffegjennomføring og konfliktråd				
3430	Kriminalomsorga	204 515	176 808	176 655	-0,1
3432	Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga	1 678	1 271	829	-34,8
3433	Konfliktrådet	146	6	6	0,0
	Sum kategori 06.30	*206 339*	*178 085*	*177 490*	*-0,3*
	Politi og påtalemakt				
3440	Politiet	2 050 188	2 423 561	2 525 536	4,2
3442	Politihøgskolen	41 260	37 655	39 010	3,6
3444	Politiets tryggingsteneste (PST)	10 376	16 768	17 372	3,6
	Sum kategori 06.40	*2 101 824*	*2 477 984*	*2 581 918*	*4,2*
	Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap				
3451	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	1 026 364	922 290	955 491	3,6
3453	Sivil klareringsmyndigheit		800	800	0,0
3454	Redningshelikoptertenesta	31 287	32 476	33 645	3,6
3455	Redningstenesta	1 314			0,0
3457	Nasjonalt tryggingsorgan	46 235	37 495	49 205	31,2
	Sum kategori 06.50	*1 105 200*	*993 061*	*1 039 141*	*4,6*
	Andre verksemder				
3461	Advokattilsynet		65 500	57 204	-12,7
	Sum kategori 06.60		*65 500*	*57 204*	*-12,7*

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m.				
3470	Fri rettshjelp	8 240	10 837	11 227	3,6
3473	Statens sivilrettsforvaltning	6 776	6 752	6 995	3,6
	Sum kategori 06.70	*15 016*	*17 589*	*18 222*	*3,6*
	Svalbardbudsjettet m.m.				
3481	Samfunnet Jan Mayen	8 035	7 408	7 675	3,6
	Sum kategori 06.80	*8 035*	*7 408*	*7 675*	*3,6*
	Vern og innvandring				
3490	Utlendingsdirektoratet	3 240 437	3 235 312	1 988 973	-38,5
	Sum kategori 06.90	*3 240 437*	*3 235 312*	*1 988 973*	*-38,5*
	Sum programområde 06	6 927 924	7 226 328	6 128 757	-15,2
	Sum inntekter	6 927 924	7 226 328	6 128 757	-15,2

Del II
Nærmare om budsjettforslaget

2 Nærmare om budsjettforslaget

Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	546 093	509 782	518 500	1,7
50–89	Overføringar til andre	100 055	114 517	121 935	6,5
	Sum kategori 06.10	646 148	624 299	640 435	2,6

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
400	Justis- og beredskapsdepartementet	646 148	624 299	640 435	2,6
	Sum kategori 06.10	646 148	624 299	640 435	2,6

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politiet og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltninga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslag utanom dei som gjeld skattelover, skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	513 326	472 783	489 069
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*		14 000	14 504
23	Særskilde driftsutgifter, forsking, evaluering og kunnskapsinnhenting, *kan overførast*	32 767	22 999	14 927
50	Norges forskningsråd	69 091		
70	Overføringer til private	8 841	10 292	
71	Tilskot til internasjonale organisasjonar	22 123	22 508	23 318
73	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*		81 717	98 617
	Sum kap. 400	646 148	624 299	640 435

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten brukast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etatar.

I samband med at ei fjerde spesialrådsstilling ved EU-delegasjonen i Brussel skal opprettast, blir det rammeoverført 1,2 mill. kroner til Utanriksdepartementet. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 1,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 100, post 01.

Budsjettmidlar for tenestereiser for den politiske leiinga blir flytta til driftsbudsjettet til dei respektive departementa, slik at reisekostnadene knytte til verksemda til departementet blir vurderte og prioriterte samla. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 1,0 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 21, post 01.

I Nasjonal strategi mot menneskehandel (2025–2030) er eit av tiltaka å vidareutvikle ansvars- og samarbeidsstrukturar på feltet. Oppgåver som er å rekne som koordinering på departementsnivå, politikkutvikling og internasjonale oppgåver knytte til policy og regelverk blir flytta frå politiet til Justis- og beredskapsdepartementet. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 1,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Innanfor arbeidet mot organisert kriminalitet skal oppgåvefordelinga mellom Justis- og beredskapsdepartementet og Kripos justerast. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 200 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 440, post 01.

Finansieringa av forvaltninga og drifta av ein ny EØS- og Schengen-notatbase skal fordelast mellom departementa. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 400 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 1515, post 01.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 489 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekker lønns- og driftsutgifter til råd og utval.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 14,5 mill. kroner.

Post 23 Særskilde driftsutgifter, forsking, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overførast

Løyvinga på post 23 skal brukast til kortvarige utgreiingar, evalueringar, kartleggingar og anna innhenting av kunnskap som skal dekke Justis- og beredskapsdepartementet eige behov for kunn-

skap som kan danne grunnlag for politikkutvikling og god forvaltning.

Det har dei siste åra blitt tildelt midlar frå kap. 400, post 23 til prosjekt om totalforsvaret og forsking på terrorisme. I tillegg kjem bl.a. ei årleg tildeling til Simula@UiB – Simula Research Laboratory – til utvikling av nasjonal spisskompetanse innanfor digital tryggleik og kryptologi. Løyvinga bidrar òg til at fleire kandidatar kan tryggingsklarerast. Regjeringa foreslår at tildelinga til Simula@UiB blir forvalta av Noregs forskingsråd frå og med 2026. Regjeringa foreslår derfor at løyvinga blir redusert med 4 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke i løyvinga på kap. 400, post 73 Tilskot til Noregs forskingsråd.

Midlane på posten har òg blitt nytta til nokre representative omfangsundersøkingar av kriminalitet, t.d. vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep, økonomisk kriminalitet og digitale lovbrot. *Nasjonal trygghetsundersøkelse* gir kunnskap om uro og sårbarheit for lovbrot i den vaksne befolkninga. Tryggleiksundersøkinga gir eit heilskapleg bilete av kriminalitetsutfordringane. Politiet skal forvalte midlane frå 2026. Regjeringa foreslår derfor at løyvinga blir redusert med 3,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auka i løyvinga på kap. 440, post 21.

Justis- og beredskapsdepartementet har saman med Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og familiedepartementet tildelt driftstilskot til Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). Sekretariatet for konfliktråda skal forvalte midlane frå 2026. Regjeringa foreslår derfor at løyvinga blir redusert med 3,4 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke i løyvinga på kap. 433, post 70.

Regjeringa foreslår vidare at løyvinga blir auka med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga på kap. 400, post 70. Midlane finansierer evalueringa av regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 14,9 mill. kroner.

Post 70 Overføringar til private

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 800 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 440, (ny) post 21 til evaluering politiets nettpatrulje.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 400, post 23 til evaluering av regjeringas opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar (2024–2028).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 8,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 433, post 01 og post 70, til tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar, inkludert å bidra til erfaringsutveksling og kompetanseheving på området, ivareta det overordna ansvaret for samarbeidsforumet om vald og overgrep i samiske samfunn, og drift av nettportal om vald i nære relasjonar og valdtekt (dinutvei.no).

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar òg, som ikkje blir omtalte nærmare.

Post 71 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Løyvinga skal dekke Noregs tilskot og kontingentar til internasjonale organisasjonar og internasjonalt samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)
- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- Group of States against Corruption (GRECO)
- Tilskot til rådssekretariatet og fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Council of the Baltic Sea States (CBSS)
- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
- Finansielt bidrag til EU-kommisjonen for norsk deltaking i Schengen-komiteane
- European Union Agency for Cybersecurity (ENISA)

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 23,3 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til Noregs forskingsråd, kan overførast

Noregs forskingsråd er eit forvaltningsorgan som er underlagt Kunnskapsdepartementet. Forskingsrådet har fem mål:

- betre vitskapleg kvalitet
- større verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa og har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd

eit system for korleis departementa skal styre Forskingsrådet. Den samla måloppnåinga for Forskingsrådet i 2024 er omtalt i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for langsiktig forsking innanfor justis- og beredskapssektoren. Løyvingane frå departementet til Forskingsrådet over kap. 400, post 73 skal i hovudsak sørge for det breie sektoransvaret for forsking og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Tildelinga i 2024 over kap. 400, post 50 var på 69,1 mill. kroner. Den samla tildelinga til Noregs forskingsråd i 2025 over kap. 400, post 73 var 81,7 mill. kroner.

Det har vore satsa på forsking innanfor området samfunnstryggleik over fleire år. Forskinga som er finansiert gjennom Noregs forskingsråd, bl.a. med tildeling frå Justis- og beredskapsdepartementet, gir kunnskap som gjer det mogleg å identifisere, forstå og handtere risiko og sårbarheit og å gi forskingsbaserte råd til myndigheiter og beredskapsaktørar innanfor det tverrsektorielle samfunnstryggleiksarbeidet.

Saman med Nasjonalt tryggingsorgan fekk Forskingsrådet i 2024 etablert Nasjonalt koordineringssenter for forsking og innovasjon innan cybertryggleik (NCC-NO), som bl.a. jobbar med å utløyse potensialet for auka deltaking frå norske aktørar i europeiske utlysingar.

Dei siste åra har Justis- og beredskapsdepartementet løyvd midlar til å styrke forskinga på vald, overgrep og hatkriminalitet. Frå 2025 har departementet dessutan gitt Forskingsrådet i oppdrag å styrke forskinga på vald i nære relasjonar, som ei oppfølging av *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024–2028): Trygghet for alle*.

Justis- og beredskapsdepartementet har sidan 2022 tildelt Noregs forskingsråd 5,5 mill. kroner til EØS-rettsvitskapleg forsking òg. Midlane er ein del av ei felles satsing med Arbeids- og inkluderingsdepartementet og finansierer eitt senter ved Universitetet i Oslo og eitt ved Universitetet i Bergen.

Justis- og beredskapsdepartementets løyving til forsking på migrasjonsområdet skal bidra til utvikling av kunnskapsgrunnlaget for innvandringspolitikken, med vekt på asyl- og flyktningsystemet.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner i 2026, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 400, post 23. Beløpet dekker den årlege tildelinga til Simula@UiB Simula Research Laboratory for utvikling av nasjonal spisskompetanse innan digital tryggleik og kryptologi.

Det er Justis- og beredskapsdepartementet som har sektoransvaret for ekstremismeforsking. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten i 2026 med 10 mill. kroner til finansiering av senter for forsking på høgreekstremisme og relaterte fagfelt, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 285, post 71. Tildelinga til C-REX utvidast til å gjelde ut 2026.

Løyvinga på kap. 400, post 73 i 2026 skal dekke forventa utbetalingar av tilsegner som Forskingsrådet allereie har inngått tidlegare år, og av nye tilsegner som kjem til utbetaling i budsjettåret. Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 98,6 mill. kroner i 2026.

Posten blir budsjettert med ei tilsegnsfullmakt fordi Forskingsrådet finansierer fleirårige forskingsprosjekt og treng fullmakt frå Stortinget til å kunne forplikte staten utover gjeldande budsjettår. Tilsegnsfullmakta skal vise dei utestående forpliktingane staten har på posten ved utgangen av budsjettåret, det vil seie den delen av gitte tilsegner som enno ikkje er utbetalt. Departementet foreslår ei tilsegnsfullmakt på 314,3 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak.

Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	4 025 510	4 089 465	4 331 253	5,9
	Sum kategori 06.20	4 025 510	4 089 465	4 331 253	5,9

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
61	Høgsterett	141 355	140 344	145 381	3,6
410	Domstolane	3 401 266	3 437 926	3 758 790	9,3
411	Domstoladministrasjonen	89 938	91 842		-100,0
414	Forliksråd og andre domsutgifter	392 951	419 353	427 082	1,8
	Sum kategori 06.20	4 025 510	4 089 465	4 331 253	5,9

Innleiing

Målet for programkategori 06.20 *Rettsvesen* er rettstryggleik.

Programkategori 06.20 omfattar Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

Domstolane er den tredje statsmakta. Rettsstaten føreset tilgang til uavhengige og upartiske domstolar for tvisteløysing og straffesaksbehandling, og stiller òg krav om at rettargangen skal vere rettvis. Openheit og integritet er grunnleggjande for arbeidet.

Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Dette stiller krav til effektivitet og god saksflyt i domstolane. Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for både straffesaker, sivile saker (tvistesaker) og jordskiftesaker blir vedtekne årleg gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S. I tillegg er det enkelte lovbestemte fristar.

Forliksråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker. Jordskifterettane er særdomstolar. Kompetansen til jordskifterettane er i all hovudsak regulert av jordskiftelova.

Straffesaksområdet

Domstolane er det andre leddet i straffesakskjeda og tek imot saker frå påtalemakta. I straffesaker avgjer dei alminnelege domstolane om det er grunnlag for skuldinga til påtalemakta om brot på straffelovgivinga, og dei tek stilling til om det skal dømmast straff. Domstolane har ei sentral rolle for å få til ei meir effektiv straffesakskjede. Det er òg viktig for rettstryggleiken til den enkelte.

Sivile saker

Dei alminnelege domstolane behandlar òg sivile saker, som tvistesaker, gjeldsordningssaker, konkurssaker, skiftesaker m.m. Forliksråda er eit rimeleg tvisteløysingsorgan som meklar mellom partar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forliksrådet. Avgjerder frå forliksråda kan bringast inn for tingretten.

Jordskifterettane er særdomstolar som behandlar spørsmål om fast eigedom. Sakene gjeld krav om fastsetjing av og endring i eigedomsforhold og rettar som gjeld fast eigedom, fastsetjing av grenser og skjønn.

Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarkseigedommen overtok då Finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

Prioriteringar i 2026

Digitale domstolar

I statsbudsjettet for 2026 blir det foreslått å auke løyvinga til domstolane med 10 mill. kroner. Løyvinga er varig og skal gå til ytterlegare digitalisering av domstolane. Domstolane skal utvikle nye tenester og ny teknologi som skal effektivisere arbeidsprosessar og redusere saksbehandlingstida, mellom anna gjennom innføring av bruk av KI i domstolane, noko som på sikt vil gi reduserte kostnader for partar og samarbeidspartar. Nye plattformer og samhandlingstenester skal gi meir openheit og tilgjengeleggjering av data og dessutan betre datakvalitet.

Hurtigspor i straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år

Regjeringa foreslår 44,6 mill. kroner i 2026 til den særskilde innsatsen for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor, irekna om lag 10,4 mill. kroner til domstolane og 6,5 mill. kroner til å konsolidere arbeidet med hurtigspor slik at det blir mest mogleg lik praksis i dei distrikta som er med på ordninga. Domstoladministrasjonen styrer bruken av løyvinga.

Tinghus i Bergen

Fleire av tinghusa er gamle og har behov for rehabilitering eller utskifting. Arbeidet med rehabilitering av Bergen tinghus blir ført videre i 2026. Sjå òg omtale under kap. 410 og i Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Tinghus i Stavanger

I revidert nasjonalbudsjett 2025 vart det vedteke å løyve 2 mill. kroner til vidare arbeid med nytt tinghus i Stavanger, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Samla utgifter til forprosjektet er berekna til om lag 15 mill. kroner fordelt over tre år. Det blir foreslått å løyve 8 mill. kroner til formålet i 2026.

Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og utfører ei rekkje felles administrative oppgåver for dei alminnelege domstolane, jordskifterettane, Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. Domstoladministrasjonen er ansvarleg for tildelinga av budsjettet til domstolane (med unntak av Høgsterett) og for utvikling og drift av felles saksbehandlingssystem og andre IT-funksjonar.

Domstoladministrasjonen har ansvar for å utvikle system for analyse og vurdering av måloppnåinga til domstolane. Den overordna arbeidsgivarfunksjonen ligg òg hos Domstoladministrasjonen.

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane. Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementets forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2026. Etter forslag frå Domstoladministrasjonen er det gjort enkelte endringar i retningslinjene frå og med 2026.

Domstoladministrasjonen skal

- verne om og utvikle sjølvstendet til domstolane
- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane, som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder
- sørge for høg kvalitet og effektiv ressursutnytting, mellom anna gjennom standardisering av arbeidsprosessar og normering av tidsbruk
- leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
- leggje til rette for at domstolane kan oppfylle Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid og tidsfristane i lova

- prioritere sikre og stabile IT-løysingar som støttar opp under digitale arbeidsprosessar og bruk av kunstig intelligens
- fastsetje relevante krav og standardar for informasjonstryggleik og personvern i IT-løysingane til domstolane
- sikre at domstolane er ein attraktiv arbeidsplass som tiltrekkjer seg, utviklar og beheld kompetente medarbeidarar
- arbeide for at oppgåveløysinga i domstolane skjer innanfor forsvarleg trygge rammer
- sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

Styret i Domstoladministrasjonen og justis- og beredskapsministeren har årlege møte. Justis- og beredskapsdepartementet har fleire møte i året med Domstoladministrasjonen på administrativt nivå. Formålet med desse møta er bl.a. å få ei felles forståing av noverande og kommande økonomiske behov i domstolane. I møta blir det òg gjort greie for framdrifta til større investeringsprosjekt. Departementet får òg informasjon om saksavviklinga og saksbehandlingstidene i domstolane. Domstoladministrasjonen står fritt til å ta opp andre tema i møta med departementet.

Domstoladministrasjonens budsjettinnspel

Budsjettprosessen til domstolane er i dag i hovudsak lik prosessen for statlege verksemder, med unntak av at Domstoladministrasjonen allereie har kontakt med Stortinget som ein del av behandlinga av budsjettet. Etter Grunnlova § 75 bokstav d er Stortinget løyvande myndigheit. Samstundes skal «*[d]ei statlege styresmaktene […] sikre ein uavhengig administrasjon av domstolane»,* jf. Grunnlova § 91. I arbeidet med statsbudsjettet får departementet skriftlege innspel frå Domstoladministrasjonen med forslag til nye satsingar i domstolane. Innspela og vurderingane frå Domstoladministrasjonen er viktige for arbeidet til departementet med dei årlege budsjetta.

I NOU 2020: 11 *Den tredje statsmakt – Domstolene i endring* tilrådde Domstolkommisjonen endringar i budsjettprosessen for domstolane, med formål om å *«reflektere domstolenes særlige status i vårt konstitusjonelle system og heve terskelen for at bevilgningsmyndigheten brukes til å undergrave domstolenes uavhengige rolle»*. Som ein del av oppfølginga av tilrådingane til Domstolkommisjonen har regjeringa avgjort at Domstoladministrasjonen sitt innspel til statsbudsjettet for 2026 skal inngå som eit vedlegg til Prop. 1. S (2025–2026) for Justis- og beredskapsdepartementet. Dette vil styrke Stortingets informasjons- og avgjerdsgrunnlag i budsjettbehandlinga, og med det byggje opp under sjølvstendet til domstolane.

Sjølvstende for domstolane

Høgt medvit om sjølvstendet til domstolane er av stor betyding for å ta vare på rettsstaten i ei tid der verdsbiletet er prega av auka internasjonal uvisse og uro. I Noreg har prinsippet om sjølvstendet til domstolane brei forankring i Grunnlova og alminneleg lov. Vernande lovgiving kan likevel i gitte situasjonar bli undergrave. Å leggje budsjettinnspelet til Domstoladministrasjonen som vedlegg til Prop. 1 S vil byggje opp under sjølvstendet til domstolane ved å styrke Stortinget sitt informasjons- og avgjerdsgrunnlag som ein del av behandlinga av statsbudsjettet.

Regelutvikling

Stortinget endra Grunnlova 21. mai 2024 for å styrke det konstitusjonelle vernet av domstolar og dommarar og sjølvstendet deira. Grunnlovsendringane bygde på forslag frå Domstolkommisjonen.i NOU 2020: 11. Utgreiinga inneheld også tilrådingar om ytterlegare endringar i regelverket som skal styrkje domstolane si uavhengigheit, som delvis er følgde opp og delvis er til oppfølging i departementet.

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet. Dei siste åra har det blitt gjort mange lovendringar for å bidra til raskare og meir konsentrert behandling av saker i domstolane. Det krevst ei kulturendring både i domstolane og hos aktørane for å få den fulle effekten av lovendringane. (Regelutviklinga er omtalt under del 1 òg.)

Justis- og beredskapsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i tvistelova og straffeprosesslova, jf. Prop. 110 L (2023–2024). Forslaga går ut på å syte for at ei sperra adresse ikkje blir avslørt som følgje av plikta etter tvistelova til å oppgi namn og andre personalia ved innleiinga til parts- og vitneavhøyr i sivile saker, og å innføre eit unntak frå fristen på ti år for å krevje gjenopning for sivile krav som er fremma i samband med ei straffesak.

Då juryordninga vart avvikla ved lov 16. juni 2017 nr. 58 *om endringer i straffeprosessloven mv. (oppheving av juryordningen),* vart det innført nye reglar for dommarsamansetjinga i lagmannsretten i straffesaker. I Prop. 70 L (2016–2017), punkt 3.6.2 uttalte departementet at ein ville vere lydhøyr for tilbakemeldingar om dei praktiske

verknadene av ordninga. Dette vart følgt opp av justiskomiteen, som understreka at det er viktig å følgje situasjonen nøye for å sikre at utilsikta konsekvensar av endringane ikkje får feste seg, jf. Innst. 310 L (2016–2017), punkt 2. I tråd med føresetnadene frå justiskomiteen har Justis- og beredskapsdepartementet henta inn ei evaluering frå KPMG om den gjeldande ordninga for dommarsamansetjing i lagmannsretten, og vil no vurdere vidare oppfølging av dette.

Kap. 61 Høgsterett

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 410, post 01*	141 355	140 344	145 381
	Sum kap. 61	141 355	140 344	145 381

Hovudoppgåva til Høgsterett er å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høgsterett behandlar ankar over avgjerder som er tekne av lågare domstolar i både sivile saker og straffesaker, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker. I 2023 tok Høgsterett imot om lag 2 078 ankesaker til saman. I 2023 vart 9,3 pst. av ankane over dom i sivile saker og 8,4 pst. av ankane over dom i straffesaker fremma til behandling. Høgsterett behandla 51 sivile saker og 32 straffesaker etter munnleg behandling i avdeling.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 410, post 01

Løyvinga dekker faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Det var 22 dommarar og om lag 50 andre tilsette ved Høgsterett per 31. desember 2024.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 61, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på 145,4 mill. kroner på posten.

Kap. 410 Domstolane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 61, post 01*	3 294 584	3 325 986	3 640 453
21	Særskilde driftsutgifter	104 896	109 438	115 835
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstolar, *kan overførast*	1 786	2 502	2 502
	Sum kap. 410	3 401 266	3 437 926	3 758 790

Domstolane er uavhengige. Korkje Stortinget, regjeringa eller andre myndigheiter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmande verksemda. Kompetansen til domstolane omfattar bl.a. å utøve kontroll med den lovgivande og den utøvande makta. Domstolane skal sikre at individ får rettane sine etter Grunnlova, lover og internasjonale konvensjonar som staten er bunden av. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Mål for saksbehandlingstid

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane, dvs. i tingrettane og lagmannsrettane, gjeld for både straffesaker og sivile saker (tvistesaker) og blir vedtekne årleg gjen-

Boks 2.1 Sakstypar der Stortinget har sett mål for domstolane

Tingrettane

Sivile saker:

Tvistesaker: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova

Straffesaker:

Meddomsrettssaker: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med éin fagdommar og to meddommarar.

Einedommarsaker: straffesaker der avgjerdene (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) blir tekne av éin dommar

Lagmannsrettane

Sivile saker:

- Anke over dom i tvistesak: ein sivil dom som blir anka

Straffesaker:

- Meddomsrettssaker – bevisanke: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Meddomsrettssaker – avgrensa anke: straffesaker ved anke over straffeutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Fagdommarsaker: straffesaker ved anke over straffeutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.

Jordskifterettane

Rettsfastsetjande saker:

- Klarlegging av omtvista eigedoms- og bruksrettsforhold: grensefastsetjing og rettsutgreiing

Rettsendrande saker:

- Omforming av eigedoms- og bruksrettsforhold til meir tenlege eigedommar

nom Stortingets behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld for domstolane samla og for kvar enkelt domstol. Domstolane må dessutan oppfylle enkelte lovbestemte fristar.

Boks 2.1 viser kva sakstypar Stortinget har sett mål for saksbehandlingstida for.

Riksrevisjonen har undersøkt saksbehandlingstid og effektivitet i tingrettane og lagmannsrettane, jf. Dokument 3:3 (2019–2020). Riksrevisjonen peika på fleire kritikkverdige forhold, bl.a. at det er svært alvorleg at ikkje fleire domstolar når måla Stortinget har sett for saksbehandlingstid i straffesaker. Departementet og Domstoladministrasjonen har iverksett ei rekkje tiltak for å auke effektiviteten og betre måloppnåinga. Riksrevisjonen peikar i oppfølginga si på at saksbehandlingstida er redusert i mange sakstypar, men at det framleis er tingrettar og lagmannsrettar som ikkje oppfyller Stortingets krav til saksbehandlingstid, jf. Dokument 3:1 (2023–2024). I dokument 3:1 (2024–2025) konkluderer Riksrevisjonen med at dei vil følgje opp saka på nytt i 2025 eller seinare.

Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane behandla 60 847 einedommarsaker i 2024. Dei fleste sakene er avgjerder som er tekne under etterforskinga, medan ein mindre del er varetektsfengslingar, førarkortbeslag og tilståingssaker. Alle tingrettane nådde måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for einedommarsaker i 2024. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 0,3 md.

I 2024 kom det inn om lag 13 500 meddommarsaker til tingrettane. Tingrettane behandla om lag 13 700 saker. Ved utgangen av 2024 var det registrert om lag 3 400 restansar, ein reduksjon på 6 pst. frå året før. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på nasjonalt nivå var på 3 md. i 2024, ein auke frå 2,7 md. i 2023. Åtte av totalt 23 tingrettar hadde ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på meir enn 3 md. i 2024, mot seks tingrettar i 2023.

Straffesaker som kjem til lagmannsrettane, blir først vurderte i ankeutvala. Kvar lagmannsrett har eit eige ankeutval. Ikkje alle ankar blir viste til

ordinær ankebehandling. Viss anken ikkje blir vist til ordinær ankebehandling, vil tingrettsavgjerda vere den endelege avgjerda i saka.

I 2024 fekk lagmannsrettane inn nær 2 500 straffeankar til ankeprøving, og 40 pst. av dei vart viste til behandling. Den tilsvarande delen i 2023 var 38 pst. I 2024 behandla lagmannsrettane litt fleire saker enn dei som kom inn, og restansane minka dermed litt.

Tabell 2.1 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane

Sakstype	Mål i månader	
	Tingrettane	Lagmanns-rettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	5
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for straffesaker har sidan 1990 vore på 3 md. eller mindre. I dei 35 åra målet har stått uendra, har lagmannsrettane aldri nådd det. I fem av seks lagmannsrettar var saksbehandlingstida lengre i 2024. Berre Frostating lagmannsrett var innanfor målsetjingane på alle sakstypane. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for straffesaker som vart realitetsbehandla i lagmannsrettane i 2024, auka i alle sakstyper.

Domstoladministrasjonen ønskjer at målet for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for lagmannsrettane blir auka frå 3 til 5 md. Det er ein del forhold som tilseier at sakene i snitt tek lengre tid i lagmannsretten enn i tingretten. Til dømes er sakene i lagmannsretten gjenstand for ankesiling, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid blir målt frå saka kjem inn, ikkje frå ho er vist til full ny munnleg behandling. I tillegg er det ofte dei meir kompliserte sakene som blir viste til munnleg behandling. Det er viktig at domstolane har noko å strekkje seg mot, men måla må samstundes vere realistiske. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å endre målet for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker i lagmannsrettane frå 3 md. til 5 md. Endringa er ikkje meint for å senke ambisjonsnivået for den totale saksbehandlingstida. Departementet understrekar òg at tida som går med til ankeforhandling, ikkje bør vere lengre enn tida som går med til hovudforhandling i tingretten.

Tabell 2.2 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker (i månader)

		2020	2021	2022	2023	2024
Tingrettar	Strafferamme 6 år eller meir	4,4	4,1	4,1	4,1	4,3
	Strafferamme under 6 år	3,1	2,7	2,6	2,6	2,9
Lagmannsrettar	Fagdommarsaker	5,3	4,5	4,4	4,2	4,3
	Avgrensa ankar	5,4	5,9	4,6	4,1	4,3
	Bevisankar, strafferamme under 6 år	7,7	6,4	5,8	5,5	6,1
	Bevisankar, strafferamme 6 år eller meir	7,6	7,3	6,2	5,8	6,5

Kjelde: Lovisa

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straffesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet eller er varetektsfengsla når det blir fastsett tid og stad for behandling av saka, gjeld særskilde fristar for når hovudforhandlinga skal starte opp. Fristane er ikkje absolutte. I mange tilfelle kan det vere relevante årsaker til at fristane blir overskridne. I tingrettane vart tids-

punktet for hovudforhandlinga fastsett etter fristen i 12 pst. av straffesakene i 2024. Tingrettane sette i gang hovudforhandlinga etter fristen i 50 pst. av sakene der den sikta var i varetekt eller var under 18 år. I lagmannsrettane vart tidspunktet for ankeforhandlinga fastsett etter fristen i nesten 35 pst. av straffeankane. I saker der den sikta var i varetekt, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 72 pst. av sakene i 2024. I saker der den sikta var under 18 år, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 53 pst. av sakene.

Tvistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

I 2024 kom det inn rundt 12 700 tvistesaker til tingrettane, litt fleire saker enn året før. Talet på avslutta saker var omtrent på nivå med talet på saker som kom inn. Ved utgangen av 2024 var det nesten 6 500 tvistesaker i restanse i tingrettane. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for tvistesaker var samla sett på 5,3 md. i 2024, likt som i 2023. Fem tingrettar nådde ikkje målet til Stortinget om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på under 6 md. I 2024 kom det inn om lag 1 700 sivile ankar over dom til lagmannsrettane. Lagmannsrettane behandla om lag like mange saker. Talet på restansar auka frå 658 i 2023 til 690 i 2024. Samla for alle lagmannsrettane var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2024 på 4,6 md. Alle lagmannsrettane nådde Stortingets mål for saksbehandlingstid i sivile ankesaker.

Tabell 2.3 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker (i månader)

		2020	2021	2022	2023	2024
Tingrettar	Alle tvistesaker	5,6	5,6	5,6	5,3	5,3
	Alminnelege tvistesaker	6,2	6,0	5,7	5,6	5,8
	Arbeidsrett	4,5	4,5	4,7	4,1	4,2
	Overprøving ved tvangsvedtak	4,2	3,9	3,5	3,5	3,3
	Saker etter barnelova	8,5	8,7	8,9	8,2	8,3
Lagmannsrettar	Alle ankar over dom i sivil sak	6,8	6,8	5,6	4,6	4,6
	Anke over dom	7,8	7,8	6,4	5,3	5,4
	Ankesaker småkrav	3,0	2,7	2,3	2,2	2,0
	Saker etter barnevernlova	4,1	3,7	3,0	2,3	1,8

Kjelde: Lovisa

Som tabellen ovanfor viser, er det relativt store og vedvarande skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom ulike typar tvistesaker. Saksbehandlingstida i tingrettane for barnelovsaker er særleg lang. Det er fordi partane kan inngå ein mellombels avtale om samvær med barnet eller barna. Saksbehandlingstida i barnelovsaker er derfor ikkje nødvendigvis eit godt mål på kor lang tid domstolane bruker på å behandle saka. Viss ein ser bort frå saker etter barnelova, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i tvistesaker i tingrettane i 2024 om lag 4,5 md.

Både talet på rettsmeklingsmøte og talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling, har auka dei siste sju åra. I tingrettane vart det halde rettsmeklingsmøte i 2 186 tvistesaker i 2024. Av dei mekla sakene enda 1 639 med forlik etter rettsmekling. I lagmannsrettane vart 191 saker rettsmekla. Det vart inngått rettsforlik etter rettsmekling i 125 av dei mekla sakene.

Saksavvikling og saksbehandlingstid i jordskifterettane

I 2024 fekk jordskifterettane inn om lag 1 300 saker, ein auke frå 1 159 saker året før. Jordskifterettane avslutta om lag 1 275 saker, på nivå med 2023. Talet på restansar var om lag det same som i 2023.

Tabell 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane (i månader)

		2023	2024	2024
		Alle saker	Alle saker	Stortingets mål[1]
Rettsfastsetjande saker	Domstol med kortast saksbehandlingstid	7,0	6,9	6,9
	Domstol med lengst saksbehandlingstid	37,8	28,1	27,8
	Gjennomsnitt alle domstolar	15,5	14,2	13,1
Rettsendrande saker	Domstol med kortast saksbehandlingstid	13,9	8,6	8,6
	Domstol med lengst saksbehandlingstid	60,4	37,3	37,3
	Gjennomsnitt alle domstolar	21,5	18,0	18,0

[1] Frå og med 2024 har Stortinget fastsett eit mål om gjennomsnittleg saksbehandlingstid for rettsfastsetjande saker og rettsendrande saker. Ved berekning av saksbehandlingstid etter måla skal saker innehaldande to særskilte kravtyper unntas (dette gjeld grensefastsetting offentleg regulering av eierrådighet og grensefastsetting etter Finnmarkslova).

Kjelde: Lovisa

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avslutta saker var samla sett 15,4 md. i 2024. For rettsfastsetjande saker var saksbehandlingstida 14,2 md., medan ho var 18 md. for rettsendrande saker. Det er store skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettane. Den lange saksbehandlingstida kan gjere jordskifterettane mindre relevante og attraktive som problemløysarar. Stortinget har fastsett eit mål om gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 9 md. for rettsfastsetjande saker og 15 md. for rettsendrande saker frå og med 2024.

Tabell 2.5 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane

Sakstype	Mål i månader Jordskifterettane
Rettsfastsetjande saker	9
Rettsendrande saker	15

Digitalisering av domstolane

Domstolane i Noreg skal vere eit relevant og føretrekt tvisteløysingsorgan som alle skal ha tilgang til, uavhengig av bakgrunn, økonomi og bustad. I dag er det å bringe saker inn for retten forbunde med økonomisk risiko for privatpersonar og føretak, noko som avgrensar den reelle moglegheita for lik tilgang til domstolsbehandling. Domstolane står òg overfor nye, hyppigare og meir alvorlege tryggleiksutfordringar. For å leggje til rette for forsvarleg, sikker og stabil drift vart løyvinga auka med 50 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. vedtaket som vart fatta av Stortinget ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024). Løyvinga vart gjort varig frå og med 2025. Midlane er i 2024 og 2025 nytta til mellom anna nødvendig oppgradering av infrastruktur og etablering av ny driftsplattform. I 2025 er det vidare nytta midlar til å etablere egen kompetanse og kapasitet framfor å fortsette å nytte konsulentar i sentrale nøkkelroller.

Det har dei siste åra blitt satt i gang fleire digitaliseringsprosjekt i domstolane. Prosjektet Digitale domstolar vart sett i gang i 2017 og strekte seg til 2022. Prosjektet gjorde det mogleg å halde papirlause rettsmøte og la til rette for digital samhandling mellom domstolane og advokatar. Totalt er det no mogleg å nytte videokonferanse i ca. 85 pst. av alle rettssalar, og knapt halvparten av alle rettssalane er rekna som heildigitale.

Digitale domstolar II var ei utviding av det opphavlege prosjektet, avgrensa til identitets- og tilgangsstyring, IT-sikkerheitsarkitektur og informasjonsforvaltning. Arbeidet omfatta alle domstolar og rettsstader, inklusiv jordskifterettane. Prosjektet strekte seg over fire år (2021–2024).

Det er nødvendig å sørge for vidare digitalisering og modernisering av teknologi og infrastruktur i domstolane. Viss domstolane ikkje held tritt med den teknologiske utviklinga i samfunnet, vil arbeidsprosessane i domstolane bli stadig mindre

effektive. Det er òg ei forventning frå publikum at den offentlege forvaltninga leverer god digital sjølvbetening. Auka bruk av digitale verktøy gjer at kravet til effektivitet aukar. Vidare vil ambisjonar og krav om deling av data krevje at domstolane i framtida kan tilby opne og tilgjengelege data om domstolane og avgjerdene deira på ein tilfredsstillande måte. Effektiviserte prosessar og nye tenester vil òg redusere kostnadene knytte til behandling av saker i domstolane, noko som vil gjere domstolane meir tilgjengelege. I statsbudsjettet for 2026 blir det derfor foreslått å auke løyvinga til domstolane med 10 mill. kroner til digitalisering i domstolane for å utvikle nye tenester og ny teknologi som skal effektivisere arbeidsprosessar og redusere saksbehandlingstida, noko som vil gi reduserte kostnader for partar og samarbeidspartar. Nye plattformer og samhandlingstenester gir meir openheit og tilgjengeleggjering av data og dessutan betre datakvalitet. Videre digitalisering skal òg leggje til rette for bruk av KI i domstolane og andre framtidige tenester. Samla vil dette auke tilliten til domstolane, gjere dei meir relevante og styrke rettstryggleiken.

Prosjektet *Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS)* er ei av satsingane for å effektivisere straffesakskjeda, der ein vidareutviklar automatiseringa og digitaliseringa av den elektroniske informasjonsutvekslinga mellom aktørane i straffesakskjeda. Prosjektet ble igangsatt i 2022 og ferdigstilt i 2025. Det er gjennomført i tett samarbeid mellom Domstoladministrasjonen, Kriminalomsorgsdirektoratet, Politidirektoratet og Den høgare påtalemakta. Fleire verksemder er òg kopla på ei felles teknisk plattform som er utvikla, Justishub. Som følgje av mellom anna noko seinare leveransar og høgare kostnader knytt til leveransane enn planlagt, ble omfanget av prosjektet og antal leveranser redusert, jf. omtale i Prop. 1 S (2024–2025). Prosjektet vil bidra til ei sikrare og meir effektiv straffesakskjede og auka rettstryggleik.

Domstoladministrasjonen hadde frå 2016 eit prøveprosjekt med lyd- og biletopptak av rettsforhandlingar i utvalde domstolar. Departementet fekk ein sluttrapport frå prosjektet i 2023. Prosjektet har gitt verdifull erfaring om korleis det tekniske utstyret fungerer i praksis, og kva regelverksendringar som må bli gjennomførte for at gevinstane ved å gjere opptak av rettsforhandlingar skal bli så store som mogleg.

I 2024 vart det sett i gang eit nytt prosjekt, som byggjer vidare på tidlegare utprøving av opptak frå rettsmøte. Målet med prosjektet er å finne fram til den best eigna tekniske løysinga for opptak, i tillegg til å vurdere strøyming, lagring, deling og gjenbruk av opptaka. Domstoladministrasjonen leverte i august 2024 forslag til nødvendige regelendringar, som er til oppfølging i departementet. Som ein del av rettstryggleiksløftet vart det i revidert nasjonalbudsjett for 2024 løyvd 6,5 mill. kroner til utstyr til lyd og bilete i domstolane, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024). Løyvinga vart vidareført og gjort varig frå og med 2025. Målet er at den tekniske løysinga gradvis skal rullast ut i domstolane, og at tingrettane skal vere i stand til å gjere opptak av rettsforhandlingar i minimum éin rettssal per rettsstad. Løyvinga skal nyttast til å kjøpe inn og utplassere utstyr i alle domstolar. Deretter skal midlane nyttast til å gjennomføre nødvendig drift, forvaltning og utskifting av dette utstyret etter kvart som det når si tekniske levetid. Regjeringa har i perioden frå 2022 til og med 2025 prioritert lyd- og bildeopptak i domstolane, og det er til saman løyva 38 mill. kroner til formålet i perioden.

Tiltaket vil bidra til å auke rettstryggleiken ved at det blir enklare å ettergå forklaringar som er gitt i tingretten. Det vil òg effektivisere saksbehandlinga i andre rettsinstans ved gjenbruk av opptaka og vitneforklaringar òg gjenbrukas slik at sårbare vitne kan skjermast ved ankesaker.

Prosjektet *Oppgjer etter dødsfall* er eitt av fleire tiltak i livshendinga *Dødsfall og arv*, som er ei av sju livshendingar i digitaliseringsstrategien for offentleg sektor 2019–2025. Prosjektet er eit tverrsektorielt prosjekt som er forankra i Digitaliseringsdirektoratet, og som skal resultere i samanhengande tenester for brukarane. For domstolane betyr arbeidet at store delar av skifteprosessen på sikt blir digitalisert. Ein første versjon av Altinn dødsbu blei lansert i juni 2025 og teken i bruk av to tingrettar før sommaren. Bruken planleggast utvida til å kunne nyttast i samhandlinga med alle domstolane i løpet av året. Samstundes med utviklinga av Altinn dødsbu og integrasjonen med Lovisa-plattforma blir saksbehandlingsløysinga til domstolane utvikla og modernisert for å nytte og forbetre dei interne prosessane som følgje av den nye løysinga. Altinn dødsbu og domstolane si eiga systemstøtte vil bli vidareutvikla noko i 2025 og 2026 for å auke bruken og verdien av løysinga. Digdir jobbar og saman med Bits for å auke talet på bank- og finansinstitusjonar som deler og nyttar data frå løysinga.

Domstollokale

Domstoladministrasjonen forvaltar om lag 100 leigeobjekt med i overkant av 400 rettssalar. Fleire

domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette og med det saksavviklinga i domstolane. Regjeringa meiner at det er viktig å ha tilgjengelege og funksjonelle rettslokale der folk bur. I dei neste åra er det behov for å inngå fleire nye avtalar for at rettslokala framleis skal kunne vere der dei er i dag. I perioden 2023 til 2025 flytta domstolane inn i nye lokale i Egersund, Drammen, Bodø, Halden, Mysen, Volda, Brønnøysund, Finnsnes, Tønsberg og Sandvika.

Rehabilitering av Bergen tinghus

Stortinget vedtok startløyving og kostnadsrammer i 2024 til rehabilitering av Bergen tinghus. Det er inngått avtale om leige av tilleggslokale i nabobygget og om leige av mellombelse lokale som tingretten flytta inn i våren 2024. Arbeidet med rehabilitering vidareførast i 2026. Tinghuset skal etter planen vere klart til innflytting i 2027. Det blir foreslått å løyve 118,6 mill. kroner samla til brukarutstyr og mellombelse lokale i 2026 under kap. 410, post 01.

Forprosjekt Stavanger tinghus

Stavanger tinghus er frå 1952 og er ikkje tilrettelagt for moderne drift av domstolane og tilfredsstiller ikkje i dag krav til tryggleik og funksjonalitet. Eit arbeid med planlegging av nytt tinghus i Stavanger er no i avklaringsfasen, som er venta ferdigstilt hausten 2025. Stortinget vedtok i samband med revidert nasjonalbudsjett 2025 å løyve 2,0 mill. kroner til vidare arbeid med nytt tinghus i Stavanger, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Det blir foreslått å løyve 8,0 mill. kroner til å vidareføre forprosjekt i 2026. Samla utgifter til forprosjektet vil være om lag 15 mill. kroner fordelt over tre år. Eit eventuelt nytt tinghus vil huse Sør-Rogaland tingrett, rettstad Stavanger, Gulating lagmannsrett og Sør-Rogaland jordskifterett.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 61, post 01

Domstoladministrasjonen har det administrative ansvaret for dei alminnelege domstolane (ikkje forliksråda), jordskiftedomstolane, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Løyvinga på posten dekker alle dei ordinære driftsutgiftene i domstolane (ikkje forliksråda), medrekna faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane. Løyvinga dekker vidare alle dei ordinære driftsutgiftene og investeringane knytte til dei enkelte domstolane og utgifter til Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. Løyvinga dekker alle dei ordinære driftsutgiftene ved Domstoladministrasjonen og til Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Per 31. desember 2024 utgjorde bemanninga ved tingrettane 528 dømmande årsverk og 643 andre årsverk. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 178 dommarårsverk og 124 andre årsverk. Bemanninga ved jordskifterettane utgjorde 98 dommarårsverk og 142 andre årsverk. Bemanninga i Domstoladministrasjonen utgjorde 168 årsverk.

Kap. 410 *Domstolane* vart i statsbudsjettet for 2023 delt i to kapittel, kap. 410 *Domstolane* og kap. 411 *Domstoladministrasjonen.* For styrkt administrativt sjølvstende for domstolane foreslår regjeringa å innlemme kap. 411 *Domstoladministrasjonen* i kap. 410 *Domstolane* frå og med statsbudsjettet for 2026. Løyvinga er auka med 91,8 mill. kroner som følgje av forslaget.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner til digitalisering i domstolane.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,4 mill. kroner til hurtigspor for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år i Vest og Sør-Vest politidistrikt. Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner til å konsolidere arbeidet for å få meir lik praksis i dei distrikta som er med på ordninga. Domstoladministrasjonen styrer bruken av løyvinga. Sjå òg omtale under programkategori 06.30.

Det blir foreslått å løyve 8 mill. kroner til forprosjekt til nytt tinghus i Stavanger.

Domstoladministrasjonen har inngått avtale med Utanriksdepartementet om rettsutvikling på Vest-Balkan. Utgiftene til dette blir belasta kap. 410, post 01. Det er samsvar mellom inntekter og utgifter. Det er derfor foreslått å auke løyvinga med 11,5 mill. kroner på kap. 410, post 01 mot tilsvarande auke på kap. 3410, post 03. Sjå òg omtale under kap. 3410, post 03.

Det blir foreslått å løyve 118,6 mill. kroner til brukarutstyr og mellombelse lokale knytt til rehabilitering av Bergen tinghus i 2026.

Det blir foreslått å redusere løyvinga til Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) med 14,2 mill. kroner, jf. at prosjektet er ferdigstilt i 2025.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 under kap. 410, post 01 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å skaffe brukarutstyr til rehabiliteringa av Bergen tinghus. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma for brukarutstyr på 201,8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 3 640 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. kap. 3410, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentleg bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølve dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 115,8 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstolar, kan overførast

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal førast i eigne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Rettsgebyr	207 358	217 170	211 000
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolane	23 748	22 903	24 000
03	Diverse refusjonar	11 600	1 907	13 813
04	Vernesaker jordskiftedomstolane	1 520	2 502	2 502
	Sum kap. 3410	244 226	244 482	251 315

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentleg verksemd. Gebyret som blir betalt, er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Det blir foreslått å auke rettsgebyret frå 1 314 kroner til 1 345 kroner med verknad frå 1. januar 2026.

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 211 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolane

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 24 mill. kroner.

Post 03 Diverse refusjonar

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, bl.a. refusjonar etter avrekning av energiutgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 03, jf. forslag til vedtak.

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved Domstoladministrasjonen, bl.a. kantineinntekter til Domstoladministrasjonen m.m. På posten blir det òg ført inntekter frå oppdrag Domstoladministrasjonen ev. utfører for andre.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11,5 mill. kroner som følgje av auka internasjonal aktivitet, jf. tilsvarande auke over kap. 410, post 01. Sjå òg omtale under kap. 410, post 01.

Regjeringa foreslår å innlemme kap. 3411 Domstoladministrasjonen, post 03 i denne posten, jf. tilsvarande innlemming av kap. 411 *Domstoladministrasjonen* i kap. 410 *Domstolane*. Det blir foreslått å auke løyvinga med 337 000 kroner som følgje av dette.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 13,8 mill. kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolane

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarande utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

Kap. 411 Domstoladministrasjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01*	89 938	91 842	
	Sum kap. 411	89 938	91 842	

Regjeringa foreslår å innlemme kap. 411 *Domstoladministrasjonen* i kap. 410 *Domstolane*. Det blir derfor ikkje foreslått løyving på kapittelet i 2026. Sjå omtale under kap. 410.

Kap. 3411 Domstoladministrasjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
03	Diverse refusjonar	487	325	
	Sum kap. 3411	487	325	

Regjeringa foreslår å innlemme kap. 3411 *Domstoladministrasjonen*, post 03 i kap. 3410 *Domstolane*. Det blir derfor ikkje foreslått løyving på kapittelet i 2026. Sjå omtale under kap. 3410.

Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	353 418	372 032	384 219
21	Særskilde driftsutgifter	39 533	47 321	42 863
	Sum kap. 414	392 951	419 353	427 082

Forliksrådet er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker og er ein meklingsinstitusjon med avgrensa makt til å fastsetje dom. Hovudoppgåva til forliksrådet er å leggje til rette for at partane ved mekling eller dom får løyst saka enkelt, hurtig og rimeleg. Alle kommunar har forliksråd. Forliksrådet består av tre lekfolk og like mange varamedlemmer, som blir valde blant innbyggjarane i kommunen for fire år om gongen.

Forliksråda tok imot om lag 35 400 saker i 2024 og behandla om lag 37 800 saker. Talet på mottekne saker var nærmare 18 pst. lågare enn i 2023, medan talet på behandla saker gjekk ned med 17 pst. Årsaka til at talet på behandla saker går ned, er samansett. Blant anna har digitaliseringa ført til meir kontakt med partane. Forliksråda får fleire tilsvar, som igjen bidrar til færre fråværsdommar. Det er ei positiv og ønskt utvikling, men møter med partane krev også meir arbeid enn ein fråværsdom. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for forliksklagar i 2024 var 98 dagar. Til samanlikning var saksbehandlingstida 95 dagar i 2023. Saksbehandlingstida har altså auka litt på nasjonalt nivå, på grunn av restansar i flyklagesaker. Dei fleste forliksråda held seg rundt eller under målet på 90 dagars saksbehandlingstid.

Taket på erstatning for tapt arbeidsinntekt for forliksrådsmedlemmer er 827 kroner per dag frå og med 2026.

Det blir foreslått å auke salærsatsen med 60 kroner frå og med 1. januar 2026, til 1 375 kroner.

Stortinget har vedteke å be regjeringa greie ut forliksrådsordninga med sikte på å styrke og forbetre ho (oppmodingsvedtak nr. 445, 5. januar 2023). Politihøgskolen leverte ein rapport om forliksrådsordninga til departementet i januar 2025. Rapporten er til oppfølging i departementet.

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) fekk i november 2023 i oppdrag å utarbeide eit nytt system for opplæring av forliksrådsmedlemmer frå og med 2024, og skal i tillegg vurdere om ein bør tilby digitale e-læringskurs. SRF har prioritert arbeidet med grunnopplæring for nye forliksrådsmedlemmer, slik at dei fekk tilgang til opplæringsmateriale før dei tiltredde 1. januar 2025. SRF arbeider vidare med utvikling av opplæringssystem for forliksrådsmedlemmer i 2025.

Som ein kan sjå av figuren nedanfor, har det dei seinaste åra vore ein nedgang i talet på mottekne forliksklagar, noko som antakeleg kjem av åtgangen til å fremme uimotsagde fakturakrav direkte for namsmannen. I 2024 vart det avslutta ca. 2 400 fleire forlikssaker enn det kom inn, slik at restansane vart reduserte. Sjå òg omtale under programkategori 06.40.



Figur 2.1 Saksavvikling i forliksråda 2019–2024

Kjelde: Politidirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

For 2026 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsats.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 384,2 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyregodtgjersle til medlemmer av forliksråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 42,86 mill. kroner.

Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	6 366 154	6 701 216	7 200 551	7,5
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	81 096	111 952	61 684	-44,9
50–89	Overføringar til andre	192 085	254 475	312 078	22,6
	Sum kategori 06.30	6 639 335	7 067 643	7 574 313	7,2

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
430	Kriminalomsorga	6 024 503	6 414 799	6 933 815	8,1
431	Kriminalomsorgsdirektoratet	164 976	176 520		-100,0
432	Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga	251 106	252 138	335 145	32,9
433	Konfliktrådet	198 750	224 186	305 353	36,2
	Sum kategori 06.30	6 639 335	7 067 643	7 574 313	7,2

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til kriminalomsorga, konfliktrådet og Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga KRUS. Det er særleg måla om låg kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien.

Prioriteringar i 2026

I 2025 la regjeringa fram ei stortingsmelding om straffegjennomføring, Meld. St. 31 (2024–2025) *Straff som virker – straffegjennomføring for et tryggere Norge.* Meldinga tek for seg dei sentrale utfordringane ved dagens straffegjennomføring og foreslår fleire tiltak for å møte desse. Kriminalomsorga har bl.a. over tid hatt bemanningsutfordringar, særleg i fengsla. God bemanning og høg kompetanse er avgjerande for ei forsvarleg og trygg straffegjennomføring, og for at kriminalomsorga skal kunne førebyggje vidare kriminalitet.

Styrkt bemanning og kompetanse i kriminalomsorga

Regjeringa har styrkt budsjetta til kriminalomsorga kvart år for å møte bemanningsutfordringa og den krevjande økonomiske situasjonen som har vore i etaten. Regjeringa held fram innsatsen for å styrke kriminalomsorga i 2026 og foreslår å auke løyvinga med 179 mill. kroner. Satsinga vil gi kriminalomsorga eit nødvendig løft og legg til rette for ein betydeleg opptrappingsplan for auka

bemanning, bl.a. gjennom å utdanne fleire folk som kan arbeide i kriminalomsorga. Dette er ein føresetnad for styrkt grunnbemanning på sikt. Auka opptak ved KRUS inkluderer eit desentralisert studietilbod som inneber deltids tilsetjing ved eit fengsel. Midlar skal også nyttast til auka rekruttering til kriminalomsorga på kort sikt.

For å betre bemanningssituasjonen må vi også gjere dei tilsette rusta til å stå godt i arbeidet over tid. Arbeidet i kriminalomsorga er blitt meir utfordrande med høgare krav til dei tilsette, bl.a. fordi delen innsette med psykiske lidingar har auka. Utviklinga krev styrkt kompetanse. Dagens utdanning skal derfor vidareutviklast og utvidast med eit år, til ei ordinær bachelorutdanning.

Ei styrkt bemanning i kriminalomsorga vil og bidra til å sikre innsette eit meir forsvarleg minimum av tid utanfor fengselscella og menneskeleg kontakt, i tråd med eit nytt lovforslag, jf. Prop. 165 L (2024–2025) *Endringer i straffegjennomføringsloven mv. (isolasjon i fengsel)*. Lovforslaget er eit viktig grep for å redusere isolasjon i fengsla og for å minske risikoen for brot på menneskerettane.

Arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet

Det har over tid vore ei viss auke i registrert kriminalitet gjort av barn og unge, særleg i gruppa under 15 år. Det er ei lita gruppe som gjer seg skuldig i gjenteken og alvorleg kriminalitet, og som står for mykje av auken for aldersgruppa. Dei siste to åra har det òg vore ein markant auke i talet på innsetjingar av mindreårige i fengsel. Regjeringa foreslår å løyve 21 mill. kroner til å auke kapasiteten ved Ungdomseining aust på Eidsvoll, irekna om lag 18 mill. kroner under kriminalomsorga. I 2025 vart det løyvd 438 mill. kroner til arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet. Innsatsen blir vidareført i 2026, og tiltaka er målretta mot område og miljø i Noreg med kriminalitetsutfordringar over tid. Sjå òg omtale under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet. Lang ventetid frå lovbrot til reaksjon kan vere ei stor belastning for både ungdommen, dei fornærma og dei pårørande. Regjeringa foreslår å løyve 44,6 mill. kroner i 2026 til særskild innsats for raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo, Vest og Sør-Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor, irekna om lag 13,6 mill. kroner under konfliktrådet og kriminalomsorga.

Kap. 430 Kriminalomsorga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	5 648 031	5 966 864	6 524 721
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01*	141 052	125 215	130 500
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	81 096	111 952	61 684
60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m., *kan overførast*	110 939	166 000	172 142
70	Tilskot	43 385	44 768	44 768
	Sum kap. 430	6 024 503	6 414 799	6 933 815

Kriminalomsorga skal sørge for at dei som domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetektsplassar til disposisjon for politiet. Straffegjennomføringa skal skje på ein måte som er tryggjande for samfunnet, og skal motverke nye straffbare handlingar. Dette krev både rett kapasitet og eit godt innhaldsarbeid.

Kriminalomsorga sørger for gjennomføring av straff i og utanfor fengsel. Straff utanfor fengsel blir gjennomført av friomsorgskontora, og gjeld straffegjennomføring med elektronisk kontroll, samfunnsstraff, bøteteneste, vilkårsdom med program mot ruspåverka køyring og narkotikaprogram med domstolskontroll (ND). Straffegjen-

nomføring i institusjon eller på sjukehus (straffegjennomføringslova §§ 12 og 13) er aktuelt i dei tilfella der domfelte til fengsel har behov for heildøgnsopphald utanfor fengsel.

Mengda med saker som kjem til kriminalomsorga, avheng av omfanget av kriminalitet i Noreg, politiske avgjerder som kan endre rammene for straff, aktivitetane og prioriteringane til politiet og påtalemakta, og saksbehandlingstida og utfallet for dei sakene som domstolane behandlar. Til dømes vil auka løyvingar til meir aktivitet hos politiet mest sannsynleg føre til eit auka behov for plassar i kriminalomsorga.

Som det går fram av figur 2.2 har det gjennomsnittlege talet på innsette i fengsel vore relativt stabilt, medan omfanget av straffegjennomføring i samfunnet over tid har auka gradvis. Kapasitetsbehovet i kriminalomsorga har dermed hatt ei moderat auke og prognosar frå Kriminalomsorgsdirektoratet viser at behovet for straffegjennomføring vil auke framover.



Figur 2.2 Utvikling i aktivitet i kriminalomsorga

Kjelde: Kriminalomsorgsdirektoratet (talet på innsette omfattar ikkje dei som sit i varetekt).

Styrkt bemanning og kompetanse i kriminalomsorga

Kriminalomsorga skal gjennomføre straff med eit meiningsfullt og forsvarleg innhald som verkar kriminalitetsførebyggjande. Dersom domfelte får eit godt innhald i straffegjennomføringa og god oppfølging, kan det bidra til at fleire domfelte fullfører opplæring eller utdanning, og kjem i arbeid etter at dei har gjennomført straffa si. Eit løft for innhaldet i straffegjennomføringa er derfor ein sentral del av tiltaka i regjeringa si Meld. St. 31 (2024–2025).

Som figur 2.3 viser, er talet på innsette med mindre enn åtte timar fellesskap høgt. Talet på innsette med mindre enn to timar fellesskap har gått ned dei siste åra, men i 2023 og 2024 har det vore ein auke igjen.



Figur 2.3 Utvikling i talet på innsette med mindre enn to og åtte timars fellesskap

Tala er baserte på eit snitt av dagsmålingar per 1., 2. og 3. kvartal frå 2015 til 2024.
Kjelde: Kriminalomsorgsdirektoratet.

Førekomsten av isolasjon må ned for å redusere risikoen for helseskadar blant dei innsette. Det er òg eit mål å redusere omfanget av tvangsmiddelbruk i fengsla, og å auke tida dei innsette bruker på aktivitetar som førebyggjer kriminalitet. I 2024 var 79 pst. av dei innsette aktiviserte. Målet er 85 pst. For å oppnå målet er det bl.a. nødvendig å styrke bemanninga i kriminalomsorga.

Kriminalomsorga står overfor store utfordringar med bemanning. Mange nyutdanna sluttar kort tid etter utdanninga, samstundes som fleire er på veg inn i pensjonsalder. I ein pressa arbeidsmarknad er det krevjande å erstatte dei som sluttar, noko som aukar belastninga på dei tilsette. Dette blir forsterka av at fleire innsette er dømde for alvorleg kriminalitet og har psykiske lidingar.

I dag er det om lag 4 300 faste årsverk i etaten, der nær 80 prosent er knytte til fengsel og 10 prosent til friomsorga. På fire år har det vore ein nedgang på rundt 300 faste årsverk i fengsla, medan talet på innsette har vore stabilt. Også friomsorga har hatt ein nedgang i årsverk. Nedgangen i talet på faste tilsette heng i stor grad saman med høg turnover og rekrutteringsutfordringar. Dette har bl.a. ført til auka bruk av vikarar og meir overtid.

For å sikre tryggleik, kontroll og eit innhald i straffa som førebyggjer ny kriminalitet, er det nødvendig med ei styrkt bemanning og rett kompetanse. Regjeringa foreslår 179 mill. kroner i 2026 til auka bemanning og kompetanse. Midlane inngår i ein opptrappingsplan som skal gi ei sterkare grunnbemanning, betre arbeidsvilkår og redusert isolasjon. På kort sikt skal planen gi fleire tilsette, betre rekruttering, fleire aktiviseringsteam og tiltak for å halde på kompetent arbeidskraft. Eit sentralt tiltak er å utdanne fleire, sjå kap. 432.

Delar av midlane skal gå til aktiviseringsteam, som arbeider målretta mot isolerte innsette. Dette skal gi dei tilsette betre føresetnader for å gi dei innsette ei god straffegjennomføring som inkluderer relevante aktivitetar og fellesskap, og støttar opp under Justis- og beredskapsdepartementet sitt forslag til lovendringar som er lagt fram for Stortinget, jf. Prop. 165 L (2024–2025). Lovforslaga har som formål å redusere omfanget av isolasjon i fengsla og bidra til at innsette i fengsel får tilbod om meir tid utanfor fengselscella og meir menneskeleg kontakt. Lovforslaga omfattar bl.a. føresegner om tid utanfor fengselscella, tydelegare lovvilkår og auka kontroll med bruk av utelukking, tryggingscelle og tryggingsseng, og dessutan krav til oppfølging og helsemessig tilsyn. Det er også aktuelt med andre tiltak som kan bidra til å styrke innhaldet i straffegjennomføringa.

Regjeringa prioriterer betre bemanning og arbeidsforhold i kriminalomsorga, og som det går fram av Meld. St. 31 (2024–2025), vil regjeringa vurdere fleire tiltak for å styrke rekrutteringa til kriminalomsorga, og om det bør opnast for fleire vegar inn i yrket.

Rettstryggleik

Det har over tid vore ei utfordring å gi kvinnelege innsette soningsforhold som er likeverdige med forholda menn har. I 2024 utgjorde kvinnelege innsette om lag 5 pst. av alle innsette, men stod samstundes for dei fleste tilfella av sjølvskading og sjølvmordsforsøk i fengsel. Regjeringa har løyvd midlar til å betre tilhøva for kvinnelege innsette dei siste åra. Midlane er bl.a. brukte til eit forsterka team som skal gi kvinner med særskilde psykiske helseutfordringar tilstrekkeleg oppfølging, og til etablering av ei forsterka fellesskapsavdeling ved Telemark fengsel, Skien avdeling. Avdelinga skal stå klar i 2025. Ei tilsvarande avdeling er etablert for menn ved Ila fengsel og forvaringsanstalt.

Regjeringa tok 17. mars 2025 imot NOU 2025: 2 *Samfunnsvern og omsorg*. Utvalet for strafferettslege reaksjonar og psykisk helse vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023. Utvalet skulle evaluere ordningane med forvaring, tvunge psykisk helsevern og tvungen omsorg, og greie ut korleis sikta, domfelte og innsette med alvorlege psykiske lidingar eller utviklingshemming blir varetekne. Utvalet skulle òg sjå særskild på korleis kvinner og barn blir varetekne. Utgreiinga har vore på offentleg høyring, og vurderingane og tilrådingane frå utvalet er no til oppfølging i departementet.

På bakgrunn av lovendringar er det oppretta eit nytt, landsomfattande tilsynsråd for kriminalomsorga. Tilsynsrådet har fått ei fast leiing, eit klarare mandat enn dei tidlegare tilsynsråda, og eit sekretariat som kan leggje til rette for eit effektivt tilsyn. Det nye tilsynsrådet har vore i drift frå 1. januar 2025, og Sivilrettsforvaltninga har etablert eit sekretariat i Vardø.

Stortinget har i lov 20. juni 2025 nr. 82 gjort endringar i rettshjelpslova, jf. Prop. 103 L (2024–2025) *Endringer i rettshjelpsloven mv. (prioriterte sakstyper for rettshjelp mv.)*. Endringane inneber ei utviding av kva sakstypar det blir gitt rettshjelp i etter rettshjelpslova, inkludert saker om heil utelukking og bruk av tryggingscelle og tryggingsseng etter straffegjennomføringslova. Endringane tredde i kraft 1. juli 2025, og regjeringa foreslår å løyve 6 mill. kroner til kriminalomsorga frå 2026 til oppfølginga av endringane.

Plan for framtidig fengselskapasitet

Prognosar frå Kriminalomsorgsdirektoratet peikar på mogleg auka behov for kapasitet innan straffegjennomføring framover. Kriminalomsorgsdirektoratet peikar òg på at fleire av dei som i dag gjennomfører straff i fengsel med høgt tryggleiksnivå, kan gjennomføre straff med lågare tryggleiksnivå, eller utanfor fengsel, samstundes som tryggleiken blir ivareteken. Dette inneber eit relativt større behov for kapasitet i kriminalomsorga med lågare tryggleiksnivå enn i dag. Mange fengsel har også eit stort behov for vedlikehald og oppgraderingar.

Statsbygg og Kriminalomsorgsdirektoratet har, på oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, kartlagt og vurdert den bygningsmessige tilstanden til fengsla og om dei er veleigna.[1] Ein desentralisert fengselsstruktur skal haldast ved like og utviklast vidare. Sidan større byggje- og rehabiliteringsprosjekt tek tid og ressursar, må ein planleggje langsiktig. Samstundes er kapasiteten til utgreiing og prosjektavklaring avgrensa og det er derfor nødvendig med klare prioriteringar for å handtere dei største utfordringane fyst.

Fengsel som kan vidareførast i si noverande utforming

Åtte fengsel (av 57) er i såpass god stand at Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg foreslår at dei kan haldast ved like innanfor dagens rammer, sjå tabell 2.6. Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg må i samarbeid prioritere korleis midlane til vedlikehald kan brukast best mogleg. I tillegg er det fleire overgangsbustader som bl.a. leiges i den private marknaden. Fleire av desse vurderast å ha ein tilstrekkeleg teknisk tilstand. Overgangsbustader vil ikkje omtalast i det vidare.

---

[1] Statsbygg og Kriminalomsorgsdirektoratet (2024). *Fremtidig fengselskapasitet. Vurderinger og anbefalinger fra Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg.*

Tabell 2.6 Oversikt over fengsel der vedlikehald blir prioritert innanfor gjeldande budsjettrammer

Fengsel	Region
Agder fengsel, Ungdomseining sørvest[1]	Sørvest
Agder fengsel, Froland avdeling	Sørvest
Agder fengsel, Mandal avdeling	Sørvest
Bjørgvin fengsel, Ungdomseining vest	Vest
Halden fengsel	Aust
Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling	Aust
Romerike fengsel, Ungdomseining aust	Aust
Åna fengsel, Rødgata avdeling	Sørvest

[1] Ikkje forvalta av Statsbygg.

Statsbygg forvaltar dei fleste fengselsbygga og har ansvaret for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Sjå programkategori 13.30, kap. 2445 Statsbygg, i Prop. 1 S (2026–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. I perioden 2018–2024 vart det brukt om lag 1,4 mrd. kroner på å halde fengsla ved like. I tillegg finansierar og gjennomfører kriminalomsorga investeringsprosjekt for oppgraderingar og nybygg. Nordland fengsel, Bodø avdeling, og Trondheim fengsel og forvaringsanstalt er eksempel på nokre fengsel der slikt arbeid er i gang.

Behov for å utbetre fengsel

Det går fram av rapporten frå Statsbygg og KDI at 45 av 57 fengsel har behov for utbetringar eller ombyggingar. Anbefalingane i rapporten omfattar nybygg, utbetringar, eigne einingar for kvinner, einingar med lågare tryggingsnivå og nye overgangsbustader. Forslaga inneheld vesentlege investeringar som ikkje kan dekkast av dagens budsjettrammer for Statbygg eller kriminalomsorga. Konkrete tiltak må derfor behandlast i dei årlege budsjettprosessane.

Med bakgrunn i faglege tilrådingar frå Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg, meiner regjeringa at byggjeprosjekt og utgreiingar som har blitt sette i gang, må prioriterast i 2026. Sjå òg tabell 2.7. Særleg er det viktig å halde fram med arbeidet med erstatningskapasiteten for nytt Oslo fengsel. Stortinget vedtok startløyving i 2023 til utviding av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling med 76 plassar. Byggjeprosjektet har gått raskt og står ferdig tidlegare enn først føresett. Dei første innsette vil flytte frå Oslo fengsel til dei nye plassane på Ullersmo i november/desember 2025. Stortinget vedtok startløyving for utviding av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling med 130 plassar i revidert nasjonalbudsjett 2025. Sjå òg omtale i Prop. 1 S for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. I tillegg er det sett i gang eit arbeid med forprosjektering av nytt fengsel på dagens fengselstomt på Grønland.

Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt stengde 1. mars 2024 etter ein brannteknisk gjennomgang. Det er viktig å få på plass ei langsiktig løysing for plassar for kvinner på Austlandet. Ei utgreiing gjennomført av Statsbygg og Kriminalomsorgsdirektoratet viser at den fagleg beste løysinga er å etablere eit nytt kvinnefengsel på dagens tomt på Bredtvet. Regjeringa har derfor gitt Statsbygg og Kriminalomsorgsdirektoratet i oppdrag å greie ut eit nytt kvinnefengsel på Bredtvet. Utgreiinga skal gjennomførast i 2025.

I den vidare planlegginga av framtidig fengselskapasitet legg regjeringa opp til fleire større utgreiingar. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg kapasitet ved ungdomseiningane i framtida. Regjeringa har derfor sett i gang ei utreiing av behovet for nye, permanente ungdomseiningar. Det blir i 2025 sett i gang arbeid med utgreiingar av nye fengsel i Mosjøen- og Ålesund-området, der både kapasitetsbehov og val av konsept skal vurderast. I tillegg er det i 2025 greidd ut mogleg utviding av Vadsø fengsel. Utgreiinga er til oppfølging i departementet. Desse prosjekta vil følgast opp i 2026.

Tabell 2.7 Pågåande arbeid med framtidig fengselskapasitet

Eining	Region	Status
Erstatning for dagens Oslo fengsel	Aust	Romerike fengsel, Ullersmo avdeling skal utvidast med 76 plassar med høgt tryggleiksnivå. Det skal byggjast 130 plassar med høgt tryggleiksnivå ved Innlandet fengsel, Ilseng avdeling. Dei nye plassane vil i tillegg erstatte Innlandet fengsel, Hamar avdeling. Ein planlegg òg 144 plassar med høgt tryggleiksnivå på dagens fengselstomt på Grønland.
Nytt kvinnefengsel på Bredtvet	Aust	Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt vart mellombels stengd 1. mars 2024. Som erstatning for Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt skal det byggjast 50 nye plassar med høgt tryggleiksnivå for kvinner på dagens fengselstomt på Bredtvet. Det er òg behov for nye plassar med lågare tryggleiksnivå/plassar i overgangsbustad, som skal erstatte dagens avdeling for lågare tryggleiksnivå på Bredtvet.
Nye, permanente ungdomseiningar	-	I 2025 er det satt i gang ei utgreiing av behovet for fleire permanente ungdomseiningar.
Nytt fengsel i Mosjøen-området	Nord	I 2025 blir det satt i gang ei utgreiing av nytt fengsel i Mosjøen-området. I utgreiinga skal ein vurdere val av konsept, i tillegg til kapasitetsbehovet i regionen totalt sett.
Nytt fengsel i Ålesund-området	Vest	I 2025 blir det satt i gang ei utgreiing av nytt fengsel i Ålesund-området. I utgreiinga skal ein vurdere val av konsept, i tillegg til kapasitetsbehovet i regionen totalt sett.

I dei neste åra vil det òg vere behov for å greie ut ytterlegare behov for nye fengsel, inkludert nye, moderne einingar med lågare tryggleiksnivå ved fleire eksisterande fengsel, nye overgangsbustader og eigne einingar for kvinner. Etterslepet på vedlikehaldet av fengselsbygga er stort. Det er derfor òg behov for å prioritere arbeidet med å ta ned dette etterslepet. Regjeringa vil derfor arbeide vidare med å vurdere moglegheitene for å ta ned etterslepet, bl.a. ved å sjå nærmare på kordan innrettinga av husleigeordninga i større grad kan brukast til å finansiere det store behovet.

Straffegjennomføring med elektronisk kontroll

I tillegg til bygningsmessige tiltak, kan det vere aktuelt å vurdere om det bør gjerast endringar i regelverket om innsetting i fengsel på ulike tryggleiksnivå.

Bruk av straffegjennomføring med elektronisk kontroll har betyding for kapasiteten i kriminalomsorga, og vil kunne redusere behovet for fengselsbygg. Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring eit forslag om å utvide dei rettslege rammene for bruk av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak i dagens straffegjennomføring. Dette gjeld bl.a. moglegheitene for å bruke digitale kontrolltiltak ved permisjonar, frigang og prøvelauslating. Formålet er å forbetre bruken av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak, styrke samfunnsvernet ved lauslating, redusere tilbakefall til kriminalitet og styrke ettervernet. Samstundes vil digitale løysingar kunne leggje til rette for meir effektiv bruk av ressursar i kriminalomsorga. Departementet følgjer no opp høyringa.

Føresegna i straffeprosesslova § 184 b opnar for gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll, jf. lov 20. desember 2023 nr. 110 om endringar i konfliktrådsloven, straffeloven og straffeprosessloven mv. (strafferettslige reaksjoner for ungdom og varetekt med elektronisk kontroll). Lovendringa vart sett i kraft 15. august 2025. Stortinget har i 2024 og 2025 løyvd 45,5 mill. kroner til å setje i verk endringa. Iverksetjing av lovforslaget vil kunne bidra til å betre kapasiteten i kriminalomsorga.

Barn og unge vaksne som blir fengsla for kriminelle handlingar

Det er eit mål at barn ikkje skal sitje i fengsel saman med vaksne. Det har vore ein markant auke i talet på mindreårige som har blitt sette i fengsel dei siste åra. Auken inneber ein risiko for at det i periodar kan vere fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane. Riksrevisjonen har i rapporten sin om innsatsen til myndigheitene mot barne- og ungdomskriminalitet, gitt Justis- og beredskapsdepartementet sterk kritikk for at barn sit i fengsel saman ved vaksne. Regjeringa har over fleire år gjennomført tiltak for å auke kapasiteten i ungdomseiningane.

I 2024 hadde kriminalomsorga to landsdekkande ungdomseiningar for innsette mellom 15 og 18 år, med til saman ti plassar. Dette var ein auke frå åtte plassar i 2023. Regjeringa har sett i verk tiltak for å auke kapasiteten ytterlegare, til 27 plassar. I 2025 er ein ny ungdomseining på Evje opna, og innan utgangen av året vil einingа ha totalt elleve nye plassar. Ungdomseining aust på Eidsvoll har ein bygningsmasse som gjer det mogleg å etablere seks nye plassar ved einingа. Ungdomseiningane har ei tverrfagleg bemanning og eit team på tvers av etatar for å sikre deltaking frå ulike velferdstenester, og skal vere i tråd med barnekonvensjonen. Dei seks nye plassane vil ha ein årleg driftskostnad på 44,5 mill. kroner, der 35 mill. kroner er til kriminalomsorga. Tiltaket har økonomiske konsekvensar for Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet òg.

Regjeringa sette i 2024 ned ei ekspertgruppe som skulle finne nye tiltak for barn og unge som gjer seg skuldige i gjenteken eller alvorleg kriminalitet. Ekspertgruppa, leia av Knut Storberget, leverte utgreiinga si i mars 2025. Utgreiinga har vore på offentleg høyring, og vurderingane og tilrådingane frå utvalet er no til oppfølging i departementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga, i tillegg til fellestenester og utviklingsprosjekt for etaten. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthald til dei innsette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 104,3 mill. kroner for å styrke kriminalomsorga og betre bemanningssituasjonen, noko som mellom anna skal bidra til eit meir forsvarleg minimum av tid utanfor fengselscella og menneskeleg kontakt for dei innsette. Tiltaket må sjåast i samanheng med ei styrking av kap. 432, post 01, til auka opptak ved KRUS.
- 35 mill. kroner til drift av seks nye plassar ved Ungdomseining aust (sjå også omtale under Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet)
- 33 mill. kroner til husleige og drift i samband med utvidinga av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling
- 6 mill. kroner til prosjektgjennomføring i kriminalomsorga i samband med utvidinga av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling
- 6 mill. kroner til rettshjelp til innsette
- 3,5 mill. kroner til kriminalomsorga sitt arbeid med omvend valdsalarm, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01
- 3,3 mill. kroner til hurtigspor for raskare behandling av straffesaker i Sør-Vest og Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år
- 1,5 mill. kroner til vidareutvikling og forbetring av arbeidet med statistikk og analyse

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

- 5 mill. kroner som blir overført til Statsbygg, til arbeidet med forprosjektering av nytt kvinnefengsel

Kap. 430 vart frå statsbudsjettet for 2023 delt i to kapittel, kap. 430 Kriminalomsorga og kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet. For styrkt administrativt sjølvstende for kriminalomsorga foreslår regjeringa å innlemme kap. 431 i kap. 430 frå og med statsbudsjettet for 2026. Løyvinga på posten blir foreslått auka med 176,5 mill. kroner, mot at kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet blir avvikla som eige budsjettkapittel.

Det er òg endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6 524,7 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter til arbeidsdrifta, medrekna utgifter til materiale, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kurs for tilsette som rettar seg spesifikt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskiner som blir brukte i arbeidsdrifta. I posten inngår òg arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 21, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 130,5 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar òg midlar til IKT-løysingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyretøy.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

– 26,8 mill. kroner til utvidinga av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

– 40 mill. kroner som vart løyvde i 2025 til utbygging av Ungdomseining aust
– 39,6 mill. kroner til utviding av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å skaffe brukarutstyr til investeringsprosjektet utviding av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling, sjå forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 61,7 mill. kroner.

Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m., kan overførast

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømde kan retten setje vilkår om at den domfelte skal opphalde seg i institusjon eller kommunal bustad i meir enn eitt år.

Avgjerder om varetektssurrogat og prøvelauslating frå forvaring på dei nemnde vilkåra ligg til domstolane. Det er vanskeleg å føreseie utviklinga i omfanget av saker, og dette gjer løyvingsbehovet på posten usikkert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 172,1 mill. kroner.

Post 70 Tilskot

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga. Formålet med tilskotsordninga er å hindre tilbakefall til ny kriminalitet gjennom å reintegrere domfelte under og etter straffegjennomføring til auka deltaking i samfunnet og auka livsmeistring.

Samarbeidet mellom kriminalomsorga og dei frivillige organisasjonane bidrar bl. a. til å styrke innhaldsarbeidet for dei innsette. I 2024 vart det i alt fordelt over 43 mill. kroner til 41 frivillige og ideelle organisasjonar gjennom tilskotsordninga. WayBack, Kirkens bymisjon FRI, Frelsesarméen, Røde Kors Nettverk etter soning og Blå Kors steg for steg fekk dei største tilskota.

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet sette i 2022 i gang eit pilotprosjekt med effektkontraktar som eit tiltak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Det vart sett i gang to prosjekt i 2022, eitt i Vestfold og Telemark og eitt i Trøndelag. Midlar vil først bli gitt når prosjekta er ferdige og resultata er vurderte å vere i samsvar med kontrakten. Sluttoppgjeret for prosjektet i Trøndelag vart føreteke i 2024, medan prosjektet i Vestfold og Telemark er forventa avslutta i 2025.

I 2026 foreslår departementet at løyvinga på posten blir fordelt av Kriminalomsorgsdirektoratet etter søknad frå organisasjonar. Midlane blir fordelte ut frå tydelege og faste kriterium, og i tråd med forskrifta «forskrift om tilskudd til frivillige organisasjoner i kriminalomsorgen».

Det blir foreslått ei løyving på posten på 44,8 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Inntekter frå arbeidsdrifta	136 732	123 305	130 500
03	Andre inntekter	33 353	27 177	28 155
04	Tilskot	34 430	26 326	18 000
	Sum kap. 3430	204 515	176 808	176 655

Post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta, i tillegg til inntekter frå drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 130,5 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 28,2 mill. kroner.

Post 04 Tilskot

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismane. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 og kap. 432, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 18 mill. kroner.

Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 430, post 01*	164 976	176 520	
	Sum kap. 431	164 976	176 520	

Regjeringa foreslår å innlemme kap. 431 *Kriminalomsorgsdirektoratet* i kap. 430 *Kriminalomsorga*. Det blir derfor ikkje foreslått løyving på kapittelet i 2026. Sjå omtale under kap. 430.

Kap. 432 Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	251 106	252 138	335 145
	Sum kap. 432	251 106	252 138	335 145

Eit forsvarleg innhald i straffegjennomføringa som førebyggjer kriminalitet, krev tilsette med rett og tilstrekkeleg kompetanse. For å møte ei estimert underdekning i fengselsbetjentar er det behov for å auke opptaket ved KRUS. I revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart det derfor løyvd midlar til 75 nye studieplassar ved KRUS. Av desse plassane inngår 50 i eit desentralisert deltidsstudium som inneber delvis arbeid ved eit fengsel. I 2026 skal 74,7 mill. kroner av regjeringa si satsing på 179 mill. kroner nyttast til å følgje opp utgifter på kap. 432, post 01 knytt til auka opptak og styrking av KRUS. Sjå også kap. 430 for nærare omtale av satsinga på 179 mill. kroner.

Regjeringa foreslår òg å gjere fengselsbetjentutdanninga om til ei ordinær bachelorutdanning i straffegjennomføring. Endringa skal gi betre kompetanse til å møte utfordringar som psykiske lidingar og rusmiddelproblem, og samtidig frigjere lønnsmidlar som kan styrke kriminalomsorga. Midlane som tidlegare har blitt nytta til aspirantlønn under utdanning, skal nyttast til å finansiere endringa og styrke kriminalomsorga, inkludert til tiltak for å gi dei tilsette betre arbeidsvilkår. På sikt vil dette utgjere om lag 180 mill. kroner. Etter at utdanninga er gjort om til ei ordinær bachelorutdanning, vil studentane søkje lån og stipend gjennom Lånekassen, som andre studentar. Som ein del av arbeidet med å auke kompetansen blant tilsette i kriminalomsorga foreslår også regjeringa å styrkje etter- og vidareutdanninga.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved KRUS, drifts- og leigeutgifter til lokale, reiser (medrekna aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformseffektar m.m. Posten omfattar òg løyving til forsking og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støttefunksjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

– 74,7 mill. kroner til auka opptak ved KRUS, inkludert eit desentralisert studium. Deler av midlane skal gå til å styrke KRUS for gjennomføring av auka opptak og grunna det auka kompetansebehovet i kriminalomsorga.

Det er òg mindre endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 04 og kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 335,1 mill. kroner.

Kap. 3432 Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
03	Andre inntekter	1 678	1 271	829
	Sum kap. 3432	1 678	1 271	829

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 829 000 mill. kroner.

Kap. 433 Konfliktrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	160 989	180 479	210 185
60	Tilskot til kommunar	11 208	20 145	34 820
70	Tilskot	26 553	23 562	60 348
	Sum kap. 433	198 750	224 186	305 353

Konfliktrådet meklar mellom partar i ein konflikt som følgje av ei straffbar handling (straffereaksjonen mekling i konfliktråd) eller mellom partar i sivile konfliktar. Meklinga baserer seg på metodikken for gjenopprettande prosess, som inneber at partane i fellesskap bestemmer korleis konflikten skal handterast. Konfliktrådet er òg ansvarleg for å gjennomføre straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, som rettar seg mot ungdom som var mellom 15 og 18 år då lovbrotet fann stad, og som har eit oppfølgingsbehov. I tillegg har konfliktrådet ansvar for straffereaksjonen oppfølging i konfliktråd, som rettar seg mot personar over 18 år. Sekretariatet for konfliktråda står for den faglege og administrative leiinga av arbeidet.

Fleire faktorar påverkar talet på straffesaker konfliktrådet får til behandling. Slike faktorar er bl.a. omfanget av kriminalitet i Noreg, aktivitetane og prioriteringane til politiet og påtalemakta og politiske avgjerder som kan endre rammene for straff og kva som skal straffast.

Konfliktrådet arbeider for å auke kunnskapen om tenestene rådet tilbyr, og har bl.a. jobba opp mot politiet og påtalemakta for å få fleire eigna saker. Konfliktrådet tok imot 7 325 saker i 2024. Frå 2020 til 2023 var det ein gradvis vekst i talet på saker til konfliktrådet, men i 2024 gjekk talet noko ned. Dette skyldes ein reduksjon i talet på straffesaker og sivile bortlagde saker. Talet på saker om ungdomsstraff og ungdomsoppfølging heldt fram å vekse i 2024.



Figur 2.4 Talet på saker til konfliktrådet 2019–2024

Kjelde: Sekretariatet for konfliktrådet.

Raskare og betre reaksjonar for unge lovbrytarar

Lang ventetid mellom lovbrot og reaksjon kan vere ei stor belastning for både ungdommen, dei fornærma og dei pårørande. Det vil òg kunne vere ein risiko for at ungdommen gjer seg skuldig i nye lovbrot. Riksrevisjonen har i ein rapport om innsatsen til myndigheitene mot barne- og ungdomskriminalitet gitt Justis- og beredskapsdepartementet kritikk for at innsatsen ikkje har vore tilstrekkeleg til å gi ei effektiv straffesakskjede. Regjeringa har over fleire år gjennomført tiltak for raskare behandling av straffesaker og ei meir effektiv straffesakskjede.

Forslaga i Prop. 114 L (2023–2024) *Endringer i konfliktrådsloven og straffeloven mv. (strafferettslige reaksjoner for ungdom)* vart einstemmig vedtekne og er fastsette ved lov 29. november 2024 nr. 73. Lova vart sett i kraft 1. desember 2024, med unntak av endringane under del V. Endringane er knytte til dei strafferettslege reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, og følgjer opp enkelte av vedtaka Stortinget fatta under behandlinga av Prop. 139 L (2022–2023) om strafferettslege reaksjonar for ungdom og varetekt med elektronisk kontroll.

I 2025 er det løyvd midlar til å gjennomføre lovendringar og til ein særskild innsats for raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år. I Meld. St. 31 (2024–2025) *Straff som virker – straffegjennomføring for et tryggere Norge* varsla regjeringa at ei utviding av innsatsen til dei resterande politidistrikta skal vurderast. Regjeringa vil i den neste fireårsperioden rulle ut denne innsatsen. Sjå òg omtale i del I, oppmodingsvedtak nr. 480 (20. februar 2025). Regjeringa foreslår 44,6 mill. kroner i 2026 til den særskilde innsatsen for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor. Midlane skal gå til å utvide innsatsen til å gjelde Sør-Vest politidistrikt og til å vidareføre innsatsen og sikre tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere arbeidet med raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt.

Ny funksjon for samordning av feltet for menneskehandel

I *Nasjonal strategi mot menneskehandel (2025–2030)* er eit av hovudgrepa å vidareutvikle ansvars- og samarbeidsstrukturar på feltet, bl.a. å utvikle eit formalisert myndigheitssamarbeid og etablere ein tverrsektoriell samarbeidsarena. Som ein del av implementeringa av tiltak i strategien vil Sekretariatet for konfliktråda frå 2026 samordne direktoratas arbeid mot menneskehandel og utvikle ein koordineringsmekanisme for bistands- og vernetiltak for personar ein antek er offer for menneskehandel. Sekretariatet skal frå og med 2027 òg ta over ansvaret for forvaltninga av tilskotsordninga for tiltak mot menneskehandel og prostitusjon.

Forvaltning av tilskot til innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme*, som følgjer opp ekstremismekommisjonen sin rapport. Regjeringa opprettar eit nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Kristiansand, knytt til stiftelsen Arkivet. Senteret skal bl.a. støtte og rettleie kommunar, førstelinjetenester og andre som møter personar som står i fare for å bli radikaliserte. Regjeringa foreslår at midlar til senteret blir tildelt som eit tilskot forvalta av Sekretariatet for konfliktråda. Regjeringa foreslår 29,5 mill. kroner i tilskot i 2026, og 1 mill. kroner til konfliktrådet til forvaltning av tilskotet.

Ny funksjon for tiltak mot vald og overgrep i nære relasjonar

Sekretariatet for konfliktråda skal frå 2026 forvalte tilskot til Nasjonalt Kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) til drift av senteret og drift av nettportal om vald i nære relasjonar og valdtekt (dinutvei.no). Konfliktrådet skal òg bidra til erfaringsutveksling og kompetanseheving på området, samt drifte samarbeidsforum om vald og overgrep i samiske samfunn.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av konfliktrådskontora og til Sekretariatet for konfliktråda.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 10,3 mill. kroner til hurtigspor for raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo, Sør-Vest og Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år
- 4,9 mill. kroner til ein ny funksjon for samordning av feltet for menneskehandel
- 4,3 mill. kroner til forvaltning av ei tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) og evaluering av SLT-modellen
- 3,6 mill. kroner til tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar, inkludert å bidra til erfaringsutveksling og kompetanseheving på området, og ivareta det overordna ansvaret for samarbeidsforumet om vald og overgrep i samiske samfunn, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 400, post 70.
- 1 mill. kroner til forvalting av tilskot til nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

Det er òg mindre endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på 210,2 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til kommunar

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) og til tilskotsordninga for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar.

Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) er ein modell mellom politi og kommune for å samordne slike tiltak. Konfliktrådet har ansvar for fagleg støtte og rettleiing. Gjennom SLT-samarbeidet kan kommunen og politiet saman kartleggje utfordringsbiletet i lokalmiljøet og setje i verk tiltak. Tilskotet, som vart etablert i 2025, skal gå til kommunar/bydelar som har særlege utfordringar med kriminalitet, og til målretta tiltak som er bygde på kunnskap om kva som verkar. Ordninga har eit krav til medfinansiering frå kommunane.

Hovudmålet med tilskotsordninga for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme er å stimulere til kompetanseheving lokalt og utvikling av gode tiltak for å førebyggje og behandle utfordringar knytte til alle typar radikalisering og valdeleg ekstremisme. Tilskotsordninga svarer på eit stort behov hos kommunane for støtte til dette arbeidet. I 2024 vart det fordelt om lag 11,2 mill. kroner til totalt 54 kommunale prosjekt. Tilskot vart i hovudsak gitt til generelle førebyggande tiltak mot utanforskap og kan delast inn i tre hovudkategoriar: kompetansehevande tiltak og ressursnettverk, tiltak for å førebygge utanforskap blant barn og unge og tiltak for personar/involverte i ekstreme miljø. I tillegg til kriteria i regelverket for tilskotsordninga, vart det også gjort geografiske vurderingar, slik at fordelinga av midlane kom kommunar i heile landet til gode. Fleire nye søkarar vart prioriterte.

I 2026 foreslår departementet at løyvinga på posten blir fordelt av Sekretariatet for konfliktråda etter søknad.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 13,7 mill. kroner til tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)

– 1 mill. kroner til tilskotsordning for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 351, post 21

Det blir foreslått ei løyving på 34,8 mill. kroner.

Post 70 Tilskot

Løyvinga skal gå til tilskot til arbeid mot vald i nære relasjonar og til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar. Løyvinga skal også gå til tilskot til nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS).

Tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak skal bidra til å førebyggje kriminalitet, særleg blant barn og unge. I 2024 vart det fordelt om lag 8,6 mill. kroner til 50 ulike organisasjonar. Det er gitt tilskot både til store, nasjonale organisasjonar og til mindre, lokale foreiningar. Tilskot vart i hovudsak gitt til tiltak for å hjelpe barn og unge i ein vanskeleg livssituasjon. Dette gjeld spesielt tiltak mot kriminalitet, rus, utanforskap, eller manglande jobb eller skoleplass.

Tilskotsordninga til å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar skal bidra til å motverke at barn og vaksne blir utsette for eller utøver vald i nære relasjonar. Organisasjonar som driv frivillig verksemd og krisesenter i kommunal regi, kan få tilskot. I 2024 vart det fordelt om lag 15 mill. kroner til 52 ulike tiltak. Tilskot vart i hovudsak gitt til tiltak som kan bidra til ny kunnskap på feltet og til å forsterke eksisterande tenestetilbod, inkludert å gi nødvendig hjelp til valdsutsette, og valdsutsette familiar. Kompetansehevande tiltak retta seg blant anna mot hjelpeapparatet, barn og unge, minoritetsmiljø og befolkninga generelt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

– 29,5 mill. kroner til tilskot til nytt nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme
– 4,9 mill. kroner til NKVTS til drift av nettportal om vald i nære relasjonar og valdtekt (dinutvei.no), mot ein tilsvarande reduksjon i kap. 400 post 70
– 3,4 mill. kroner til driftstilskot til Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS), mot ein tilsvarande reduksjon i kap. 400 post 23

Departementet foreslår at resten av potten i 2026 blir fordelt av Sekretariatet for konfliktråda etter søknad frå organisasjonar. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelte ut frå tydelege kriterium, bl.a. at ein legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått ei løyving på 60,3 mill. kroner.

Kap. 3433 Konfliktrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Refusjonar	146	6	6
	Sum kap. 3433	146	6	6

Post 02 Refusjonar

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6 000 kroner.

Programkategori 06.40 Politi og påtale

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	27 266 355	29 166 073	30 423 612	4,3
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	366 397	584 923	581 691	-0,6
50–89	Overføringar til andre	1 120 020	758 505	914 582	20,6
	Sum kategori 06.40	28 752 772	30 509 501	31 919 885	4,6

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
440	Politiet	24 048 136	25 554 466	27 056 066	5,9
441	Politidirektoratet	376 802	383 084		-100,0
442	Politihøgskolen	685 634	713 726	746 529	4,6
443	Påtalemakta i politiet	1 589 773	1 644 655	1 738 400	5,7
444	Politiets tryggingsteneste (PST)	1 662 503	1 812 805	1 964 650	8,4
445	Den høgare påtalemakta	377 017	393 959	406 623	3,2
446	Den militære påtalemakta	5 594	235		-100,0
448	Grensekommissæren	7 313	6 571	7 617	15,9
	Sum kategori 06.40	28 752 772	30 509 501	31 919 885	4,6

Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar løyvinga til politiet, Politidirektoratet (POD), Politihøgskolen, Politiets tryggingsteneste (PST), Den høgare påtalemakta og Grensekommissæren.

Innanfor justissektoren er begge dei to overordna måla om rettstryggleik og tryggleik i samfunnet, i tillegg til målet om låg kriminalitet, sentrale for verksemdene i programkategorien. Politiet har òg oppgåver for å nå målet om kontrollert og berekraftig innvandring.

Verksemdene i programkategorien er ansvarlege for grunnleggjande funksjonar i samfunnet. Befolkninga skal kunne ha høg tillit til at desse oppgåvene blir tekne hand om på ein god måte. Oppgåvene skal løysast i eit samvirke med andre statlege og kommunale etatar, private aktørar, med det sivile samfunnet og med internasjonale partnarar.

Prioriteringar i 2026

Totalt er driftsbudsjettet til politiet auka med 5,4 mrd. kroner i perioden frå 2021 til 2025. Regjeringa ønskjer å halde fram satsinga på politiet i 2026 og foreslår å auke løyvinga til politiet og Spesialeininga for politisaker med til saman 200 mill. kroner, av dette foreslås 196 mill. kroner til politiet. Det er i tillegg satt i gang ein særskild innsats for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonane er under 18 år i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt. I 2026 foreslår regjeringa å utvide innsatsen til Sør-Vest politidistrikt. I budsjettet for 2025 fekk politiet 600 mill. kroner til å styrke arbeidet mot organisert kriminalitet, kriminelle nettverk og kriminelle gjengar. Denne satsinga er vidareført.

Samstundes er det nødvendig å sjå nærmare på korleis politiet sine ressursar og budsjett kan gi mest mogleg politikraft for pengane. Regjeringa meiner derfor at politiet kan skape eit handlingsrom i sitt budsjett på 117 mill. kroner ved bl.a. å redusere reise- og møteverksemd og gjennom betre arbeidstidsplanlegging.

Forslaga om auka løyving og frigjering av midlar i budsjettet vil bidra til å støtte opp under dei tidlegare satsingane mot bl.a. kriminelle nettverk og barne- og ungdomskriminalitet.

Handtere den alvorlege tryggingspolitiske situasjonen

Den nye nasjonale tryggingsstrategien, og gjennomføringa av tiltaka i totalberedskapsmeldinga, er viktige grunnlag for Justis- og beredskapsdepartementets vurderingar av politiets og PSTs prioriteringar i 2026.

Noreg står i den mest alvorlege tryggleikssituasjonen sidan andre verdskrigen. Etter tiår med fred er ei ny tid innleia for Noreg og Europa. Russlands angrepskrig mot Ukraina held fram, og konfliktnivået i Midtausten er framleis høgt. Dette påverkar det nasjonale trusselbiletet, og i særleg grad politiet og PST sitt arbeid og oppgåveløysing.

Den krevjande tryggleikspolitiske situasjonen grip inn i alle ansvarsområda under PST. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på budsjettet til PST med 100 mill. kroner.

Regjeringa foreslår òg å auke løyvinga til PST, Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og politiet med til saman 10 mill. kroner i 2026 til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS). Sjå omtale i del 1 og under programkategori 06.50.

Kamp mot alvorleg kriminalitet

Den organiserte kriminaliteten utgjer ein alvorleg trussel mot den alminnelege tryggleiken i samfunnet. Den organiserte kriminaliteten omfattar bl.a. alvorleg narkotikakriminalitet, bedrageri, kvitvasking, datakriminalitet, arbeidslivskriminalitet og menneskehandel.

Regjeringa har møtt utviklinga i kriminalitetsbiletet med ei kraftfull satsing på politiet. I budsjettet for 2025 fekk politiet 600 mill. kroner i varig auke til å styrke arbeidet mot organisert kriminalitet, kriminelle nettverk og kriminelle gjengar. Styrkinga bidrar til at politiet kan handtere trusselen frå organiserte kriminelle nettverk på ein meir treffsikker og effektiv måte. Innsatsen dei siste åra mot dei kriminelle nettverka har gitt resultat. Fleire drap er avverja, lange fengselsdommar er idømt og talet på rettskraftige inndragingar har auka med nærmare 40 prosent dei siste to åra. Regjeringa ønskjer å halde fram satsinga på politiet i 2026 og foreslår å auke løyvinga med 196 mill. kroner til å styrke grunnfinansieringa av politiet. Dette vil bidra til at politiet får mest mogleg effekt ut av tidlegare satsingar mot bl.a. kriminelle nettverk.

Lang ventetid frå lovbrot til reaksjon kan vere ei stor belastning for både ungdommen, dei fornærma og dei pårørande. Regjeringa foreslår å løyve 44,6 mill. kroner i 2026 til særskild innsats for raskare behandling av straffesaker i Agder, Aust, Oslo, Vest og Sør-Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år, såkalla hurtigspor, irekna 10,2 mill. kroner under politiet og 2 mill. kroner til påtalemakta i politiet. Sjå òg omtale under programkategori 06.30.

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet og blant dei lovbrota som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. I budsjettet for 2025 fekk politiet ei varig auke av løyvinga til bl.a. Statens barnehus og utrulling av ein tverrfagleg modell for å førebyggje vald i nære relasjonar i distrikta Sør-Aust, Sør-Vest og Nordland, etter modell frå avsnitt for risikoanalyse og kriminalitetsførebygging av vald i nære relasjonar (RISK) i Oslo politidistrikt. Politiet skal prioritere dette arbeidet i 2026 òg.

Digitalisering og bruk av teknologi

Eit sentralt funn i Riksrevisjonen si undersøking av digitaliseringa i politiet er at det digitale etterslepet i politiet er stort, og at mange av systema som er avgjerande for verksemda, er utdaterte.

Etterslepet er opparbeidd over mange år, og avgrensar moglegheitene som den teknologiske utviklinga gir til å auke kvaliteten og effektiviteten i oppgåveløysinga. I tillegg fører det digitale etterslepet til auka driftskostnadar og svekt IT-sikkerheit. Arbeidet med digitalisering og drift av IT-systema er difor ei nødvendig og viktig prioritering i budsjettet til politiet. Ein del av den auka løyvinga til grunnfinansieringa av politiet dei seinare åra har bl.a. gått til å sikre sikker og stabil drift av IT-systema, som er eit av dei viktigaste verktøya i oppgåveløysinga til politiet.

Det trengst ei digital omstilling over tid. Dette er avgjerande både for å sikre god operativ evne, ein meir effektiv kamp mot kriminalitet og adekvat beredskap, og for å kunne yte betre tenester til innbyggjarane. Arbeidet med digitalisering i politiet er svært omfattande. Regjeringa har sørgt for ei konseptvalutgreiing for å vurdere korleis ein kan gjennomføre ei heilskapleg styrking av digitaliseringsarbeidet i politiet. Konseptvalutgreiinga er no gjennomgått av ein ekstern kvalitetssikrar. Regjeringa vil ta stilling til vegen vidare.

Meir langsiktig og heilskapleg styring og utvikling av politiet

Regjeringa er oppteken av at styrkinga av politiet skal gi oss den polititenesta som innbyggjarane og samfunnet har behov for. Politiet treng tilstrekkeleg handlingsrom og føreseielegheit. Politiet må kunne disponere sine eigne ressursar på den mest formålstenlege måten for å sørge for at vi får den beste polititenesta vi kan få, og som er i tråd med politiske ambisjonar og målsetjingar. Politiet skal derfor greie ut korleis politiet kan nytte sine ressursar best mogleg, og korleis dette kan bidra til å redusere underliggjande utgiftsvekst. Utredninga vil være eit viktig innspel til vidare politiske prioriteringar av retningsval for politiet.

Regjeringa har nedsett eit politirolleutval. Det er tette koplingar mellom politirolleutvalet og arbeidet med å sikre meir langsiktig og heilskapleg styring og utvikling av politiet. Utvalet skal bidra til å definere politirolla og gjere ho tydeleg, gjennom grundige prinsipielle vurderingar av sentrale dilemma og konkurrerande verdiar som følgjer av det breie samfunnsoppdraget til politiet.

Kap. 440 Politiet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 443, post 01*	22 369 359	24 035 298	25 385 552
21	Særskilde driftsutgifter – forsking og utvikling			19 250
22	Søk etter personar en antek har omkomme, *kan overførast*	3 833	7 584	5 000
23	Sideutgifter i samband med sivile gjeremål	27 556	29 119	30 167
25	Variable utgifter ved innkomst, mottak og retur i utlendingsforvaltninga til politiet	199 567	192 563	202 120
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	29 097	34 085	37 346
46	Investeringar i Schengen IT-system, *kan overførast*	171 383	350 002	179 939
48	Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, *kan overførast*	127 321	147 310	282 110
70	Tilskot	53 769	54 861	49 861
73	Internasjonale forpliktingar, m.m., *kan overførast*	1 063 759	703 644	864 721
74	Mellombels destruksjonspant for enkelte typar halvautomatiske rifler	2 492		
	Sum kap. 440	24 048 136	25 554 466	27 056 066

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere eit ledd i den samla innsatsen i samfunnet for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den alminnelege velferda for borgarane, jf. politilova § 1. Politidirektoratet leier politiet og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at riksadvokaten har det fagleg overordna ansvaret for all straffesaksbehandling, sjå nærmare omtale under kap. 445 Den høgare påtalemakta.

Politidirektoratet har 21 underliggjande einingar:

- tolv politidistrikt
- fem særorgan med nasjonale oppgåver: Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykkingspolitiet og Politihøgskolen
- fire andre underliggjande einingar: Politiets fellestenester, Politiets IT-eining, Nasjonalt ID-senter og Grensekommissariatet.

Politidirektoratet arbeider med eit nytt direktoratkonsept som skal styrke direktoratet si evne til å leie og styre etaten på eit meir strategisk nivå og legge til rette for ei meir heilskapleg utvikling og styring av politiet. Dette skal bidra til at direktoratet kan levere betre tenester til etaten, departementet og samarbeidspartnarane.

31. desember 2024 var den totale bemanninga i politiet 18 372 årsverk.

Beredskap og krisehandtering

Politiet har måtte tilpasse seg eit krevjande og komplekst trusselbilete med høgare krav til beredskap i lys av den varig endra tryggingspolitiske situasjonen i Europa og auken i talet på fordrivne frå Ukraina. Politiet løyser oppgåvene sine i breitt samvirke med andre aktørar, og politiet bruker betydelege ressursar på støtte til offentlege og private aktørar, territorialkontroll, innhenting og behandling av informasjon og førebyggjande tiltak mot ulike former for kriminalitet.

Eit av tre hovudmål i totalberedskapsmeldinga er eit sivilt samfunn som står imot samansette truslar. Politiet har ei viktig rolle i å byggje og opprethalde motstandskraft i samfunnet og er ein viktig aktør i totalforsvaret. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 2 mill. kroner i 2026 til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS).

Med eit krevjande trusselbilete og eit kriminalitetsbilete i endring er det viktig at politiet har tilgang på dei maktmidla og verkemidla som er nødvendige. Stortinget har i 2025 vedteke endringar i politilova som opnar for at Politidirektoratet kan avgjere at politiet skal bere våpen i dagleg teneste. På dette grunnlaget har Politidirektoratet bestemt at politiet skal bere våpen i dagleg teneste frå 1. juli 2025. Det blir arbeidd med eit lovforslag om innføring av permanent generell væpning av norsk politi.

Ei konseptvalutgreiing for ei langsiktig løysing for luftkapasitetane til politiet vart levert til Justis- og beredskapsdepartementet i desember 2023. Ho har vore gjennom ekstern kvalitetssikring. Konseptvalutgreiinga og den eksterne kvalitetssikringa har komme med tilrådd konsept for luftkapasitetane til politiet. Det må gjennomførast ein prosjektavklaringsfase for å redusere uvisse rundt konseptet. Når prosjektavklaringsfasen er gjennomført, vil regjeringa vurdere tilrådingane.

På oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet vart Politidirektoratet bede om å evaluere kva effekt Politiets nasjonale beredskapssenter (PNB) har hatt for den nasjonale beredskaps- og innsatsevna til politiet. Evalueringa vart levert departementet hausten 2024. Det vart konkludert med at etableringa av PNB har betra den nasjonale beredskapsevna til politiet og bidratt til at innsatspersonell i politidistrikta er betre i stand til å løyse oppdraga sine. Tilrådingane blir følgde opp av Politidirektoratet, bl.a. gjennom samhandling med politidistrikta og reviderte instruksar.

PNB har vore operativt sidan desember 2020. Politidirektoratet har i dag ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av senteret. For å sikre langsiktig verdibevarande vedlikehald av eigedomsmassen ved PNB er det bestemt at eigedomsmassen ved PNB blir ein del av staten si husleigeordning. Ein tek sikte på at overføringa frå politiet til Statsbygg skal skje frå og med 1. januar 2027.

Radikalisering og valdeleg ekstremisme

Terrorisme og valdeleg ekstremisme må møtast med tiltak frå tidleg førebygging til handtering av dei mest alvorlege trusselsituasjonane, i eit tett samarbeid mellom bl.a. helsetenesta, skulane, barnevernet, politiet, PST og kriminalomsorga.

Helse- og omsorgsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til endring i lova om psykisk helsevern og politilova m.m. som utvidar helsepersonell si rett og plikt til å levere opplysningar til politiet og PST om personar med psykiske lidingar og anteken valdsrisiko.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme,* som følgjer opp ekstremismekommisjonen sin rapport. Regjeringa opprettar eit nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Kristiansand, knytt til stiftelsen Arkivet. Senteret skal bl.a. støtte og rettleie kommunar, førstelinjetenester og andre som møter personar som står i fare for å bli radikaliserte.

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) har i samarbeid med Støttegruppa 25. juni gjennomført ein forskingsstudie om dei som vart ramma av terrorangrepet 25. juni 2022. Studien vart publisert 18. juni 2025 og har gitt kunnskap om samanhengen mellom samfunnsrespons, konsekvensar og samfunnstryggleik over tid etter terror. Tilrådingane i studien rettar seg særleg mot helsesektoren og justissektoren, og studien gir eit godt grunnlag for bl.a. oppfølging av personar som har blitt ramma av terror. Studien vil inngå i kunnskapsgrunnlaget til revisjonen av den nasjonale kontraterrorstrategien, som Justis- og beredskapsdepartementet leiar og koordinerer.

Om pengestraumar frå utlandet til religiøse organisasjonar og andre aktørar i Noreg

Det er ei vedvarande bekymring knytt til pengestraumar frå utlandet til religiøse organisasjonar og andre aktørar, og for at dette på sikt kan undergrave demokratiet. Per i dag er det likevel ingen i Noreg som har oversikt over, eller systematisk følgjer med på, slike pengestraumar og det er behov for meir kunnskap. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe har utgreia tiltak for å hindre verksemd som kan utgjere ein trussel mot demokrati og grunnleggande menneskerettar. Regjeringa følgjer opp dette arbeidet bl.a. ved at Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for at det gjennomførast tilstandsvurderingar for å følgje demokratisituasjonen i Noreg over år, og ved at Finansdepartementet har ansvar for at det vurderast om det kan leggast betre til rette for tilgangen for forskarar til opplysningar frå valutaregisteret.

Organisert kriminalitet, kriminelle nettverk og kriminelle gjengar

Trusselvurderingane til politiet dei siste åra peikar på at fleire kriminelle nettverk opererer i Noreg, og at kriminaliteten er prega av meir profesjonelle aktørar som utnyttar den teknologiske utviklinga og opererer på tvers av landegrenser. Kriminelle nettverk og gjengar er ei betydeleg utfordring, bl.a. ved at dei bruker vald og trugslar som ein del av den kriminelle verksemda, og gjennom rekruttering av unge personar til å utføre kriminalitet. Gjennom valdslovbrot eller trugslar og andre lovbrot skaper slike miljø utryggleik både i lokalsamfunnet og i befolkninga elles. Personar som gjer seg skuldige i alvorleg kriminalitet, skal møtast med kontant straffeforfølging. Utbytte frå kriminelle handlingar må bli inndratt i alle dei tilfella kor det er høve til det. I det førebyggjande sporet er det viktig med tidleg intervensjon og samarbeid med andre relevante aktørar som har eigna verkemiddel.

Innsatsen dei siste åra mot dei kriminelle nettverka har gitt resultat. Fleire drap er avverja, lange fengselsdommar er idømt og talet på rettskraftige inndragingar har auka med nærmare 40 prosent dei siste to åra. I budsjettet for 2025 fekk politiet 600 mill. kroner i varig auke til å styrke arbeidet mot organisert kriminalitet, kriminelle nettverk og kriminelle gjengar. Styrkinga gjer at politiet kan handtere trusselen frå organiserte kriminelle nettverk meir treffsikkert og effektivt. Riksadvokaten og Politidirektoratet har sett i verk ei forsterka nasjonal innsats som set politiet betre i stand til å få bukt med dei kriminelle nettverka som ein ser på som dei mest alvorlege trusselaktørane. Det er lagt til rette for ein varig innsats med koordinert oppgåveløysing mellom riksadvokaten, særorgana og politidistrikta, og arbeidet held fram i 2026. Det blir bygd opp ein permanent kapasitet som over tid vil gi resultat, bl.a. i form av domfellingar, beslag og inndragingar. Dette vil redusere trusselen frå dei kriminelle nettverka og gjere det vanskelegare å utøve kriminalitet i Noreg.

Menneskehandel er eit angrep på grunnleggjande menneskerettar og sentrale samfunnsinteresser, og blir utført både av organiserte kriminelle nettverk og av enkeltaktørar. Regjeringa la våren 2025 fram ein ny strategi mot menneskehandel. I strategien er det beskrive 18 tiltak for å styrke innsatsen innanfor førebygging, bistand og vern for ofre og straffeforfølging av gjerningspersonar. Gjennom koordinert innsats skal offentlege myndigheiter og ideelle organisasjonar samarbeide for å redusere handlingsrommet for menneskehandel.

Cyberrettet og cyberstøttet kriminalitet

Noreg er eit av dei mest digitaliserte samfunna i verda og det meste av verdiskapinga i Noreg er avhengig av bruken av datasystem og internett. Mengde data som stelast er større enn før. Trus-

selbiletet i det digitale rom viser at enkeltpersonar og verksemder blir utsette for datatjuveri, datainnbrot, løysepengevirus og digitale bedrageri, og potensielt tap av verdiar som oppstår gjennom skadeverk, svekket omdømme og betydelege økonomiske tap.

Kripos deler sin kunnskap om trusselbiletet med delar av akademia, private og offentlege verksemder, slik at dei blir betre i stand til å førebyggje mot cyberkriminalitet. Gjennom internasjonalt arbeid får politiet raskt tilgang til informasjon om pågåande cyberangrep, som har medverke til å hindre cyberangrep mot norske verksemder.

Misbruk av kunstig intelligens gjer det mogleg å automatisere prosessane til dei kriminelle, kor både førekomst og grad av alvorleg cyberkriminalitet kan auka svært raskt. Politiet skal førebu seg på bruk av kunstig intelligens i kampen mot dette. Politiets deltaking i det nasjonale KI-senteret «The Norwegian Centre for Trustworthy AI (TRUST)» skal bidra til at politiet tar i bruk kunstig intelligens på ein etisk og forsvarleg måte.

Politiet skal vidareutvikle evna til å avdekke, førebyggje og avverje cyberkriminalitet og straffeforfølgje kriminelle gjennom etterforsking og påtale. Som ledd i dette skal digitale spor sikrast og handterast. Politiet skal vidareføre samarbeid med private verksemder, andre land og akademia for å kjempe mot cyberkriminalitet.

Økonomisk kriminalitet

Gjennom økonomisk kriminalitet, irekna kvitvasking, arbeidslivskriminalitet, fiskerikriminalitet og annan kriminalitet som gjeld dei felles verdiane våre, blir store beløp som kunne ha komme samfunnet til gode, unndratt frå skattlegging. I tillegg fører kriminaliteten til store økonomiske tap for enkeltindivid og næringsverksemder.

Både politiet og bankane har registrert ei markant auke i talet på bedrageri, og ein betydeleg del av dei melde bedrageria er digitale. Fleire sikta i norske bedragerisaker kan knytast til organiserte kriminelle nettverk som også er involverte i narkotika- og valdskriminalitet.

Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar,* som handlar om førebygging og motverking av økonomisk kriminalitet, inneheld ei rekkje tiltak som legg grunnlaget for den vidare politikken på dette området. Tiltaka skal følgjast opp over ein periode på fire år. Arbeidet er godt i gang. I oktober 2024 vart det til dømes oppretta eit nasjonalt bedragerisenter under Økokrim som gjer det mogleg å sjå saker i samanheng. I budsjettet for 2025 fekk politiet 90 mill. kroner til å styrke arbeidet mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet, og det har bl.a. blitt tilsett spesialetterforskarar i Økokrim som skal støtte alle politidistrikta i landet. Det vil bli foreslått nye reglar om sivilrettsleg inndraging som skal gjere det lettare å ta utbytte frå dei kriminelle. Det er forventa ein auke i talet på saker der inndraging blir nytta.

Det krevst samordna innsats frå ei rekkje offentlege myndigheiter for å førebyggje og få bukt med arbeidslivskriminalitet. Det er organisert eit tverretatleg samarbeid mellom Arbeidstilsynet, Nav – arbeids- og velferdsetaten, skatteetaten og politiet. Det går fram av etatane sin felles årsrapport for 2024 at samarbeidet har resultert i ei rekke reaksjonar og sanksjonar mot aktørar som bryt regelverket. Totalt var det 94 saker som blei melde til politiet. Regjeringa ønskjer at den tverretatlege innsatsen mot arbeidslivskriminalitet skal vidareutviklast. Ein ny handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet blei utarbeidd i 2025 i samarbeid mellom fleire departement. Planen fører vidare innsatsen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i tidlegare handlingsplan frå 2022 og inneheld i tillegg nye tiltak for å styrkje det seriøse og organiserte arbeidslivet. Sjå Arbeids- og inkluderingsdepartementets fagproposisjon for nærmare omtale.

Vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar

Arbeidet for å førebyggje og kjempe mot vald og overgrep krev koordinert tverrdepartemental og tverrsektoriell innsats. Under leiing av Justis- og beredskapsdepartementet følgjer ni departement opp tiltak frå opptrappingsplanen til regjeringa mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar, som gjeld for perioden 2024–2028. Planen inneheld over 100 tiltak som skal bidra til betre førebygging og vern, avdekking av fleire saker og dessutan betre varetaking av personar som har vore utsette for vald og overgrep. Den førebyggjande verksemda, etterforskinga og straffeforfølginga til politiet står sentralt i planen.

Vald og overgrep i samiske samfunn er særskilt omtalt i planen. Eit eige barnehustilbod som er tilrettelagt for samiske barn, vart opna i Karasjok i august 2025. For barn som har vore utsette for eller vore vitne til vald og overgrep, er lang reiseveg ei stor tilleggsbelastning. Regjeringa vil derfor etablere to nye underavdelingar av Statens barnehus i høvesvis Harstad og Kristiansund i 2025.

For å styrke kunnskapsgrunnlaget om vald i nære relasjonar har regjeringa etablert ein permanent partnardrapskommisjon. Kommisjonen er fagleg uavhengig, med medlemmer som blir opp-

nemnde for ein periode på inntil fire år, med moglegheit for éi forlenging. Statens sivilrettsforvaltning vil utøve sekretariatsfunksjonen. Lov om Statens kommisjon for partnardrap tredde i kraft 1. april 2025, og kommisjonen er godt i gang med arbeidet.

Cyberstøtta seksuallovbrudd, særleg mot barn og unge, er eit vedvarande og aukande problem. Omfanget av profittmotivert seksuell utpressing aukar i Noreg, særleg mot gutar og menn. Regjeringa arbeider for at kontakt med barn på internett for seksuelle formål skal avdekkast, stansast og etterforskast meir effektivt. Europakommisjonen har lagt fram eit forslag til forordning om at dei som tilbyr tenester på internett, skal rapportere ved mistanke om kriminelle handlingar mot barn. Forslaget inkluderer òg eit initiativ til eit europeisk senter som skal koordinere arbeidet. Reglane er merkte som EØS-relevante. Regjeringa vil sjå nærmare på reglane og på ei nasjonal løysing. Samarbeid med dei som tilbyr tenester på internett er viktig for å førebyggje internettrelaterte overgrep mot barn.

Barne- og ungdomskriminalitet

Regjeringa har sett i verk ei rekkje tiltak og innsatsar for å førebyggje og kjempe mot barne- og ungdomskriminalitet. Det er satt i gang ein særskild innsats for raskare behandling av straffesaker der gjerningspersonane er under 18 år i Agder, Aust, Oslo og Vest politidistrikt. I 2026 foreslår regjeringa å utvide innsatsen til Sør-Vest politidistrikt, sjå òg omtale under programkategori 06.30.

Barne- og ungdomskriminalitet må løysast på tvers av sektorar. Bydel Grorud i Oslo har hatt suksess med tett oppfølging av unge med risiko for å gjere kriminalitet slik at den enkelte kan få tilpassa oppfølging av bydelen og politiet. Regjeringa bygger vidare på denne modellen. Regjeringa har i 2025 prioritert å sette av 10 mill. kroner til politiet sin forebyggande innsats, slik at dei kan bidra til Oslo-modellen med tilstrekkeleg med ressursar. Arbeidet vidareførast i 2026.

Regjeringa har òg i fleire kommunar sørgt for «ein-til-ein-oppfølging» for ungdom som gjer seg skuldig i gjenteken kriminalitet, eller står i fare for å gjere det. Sjå òg omtale under Barne- og familiedepartementet.

Innføring av langsiktige plandokument for politiet

Regjeringa arbeider med å innføre langsiktige plandokument for politiet. Politiet er ei bemanningsintensiv og materielltung verksemd som løyser eit omfattande og komplekst samfunnsoppdrag i eit risiko- og utfordringsbilete i rask endring. Samstundes tek det år å byggje kapasitet, fagmiljø og kompetanse. Det har vore ein betydeleg underliggande utgiftsvekst i politiet over fleire år som har ført til utfordringar med å nå sentrale målsettingar, på tross av store aukar i budsjettet. Det er derfor nødvendig at ein har eit langsiktig perspektiv i vidareutviklinga av etaten.

Behovet for meir langsiktig styring av politiet har blitt påpeika i ei rekkje rapportar det siste tiåret, sist i områdegjennomgangen av økonomistyringa og budsjettsituasjonen i politiet i 2024. Forhold som blir framheva er at styringa og utviklinga av og i politiet har vore prega av manglande langtidsperspektiv og føreseielegheit. Vidare har politiet i for stor grad blitt detaljstyrt på konkrete innsatsfaktorar som krav til og føringar for bemanning og kompetanse, lokalisering og organisering av arbeidet. Merksemda må i større grad flyttast frå løyvingar og tal på tilsette til faktiske effektar for innbyggjarane og samfunnet.

Arbeidet med langsiktige plandokument er delt inn i to trinn. I det første trinnet vil regjeringa prioritere tiltak, etter faglege innspel frå politiet, for å redusere den underliggjande utgiftsveksten i samband med bl.a. eigedom, IT-system og internasjonale forpliktinga og for å få ei berekraftig utvikling av politiet. Effektiviseringstiltak for å sikre best mogleg fagleg utnytting av ressursar og for å redusere kostnadsveksten vil bli greidd ut. Dette vil kunne bidra til auka handlingsrom for politiet dei kommande åra og sikre at midlane i størst mogleg grad blir nytta til å sikre tryggheit i heile landet. Det planleggast for å sende politiet eit styringsdokument for trinn ein i løpet av 2025. I det andre trinnet vil styringsdokumentet vidareutviklast til eit heilskapleg langsiktig plandokument som også vil følgje opp den komande utgreiinga til Politirolleutvalet.

Det overordna samfunnsmålet med langsiktige planer for politiet er å setje politiet i stand til å utvikle seg slik at det sikrar tryggleiken og rettstryggleiken til innbyggjarane i møte med dagens og morgondagens utfordringar. For å sikre ei tydeleg retning i første del av planarbeidet er samfunnsmålet konkretisert i tre effektmål som vil vere førande for kva tiltak som må setjast i verk for å realisere samfunnsmålet. Effektmåla er høvesvis eit politi som utnyttar ressursane effektivt, eit politi som har føreseielege rammevilkår som gir handlingsrom til utvikling, og eit politi som har ein oppgåveportefølje som støttar opp under samfunnsoppdraget.

Det er sett i gang fleire aktivitetar som skal inngå i det første trinnet i planarbeidet, bl.a. blir det no gjennomført budsjett- og ressursanalysar i eit fleirårig perspektiv. Dette gir betre oversikt over økonomi og ressursar. Vidare blir det jobba med å betre styringsinformasjonen gjennom å utnytte moglegheitene i ein ny økonomimodell aktivt, og Politidirektoratet si rolle og ansvar som kunnskapsprodusent skal styrkast gjennom etatsstyringa. Analyse- og forskingsfunksjonen i direktoratet blir styrkt for å gi betre kunnskap om bl.a. effektar av tiltak og satsingar. Dette er sentrale tiltak, men dei er ikkje tilstrekkelege for å sikre eit berekraftig politi som kan møte framtidas utfordringar. I det andre trinnet er ambisjonen ei meir gjennomgripande endring i retning av ei meir kunnskapsbasert styring og utvikling av politisektoren.

Den kommande utgreiinga til politirolleutvalet vil vere eit sentralt bidrag, saman med anna relevant kunnskapsgrunnlag som blir utarbeidd. Politirolleutvalet vil behandle prinsipielle spørsmål om kva rolle politiet skal ha i samfunnet. Utgreiinga vil følgjeleg kunne leggje til rette for å behandle retningsval for politiet, som det vil vere naturleg å leggje fram for Stortinget, ettersom breie forlik om viktige utviklingsspørsmål kan bidra til større kontinuitet og føreseielegheit for politiet.

Det er tette koplingar mellom politirolleutvalet og arbeidet med å innføre langsiktige plandokument for politiet. Det førre politirolleutvalet såg det som hovudoppgåva si å trekkje opp prinsipielle retningslinjer for den framtidige utviklinga i politiet. Utvalet leverte to delutgreiingar i høvesvis 1981 og 1987, der det stilte opp ti grunnprinsipp som det meinte burde liggje til grunn for oppbygginga og verksemda til politiet. Desse prinsippa har vore eit sentralt referansepunkt som har hatt stor innverknad på utviklinga av politiet. Samfunnet har gått gjennom store endringar sidan utgreiingane til det førre politirolleutvalet. Det nye utvalet skal bidra til å definere og gjere tydeleg politirolla, gjennom grundige prinsipielle vurderingar av sentrale dilemma og konkurrerande verdiar som følgjer av det breie samfunnsoppdraget til politiet.

Politiets tryggingsteneste (PST) har, på lik linje med politiet, behov for langsiktig styring. PST treffest breitt av endringar i risiko- og trusselbiletet, der den forverra tryggleikspolitiske situasjonen og den raske teknologiutviklinga er sentrale element. Dette stiller store krav til styringa og utviklinga av verksemda. Regjeringa arbeider difor òg med å styrkje den langsiktige styringa og utviklinga av PST. Som ein del av oppfølginga av totalberedskapsmeldinga har politiet og PST fått i oppdrag å vurdere og komme med tilrådingar knytte til kva slags rolle politiet og PST skal ha i den øvre delen av krisespekteret. Oppdraget inneber å sjå nærmare på korleis ein skal prioritere oppgåver og ressursar, og på kva kompetanse-, ressurs- og regelverksbehov som kan oppstå.

Nærvær og tilgjengelegheit

Innbyggjarundersøkinga til politiet for 2024 viser at befolkninga i Noreg har høg tillit til politiet, og like høg som i 2023.

I samarbeid med svenske myndigheiter har regjeringa etablert ein felles norsk-svensk politistasjon på grensa mellom Noreg og Sverige ved Magnormoen i Innlandet politidistrikt. Eda-Eidskog politistasjon bidrar til å styrke og effektivisere det operative og strategiske samarbeidet mellom norsk og svensk politi i dette grenseområdet. Formålet er betre innsats mot grensekryssande kriminalitet. Det er òg sett i gang forprosjekt for nytt politihus i Bergen og for rehabilitering og nybygg ved Oslo politihus. Arbeidet med prosjektering av desse ordinære byggeprosjekta vil halde fram i 2026. Vidare har politiet etablert ei desentralisert samlingsbasert politiutdanning i Alta, som startar opp hausten 2025.

Operasjonssentralane til politiet (112) og 110-sentralane til brann- og redningsvesenet er samlokaliserte i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Sør-Aust. Operasjonssentralane til politiet, 110-sentralane til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralane til helsetenesta (113) er samlokaliserte i politidistrikta Nordland, Finnmark og Agder. Det er satt i gang utredningar av nye politihus kor samlokalisering er aktuelt. Samlokalisering av nødmeldingssentralane gir betre samvirke, noko som fører til raskare respons og tryggare hendingar for publikum. Nærleiken til kvarandre forbetrar situasjonsforståinga, byggjer tillit og legg til rette for felles øvingar og opplæring, noko som resulterer i høgare kvalitet i oppdragshandteringa, spesielt ved komplekse hendingar.

Departementet har avgjort at kommunane Bømlo, Fitjar og Stord ikkje skal overførast til Vest politidistrikt, men bli verande i Sør-Vest politidistrikt.

Straffesaksbehandling

Dei allmenne måla for behandling av straffesaker er høg kvalitet, høg oppklaringsprosent, kort behandlingstid og adekvat reaksjon.

Politiet har redusert restansane på straffesaksfeltet dei siste åra. Rask saksbehandling må likevel ikkje gå ut over krava til adekvat kvalitet på etterforskinga og påtalebehandlinga. Resultata på fleire områder er ikkje gode nok. Særleg gjeld dette låg og fallende oppklaringsprosent for fleire av dei kriminalitetstypane som er prioriterte i riksadvokaten sitt prioriteringsrundskriv og kvalitetsrundskriv, bl.a. vald og seksuallovbrot, mishandling og vald i nære relasjonar og grovt bedrageri. Det er òg til dels store variasjonar i oppklaringsprosent mellom politidistrikta for dei same kriminalitetstypane. Regjeringa har derfor dei siste åra satt i gang eit etterforskingsløft og styrking av påtalemakta. Målet er å heve kvaliteten og kapasiteten i etterforskinga av straffesaker. Auka løyvingar i budsjettet for 2024 og 2025 har bl.a. bidratt til betre etterforskingskapasitet og styrka kompetanse på etterforsking i politiet. Den høgare påtalemakta har fått auka løyving til styrka fagleg styring av påtalemakta for å bidra til høgare kvalitet og effektivitet i straffesaksbehandlinga i politiet.

Det er eit mål at oppklaringsprosenten for fleire av de prioriterte sakene skal bli betre enn i dag. På oppdrag frå departementet har politiet og Riksadvokaten utarbeidd ein plan om samhandling for betre måloppnåing i straffesakene, bl.a. betre resultatoppfølging av straffesaksbehandlinga i politidistrikta og heving av kompetanse i påtalemyndigheita. Planen skal implementerast på alle nivåa i begge etatane og skal offentleggjerast.

Som omtalt i stortingsmeldinga om økonomisk kriminalitet er det viktig å snu den mangeårige nedgangen i talet på etterforska lovbrot som gjeld økonomisk kriminalitet. Inndraging av utbytte er eit sentralt verkemiddel mot alle former for profittmotivert kriminalitet.

Den kunnskapsbaserte førebyggjande innsatsen til politiet

Førebygging av kriminalitet er eit ansvar som ligg til mange aktørar i samfunnet. Gjennom førebyggjande innsats og samarbeid med andre skal politiet vere i forkant av kriminaliteten og bidra til å redusere førekomsten av kriminalitet. Kriminalitet som blir førebygd, sparer samfunnet for både økonomiske og menneskelege kostnader.

Det er viktig at den kriminalitetsførebyggjande innsatsen til politiet byggjer på fagleg anerkjende prinsipp, og at politiet baserer informasjon og verksemd på vitskapleg kunnskap, slik t.d. rolleforståingsutvalet tilrådde i rapporten sin frå januar 2023. Politihøgskolen jobbar med fleire ulike prosjekt som følgjer opp behovet for forsking på området.

Regjeringa sette ned ei ekspertgruppe i juni 2025 som har som mandat å greie ut betre tverretatleg samarbeid og informasjonsdeling ved førebygging av barne- og ungdomskriminalitet, ekstremisme og mishandling i nære relasjoner. Ekspertgruppa skal foreslå tiltak som kan gi betre tverretatleg samarbeid og informasjonsdeling. Ho skal òg vurdere regelendringar som utvidar tilgangen til å dele teiepliktige opplysningar og behandle personopplysningar.

Forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie

Forvaltningsoppgåvene til politiet skal sikre innbyggjarane effektive tenester av god kvalitet. Politiet behandlar bl.a. saker om våpen, førarrett, vaktverksemd og brukthandel og søknader om pass og ID-kort.

Regjeringa er oppteken av å gi innbyggjarane eit best mogleg tilbod om pass og ID-kort. Det blei derfor i 2024 bestemt at 14 nye passkontor skulle opnast. Dei nye kontora er lite besøkt og mottar få søknader. Regjeringa meiner at eit godt tilbod om pass og ID-kort kan gis både ved å ha passkontorer og passbussar. Det er viktig at politiet sine ressursar brukast på ein god måte. På bakgrunn av politifaglege tilrådingar planleggast det for å leggje ned desse 14 kontora og erstatte dei med eit tilbod om passbussar. Kontora skal ikkje stengast før tilsvarande eller betre tilbod gjennom passbusser er på plass.

Det blir foreslått å auke gebyret for pass og nasjonalt ID-kort for å sikre betre samsvar mellom inntekter og utgifter. Nytt gebyrnivå utgjer 840 kroner for pass og nasjonalt ID-kort til vaksne og 510 kroner for pass og nasjonalt ID-kort til barn. I tillegg blir det foreslått å auke gebyret for nødpass til 1320 kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet har fastsett reglar som gir utanlandske statsborgarar som har norsk fødselsnummer og rett eller tillating til opphald her, rett til å søke om nasjonalt ID-kort. Med rett til nasjonalt ID-kort vil utlendingar som bur her kunne skaffe seg gyldig legitimasjon med det norske identitetsnummeret i folkeregisteret, og med det få enklare tilgang til bl.a. elektronisk identitet og banktenester. Frå 1. april 2025 kan utlendingar som er frå eit land innanfor EØS- eller EFTA-området søke om nasjonalt ID-kort utan rei-

serett ved politiet sitt publikumssenter i Ski. Politidirektoratet arbeider med å utvide ordninga til å omfatte statsborgarar frå andre land enn EØS- eller EFTA-området, og slik at ID-korta kan skrivast ut i heile landet.

Politiet har forvaltningsoppgåver på utlendingsfeltet òg. Søknader om asyl, opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet. I tillegg har politiet ansvar for å transportere ut personar utan lovleg opphald. Krigen i Ukraina er forventa å påverke korleis politiet handterer innkomstar i 2026 òg. Regjeringa foreslår å løyve 17 mill. kroner for å leggje til rette for handtering av innkomstar og registrering av asylsøkarar frå Ukraina. For å unngå unødig bruk av venteinnkvartering og sikre ei effektiv handtering av innkomstar må politiet tilpasse kapasiteten til det reelle behovet, om nødvendig ved å omprioritere ressursar internt i etaten.

Gjennom prioritert saksgang for utlendingar som kan utgjere ein alvorleg trussel mot samfunnstryggleiken, samarbeider politiet med PST og utlendingsmyndigheitene om effektiv saksflyt og uttransport i slike saker. Dette er viktig for tryggleiken til Noreg og bidrar til å motarbeide kriminalitet.

Politiet har ansvaret for drifta av Trandum utlendingsinternat. Det har vore retta kritikk mot tilbodet til dei internerte. Som ein del av arbeidet med å betre tilbodet, skal forvaltningsansvaret for Trandum utlendingsinternat etter planen bli overført frå politiet til kriminalomsorga frå 1. januar 2027. Det vil vere behov for enkelte regelverksendringar før ei ev. overføring. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i løpet av 2026.

Stortinget vedtok 26. november 2024 lovendringar som legg til rette for ei meir effektiv våpenforvaltning. Lovendringane inneber at politiet kan heilautomatisere avgjerder etter våpenlova. Dette vil gje eit betre tilbod til søkarane. Heilautomatisk behandling av digitale søknader om jaktvåpen vart sett i verk 11. juni 2025. Nokre søkarar kan no få saka si behandla same dag. Politiet arbeidar med å heilautomatisere fleire typar søknadar i våpenforvaltninga. Regjeringa foreslår at gebyra for våpenforvaltninga blir justerte til kostnadsdekkande nivå. Før gebyr for løyve og godkjenningar endrast, vil forslaga til endringar i våpenforskrifta sendast på høyring. Det vert lagt opp til at gebyrendringane skal tre i kraft frå 1. juli 2026. Justering av gebyra til kostnadsdekkande nivå vil frigjere 91 mill. kroner i politiets budsjett i 2026 som kan nyttas til andre høgt prioriterte formål. Regjeringa vil sjå på ytterlegere effektiviseringstiltak i våpenforvaltninga som bl.a. kan bidra til reduserte gebyr på sikt.

Sivil rettspleie omfattar bl.a. oppgåvene til namsmannen. Det var store restansar i utleggsforretningar, og det vart derfor sett i verk eit nasjonalt prosjekt med mellombelse stillingar ut 2026, der målet er å redusere restansane. Ved utløpet av 2024 var den akkumulerte saksbehandlingstida for utlegg på 139 dagar.

Gebyret for utleggsforretningar er redusert til sjølvkost etter at Stortinget løyva midlar i statsbudsjettet for 2025. I dag er gebyret på 0,69 gonger rettsgebyret (R). R vil bli fastsett til 1 345 kroner i 2026. Dermed blir utleggsgebyret 928 kroner.

Det har blitt arbeidd målretta for å redusere restansane i gjeldsordningssaker. Politiet har sett i verk eit prosjekt som går over tre år, for å ta unna restansane. Dei fleste politidistrikta hadde god kontroll på porteføljane sine ved utløpet av 2024. Ifølgje Politidirektoratet vil endringar i gjeldsordningslova kunne påverke saksbehandlingstida. I 2024 var den akkumulerte saksbehandlingstida på 109 dagar.

Det er foreslått å auke gebyrsatsane for forenkla førelegg i vegtrafikksaker tilsvarande den generelle prisauken for å oppretthalde den pønale effekten som satsane er meinte å ha. Dette medfører ein estimert inntektsauke på 31 mill. kroner i 2026 på kap. 4618 Skatteetaten, post 86 Bøter, inndragingar mv.

Schengen IT-systema i politiet

For å kjempe betre mot grensekryssande kriminalitet, terror og ulovleg migrasjon er det sett i gang eit omfattande utviklingsarbeid i Schengen-samarbeidet. Eit viktig tiltak er å utvikle og implementere fleire felleseuropeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og større tryggleik. Utviklinga i Noreg skjer primært i politiet og Utlendingsdirektoratet.

Nye EU-forordningar har gitt endringar i lov om Schengen informasjonssystem (SIS), som tredde i kraft våren 2023, og tilhøyrande endringar i IT-system og arbeidsprosessar. Desse endringane har bl.a. ført til raskare saksbehandling og styrkt kontroll på returområdet. I tillegg er det felles-europeiske inn- og utreisesystemet Entry/Exit System (EES) venta å bli innført gradvis frå hausten 2025, noko som vil bidra til betre grensekontroll på yttergrensa til Schengen-området. Fleire endringar i Schengen IT-systema er venta framover, og med det fleire vinstar.

Forseinkingar i EUs sentrale systemutvikling for Schengen IT-systema og endringar i EUs krav til enkelte av systema har påverka gjennomføringa i dei nasjonale prosjekta i politiet og Utlendingsdirektoratet. I revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart det vedteke ei endra felles kostnadsramme på 2 680 mill. kroner (2025-prisnivå inkl. mva.) for fire av utviklingsprosjekta i politiet og Utlendingsdirektoratet knytte til IT-systema Schengen Information System (SIS), Visa Information System (VIS), European Asylum Dactyloscopy (Eurodac) og Interoperabilitet, jf. Prop. 146 S (2024–2025). Samstundes vart det vedteke å etablere ei felles kostnadsramme på 880 mill. kroner (2025-prisnivå, inkl. mva.) til utviklingsprosjekta Entry/Exit System (EES) og European Travel Information and Authorization System (ETIAS) i politiet og Utlendingsdirektoratet.

Løyvinga til politiet som gjeld Schengen IT-systema, er nærmare omtalt under post 46 Investeringar i Schengen IT-system. Sjå òg omtale under post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar og kap. 490 Utlendingsdirektoratet.

Migrasjonspakta i EU

EUs pakt for migrasjon og asyl skal bli implementert sommaren 2026. Regjeringa sette i gang arbeidet med implementeringa i 2025, og foreslår å løyve 200 mill. kroner til å halde fram dette arbeidet i 2026. Løyvinga vil dekke nødvendige tiltak i bl.a. politiet. Sjå meir informasjon om pakta under kap. 490 Utlendingsdirektoratet og kap. 491 Utlendingsnemnda.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under og kap. 443, post 01

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i Politidirektoratet, politiet og dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta, med unntak av Politihøgskolen, jf. kap. 442 og påtalemakta i politiet, jf. kap. 443. Lønn til tilsette, våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer, IT m.m. er driftsrelaterte innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 196 mill. kroner til grunnfinansiering i politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 153,4 mill. kroner til implementering av asyl- og migrasjonspakta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 90,8 mill. kroner som følgje av at det blir foreslått å justere gebyra for våpenforvaltninga til kostnadsdekkande nivå.

Det er venta ein reduksjon i etterspurnaden etter pass og ID-kort. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 125 mill. kroner.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 58 mill. kroner bl.a. som følgje av færre innkomstar frå Ukraina. Det blir foreslått 17 mill. kroner til handtering av innkomstar frå Ukraina i 2026.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,4 mill. kroner som følgje av at tal på overføringsflyktningar er redusert frå 500 til 100.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 30,1 mill. kroner for å omprioritere midlar til andre område.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,9 mill. kroner til politiet i samband med nytt regjeringskvartal.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,2 mill. kroner til hurtigspor for raskare behandling av straffesaker i Vest og Sør-Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år. Sjå òg omtale under programkategori 06.30.

Kap. 440 vart i statsbudsjettet for 2023 delt i tre kapittel, kap. 440 Politiet, kap. 441 Politidirektoratet og kap. 443 Påtalemakta i politiet. For styrkt administrativt sjølvstende for politiet foreslår regjeringa å innlemme kap. 441 i kap. 440 frå og med statsbudsjettet for 2026. Løyvinga er foreslått auka med 383,1 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 441, som følgje av forslaget.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 7,1 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på Utanriksdepartementets kap. 100 Utanriksdepartementet, post 01 Driftsutgifter til finansiering av spesialutsendingar til Ukraina og Ghana.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 440, (ny) post 21 Spesielle driftsutgifter – Forsking og utvikling.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 400, post 01 og kap. 433, post 01 til samordning av arbeidet mot menneskehandel.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar òg, som ikkje blir omtalte nærmare.

Samla blir det foreslått ei løyving på 25 385,5 mill. kroner i 2026.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01 på 250 mill. kroner i 2026, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei nettobudsjetteringsfullmakt under posten, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – Forsking og utvikling, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til å støtte oppgåveløysing i politiet gjennom å finansiere forsking som bidrar til ny kunnskap som er relevant for oppgåveløysinga og samfunnsoppdraget til politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 400, post 23 til Tryggleiksundersøkinga.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 750 000 kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 400, post 70 til evalueringar i politiet.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 19,3 mill. kroner.

Post 22 Søk etter personar ein antek har omkomme, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter personar ein antek har omkomme på havet, i innsjøar, i vassdrag og på land. Posten dekker òg enkelte personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

Det er tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjeremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 30,2 mill. kroner.

Post 25 Variable utgifter ved innkomst, mottak og retur i utlendingsforvaltninga til politiet

På posten fører ein dei variable utgiftene til innkomst og mottak i utlendingsforvaltninga til politiet, bl.a. tolking og forpleiing. I tillegg blir dei variable utgiftene til retur av personar med avslag på søknad om vern (asyl), bortviste og utviste personar og personar som skal forlate Noreg i tråd med Dublin-regelverket, førte her. Dublin-regelverket slår fast kva land som har ansvaret for å behandle ein søknad om vern (asyl). Når eit anna land har ansvaret for å behandle søknaden frå ein person som er i Noreg, kan personen returnerast til dette landet. For slike returar gjeld det særskilde fristar. Om retur ikkje skjer innan fristen, må saka behandlast i Noreg.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner til implementering av asyl- og migrasjonspakta.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 4 mill. kroner som følgje av færre innkomstar frå Ukraina samanlikna med 2025.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 900 000 kroner som følgje av at talet på overføringsflyktningar er redusert frå 500 til 100.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar òg, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 202,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner i samband med det nye regjeringskvartalet.

Samla blir det foreslått ei løyving på posten på 37,3 mill. kroner.

Post 46 Investeringar i Schengen-IT-system, kan overførast

Posten omfattar prosjektutgiftene politiet har til utvikling og implementering av nye felles-europeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre informasjonsdeling og auka tryggleik.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 45,5 mill. kroner til arbeid med EES/ETIAS, i hovudsak på grunn av forseinkingar i EU.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 140,0 mill. kroner til politiet sitt arbeid med IT-systema SIS, VIS, Eurodac og Interoperabilitet.

Arbeidet med Kystvaktas tilgang til Schengen informasjonssystem (SIS) og Småbåtregisterets utveksling av informasjon med SIS er forseinka. Det blir foreslått å redusere løyvinga for 2026 med 6,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke seinare budsjettår.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 179,9 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 440 og kap. 490.

Post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, kan overførast

Som Schengen-land tek Noreg del i EUs grense- og visumordning under finansieringsordninga *Financial support for border management and visa* (BMVI). BMVI er ein del av migrasjons- og grenseforvaltninga til EU og skal særleg bidra til kontroll av yttergrensa. Ordninga skal òg bidra til å vidareutvikle den felles visumpolitikken, implementere den heilskaplege grenseforvaltningsstrategien hos medlemslanda og støtte arbeidet mot irregulær migrasjon.

Noreg får støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt innanfor grense- og visumsamarbeidet som bidrar til å oppfylle måla i ordninga. Dei årlege tildelingane frå EU baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir forskoterte over statsbudsjettet, før stønaden frå EU seinare blir refundert og løyva under kap. 3440, post 08. Dei samla refusjonane frå EU under kap. 3440, post 08 skal svare om lag til dei samla tildelingane under kap. 440, post 48 over heile fondsperioden.

Løyvingane til prosjekt under BMVI blir løyvde samla over kap. 440, post 48, og i 2026 vil Justis- og beredskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, politiet og Utlendingsdirektoratet gjennomføre prosjekt med midlar frå fondet.

Det er planlagt å bruke bl.a. 51,9 mill. kroner totalt til politiet sitt Schengen-IT-prosjekt for interoperabilitet, 81 mill. kroner til tiltak for å auke tryggleiken langs grensa mot Russland og 10,2 mill. kroner til politiet sitt prosjekt for innkjøp av nye e-gates ved Oslo lufthamn. I Utlendingsdirektoratet er det planlagt å bruke bl.a. 80,6 mill. kroner til prosjekt for ny saksbehandlingsløysing for visumsaker.

Departementet gjer merksam på at løyving på posten til politiet sitt prosjekt for interoperabilitet og Utlendingsdirektoratet sitt prosjekt for ny saksbehandlingsløysing for visumsaker inngår i felles kostnadsramme for høvesvis Schengen IT-prosjekta SIS, VIS, IO og Eurodac i politiet og Utlendingsdirektoratet, jf. forslag til romartalsvedtak VIII, og kostnadsramme for ModUlf-programmet i utlendingsforvaltinga, jf. forslag til romartalsvedtak XI.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 282,1 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 440, post 46 og under kap. 490, post 45.

Post 70 Tilskot

Posten inneheld tilskot til tiltak mot menneskehandel og prostitusjon, medrekna hjelpetiltaket ROSA for koordinering av butilbod og drift av ein hjelpetelefon, og til tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn.

Tabell 2.8 Tilskot som blir lyste ut

(Beløp i 1 000 kroner)

Tilskot	Forslag 2026
Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon	39 261
Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn	5 000
Sum	44 261

Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon

Formålet med tilskotsordninga er å motverke at barn og vaksne blir utsette for menneskehandel, å hjelpe menneske ut av prostitusjon og å redusere etterspurnaden etter prostitusjon.

Organisasjonar som driv frivillig verksemd, kan få tilskot. Dersom frivillige organisasjonar ikkje tilbyr tilfredsstillande aktivitetar og tiltak, kan kommunar få tilskot for å gjere det. Justis- og beredskapsdepartementet tildeler tilskot etter ei skjønnsmessig vurdering av i kor stor grad dei

aktuelle prosjekta kan bidra til å oppfylle formålet med tilskotsordninga. Departementet går gjennom rapporteringa frå mottakarane. Tilskota i 2025 førte bl.a. til at offer for menneskehandel fekk trygg oppfølging på eigna institusjonar. Det planleggast for at forvaltninga av ordninga blir flytta til Konfliktrådet i 2027.

Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn

Formålet med tilskotsordninga er å bidra til at trus- og livssynssamfunn kan gjennomføre fysiske tryggingstiltak for å vareta ansvaret sitt for å sikre personane som oppheld seg i lokala deira. Trus- og livssynssamfunn og paraply- og dialogorganisasjonar for trus- og livssynssamfunn som har organisasjonsnummer i Einingsregisteret, kan få tilskot. Ordninga blir forvalta av Politiets fellestenester. Politiets fellestenester gjennomgår rapporteringa frå mottakarane. Tilskot har bl.a. gått til utstyr for kameraovervaking og betre sikring av dører og vindauge.

Politiforeiningar

Regjeringa foreslår å avvikle tilskotsordninga for politiforeiningar. Tiltaket fell utanfor kjerneoppgåvene til politiet. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Tabell 2.9 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar

(Beløp i 1 000 kroner)

Tilskot	Forslag 2026
Krisesentersekretariatet (ROSA-prosjektet og drift av nasjonal hjelpetelefon)	5 600
Sum	5 600

ROSA-prosjektet støttar personar som er utsette for menneskehandel, slik at dei får utløyst rettane sine i Noreg, og løftar erfaringane og utfordringane deira for å betre vilkåra deira.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 49,9 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktingar m.m., kan overførast

Løyvinga under posten dekker utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordningar, Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex). Gjennom Schengen-medlemskapet er Noreg forplikta til å vere med og finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa og til å vere med på innbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordningar.

Kontingentane blir betalte i euro, og storleiken blir fastsett ut frå dei gjeldande budsjetta i EU-verksemdene.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 864,7 mill. kroner.

Kap. 3440 Politiet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyr – pass og ID-kort	648 722	918 262	832 662
02	Refusjonar m.m.	178 479	311 623	281 401
03	Salsinntekter	33 909	54 637	45 842
04	Gebyr – vaktselskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	1 865	4 828	3 828
05	Gebyr – våpenforvaltning		45 902	136 702
06	Gebyr – utlendingssaker	366 388	321 613	367 389
07	Gebyr – sivile gjeremål	795 729	559 196	620 537
08	Refusjonar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar	25 096	207 500	237 175
	Sum kap. 3440	2 050 188	2 423 561	2 525 536

Post 01 Gebyr – pass og ID-kort

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingsgebyr for pass og ID-kort.

Det blir foreslått å auke gebyra for pass, nødpass og nasjonalt ID-kort for å sikre betre samsvar mellom inntekter og utgifter. Det er òg venta ein reduksjon i etterspurnaden etter pass og ID-kort. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 85,6 mill. kroner.

Det er endringar som følgje av tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 832,7 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar m.m.

Politiet får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med særskild heimel. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimatet er derfor usikkert.

Det er endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 og kap. 443, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 281,4 mill. kroner.

Post 03 Salsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Det er endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 45,8 mill. kroner.

Post 04 Gebyr – vaktselskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmar der politi- og lensmannsetaten rykkjer ut, og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen.

Det er endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 3,8 mill. kroner.

Post 05 Gebyr – våpenforvaltning

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå gebyr frå våpenforvaltning.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 90,8 mill. kroner som følgje av at det blir foreslått å justere gebyra for våpenforvaltning til kostnadsdekkande nivå med verknad frå 1. juli 2026.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 136,7 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om opphald på anna grunnlag enn vern, statsborgarskap, visum, reisebevis og utlendingspass. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker som politiet er venta å få inn.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11,6 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2025 bl.a. fordi det er venta ei auke søknader innanfor visse sakstypar i 2026.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 34 mill. kroner som følgje av innføring av gebyr for barn, tilsvarande halvparten av satsen for vaksne, i samband med søknad om opphald. I tillegg blir det foreslått å auke gebyret for barn mellom 16 og 18 år i samband med søknad om erstatning av reisebevis som er mista eller øydelagt.

Det er tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 367,4 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjeremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, dvs. gebyr for tvangsforretningar og forliksrådsbehandling.

Det er tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 620,5 mill. kroner.

Post 08 Refusjonar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar

Posten dekker refusjonar frå EU knytte til dei nasjonale prosjekta som får tildelingar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, medrekna BMVI. Refusjonsutbetalingane frå EU vil variere frå år til år og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet, jf. omtalen under kap. 440, post 48.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 237,2 mill. kroner.

Kap. 441 Politidirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 440, post 01*	376 802	383 084	
	Sum kap. 441	376 802	383 084	

Regjeringa foreslår å innlemme kap. 441 Politidirektoratet i kap. 440 Politiet. Det blir derfor ikkje foreslått løyving på kapittelet i 2026. Sjå omtale under kap. 440.

Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	685 634	713 726	746 529
	Sum kap. 442	685 634	713 726	746 529

Politihøgskolen er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politiet i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdanning, forsking og formidling. Høgskolen skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon som held eit høgt nivå, og som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 31. desember 2024 utgjorde 359 årsverk.

Justis- og beredskapsdepartementet har utarbeida ein plan for å styrke påtalemakta og etterforsking av kriminalitet. Planen inneheld ei oversikt over regjeringa sine tiltak på dette feltet. Eit av tiltaka dreier seg om utdanning for etterforskarar. For å avdekke og oppklare straffbare forhold er det nødvendig at tilsette i politiet har høg etterforskingskompetanse, og det er behov for tilsette med både politiutdanning og annan fagbakgrunn. Det skal derfor opprettast eit etterforskarstudium ved Politihøgskolen frå hausten 2026 for personar utan politiutdanning.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskolen.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3442, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 746,5 mill. kroner.

Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Diverse inntekter	30 511	24 068	24 934
03	Eksterne forskingsmidlar	10 749	13 587	14 076
	Sum kap. 3442	41 260	37 655	39 010

Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til Politihøgskolen kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 24,9 mill. kroner.

Post 03 Eksterne forskingsmidlar

Inntekter frå eksterne forskingsmidlar blir førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 14,1 mill. kroner.

Kap. 443 Påtalemakta i politiet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 440, post 01*	1 589 773	1 644 655	1 738 400
	Sum kap. 443	1 589 773	1 644 655	1 738 400

Påtalejuristane i politiet leier og har ansvaret for etterforskinga i politiet. Dei er ved utøvelse av etterforskings- og påtalefunksjoner underlagde statsadvokatane i enkeltsaker. I Noreg er det første nivået i påtalemakta integrert i politidistrikta og blir leidd av politimeistrane, ein såkalla integrert og framskoten påtalefunksjon.

Bemanninga i påtalemakta i politiet utgjorde 1005 årsverk per 31. desember 2024.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten omfattar ordinære driftsutgifter knytte til påtalejuristane i politiet, irekna lønnsutgifter og andre indirekte utgifter.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner til hurtigspor for raskare behandling av straffesaker i Vest og Sør-Vest politidistrikt der gjerningspersonen er under 18 år. Sjå òg omtale under programkategori 06.30.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 443, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 738,4 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets tryggingsteneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 623 907	1 759 279	1 882 354
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*	38 596	53 526	82 296
	Sum kap. 444	1 662 503	1 812 805	1 964 650

Det primære ansvaret til Politiets tryggingsteneste (PST) er å førebyggje, avdekke, etterforske, føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og mot grunnleggjande nasjonale interesser. PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneste.

Ei sentral oppgåve for PST er å utarbeide analysar og trusselvurderingar til støtte for avgjerdene til myndigheitene og andre aktørar. I tillegg har PST ei viktig rolle som rådgivar. PST samarbeider i stor grad med både nasjonale og internasjonale aktørar under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Sjefen for PST leier Den sentrale eininga (DSE) som er lokalisert i Oslo, og har dessutan det faglege ansvaret for dei lokale PST-einingane i politidistrikta utanfor Oslo.

Noreg står i ein krevjande tryggleikssituasjon som grip inn i alle ansvarsområda under PST. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til PST med 100 mill. kroner.

PST skal utføre samfunnsoppdraget sitt innanfor dei budsjettmessige, juridiske og politiske rammene som Stortinget og regjeringa har bestemt. Risikoen for alvorlege hendingar som kan true nasjonal tryggleik vil alltid vere til stede. PST arbeidar aktivt med å førebyggje og etterforske aktivitet og hendingar som truar tryggleiken

til nasjonen. Dette bidrar til å redusere risikoen for at Noreg blir utsett for slike hendingar i framtida.

Samarbeid og regelverk

For å møte trusselen frå framand etterretning og terrorisme er det nødvendig med tett samarbeid med ei rekkje aktørar i og utanfor Noreg. I Noreg vert samarbeid med EOS-tenestene og politiet særleg vektlagd.

Regjeringa er opptatt av å styrkje kunnskapen og kompetansen om samansette truslar, og foreslår derfor å auke løyvinga til PST med 4 mill. kroner i 2026. Løyvinga skal nyttast til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS).

Tryggleikssituasjonen har endra seg vesentleg dei siste åra. Ei betydeleg teknologisk utvikling har også ført til at framandstatlege aktørar nyttar nye framgangsmåtar for å få tilgang til opplysningar. Regjeringas totalberedskapsmelding fastslår viktigheita av å ha eit regelverk som varetar vår evne til å avdekke og motverke tryggleikstruande aktivitet frå framande statar i Noreg, både i fredstid og i meir krevjande tryggleikspolitiske situasjonar. For å sørgje for at lovverket er tilpassa den nye tryggleikssituasjonen, har regjeringa satt i gang eit arbeid med å utgreie behov for endringar i straffeloven og politiloven. Justis- og beredskapsdepartementet vil bl.a. sjå på kva for utfordringar som gjer seg gjeldande med dagens føresegner om etterretningsverksemd mot statshemmelegheiter og anna ulovleg etterretningsverksemd. Departementet ser òg nærmare på heimlane til PST for bruk av tvangsmiddel i førebyggjande saker.

Vidare følgjer departementet opp høyringa av eit forslag til endringar i straffeprosesslova som omhandlar skjult kameraovervaking ved bruk av mobile kamera, slik som dronar.

Ulovleg etterretningsverksemd

PST har ei viktig rolle i å førebyggje og motverke ulovleg etterretningsverksemd i Noreg. Framande statar bruker ein kombinasjon av ulike verkemiddel, sivile og militære, opne og fordekte, i det fysiske så vel som i det digitale rommet, for å oppnå strategiske mål. Dette gjer trusselbiletet meir utfordrande og samansett. Døme på verkemiddel som er særleg krevjande å oppdage og førebyggje, er økonomiske verkemiddel i form av oppkjøp og investeringar og påverknadsaktivitet, særleg når det tek form av falske nyheiter og desinformasjon.

Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna myndigheitene har til å fange opp trusselaktørar, til å følgje truslane over tid og til å vurdere det samla trusselbiletet frå framande statar mot norske interesser. Det er viktig at dei nasjonale tryggingsmyndigheitene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og tilstrekkelege ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg.

Transnasjonal undertrykking

Transnasjonal undertrykking er ei alvorleg utfordring som krev bevisstgjering. PST omtalar i si opne trusselvurdering for 2025 korleis framande statar nyttar verkemiddel mot personar i Noreg som blir sett på som trugsmål mot eigne regime. Målet er å nøytralisere politisk opposisjon og kritikk. Politiet følgjer opp arrangement og utsette borgarar, og sørger bl.a. for å oppretthalde ro og orden, samstundes som retten til å ytre seg blir ivaretatt. PST har ansvar for å førebyggje og etterforske framand etterretningsverksemd mot utlendingar i Noreg. Utlendingsdirektoratet har transnasjonal undertrykking som fokus i alle porteføljar.

Det må jobbast bredt for å motverke slik aktivitet retta mot innbyggjarar i Noreg, også fordi aktørane i fleire tilfelle opererer frå utlandet. Fleire tiltak er difor sette i verk òg utanfor justissektoren, bl.a. oppfølging av statsforvaltarane med omsyn til deira ansvar som tilskots- og tilsynsmyndigheit etter trussamfunnslova. Trus- og livssynssamfunn som krenkjer rettar og fridommar, kan nektast tilskot. I rettleiaren til trussamfunnslova, som Barne- og familiedepartementet lanserte i mars 2025, blir transnasjonal undertrykking nemnt som døme på alvorleg krenking. Press og undertrykking er også eit tema i rettleiaren om ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid som Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Forskingsrådet har gitt ut.

Terror og annan politisk motivert vald

Samfunnsoppdraget til PST omfattar òg å førebyggje og etterforske alvorleg kriminalitet mot den nasjonale tryggleiken, som terror og valdeleg ekstremisme. Terrortrusselnivået i Noreg har dei siste åra vore på moderat nivå. PST vurderer i 2025 at terrortrusselen mot Noreg er reell.

Eit komplekst utfordringsbilete som òg er i stadig endring, krev samarbeid på tvers av sektorar, tenester og landegrenser. Det må vere eit kontinuerleg arbeid med førebygging og tryggingstiltak. Regjeringa har lagt fram Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme*, som følgjer opp arbeidet til ekstremismekommisjonen. Det er viktig at innsatsen er samla på tvers av sektorar for å motverke radikalisering og hindre terror.

Justis- og beredskapsdepartementet vil i samarbeid med dei departementa det vedkjem, gjennomgå den nasjonale kontraterrorstrategien for å sikre at prioriteringane på feltet er riktige, bl.a. sett opp mot utfordrings- og trusselbiletet.

Truslar mot myndigheitspersonar

PST bidrar til tryggleik for myndigheitspersonar, bl.a. med livvakttenesta for sentrale myndigheitspersonar (medlemmer av kongehuset, regjeringa og Høgsterett og stortingsrepresentantar), utarbeiding av trusselvurderingar, rådgiving og ulike førebyggjande tiltak.

Norske myndigheitspersonar blir utsette for hatefulle, sjikanerande og truande handlingar, ikkje minst i det digitale rommet. Påtalemakta har ei rolle når handlingane blir vurderte som straffbare. Det er ei sentral oppgåve for PST å vareta tryggleiken til myndigheitspersonar. Undersøkingar tyder på at fleire politikarar vurderer å slutte som følgje av hets og truslar. Det kan vere ein trussel mot demokratiet. PST vidareutviklar derfor samarbeidet med politiet slik at dei saman kan bidra til at politikarar, særskild dei unge, vil halde fram med å stå i det politiske arbeidet sitt. Regjeringa har teke grep for å sikre at svingingar i arbeidet med tryggleik for myndigheitspersonar ikkje går ut over andre delar av samfunnsoppdraget til PST, bl.a. gjennom forslag om auka løyvingar til PST i dei årlege budsjettrevisjonane dei seinare åra.

Eksportkontroll og arbeidet mot ulovleg spreiing av masseøydeleggingsvåpen

PST jobbar med eksportkontroll i Noreg for å førebyggje, avdekke og etterforske brot på lovverket. PST samarbeider med nasjonale partnarar som Direktoratet for eksportkontroll og sanksjonar (DEKSA) i den førebyggjande fasen.

Ei anna viktig oppgåve er å hindre ulovleg spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Dette arbeidet blir stadig meir komplekst og må sjåast i samanheng med ulovleg etterretning frå framande statar. Arbeidet skjer i samarbeid med bl.a. Utanriksdepartementet, Tolletaten og Etterretningstenesta. PST har dei siste åra styrkt dette arbeidet gjennom ei rekkje tiltak, bl.a. styrkt dialog med private aktørar.

Formidling

For at dei enkelte etatane og verksemdene skal kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder for å sikre verdiane og interessene sine, må informasjon og medvit om truslar og sårbarheiter nå alle i dei relevante målgruppene. Dette er òg vektlagd i den nasjonale tryggingsstrategien. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer derfor, i samarbeid med Forsvarsdepartementet, å vidareutvikle formidlinga av trussel- og risikovurderingane frå etterretnings-, overvakings- og tryggingstenestene.

Dei seinare åra har PST vidareutvikla og målretta arbeidet sitt med trusselformidling og kommunikasjon. PST offentleggjer fleire trusselvurderingar og arbeider vidare med å tydeleggjere kommunikasjonen, både til publikum generelt og til trusselutsette grupper.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Den krevjande tryggleikspolitiske situasjonen grip inn i alle ansvarsområda under PST. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 70 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner til å auke situasjonsforståinga når det gjeld samansette truslar gjennom NESS.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 444, post 01 på 50 mill. kroner i 2026, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det er òg endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1882,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald i PST.

Den krevjande tryggleikspolitiske situasjonen grip inn i alle ansvarsområda under PST. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Det er endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 444, post 45 på 50 mill. kroner i 2026, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 82,3 mill. kroner.

Kap. 3444 Politiets tryggingsteneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Refusjonar	10 376	16 768	17 372
	Sum kap. 3444	10 376	16 768	17 372

Post 02 Refusjonar

På posten blir det ført rekneskap over inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag, og særskild bistand til Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,4 mill. kroner.

Kap. 445 Den høgare påtalemakta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	377 017	393 959	406 623
	Sum kap. 445	377 017	393 959	406 623

Riksadvokaten leier Den høgare påtalemakta både fagleg og administrativt og har den overordna faglege leiinga av heile straffesaksbehandlinga i sin eigen etat og i politiet. Det er lovfesta i straffeprosesslova § 55 at påtalemakta er uavhengig ved behandlinga av den enkelte straffesaka. Ingen utanfor påtalemakta kan instruere i enkeltsaker eller gjere om eit påtalevedtak.

Den høgare påtalemakta består for tida av ti regionale statsadvokatembete, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ei sentral politieining. Riksadvokaten har det faglege ansvaret for behandlinga av straffesaker ved Økokrim. Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative saker. Statsadvokatembeta i regionane har den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sin region. Det nasjonale statsadvokatembetet har påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos tek sjølv, og har òg den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos. Det nasjonale statsadvokatembetet har òg påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Bemanninga per 31. desember 2024 utgjorde 198 årsverk.

Omorganisering av Den høgare påtalemakta

Regjeringa har avgjort at talet på statsadvokatregionar skal reduserast frå ti til fire. Formålet er å styrke det strategiske nivået på leiinga, sikre meir effektiv utnytting av ressursane og styrke fagleiinga av straffesaksbehandlinga i politiet. Riksadvokaten tek sikte på at endringane kan tre i kraft frå 1. januar 2026.

Dei fire regionane blir Nord (Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark), Vest (Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal), Sør (Vestfold, Telemark og Buskerud, Agder, Hedmark og Oppland) og Aust (Oslo). Alle kontorstadene blir oppretthaldne.

Den høgare påtalemakta si fagleiing av politiet

Kvaliteten på straffesaksbehandlinga i politiet er av sentral betyding for å sikre at straffesaksbehandlinga i sin heilskap er effektiv og held høg kvalitet.

Den høgare påtalemakta har dei siste åra fått auka løyving til styrkt fagleg styring av straffesaksbehandlinga i politiet. Fagleiinga av politiet skal bli meir målretta, systematisk og tilpassa dei lokale behova og kriminalitetsutfordringane til politiet.

Dei auka løyvingane har blitt nytta til å byggje kapasitet og funksjonar ved Riksadvokatembetet og statsadvokatembeta slik at dei på ein betre måte kan vurdere om krava til straffesaksbehandlinga blir følgde opp, for å sikre kvalitet, effektivitet og rettstryggleik i straffesaksbehandlinga i politiet i alle politidistrikta. Tilsynsverksemda, resultatoppfølginga og etatsstyringsfunksjonane har òg blitt styrkte og vidareutvikla. Arbeidet med å gjennomføre satsinga i tråd med føringane og å vidareutvikle innsatsen skal ha prioritet, og samhandling med Politidirektoratet for betre måloppnåing i straffesakene skal prioriterast. På oppdrag frå departementet har etatane utarbeidd ein plan om samhandling for betre måloppnåing i straffesakene. Planen skal implementerast på alle nivå i begge etatane og offentleggjerast.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta.

Det er endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 406,6 mill. kroner.

Kap. 448 Grensekommissæren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	7 313	6 571	7 617
	Sum kap. 448	7 313	6 571	7 617

Post 01 Driftsutgifter

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 31. desember 2024 utgjorde 4,0 årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Posten skal dessutan dekke utgifter til grensemerking mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensemyndigheiter.

Det er endringar på posten som følgje av tekniske endringar, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 7,6 mill. kroner.

Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	3 984 302	4 337 468	4 597 618	6,0
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	1 168 179	1 129 937	943 160	-16,5
50–89	Overføringar til andre	372 660	381 013	248 530	-34,8
	Sum kategori 06.50	5 525 141	5 848 418	5 789 308	-1,0

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
451	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	2 412 225	2 417 336	2 494 334	3,2
452	Sentral krisehandtering	29 544	30 140	31 088	3,1
453	Sivil klareringsmyndigheit	60 321	68 569	70 673	3,1
454	Redningshelikoptertenesta	1 849 355	2 180 860	2 015 385	-7,6
455	Redningstenesta	570 397	608 516	590 570	-2,9
457	Nasjonalt tryggingsorgan	603 299	542 997	587 258	8,2
	Sum kategori 06.50	5 525 141	5 848 418	5 789 308	-1,0

Innleiing

Programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap* omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareringsmyndigheit (SKM), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), redningshelikoptertenesta, redningstenesta og sentral krisehandtering. Hovudredningssentralen (HRS) leier og koordinerer redningsaksjonar og har ansvaret for forvaltninga av redningshelikoptertenesta.

Verksemdene i programkategori 06.50 har alle ei sentral rolle i arbeidet med nasjonal tryggleik og samfunnstryggleik. Verksemdene skal sikre tryggleiken til innbyggjarane ved at samfunnet blir i stand til å førebyggje, motverke og unngå uønskte hendingar og vareta tryggleiken i samfunnet.

Prioriteringar i 2026

Oppfølgjing av totalberedskapsmeldinga

Dei tre hovudmåla i totalberedskapsmeldinga utgjer prioriteringane når det gjeld nasjonal tryggleik og samfunnstryggleik. Dette er måla: eit sivilt samfunn som er førebudd på krise og krig,

eit sivilt samfunn som motstår samansette truslar, og eit sivilt samfunn som støttar opp under militær innsats. Måla skal styrke den sivile motstandskrafta og gjere Noreg betre rusta til å møte både naturkatastrofar, digitale truslar og tryggleikspolitiske utfordringar. Les meir i om meldinga i del I under målet «Tryggleik i samfunnet».

Nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark

Regjeringa har lagt fram ein ny nordområdestrategi, der retninga for vidare nordområdepolitikk blir peika ut og det blir gjort prioriteringar for å vareta Noregs kjerneinteresser i nord. I strategien kjem det mellom anna fram at regjeringa, med utgangspunkt i NATOs grunnleggjande forventningar til motstandskraft i kritiske sivile samfunnsfunksjonar, vil utvikle ei nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark. Etablering av tiltakssona vil innebere at det over tid må gjennomførast fleire tiltak der styrking av beredskap og reduksjon av sårbarheit er målet. Regjeringa har derfor bede alle departement om å vurdere eventuelle relevante tiltak og prioriteringar som kan støtte opp under formålet innan ansvarsområda sine. Relevante tiltak for å støtte opp under tiltakssona og som svarer på konkrete utfordringar er bl.a. å opprette ein statleg samlingsstad («Hub») i Kirkenes for ulike statlege sektorars arbeid med sivil motstandskraft og sivil-militært samarbeid i nordområda, inkludert auka totalforsvarssamarbeid med Finland og Sverige, styrkje kommunane i Aust-Finnmark sitt beredskapsarbeid og styrkje Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sitt arbeid med totalforsvar og oppfølging av totalberedskapsmeldinga. Sjå nærare omtale av desse tiltaka under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Rapport om Nasjonal tryggingsorgan– oppgåver og myndigheit

Den tryggingspolitiske situasjonen krev at verksemdene styrker oppgåvene knytte til nasjonal tryggleik, samfunnstryggleik og digital tryggleik. I rapport om *Nasjonal tryggingsorgan- oppgåver og myndigheit (Gjedrem II),* som kom 9. april 2025, går det fram at kjerneoppgåvene til NSM bør vere dei som følgjer av tryggingslova. Utvalet meiner òg at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) bør få ei styrkt og meir strategisk rolle i arbeidet med digital tryggleik på sivil side. Rapporten peikar òg på at grensesnittet mot DSB må bli klarare. Regjeringa følgjer opp arbeidet. Det har òg blitt greidd ut i ein eigen rapport, *Utredning om klareringsordninga*, om korleis klareringsordninga kan organiserast. I rapporten blir det tilrådd å etablere ei ny nasjonal klareringsmyndigheit som skal overta ansvaret for klareringssakene frå Sivil klareringsmyndigheit (SKM) og Forsvarets tryggleiksavdeling (FSA). Utgreiinga vil inngå som ein del av grunnlaget for det vidare arbeidet med å utvikle eit meir effektivt og heilskapleg klareringssystem.

Nasjonal skyteneste

Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å etablere ei nasjonal skyteneste. Formålet er å sikre auka nasjonal kontroll med kritisk digital infrastruktur, viktige samfunnsfunksjonar og digitale verdiar. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) skal følgje opp forprosjekt som gjeld nasjonal skyteneste. Forprosjektet skal avklare gjenståande problemstillingar og vidareutvikle og detaljere konseptet som er valt. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til Nasjonalt tryggingsorgan med 30 mill. kroner i 2026.

Regulatoriske endringar innan samfunnstryggleiksområdet

Den digitale utviklinga gir store moglegheiter for verdiskaping og nye løysingar på problema som samfunnet står overfor. Samtidig gir digitaliseringa nye sårbarheiter. For å motverke dette, vil bl.a. lova om digital tryggleik bidra til å sikre grunnleggjande krav til digital tryggleik i verksemder med særleg betyding for samfunnet. Det er eit mål å førebyggje, avdekke og motverke uønskte hendingar i nettverks- og informasjonssystem som blir brukte for å levere samfunnsviktige tenester og digitale tenester. Lova gjeld for tilbydarar av samfunnsviktige tenester i sektorane energi, transport, helse, forsyning av vatn, bank, finansmarknadsinfrastruktur og digital infrastruktur, samt tilbydarar av digitale tenester. Lova er vedteken av Stortinget og trådde i kraft 1. oktober 2025. Saman med forskrifter vil lova gjennomføre NIS1-direktivet og gjennomføringsforordning 2018/151 i norsk rett. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Nasjonal tryggingsorgan med 15 mill. kroner, så dei kan ivareta nye myndigheitsoppgåver dei har fått etter digitaltryggleikslova med forskrift.

I EU er NIS1-direktivet erstatta med NIS2-direktivet. Direktivet fastset tiltak for å sikre eit høgt nivå av digital tryggleik i heile EU. NIS2-direktivet byggjer vidare på NIS1-direktivet og

utvidar bl.a. verkeområdet til å gjelde fleire sektorar. NIS2-direktivet må sjåast i samanheng med CER-direktivet, som har som mål å sikre levering av kritiske tenester i EUs indre marknad. Sjølv om direktiva ikkje er tekne inn i EØS-avtalen enno, førebur regjeringa gjennomføringa av desse direktiva i norsk rett. Direktiva stiller bl.a. grunnleggjande krav til digital og fysisk tryggleik, varsling og rutinar for samfunnsviktige verksemder og gjelder fleire sektorar og verksemder enn dei som i dag er underlagt tilsvarande tryggleikskrav. Det vil truleg bli behov for fleire tilsette til å jobbe med digital sikring, og nye digitale verktøy for å oppfylle krava i regelverket.

I ein tryggingspolitisk krise eller krig vil det vere stort behov for sivil arbeidskraft for å understøtte Forsvaret og opprettholde viktige samfunnsfunksjonar. Regjeringa har derfor arbeida med å oppdatere lovverket som regulerer mobilisering av sivil arbeidskraft i krise og krig. Justis- og beredskapsdepartementet fremma 15. november 2024 Prop. 11 L (2024–2025) *Endringer i sivilbeskyttelsesloven (sivil arbeidskraftberedskap)*. Stortinget vedtok ei endringslov 16. juni 2025 og den trådde i kraft 1. juli 2025. Lova gir heimlar til å gi forskrifter som regulerer sivile arbeids- og tenesteforhold, inkludert sivil arbeidsplikt, når riket er i krig, krig truar eller sjølvstendet til riket er i fare. I ein slik situasjon vil det vere behov for sivil arbeidskraft til å støtte forsvaret av landet, verne sivilbefolkninga og sørgje for samfunnets grunnleggjande funksjonalitet. Tiltak etter lova skal vere tilpassa dei behova som slike unntakssituasjonar utløyser og vere nødvendige og proporsjonale.

Redningshelikoptertenesta

Justis- og beredskapsdepartementet inngjekk i desember 2013 kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Anskaffinga er no gjennomført, og nye SAR Queen-helikopter er sette i drift på alle dei seks redningsbasane. I tillegg til dei nye redningshelikoptera omfattar kostnadsramma utgifter til bl.a. bygningsmessige tilpassingar ved redningshelikopterbasane og tilpassing av landingsmoglegheitene ved enkelte sjukehus. Regjeringa foreslår å løyve om lag 750 mill. kroner til dette arbeidet i 2026.

Stortinget har bede om at det blir gjort nødvendige førebuingar for at Forsvaret kan overta som operatør ved redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut, jf. oppmodingsvedtak nr. 983 av 25. mai 2021. Justis- og beredskapsdepartementet har motteke ei utgreiing om konsekvensar og kostnader knytte til operatørskifte, som no er til behandling i departementet. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om saka på eit høveleg tidspunkt.

Bodø lufthamn skal flyttast, og det skal som følgje av dette byggjast ein ny redningshelikopterbase. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er på 609 millionar kroner (i 2025-verdi). I revidert nasjonalbudsjett for 2025 melde Justis- og beredskapsdepartementet i frå om nye foreløpige kostnadsanslag for bygginga, som viste betydelege økte kostnadar. Dei auka kostnadane skyldast bl.a. tilpassingar til hovudprosjektet for flyttinga av lufthamna i Bodø, tilpassingar på tomta der basen skal byggjast og justeringar i sjølve byggeprosjektet. Kostnadsanslaga til revidert nasjonalbudsjett var usikre, og er sidan blitt revidert. Det er iverksett kutt og forenklingar i prosjektet, bl.a. er det gjort justeringar i byggets plassering og utforming. I tillegg er det iverksett tiltak som legg til rette for effektivt samspel mellom prosjekt ny lufthamn Bodø og prosjekt for ny redningshelikopterbase, som vil gi meir kostnadseffektiv gjennomføring av prosjekta sett under eit. Det er fortfarande mykje usikkerheit i prosjektet. Det blir føreslått å auke kostnadsramma til 802,7 mill. kroner (2026-kroner) som følgje av tilpassingar til hovudprosjektet ny lufthamn Bodø, samt endringar i helikopterbasen, jf. forslag til romartalsvedtak XII.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 518 047	1 565 567	1 633 769
21	Særskilde driftsutgifter	16 144	27 469	28 458
22	Særskilde driftsutgifter – Nødnett, *kan overførast*	595 319	622 744	624 443
23	Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap	51 207	51 900	53 768
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	223 765	141 619	145 570
70	Overføringar til private	7 743	8 037	8 326
	Sum kap. 451	2 412 225	2 417 336	2 494 334

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er fag- og tilsynsorgan for sivil samfunnstryggleik, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivilforsvaret, DSBs kurssenter og Brann- og redningsskulen er underlagde DSB. DSB er ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og staten sin eigarskap til Nødnett, og er nasjonal myndigheit for brann- og eltryggleik. I tillegg har direktoratet ansvar for embetsstyringa av statsforvaltarane når det gjeld samfunnstryggleik, og er fagmyndigheit for tryggleik ved handtering og transport av farlege stoff og eksplosiv, og for tryggleik ved produkter og forbrukartenester.

DSB som sivil samordningsmyndigheit

DSB er sivil samordningsmyndigheit på etatsnivå for samfunnstryggleik og beredskap i fred, krise og krig. Som samordningsmyndigheit utarbeidar DSB til dømes analysar av krisescenario, samfunnsplanlegging, beredskapsplanverk, øvingar og evalueringsarbeid. På nasjonalt nivå gjennomfører DSB bl.a. samordningskonferansar mellom sentrale nasjonale aktørar og statsforvaltarane for å bidra til nasjonal koordinering når det er nødvendig.

Saman med Forsvarsstaben leier DSB Sentralt totalforsvarsforum (STF). Forumet blir i hovudsak nytta for å få oversikt og ei felles situasjonsforståing når situasjonar og kriser har konsekvensar på tvers av sektorar og nivå. Eit viktig tiltak er DSBs arbeid saman med Forsvaret å leie planlegginga og gjennomføringa av Totalforsvarsåret 2026 og koordinering av arbeidet med NATOs nye vertslandsstøttekonsept.

Direktoratet har ansvar for å samordne sivil sides krigsførebuande tiltak og det er auka forventningar til direktoratets leveransar som følgje av hovudmåla i totalberedskapsmeldinga og den nye nordområdestrategien. I strategien vil regjeringa bl.a. utvikle ei nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark, med utgangspunkt i NATOs grunnleggjande forventningar til motstandskraft i kritiske sivile samfunnsfunksjonar. I samband med dette har regjeringa gitt DSB oppdrag om å prioritere tiltakssona og Aust-Finnmark særskilt i det krigsførebyggjande arbeidet sitt og i oppfølginga av totalberedskapsmeldinga. Regjeringa foreslår å styrkje DSB med 10 mill. kroner.

Auka statleg nærvær i Kirkenes og styrkt kommunal beredskap i Aust-Finnmark

Eit viktig tiltak er å utvikle ei nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark, og å opprette ein statleg samlingsstad («Hub») for ulike statlege sektorars arbeid med sivil motstandskraft og sivilmilitært samarbeid i nordområda, inkludert auka totalforsvarssamarbeid med Finland og Sverige. Nordområda, og særleg Aust-Finnmark, står overfor store tryggleiks- og beredskapsutfordringar. Det er behov for å styrke arbeidet med beredskap og tryggleik på tvers av sektorar og forvaltningsnivå og arbeidet må samordnast betre. Det er vidare behov for å styrkje samarbeidet over landegrensene, i tillegg til å styrkje beredskapsarbeidet på lokalt nivå.

Regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner for etablering, drift og forvaltning av den statlege samlingsstaden i Kirkenes. Ansvaret for å drifte samlingsstaden blir lagt til DSB med støtte frå

statsforvaltaren i Troms og Finnmark. Fordelinga av dei 5 mill. kronene er høvesvis 3,5 mill. kroner til DSB for etablering, drift, forvaltning og nærvær i samlingsstaden og 1,5 mill. kroner til statsforvaltaren for etablering og fast nærvær med beredskapsressursar i samlingsstaden.

Kommunane i Aust-Finnmark har avgrensa ressursar til å vareta det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Det er utfordrande å oppfylle lovpålagde krav. Denne utfordringa har ei større nasjonal tryggingspolitisk betydning i Aust-Finnmark enn i dei fleste andre delar av landet. Regjeringa foreslår å styrkje beredskapsarbeidet i kommunane i Aust-Finnmark med 6 mill. kroner. Styrkinga skal bidra til betre beredskap i kvar enkelt kommune, til betre samarbeid på tvers av kommunane, betre samordning av beredskapsarbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå og bidra til auka samarbeid på relevante område med Finland og Sverige om beredskap i nordområda. Midlane blir foreslått løyvde som prosjektmidlar hos Statsforvaltaren i Troms og Finnmark, der det blir føresett at dette er faste midlar som skal dekke inntil 0,5 årsverk hos statsforvaltaren med beredskapsarbeid i kommunane i Aust-Finnmark. Det blir føresett at statsforvaltaren i nært samarbeid med kommunane styrer disponeringa av midlane innan angitt formål. Samarbeid mellom kommunar skal vurderast og bli vektlagt ved tildeling av midlar.

DSBs internasjonale arbeid og European Civil Protection Pool (ECPP)

DSBs internasjonale arbeid omfattar mellom anna humanitær bistand ved katastrofar og å ivareta norske interesser i internasjonale samarbeidsorgan som FN, EU og NATO. Det europeiske samarbeidet om samfunnstryggleik har blitt styrkt etter at Russland angreip Ukraina. Om nasjonale ressursar ikkje skulle strekkje til, er det viktig å kunne søke hjelp frå naboland utan at formalitetar skaper unødig forsinking. Sveriges og Finlands medlemskap i NATO har gjort nordisk samarbeid om felles planverk særleg aktuelt.

Det går føre seg eit arbeid med å implementere NATOs nye konsept for vertslandstøtte og utvikling av minstekrav til operasjonell kapasitet for sivil side sin bistand til forsvaret av Noreg. Arbeidet er viktig for at vi raskt skal kunne ta imot og vere vertskap for allierte styrkar. DSB koordinerer arbeidet på etatsnivå i nært samarbeid med Forsvaret og andre relevante aktørar. Det er eit mål at delar av konseptet kan øvast i samband med totalforsvarsåret 2026.

Den norske deltakinga i det europeiske beredskapssamarbeidet skjer i stor grad gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM). Formålet med UCPM er å styrkje samarbeidet mellom medlemmane om sivil beredskap, og forbetre arbeidet med førebyggjing og katastrofehandtering. UCPM har vore den føretrekte kanalen for sivile direktedonasjonar av materiellbistand til Ukraina gjennom krigen og det har blitt tilført betydelege midlar til samarbeidet i UCPM i perioden 2021-2027.

Ei fornying og oppgradering av dei innmelde frivillige nasjonale kapasitetane i den frivillige beredskapsreserven European Civil Protection Pool (ECPP) har pågått over lengre tid. Vidare har etableringa av den forsterka europeiske beredskapsreserven rescEU i 2020 ført til auka medvit blant europeiske land om verdien av rask tilgang til kritiske ressursar ved alvorlege grensekryssande kriser.

Noreg står innmeldt med éin kapasitet i ECPP – det medisinske teamet NOR EMT. Noreg er også vertskap for ein luftambulanse under rescEU (NOJAHIP) ut 2026. Regjeringa vil undersøke moglegheita for, og eventuell nasjonal nytteverdi av, å melde inn fleire nasjonale kapasitetar i ECPP dersom dette kan bidra til å styrkje europeisk så vel som nasjonal beredskap. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor gitt Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap oppdrag om å vurdere moglegheita for å etablere fleire beredskapskapasitetar som kan meldast inn til ECPP i samarbeid med relevante etatar. Dette omfattar òg ei vurdering av korleis slike kapasitetar eventuelt kan bidra til å styrkje den nasjonale beredskapen.

Brannvern

Brann- og redningsvesenet er ein viktig del av totalforsvaret. DSB arbeider med ein nasjonal risiko- og sårbarheitsanalyse der ein kartlegg oppgåvene til brann- og redningsvesenet som bl.a. kan knytast til å beskytte sivilbefolkninga i krise og krig.

Handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Sivilforsvaret og dei statlege skogbrannhelikoptera.

Operasjonssentralane til politiet (112) og 110-sentralane til brann- og redningsvesenet er samlokaliserte i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Søraust. Operasjonssentralane til politiet, 110-sentralane til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralane til helsetenesta (113) er samlokaliserte i politidistrikta Nordland, Finnmark og Agder. Det er satt i gang utredningar av

nye politihus kor samlokalisering er aktuelt. Samlokalisering av nødmeldingssentralane gir betre samvirke, noko som fører til raskare respons og tryggare hendingar for publikum. Nærleiken til kvarandre forbetrar situasjonsforståinga, byggjer tillit og legg til rette for felles øvingar og opplæring, noko som resulterer i høgare kvalitet i oppdragshandteringa, spesielt ved komplekse hendingar.

Risiko og sårbarheit i kommunane

Resultata frå kommuneundersøkinga til DSB for 2025 viser at kommunane arbeider godt med beredskap. Sjølv om dei fleste kommunane no har ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, er det framleis mange (22 pst.) som ikkje har *oppdaterte* analysar. 99 pst. av kommunane oppgir at dei har ein overordna beredskapsplan, men 24 pst., har ein beredskapsplan som er revidert før 2023. Det kan dermed sjå ut til at mange kommunar ikkje er medvetne om at beredskapsplanen alltid skal vere oppdatert. Statsforvaltaren fører tilsyn med kommunane etter forskrift om kommunal beredskapsplikt. Tilsyna med kommunane bidrar til auka merksemd på beredskapsarbeidet. Tilsvarande resultat frå tilsyn med den kommunale beredskapsplikta i 2024 viser at fleire avvik gjeld manglande revisjon av den overordna beredskapsplanen. Planen er anten utdatert eller har ikkje blitt endra i tråd med evalueringar som er gjorde etter hendingar. DSB er no beden om å utarbeide ein tverrsektoriell rettleiar for kommunane si rolle og ansvar i det øvste krisespekteret. Rettleiaren kjem i 2026.

Statsforvaltaren skal samordne samfunnstryggingsarbeidet i fylket, være pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og dessutan ta ansvar for krisehandtering ved hendingar. Sjå nærmare omtale av oppgåvene til statsforvaltaren i Prop. 1 S (2025–2026) under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret er statens sivile beredskapsressurs og gir bl.a. støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret. Sivilforsvaret har ein styrke på 8 000 tenestepliktige fordelte på lokale, operative avdelingar.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenestepliktige i Sivilforsvaret skal vere. Det blir foreslått å vidareføre dagens nivå i 2026. Dette inneber årleg utdanning på inntil fem veker, med maksimalt tre veker samanhengande tenestetid. Den årlege øvingstida er på maksimalt fem dagar, og i tillegg kjem nødvendige kortare kurs og samlingar. Den samla tenestetida for ein tenestepliktig kan utgjere totalt 19 mnd. Sivilforsvaret har øvd opp tenestepliktige og befal og utdanna nytt mannskap.

Det blir arbeidd med å gjeninnføre plikta til å etablere tilfluktsrom i nye bygg, inkludert dekningsrom. Klartid og andre krav til tilfluktsrom blir vurderte særskilt med omsyn til moglegheita for fredstidsbruk, og behovet for nyetablering av tilfluktsrom er ein del av vurderinga. Sivilforsvaret vil intensivere oppfølginga av eksisterande tilfluktsrom med tanke på vedlikehald, opplæring og tilsyn.

Nød- og beredskapskommunikasjon

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nødnett gir brukarane eit særs viktig verktøy for kommunikasjon og samhandling i dagleg virke, under øvingar og ved større hendingar. Ved hjelp av Nødnett kan dei finne kvarandre og etablere ei felles situasjonsforståing. På denne måten har Nødnett ein sentral samvirkeeffekt, og ressursane samhandlar betre. Ei sentral oppgåve for DSB er å følgje opp at leverandøren driftar infrastrukturen og held han ved like i tråd med kontrakten. Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2031.

DSB har leia arbeidet med konseptvalutgreiing og forprosjektet for nytt nødnett. Den nye løysinga skal etablerast i dei kommersielle mobilnetta. Regjeringa har avgjort at det videre arbeidet med å utgreie nytt nødnett skal baserast på den til enhver tid best tilgjengelege og oppdaterte teknologien, med nødvendig tryggleik, per nå 5G-teknologi. Dei kommersielle mobilnetta er innanfor digitaliserings- og forvaltningsministerens ansvarsområde. Fagkompetanse og forvaltning av e-komregelverket knytta til mobilnetta ligger hos Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Ansvaret for nytt nødnett er difor overført frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Justis- og beredskapsdepartementet skal i samråd med bl.a. Helse- og omsorgsdepartementet, ha ansvar for å identifisere, kravstille og forvalte brukarbehov for de ulike brukargruppene av nytt nødnett.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner. Auken skal bidra til å styrkje DSBs arbeid med totalforsvar og oppfølging av totalberedskapsmeldinga for å følgje opp dei auka forventningane som er til direktoratet på dette området, særleg i tiltakssona og for at direktoratet betre skal kunna følgja opp dei oppdraga som regjeringa har gitt DSB om å særleg prioritere vidareutvikling av totalforsvaret og styrkt sivil motstandskraft i Troms og Finnmark.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 3,5 mill. kroner til etablering, drift og forvaltning av ein statleg samlingsstad («Hub») i Kirkenes for ulike statlege sektorars arbeid med sivil motstandskraft og sivilt-militært samarbeid i nordområda, inkludert auka totalforsvarssamarbeid med Finland og Sverige.

Regjeringa foreslår og å styrkje Statsforvaltaren i Troms og Finnmark med 1,5 mill. kroner for etablering, tilstadeverande og regionalt beredskapsarbeid med utgangspunkt i samlingsstaden. Det vises til omtale om dette under kap.1520, post 01 hos Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11,4 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon i rammetilskotet til kommunane. Grunnen til endringa er at staten har fått eit større økonomisk ansvar for opplæringa av brann- og redningspersonell enn tidlegare, bl.a. gjennomføring av praksisperiode hos eit brann- og redningsvesen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med til saman 8,3 mill. kroner knytta til Brann- og redningsskulen. Løyvinga reduserast som følgje av at anskaffinga av brukarutstyr til hyblane ved Brann- og redningsskulen er ferdig i 2025. Vidare aukar husleigekompensasjonen som følgje av at siste byggjetrinn er ferdig. Frå januar 2026 er fagskuleutdanninga ved Brann- og redningsskulen i full drift med to årskull, dermed aukar driftsbudsjettet. Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 02, 03 og 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at posten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 1 633,8 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Løyvinga kan òg dekke utgifter til flytimar og ekstra beredskap ved ekstraordinære hendingar som har medført eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, kritiske samfunnsfunksjonar eller kritisk infrastruktur, når nasjonale helikopterressursar ikkje strekker til. Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 28,5 mill. kroner.

Post 22 Særskilde driftsutgifter knytte til Nødnett, kan overførast

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05 Abonnementsinntekter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner på grunn av periodisering av utgifter til nødvendige utskiftingar av komponentar i den sentrale infrastrukturen til Nødnett.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 624,4 mill. kroner.

Post 23 Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga på posten skal dekke alle utlegg DSB har i samanheng med ekstraordinære oppdrag gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM), som lønn, reiser, frakt og andre driftsutgifter. Utgiftsnivået på posten er styrt av hendingar og vil variere over tid. Kontingenten for ordninga blir belasta over post 01. Refusjonar frå EU blir førte på kap. 3451, post 07.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 53,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgiftene for større investeringar i Nødnett og for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegne av brukarane. Utgifter på vegne av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451, post 04.

Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 45, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 145,6 mill. kroner.

Post 70 Overføringar til private

Løyvinga på posten skal dekke overføringar til Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) som behandlar standardiseringsarbeidet på elområdet i Noreg. Vidare dekker posten overføring til det brannførebyggjande arbeidet til Norsk brannvernforening.

NEK er ein aktiv, sjølvstendig og nøytral medlemsorganisasjon som har ansvaret for norsk standardiseringsarbeid innanfor el og e-kom. Medlemmene kan vere offentlege og private organisasjonar, institusjonar, etatar og bedrifter.

NEK prioriterer forhold som er spesielle for Noreg, og som normalt ikkje blir fanga opp av internasjonal standardisering. Spesielt gjeld dette tekniske krav til det norske IT-nettet, tilpassingar som følgje av at energiforbruket i Noreg i stor grad er basert på elektrisitet, krevjande klimatiske (arktiske) forhold og dessutan norsk byggjeskikk. Noreg er eit av dei mest elektrifiserte og digitaliserte landa i verda og derfor avhengig av at standardiseringa på området fungerer. NEK er viktig for at Noreg får gjennomslag internasjonalt i spørsmål som er viktige for Noreg og for eltryggleiken.

Norsk brannvernforening er ei uavhengig stifting som arbeider for å unngå tap av liv, helse og verdiar i brann. Foreininga er organisert som ei privat stifting som arbeider for eit ideelt formål. Alle inntekter går til brannførebyggjande arbeid og vidareutvikling av organisasjonen. Brannvernforeininga vart etablert i 1923 på initiativ frå forsikringsnæringa og myndigheitene.

Gjennom informasjon, opplæring, sertifisering og rådgiving arbeider foreininga for at menneske, bedrifter og organisasjonar skal ta ansvar for brannvern.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,3 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyr	133 731	130 220	134 908
02	Refusjonar driftsutgifter Nødnett	25 971	38 790	40 186
03	Diverse inntekter	30 263	40 560	42 020
04	Refusjonar større utstyrsinnkjøp og vedlikehald Nødnett	146 807	85 511	88 589
05	Abonnementsinntekter og refusjonar Nødnett	609 651	557 263	577 324
06	Refusjonar	27 804	18 046	18 696
07	Refusjonar frå EU i samband med variable utgifter knytte til EUs ordning for sivil beredskap	49 137	51 900	53 768
40	Sal av eigedom m.m.	3 000		
	Sum kap. 3451	1 026 364	922 290	955 491

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgifter til å dekke utgifter til forvaltningsoppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova og el-tilsynslova. Avgiftene skal bl.a. dekke utgifter til arbeid med regelverk, informasjon og rettleiing og tilsyn med at krava som er sette opp i eller i medhald av lovene, blir følgde.

Det blir kravd inn avgift for førsteleddsomsetnad av petroleumsprodukt, for ilandføring av olje og gass i røyrleidning frå sjøområde og dessutan for førsteleddsomsetnad av sprengstoff. Avgiftsinntektene er avhengige av omsetnads- og/eller produksjonsnivået frå dei føregåande åra og DSB har dermed ikkje nokon innverknad på storleiken på inntektene.

DSB krev vidare inn ei avgift for å dekke utgifter til forvaltninga av el-tilsynslova. Avgifta blir kravd inn og fakturert etter gjennomførte tilsyn med landbaserte elektriske anlegg og maritime elektriske anlegg.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 134,9 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar driftsutgifter knytte til Nødnett

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte av driftskostnadene til direktoratet, som skal finansierast av ei brukarbetalingsordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 40,2 mill. kroner.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter frå kursverksemd ved Brann- og redningsskulen, kurssenteret til DSB og utdannings- og kompetansesentera til Sivilforsvaret. Vidare består posten av utleige av anlegga til Sivilforsvaret og sal av læremateriell m.m. ved skulane. Løyvinga består òg av inntekter i samband med søknader om godkjenning av yrkeskvalifikasjonane til utanlandske arbeidstakarar innanfor elektrofag.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 42,0 mill. kroner.

Post 04 Refusjonar større utstyrskjøp og vedlikehald knytte til Nødnett

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som er bestilt av DSB gjennom avtalane deira. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 88,6 mill. kroner.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjonar knytte til Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekker løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar i Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga i Nødnett. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 577,3 mill. kroner.

Post 06 Refusjonar

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemder, irekna refusjonar for administrative tenester frå Valdirektoratet. Vidare består posten av variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 18,7 mill. kroner.

Post 07 Refusjonar frå EU i samband med variable utgifter knytte til EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga på posten består av refusjonar frå EU for utgifter DSB har hatt under post 23, og som er

knytte til ekstraordinære oppdrag DSB har hatt gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 53,8 mill. kroner.

Post 40 Sal av eigedom m.m.

DSB har gjennomført eit omfattande arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det i det vesentlege dreier seg om tilbakeføring av eigedommar til kommunar og grunneigarar, og at det er eit fåtal anlegg som blir selde til takst i den opne marknaden. Tilbakeføringa krev semje mellom grunneigaren og staten om salssummen, noko det kan vere utfordrande å einast om. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01 med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved eventuelle sal i 2026 ønskjer departementet å nettobudsjettere salsutgiftene på post 40 ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfelle der utgiftene til rydding og trygging er større enn salsinntektene og det slik vil vere ei nettoutgift å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til nettoføring ved å trekkje salsutgifter ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Kap. 452 Sentral krisehandtering

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	29 544	30 140	31 088
	Sum kap. 452	29 544	30 140	31 088

Krisestøtteeininga (KSE) har i tråd med *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet av 1. september 2017* eit todelt oppdrag. KSE skal støtte opp under leiardepartementet og Kriserådet, og dessutan støtte opp under samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet. I tillegg har KSE ei rolle i den interne hendingshandteringa i Justis- og beredskapsdepartementet. Ein viktig del av KSE er Sivilt situasjonssenter, som er det faste kontaktpunktet til Justis- og beredskapsdepartementet ved hendingar og kriser. Situasjonssenteret er døgnkontinuerleg bemanna og hjelper til med å styrke tverrsektoriell informasjonsflyt ved hendingar og kriser.

Arbeidet til KSE omfattar bl.a. støtte til analysar, utarbeiding og formidling av overordna situasjonsrapportar og dessutan etablering av ei felles situasjonsforståing som grunnlag for strategiske avgjerder. KSE skal òg gi råd og fagleg bistand til leiardepartementet med omsyn til samordning og heilskapleg sentral krisehandtering. Vidare arbeider KSE med øvingar og utvikling og vedlikehald av nasjonale planverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvikling og vedlikehaldskostnader for tekniske løysningar. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehandtering, medrekna døgnkontinuerleg situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke utgiftene KSE har som sekretariat for Kriserådet, og drifta av Sivilt situasjonssenter.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 30,4 mill. kroner.

Kap. 453 Sivil klareringsmyndigheit

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	60 321	68 569	70 673
	Sum kap. 453	60 321	68 569	70 673

Sivil klareringsmyndigheit (SKM) skal vere den sentrale verksemda for klarering i sivil sektor. Samfunnsoppdraget til SKM er å beskytte nasjonale verdiar ved å redusere risikoen for innsidarar. Dette arbeidet er ein viktig del av hovudmåla i justis- og beredskapssektoren, som er rettstryggleik og tryggleik i samfunnet.

Endringane i den nasjonale tryggingssituasjonen etter at Russland angreip Ukraina 24. februar 2022, har ført til at fleire verksemder enn tidlegare har behov for å kunne ta imot tryggingsgradert informasjon for å sikre eiga kjerneverksemd og gjennom dette vareta samfunnsviktige funksjonar. SKM får derfor fleire oppmodingar om tryggingsklarering enn tidlegare. I tillegg opplever SKM at det er eit auka behov for rådgiving og bidrag til kompetansebygging på personelltryggleiksområdet på alle forvaltningsnivå. Auka fokus på tryggleik og alvorlege trusselvurderingar har bidratt til å skape større merksemd om viktigheita av å ha gode førebyggande personelltryggleikstiltak òg.

SKM har behandla det nye tryggingstiltaket tilgangsklarering sidan 2022. Talet på nye oppmodingar om tilgangsklarering har ikkje auka like mykje som nye oppmodingar om vanleg tryggingsklarering, og det held seg så langt stabilt på mellom 400 og 500 per tertial.

Samla sett får SKM rundt 10 000 saker til behandling årleg, fordelte på dei to sakstypane tryggingsklarering og tilgangsklarering. For å styrke arbeidet med effektiv saksbehandling på saksområdet har SKM overteke oppgåver frå NSM frå 1. januar 2025, bl.a. oppgåver knytte til rådgiving, rettleiing og kurs innanfor tryggingsklareringsfaget.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av Sivil klareringsmyndigheit, medrekna bl.a. lønnskostnader og andre personalkostnader, i tillegg til kostnader til leige av lokale og til drift av IKT-løysingar. I posten inngår bl.a. utgifter til gjennomføring av tryggingssamtalar.

Det er fleire mindre endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 453, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3453, post 01.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 70,7 mill. kroner.

Kap. 3453 Sivil klareringsmyndigheit

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Diverse inntekter		800	800
	Sum kap. 3453		800	800

Post 01 Diverse inntekter

Løyvinga på posten dekker inntekter frå kurs- og konferanseaktivitet.

Det blir foreslått å gi fullmakt i 2026 til å overskride løyvinga under kap. 453, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3453, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 0,8 mill. kroner.

Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	924 791	1 216 626	1 246 408
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	924 564	964 234	768 977
	Sum kap. 454	1 849 355	2 180 860	2 015 385

Justis- og beredskapsdepartementet inngjekk i desember 2013 kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Anskaffinga er no gjennomført og nye SAR Queen-helikopter er sette i drift på alle dei seks redningsbasane. I tillegg til dei nye redningshelikoptera omfattar kostnadsramma utgifter til bl.a. bygningsmessige tilpassingar ved redningshelikopterbasane og tilpassing av landingsmoglegheitene ved enkelte sjukehus.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,7 mill. kroner i samband med prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner i samband med Tromsø-basen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på kap. 480 Svalbardbudsjettet for å føre vidare flyvêrtenesta på Bjørnøya.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner mot ei tilsvarande reduksjon på kap. 455, post 72 for tårntenester på Svalbard.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 246,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og bygging av ny redningshelikopterbase i Bodø.

I forslaget frå regjeringa til budsjett for 2026 er det sett av om lag 533,6 mill. kroner til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og tiltak for tilrettelegging av infrastruktur. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er på 17 905,5 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Bodø lufthamn skal flyttast, og det skal som følgje av dette byggjast ein ny redningshelikopterbase. Det blir foreslått å setje av 235,4 mill. kroner til dette. Det forslåast ei ny kostnadsramma for prosjektet på 802,7 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 769,0 mill. kroner.

Kap. 3454 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refusjonar	31 287	32 476	33 645
	Sum kap. 3454	31 287	32 476	33 645

Post 01 Refusjonar

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet, som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredskapsdepartementet. Refusjonen blir ført på kap. 3454, post 01 Refusjonar. Det blir foreslått å gi fullmakt i 2026 til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 33,6 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstenesta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	157 185	191 704	289 962
21	Særskilde driftsutgifter	41 577	32 962	44 149
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	6 718	10 874	16 255
71	Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta	89 449	86 435	89 547
72	Tilskot til nød- og tryggleikstenester	135 370	141 119	
73	Tilskot til Redningsselskapet	140 098	145 422	150 657
	Sum kap. 455	570 397	608 516	590 570

Justis- og beredskapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i *Organisasjonsplan for redningstjenesten*, jf. kgl.res. av 6. desember 2019. Hovudredningssentralen (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, direkte frå anten avdelinga i Nord-Noreg eller frå avdelinga i Sør-Noreg. Leiinga og samordninga av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS-ane er lokaliserte i alle politidistrikta og hos Sysselmeisteren på Svalbard.

Verksemdsoverføring av radiooperatørar frå Telenor Kystradio

Telenor har på vegne av staten hatt ansvaret for eit kommunikasjonssystem som tek imot nød- og assistansemeldingar frå sjøfarande. Når avtalen med Telenor går ut 31. desember 2025, vil staten overta eigarskap og forvaltning av kystradiotenesta. Verksemdoverføringa vil innebere at radiooperatørane vert overførte til Hovudredningssentralen, den tekniske radionettinfrastrukturen og det tekniske senteret vert overført til Kystverket, og lisenshandsaming, sertifikatutferding, drift av skipsradioregisteret, fagansvar for ulike kurs og andre relevante oppgåver vert overførte til Sjøfartsdirektoratet. Når staten no overtek eigarskap og forvaltning av kystradiotenesta, opnar det for betre samordning og styrkt samarbeid mellom kystberedskapen og redningstenesta. Sjå òg omtale av saka i Prop. 1 S (2025–2026) under Nærings- og fiskeridepartementet.

Dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av redningstenesta i Noreg, med omkring 10 000 operative mannskap over heile landet. Dei trener og utrustar lokale ressursar som kan stille på kort varsel. Dei frivillige er ein ressurs som alltid har vore viktig for redningstenesta.

Nødnett skal etter vedtak frå Stortinget vere gratis for dei frivillige organisasjonane i redningstenesta, jf. Innst. 448 S (2012–2013) og Prop. 77 (2012–2013), ved at staten dekker brukarutstyr, kostnader knytte til drift av løysingane og abonnementsavgifta. Dette blir i dag dekt over kap. 455, post 71, som òg inneheld det ordinære driftstilskotet til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna Hovudredningssentralen.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets nasjonale og internasjonale forpliktingar og engasjement innanfor redningstenesta.

Løyvinga på posten foreslås auka med 87,5 mill. kroner mot ei tilsvarande reduksjon på kap. 455, post 72 som følgje av at staten overtar eigarskap og forvaltninga av kystradiotenesta.

Det er òg mindre endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 290,0 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til engasjement av private selskap, t.d. helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, til refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, til forbruk og erstatning av materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne sidan utgiftene varierer med talet på redningsaksjonar og omfanget av aksjonane.

Utgifter på posten har auka over tid som følgje av ei generell auke i talet på hendingar og ei auke i bruken av innleidde sivile helikopter til bruk i maritim søk og redning. Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner for at budsjettet i større grad skal samanfalle med historisk forbruk.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 44,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker diverse investeringar til kjøp og vedlikehald av utstyr til Hovudredningssentralen.

Løyvinga på posten foreslås auka med 5 mill. kroner mot ei tilsvarande reduksjon på kap. 455, post 72, følgje av at staten overtar eigarskap og forvaltninga av kystradiotenesta.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 16,3 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta

Løyvinga på posten dekker tilskot til *Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF)* og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særs relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta.

Tilskota skal fremme kvaliteten i redningstenesta. Frivillige organisasjonar skal setjast betre i stand til å delta i redningsaksjonar når menneske har behov for direkte hjelp ved fare for død eller skade som følgje av akutte hendingar. Tilskotsmottakarane skal gjere greie for at tilskotet er nytta til redningsfaglege tiltak, og at dei har bidratt i redningsarbeid.

Tilskotsmottakarane skal innan 1. april året etter det året tilskotet gjeld for, rapportere til Hovudredningssentralen om korleis tilskotet har bidratt til at organisasjonen har blitt sett betre i stand til å delta i redningsaksjonar. Hovudredningssentralen tildeler tilskot for eitt år av gongen etter ei vurdering av i kva grad formålet som det blir søkt om tilskot til, bidrar til å oppfylle formålet med tilskotsordninga.

Resultata for 2024 er i tråd med formålet med tildelinga.

Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og midlar til sekretariatsfunksjonen for Nasjonalt redningsfagleg råd, som blir vareteken av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot som dekker Nødnett-abonnementsavgifta for dei frivillige organisasjonane i redningstenesta som er brukarar.

Løyvinga på posten dekker òg utgifter til dykkaropplæring av frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap, og som må ha redningsdykkarsertifisering.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 89,5 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til Redningsselskapet

Tilskotet skal bidra til å oppretthalde innsatsen til Redningsselskapet i redningstenesta og i arbeidet med å førebyggje ulukker. Det dekker ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk- og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære formålet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søke-, rednings- og hjelpeteneste langs kysten av Noreg og i tilgrensande havområde.

Redningsselskapet skal òg drive opplysningsarbeid og førebyggjande arbeid for å betre tryggleiken for sjøfarande. Redningsskøytene utfører oppgåver på utkalling av Hovudredningssentralen, AMK, Kystverket, politiet og andre.

Tilskotet dekker ein del av driftskostnadene selskapet har til søk- og redningsaksjonar, og dessutan ein del av kostnadene til beredskap. For alle endringar i stasjonering og disponering av redningsskøytene er det ein føresetnad at det er gjort i samarbeid med Hovudredningssentralen. Tilskotet kan brukast til opplysningsarbeid og førebyggjande sjøtryggleiksarbeid, med særskild vekt på barn og unge. Tilskotet kan òg brukast til å styrke deltakinga i beredskapen mot akutt forureining.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 150,7 mill. kroner.

Kap. 3455 Redningstenesta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refusjonar	1 314		
	Sum kap. 3455	1 314		

Post 01 Refusjonar

Løyvinga dekker refusjonar til ulike aktivitetar i redningstenesta. Det blir ikkje budsjettert med noko beløp.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Kap. 457 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	537 427	529 787	574 900
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	52 740		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	13 132	13 210	12 358
	Sum kap. 457	603 299	542 997	587 258

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) høyrer administrativt inn under Justis- og beredskapsdepartementet, som også har fagansvaret for NSM i saker som høyrer inn under justis- og beredskapsministeren. Forsvarsdepartementet kan instruere NSM i saker innanfor ansvarsområdet sitt. Direktoratet er såleis ein del av forsvarssektoren òg. Løyvinga til tiltak som blir sette i verk som ledd i oppfølginga av langtidsplanen for forsvarssektoren, gjeld derfor òg NSM, jf. Prop. 87 S (2023–2024) *Forsvarsløftet – for Norges trygghet – Langtidsplan for forsvarssektoren 2025–2036*, og Prop. 1 S (2024–2025) for Forsvarsdepartementet.

Lova om digital tryggleik er vedteken av Stortinget og trådde i kraft 1. oktober 2025. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Nasjonalt tryggingsorgan så dei kan ivareta nye myndigheitsoppgåver dei har fått etter den nye lova.

For å sikre auka nasjonal kontroll med kritisk digital infrastruktur, viktige samfunnsfunksjonar og digitale verdiar, er Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) gitt i oppdrag å følgje opp forprosjektet som gjeld nasjonal skyteneste.

Regjeringa foreslår norsk deltaking i EUs program for sikker og motstandsdyktig global satellittbasert kommunikasjon for styresmakter. NSM vil ha ei rolle i oppfølginga av deltakinga.

Utvalet som skulle vurdere oppgåvene til NSM, leverte rapporten sin i april 2025. Justis- og beredskapsdepartementet er i gang med oppfølginga av rapporten saman med relevante departement.

NSM får òg løyving frå Forsvarsdepartementet sitt kap. 1760 til FOU-aktivitetar som skal rettast mot utvikling av tryggingstiltak for å betre sikkerheitstilstanden i samfunnet. Sjå nærmare omtale i Forsvarsdepartementets Prop. 1 S (2025–2026).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM.

NSM har i 2024 og 2025 oppretta tilstrekkeleg intern styring og kontroll. Verksemda har i 2025 ført vidare kostnadsreduserande tiltak for å få forbruket i samsvar med budsjettet. Tiltaka ga ikkje store nok innsparingar til å bringe 2025-budsjettet i balanse, derfor ble det gitt ei midlertidig løyving på 25 mill. kroner i 2025. Løyvinga på posten foreslås redusert tilsvarande for 2026.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 30 mill. kroner til forprosjekt for nasjonal skyteneste. Prosjektet skal gå over to år.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 15 mill. kroner til ivaretaking av oppgåver NSM har fått etter lova om digital tryggleik.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner som ein styrking av dei sivile partane i Nasjonalt etterretning- og sikkerheitssenter.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01. Midlane skal brukast til vidareutvikling av Slettmeg.no for etablering av eit hjelpetilbod for fjerning av bilete på nett på vegner av barn og unge.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 3 mill. kroner til vidare utbygging av NSMs kapasitetar som ein kompetent PRS-myndigheit (Sikker tilgang til offentleg regulerte tenester) innanfor EUs romprogram Secure Connectivity.

Løyvinga på posten foreslås redusert med 15 mill. kroner som følgje av at utgreiing om korleis samfunnets samla sikkerheitskompetanse kan nyttast som forsterkingsressurs ved nasjonale digitale hendingar blir ferdig i 2025.

Løyvinga på posten foreslås auka med 10 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på kap. 3457, post 01. Midlane skal nyttast til samhandlingsavtale mellom Nasjonal tryggingsorgan og Cyberforsvaret knytt til drift og vedlikehald av varslingssystem for digital infrastruktur (VDI).

Løyvinga på posten foreslås auka med 3,4 mill. kroner mot ei reduksjon på 2 mill. kroner på kap. 457, post 45, som følgje av at nasjonal portal for digital sikkerheit skal være ferdig utvikla i 2025, og at portalen skal gå over i drift frå og med 2026.

Løyvinga på posten foreslås redusert med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1313, post 01. Midlane skal nyttast til ei tilsynsordning for luftredningstenesta.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 574,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna bl.a. teknisk utstyr til varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI).

Løyvinga på posten foreslås redusert med 2 mill. kroner mot ei auke på 3,4 mill. kroner på kap. 457, post 01. Sjå omtale under kap. 457, post 01.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare. Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 12,4 mill. kroner.

Kap. 3457 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Inntekter	46 235	37 495	49 205
	Sum kap. 3457	46 235	37 495	49 205

Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er i hovudsak samansette av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Løyvinga på posten foreslås auka med 10 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på kap. 3457, post 01. Sjå omtale under kap. 457, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 49,2 mill. kroner.

Programkategori 06.60 Andre verksemder

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	1 745 913	1 831 439	211 953	-88,4
50–89	Overføringar til andre			1 828 577	100,0
	Sum kategori 06.60	1 745 913	1 831 439	2 040 530	11,4

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
460	Spesialeininga for politisaker	68 221	72 738	79 060	8,7
461	Advokattilsynet		65 500	56 891	-13,1
466	Særskilde straffesaksutgifter m.m.	1 642 680	1 651 572	1 858 577	12,5
467	Norsk Lovtidend	7 233	10 886	14 284	31,2
468	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	27 779	30 743	31 718	3,2
	Sum kategori 06.60	1 745 913	1 831 439	2 040 530	11,4

Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilde straffesaksutgifter m.m. (medrekna bl.a. utgifter til advokat, tolk og sakkunnig i straffesaker), Den rettsmedisinske kommisjonen, Norsk Lovtidend og Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Målet for programkategori 06.60 *Andre verksemder* er rettstryggleik. Alle verksemder og ordningar som ligg under denne programkategorien, bidrar til betre rettstryggleik for ulike grupper menneske i ulike delar av samfunnet.

Prioriteringar i 2026

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet og Spesialeininga for politisaker med til saman 200 mill. kroner. Spesialeininga for politisaker har i fleire år hatt behov for å styrke grunnbemanninga og auke kapasiteten. Dei siste åra har sakene blitt meir komplekse òg. På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga til Spesialeininga for politisaker med 4 mill. kroner i 2026, som ei varig styrking av grunnfinansieringa.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker har hatt ei rekkje krevjande saker til behandling dei siste åra, og det har komme inn vesentleg fleire saker enn tidlegare år. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart det løyvd 3,5 mill. kroner til kommisjonen som ei mellombels styr-

king til eit prosjekt for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida. Det mellombelse prosjektet skal gå for seg i perioden 2024–2026 og bidra til at saker blir behandla innan rimeleg tid, og at rettstryggleiken til individet blir vareteken. Løyvinga vart auka med 6,0 mill. kroner i 2025, og det blir foreslått å vidareføre auken i 2026.

Regjeringa har forskriftsfesta i salærforskrifta at salærsatsen skal prisjusterast årleg. Det blir foreslått ein salærsats på 1 375 kroner i 2026, som er ein auke på 60 kroner frå 2025.

For 2026 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsats.

Regjeringa varsla i juli 2024 at departementet ville setje i gang ei utgreiing av salærordninga og regelverket som er knytt til ordninga. Departementet sett 20. juni 2025 ned eit breitt samansett utval som har fått i oppdrag å sjå nærmare på utfordringar ved dagens salærsystem. Målet med utgreiinga er å få eit godt kunnskapsgrunnlag. Overordna skal utvalet vurdere korleis aktørane i straffesaker og saker etter rettshjelpslova skal godtgjerast, og korleis ordninga bør bli regulert og korleis den bør bli organisert og forvalta. Utvalet skal levere ein rapport innan 31. desember 2026. Det blir foreslått å løyve 4 mill. kroner til utvalsarbeidet i 2026 på kap. 400, post 21.

Kap. 460 Spesialeininga for politisaker

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	68 221	72 738	79 060
	Sum kap. 460	68 221	72 738	79 060

Spesialeininga for politisaker skal sikre lik og rettvis behandling av saker som gjeld spørsmålet om tilsette i politiet eller påtalemakta har gjort straffbare handlingar i tenesta. Ved å behandle alle saker mot politiet eller påtalemakta med det same alvoret og like grundig som saker der andre blir utsette for straffeforfølging, bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik. Spesialeininga for politisaker etterforskar og avgjer påtale i desse sakene og fører dei for domstolane. Eininga skal sikre rettstryggleik både for dei som melder, og for dei som blir melde. Spesialeininga for politisaker set òg i verk etterforsking dersom nokon døyr eller blir alvorleg skada som følgje av tenestutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Spesialeininga er ikkje ein del av politiet, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og fagleg underlagd Riksadvokaten.

Spesialeininga har mykje erfaring med overføringsverdi, og det er derfor viktig at politiet og påtalemakta bruker årsrapportane og vedtaka frå Spesialeininga til utvikling og læring. Eininga får mykje kunnskap om politiet gjennom sakene.



Figur 2.5 Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2019–2024)

Kjelde: Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga for politisaker har behov for auka kapasitet. Saksbehandlingstida har vore lang, men ho vart betra i 2022 og 2023. I 2024 auka saksbehandlingstida igjen, som følgje av at eininga har hatt fleire større saker til behandling. Saman med Riksadvokaten har spesialeininga fastsett eit konkret resultatkrav om at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida skal vere mindre enn 150 dagar. I 2024 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avgjorde saker 155 dagar, mot 137 dagar i 2023. Talet på saker var omtrent det same i 2024 som året før.

Saksbehandlingstid er viktig for tilliten til spesialeininga. Sakene må behandlast effektivt og innanfor rimelege fristar. Sakene er ofte alvorlege (sjå boks 2.2), og det er avgjerande at det finst ressursar tilgjengeleg slik at desse sakene ikkje blir liggjande for lenge.

Boks 2.2 Sakskomplekset i Spesialeininga for politisaker

- Spesialeininga for politisaker etterforskar eit mangfald av saker, mange av dei svært alvorlege, ikkje minst saker der personar blir skotne av politiet og døyr. I 2024 vart det reagert med positive påtaleavgjerder i 26 av 984 behandla meldingar. Dette utgjer 3 pst. av det samla talet, inkludert dei sakene som ikkje vart etterforska. Dersom ein tek utgangspunkt i dei sakene som vart etterforska, er delen positive påtaleavgjerder 9 pst.
- Saker om maktbruken til politiet er i kjerneområdet for verksemda til spesialeininga, og i løpet av åra har ei rekkje tenestepersonar fått strafferettslege reaksjonar for uforholdsmessig og ikkje-nødvendig bruk av makt.
- Elles inneheld porteføljen til einings saker innanfor dei fleste av lovbrotskategoriane, som søk i interne datasystem utan tenestleg grunn, seksuallovbrot, tenestefeil i samband med våpenbruk (vådeskot), korrupsjon, tjuveri/underslag, brot på vegtrafikklova og brot på føresegnene i straffelova om teieplikt.
- Som nemnt ovanfor etterforskar einings saker der personar døyr eller blir alvorleg skadde òg, og slike saker krev ofte omfattande etterforsking.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjersle til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 43 tilsette per 31. desember 2024.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,0 mill. kroner som ei varig styrking av eininga.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 79,1 mill. kroner.

Kap. 461 Advokattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter		51 500	56 891
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 01*		14 000	
	Sum kap. 461		65 500	56 891

Advokattilsynet fører tilsyn med bl.a. advokatar, advokatfullmektigar, personar med utanlandsk advokatløyve og advokatføretak, jf. advokatlova § 45 og kvitvaskingslova § 43. Tilsynet har andre offentlegrettslege oppgåver òg, bl.a. skal det gi advokatløyve og avgjere om ein person med utdanning frå utlandet har rett til å bruke juristtittelen.

Av advokatlova § 43 første ledd går følgjande fram: «Advokattilsynet er et uavhengig forvaltningsorgan og kan ikke instrueres i utøvelsen av sin myndighet». I særmerknaden til advokatlova § 43 i Prop. 214 L (2020–2021), side 265, står det at sjølvstendet inneber at Advokattilsynet ikkje kan bli instruert om behandlinga av enkeltsaker eller om den faglege verksemda elles. Omsynet til det faglege sjølvstendet til Advokattilsynet har vore førande for organiseringa av tilsynet.

Verksemda til tilsynet blir fullt ut finansiert av praktiserande advokatar og juristar, hovudsakleg gjennom årlege bidrag, jf. advokatlova §§ 60 og 68, men frå og med 2025 blir desse inntektene og utgiftene løyvde av Stortinget. Dette er den same ordninga som for Finanstilsynet, kor bidraga frå tilsynseiningane òg kjem fram av Prop. 1 S frå Finansdepartementet.

Medlemane i justiskomiteen har stilt spørsmål ved behovet for at Advokattilsynet skal vere ein eigen post på statsbudsjettet, jf. Innst. 6 S (2024–2025), side 29 og 30. Det vart bl.a. vist til at det kan svekke det formelle og reelle sjølvstendet til tilsynet og gjere det utsett for politisk press.

Departementet er opptatt av at rammene rundt Advokattilsynet sitt faglege sjølvstende skal ivaretakast. Departementet er i gang med å sjå nærmare på dette. Dette må utgreiast grundig, og det vil mellom anna vera naturleg å sjå hen til løysingane for fleire andre uavhengige statlege verksemder, som Domstoladministrasjonen, Den høgare påtalemakta, Gjenopptakingskommisjonen, Spesialeininga for politisaker og Finanstilsynet. Sjølvstendet til desse verksemdene er heimla i lov, slik det òg er for Advokattilsynet.

Departementet har i samråd med Advokattilsynet fastsett at driftsutgiftene skal vere på 56,9 mill. kroner i 2026, slik at løyvingsforslaget på kap. 461, post 01 er på 56,9 mill. kroner. Advokattilsynet skal bli finansiert av advokatar og juristar, som er registrert i Advokattilsynets juristregister. Bidraget for 2026 er 5 500 kroner for advokatar og 800 kroner for juristar registrert i juristregisteret. Inntektene frå bidraga gebyr frå advokatar og juristar, refusjonskrav frå boketter-syn og refusjonskrav frå forvaltarordninga er ut frå dette estimerte til 57,2 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Advokattilsynet som lønn, husleige og andre administrative kostnader knytte til drifta av Advokattilsynet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 461, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3461, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 56,9 mill. kroner.

Kap. 3461 Advokattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Bidrag frå advokatar og forvaltarordning		51 500	57 204
02	Diverse inntekter		14 000	
	Sum kap. 3461		65 500	57 204

Advokattilsynet blir finansiert av bransjen gjennom årlege bidrag frå advokatane og juristane som er registrert i Advokattilsynets juristregister, jf. advokatlova § 60. I 2026 er bidraget 5 500 kroner og bidraget juristane skal betale er 800 kroner. Vidare blir gebyr for forseinka betaling i medhald av advokatlova § 60 andre ledd førte på post 01 Bidrag frå advokatar og forvaltarordninga.

Post 01 Bidrag frå advokatar og forvaltarordninga

Årlege bidrag frå advokatane og juristane til drift av Advokattilsynet blir førte på denne posten. I tillegg blir gebyr for forseinka betaling i medhald av advokatlova § 60 andre ledd og § 68 andre ledd førte på posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 57,2 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

Likviditetsbehaldninga til Advokattilsynet blir ført på denne posten.

Post 86 Overtredelsesgebyr

Advokattilsynet kan gi gebyr for brot inntil ti gonger grunnbeløpet i folketrygda dersom ein advokat, eit advokatforetak eller ein organisasjon eller eining med organisasjonsadvokatar vesentleg eller gjentatte gonger har trådd over føresegn i advokatloven §§ 20, 21, 22, 24, 25 eller 36, jf. advokatloven § 17 første ledd (kravtype 643).

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 642 680	1 651 572	30 000
70	Juridisk bistand			1 828 577
	Sum kap. 466	1 642 680	1 651 572	1 858 577

Juridisk hjelp i straffesaker bidrar til god rettstryggleik for den enkelte ved å sikre at ein får kvalifisert hjelp anten ein er sikta, tiltalt, fornærma eller pårørande. På denne måten kan ei rettssak gå meir rettvist for seg.

Lov 12. mai 2022 nr. 28 om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova) vart vedteken av Stortinget 3. mai 2022 og sanksjonert av Kongen i statsråd 12. mai 2022. Lova inneber ei heilskapleg regulering av verksemda til advokatane og av høvet til å yte rettsleg hjelp for andre enn advokatar. Eit lettare tilgjengeleg regelverk er viktig både for advokatar og for det rettssøkande publikummet. Overgangsreglar og mindre lovendringar i advokatlova og andre lover vart vedtekne av Stortinget 11. juni 2024 og sanksjonerte av Kongen i statsråd 21. juni 2024. Advokatlova tredde i kraft 1. januar 2025.

Salær til offentleg oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulerte gjennom salærforskrifta og stykkprisforskrifta. Departementet og Advokatforeningen inngjekk i juni 2022 ein avtale om å opprette eit uavhengig salærråd. Salærrådet kommer kvart år

med ei tilråding om nivået på salærsatsen. Rådet kom med ei tilråding i november 2024 og ei tilleggsfråsegn i juni 2025. Rådet tok utgangspunkt i tilrådinga si for 2023, justert for prisvekst, og tilrådde ein sats på 1 508 kroner for 2025. Det blir foreslått ein salærsats på 1 375 kroner i 2026, som er ein auke på 60 kroner frå 2025.

Det blir foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen frå 2026. Sjølv med reduksjonen som blir føreslått vil domstolane godtgjere tolkar relativt godt samanlikna med andre verksemder i offentleg sektor. Regjeringa har vidare satt ned eit utval som skal vurdere korleis aktørane i straffesaker og saker etter rettshjelpslova skal godtgjerast, inkl. tolkar i offentlege oppdrag.

Den rettsmedisinske kommisjonen

Hovudoppgåva til Den rettsmedisinske kommisjonen (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringar og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

Talet på sakkunnige erklæringar som blir sende til DRK for kvalitetssikring, har vore jamt aukande over mange år og har sidan 2019 lege på rundt 10 000 erklæringar per år. I 2024 tok kommisjonen imot 9 873 erklæringar og behandla 10 629 erklæringar. Om lag 47 pst. av dei innkomne erklæringane var innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetikk og psykiatri.

Kommisjonen har over fleire år arbeidd med alternative tiltak og arbeidsformer for å effektivisere drifta ved DRK.



Figur 2.6 Innkomne og behandla saker og restansar i DRK

Kjelde: Den rettsmedisinske kommisjonen

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker tapt arbeidsforteneste for tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til Den rettsmedisinske kommisjonen, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter, og dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktorar i militære straffesaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 30 mill. kroner.

Post 70 Juridisk bistand

Det blir foreslått å opprette kap. 466, post 70 frå og med statsbudsjettet for 2026. Hovuddelen av løyvinga på kap. 466, post 01 blir foreslått flytta til kap. 466, post 70.

Løyvinga på posten dekker i hovudsak utgifter til juridisk hjelp i straffesaker til personar som har rett til advokathjelp i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, fornærma, pårørande til fornærma eller etterlatne etter fornærma i ei straffesak. Løyvinga dekker utgifter til salær og

reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekker òg godtgjersle til særskild advokat i saker om førehandskontroll av tilrettelagd innhenting.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengige av mengda straffesaker og omfanget av sakene, talet på oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsatsen.

For 2026 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 9,1 mill. kroner

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 829 mill. kroner.

Kap. 467 Norsk Lovtidend

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	7 233	10 886	14 284
	Sum kap. 467	7 233	10 886	14 284

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverksendringar blir kunngjorde raskt, noko som er eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

Det er venta at talet på kunngjeringar held seg på same nivå som i 2025. Arbeidet som Lovdata utfører i 2025, blir avrekna på slutten av året og fakturert i 2026.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilrettelegging av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 14,3 mill. kroner.

Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	27 779	30 743	31 718
	Sum kap. 468	27 779	30 743	31 718

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at den domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar Gjenopptakingskommisjonen til å sikre rettstryggleiken til den domfelte.

Gjenopptakingskommisjonen skal ta stilling til om ein domfelt med rettskraftig straffedom skal få ny behandling av saka si i retten. Kommisjonen har hatt ei rekkje krevjande saker til behandling dei siste åra. Det har dessutan komme inn vesentleg fleire saker til behandling enn tidlegare år, mange av dei krevjande og omfattande. I 2019 tok kommisjonen imot 153 saker, og i 2024 var talet 300. Det har kravd store ressursar og medført at saksbehandlingstida har auka. Kommisjonen avslutta 263 saker i 2024, mot 210 saker i 2023. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart løyvinga til Gjenopptakingskommisjonen auka med 3,5 mill. kroner, som ei mellombels styrking til eit prosjekt for å arbeide ned restansar og redu-

sere saksbehandlingstida. Det mellombelse prosjektet skal gå for seg i perioden 2024–2026 og bidra til at saker blir behandla innan rimeleg tid, og at rettstryggleiken til individet blir vareteken.

Gjennom åra har saker som reiser tvil ved om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, utgjort ein relativt stor del av dei sakene kommisjonen har opna. Utilreknelegreglane vart endra i 2020, slik at ein større grad av skjønn kan bli avgjerande. Departementet har tidlegare vist til at det er mogleg at dette kan generere fleire saker for Gjenopptakingskommisjonen. Av dei totalt 217 realitetsvurderte sakene i 2024 vart 84 opna att, mot 61 året før. 61 av dei 84 sakene som vart opna att i 2024, vart det som følgje av tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg. Til samanlikning vart 27 saker opna att på same grunnlag i 2023.

Kommisjonen har jamleg fått større mengder med saker knytte til eit særskilt saksområde. I 2024, som i 2022 og 2023, har det vore ei rekkje saker knytte til kroppsvisitasjonar. Av sakene som vart ferdigbehandla i 2024, vart straffeutmålinga opna att i 13 av 25 saker.

Baneheia-utvalet vart oppnemnt 10. februar 2023 for å granske alle sider av straffesaka mot Viggo Kristiansen i Baneheia-saka, frå det tidspunkt politiet starta etterforsking til Borgarting lagmannsrett avsa frifinnande dom 15. desember 2022. Utvalet skulle òg gjennomgå arbeidet i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, bl.a. i tråd med representantforslaget i Dokument 8:30 S (2022–2023). Baneheia-utvalet leverte ei delutgreiing om gjenopptakingssystemet for straffesaker i desember 2024. Utgreiinga inneheld forslag til forbetringar av det gjeldande gjenopptakingssystemet når det gjeld både organiseringa av kommisjonen, saksbehandlinga og kompetansereglane. Utgreiinga er til oppfølging i departementet. Straffeforfølginga av Viggo Kristiansen i Baneheia-saka blir drøfta i ei separat utgreiing som vil bli levert når straffesaka mot Jan Helge Andersen er rettskraftig avgjord.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til medlemmene av Gjenopptakingskommisjonen, lønn til tilsette i sekretariatet og andre driftsutgifter for kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde om lag 17 årsverk i 2024. Løyvinga vart auka med 6,0 mill. kroner i 2025 til eit mellombels prosjekt ut 2026 for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida i kommisjonen. Det blir foreslått å vidareføre auken i 2026.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 31,7 mill. kroner.

Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m.

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	1 041 906	1 326 280	468 996	-64,6
50–89	Overføringar til andre	984 990	973 554	1 791 304	84,0
	Sum kategori 06.70	2 026 896	2 299 834	2 260 300	-1,7

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
470	Fri rettshjelp	726 744	974 395	987 163	1,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	390 265	276 702	304 141	9,9
473	Statens sivilrettsforvaltning	750 489	893 991	786 141	-12,1
475	Bubehandling	159 398	154 746	182 855	18,2
	Sum kategori 06.70	2 026 896	2 299 834	2 260 300	-1,7

Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, erstatningsansvaret til staten, erstatning i samband med straffeforfølging, rettferdsvederlagsordninga, Statens sivilrettsforvaltning (SRF), valdserstatningsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Målet for programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, fri rettshjelp, erstatningsordningar m.m.* er rettstryggleik.

Felles for dei ulike ordningane i denne programkategorien er at dei varetek rettstryggleiken til den enkelte gjennom hjelp og støtte til rettshjelp eller gjennom erstatning frå staten i visse tilfelle.

Prioriteringar i 2026

Regjeringa la i 2023 fram Prop. 124 L (2022–2023) *Endringer i rettshjelploven (ny modell for økonomisk behovsprøving)* for Stortinget, jf. oppmodingsvedtak nr. 35.49, 2. desember 2021. Endringane vart vedtekne av Stortinget 15. desember 2023 og sanksjonerte i statsråd 20. desember 2023. Den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp er planlagt å tre i kraft 15. oktober 2025. Med den nye modellen vil fleire personar bli omfatta av ordninga. Det er anslått at dekningsgraden til ordninga, altså delen av hushald som fell inn under ordninga, vil auke frå om lag 16 til 33 pst. samla sett. Den nye modellen inneber bl.a. nye kriterium for behovsprøvinga når det blir innvilga rettshjelp. I staden for å ha separate krav til

inntekt og formue skal ein ta utgangspunkt i den samla betalingsevna til søkaren. Søkarar med forsørgjaransvar skal ha frådrag. I staden for at grensa for rettshjelp er fastsett til eit bestemt kronebeløp, blir grensa sett til fem gonger grunnbeløpet i folketrygda. Grensa vil då bli justert årleg, slik at ordninga ikkje blir svekt over tid. Det er vidare innført prosentvise eigendelar som blir fastsette på bakgrunn av betalingsevna til søkaren, og som aukar med betalingsevna. Eigendelen blir betalt ut frå dei samla advokatutgiftene i saka. Inntektene som det offentlege får i samband med innkreving av eigendelar, vil bli førte på kap. 4618 Skatteetaten, post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Stortinget har i lov 20. juni nr. 82 om endringer i rettshjelpsloven mv. (prioriterte sakstyper for rettshjelp mv.) gjort endringar i rettshjelpslova, jf. Prop. 103 L (2024–2025) *Endringer i rettshjelpsloven mv. (prioriterte sakstyper for rettshjelp mv.)*. Dette er den andre deloppfølginga av utgreiinga til rettshjelpsutvalet, NOU 2020: 5 *Likhet for loven*. Endringane inneber ei utviding av kva sakstypar det blir gitt rettshjelp i etter rettshjelpslova. Den eine utvidinga gjeld saker om inndriving av lønn. Den andre utvidinga gjeld saker om heil utelukking og bruk av tryggingscelle og tryggingsseng etter straffegjennomføringslova. I tillegg inneber endringane utvidingar knytte til trygdesakene og utlendingssakene, og endringar i unntaksføresegna i lova. Endringane har berre delvis tredd i kraft. I revidert nasjonalbudsjett 2025 vart det løyvd midlar til utvidinga knytt til saker om heil utelukking og bruk av tryggingscelle og tryggingsseng etter straffegjennomføringslova frå og med 1. juli 2025.

Ny modell for godtgjersle til verjer tredde i kraft 1. januar 2025. Den nye modellen inneber ei oppheving av skiljet mellom verjeoppdrag som omhandlar høvesvis økonomiske og personlege forhold, og ei heving av dei faste satsane for økonomisk godtgjersle til verjer. Modellen skil mellom godtgjersle til høvesvis alminnelege og faste verjer, og dessutan mellom ordinære og særleg krevjande oppdrag.

Kap. 470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	652 449	893 543	
70	Juridisk bistand			921 175
72	Tilskot til særskilde rettshjelptiltak	74 295	80 852	65 988
	Sum kap. 470	726 744	974 395	987 163

Rettshjelpslova med forskrifter gir reglar om offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp, men som ikkje har økonomi til å dekke utgiftene sjølv. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp, får hjelp frå ein advokat eller rettshjelpar. Tenesta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av salærsatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak som er gjorde av statsforvaltarane, barneverns- og helsenemnda og kontrollkommisjonane for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på rettshjelpsområdet og skal bidra til styrkt kompetanse blant statsforvaltarembeta og sikre einsarta praksis.

Fri rettshjelp blir gitt både med og utan behovsprøving. Fri rettshjelp utan behovsprøving inneber fri rettshjelp uavhengig av inntekt og formue, og det blir gitt på dei saksområda som har særleg mykje å seie personleg eller velferdsmessig, som t.d. barnevernssaker. I andre typar saker er ordninga med fri rettshjelp behovsprøvd. Med den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp skal det takast utgangspunkt i den samla betalingsevna til søkaren, i staden for separate krav til inntekt og formue. Det vil vidare bli innført prosentvise eigendelar som blir fastsette på bakgrunn av betalingsevna til søkaren.

Utgiftene til fri rettshjelp har vore avtakande i perioden 2016–2022, både nominelt og reelt. Den reelle nedgangen i rettshjelpsutgifter frå 2016 til 2022 var på 12,5 pst. Årsaka til dette er samansett. Ein grunn er at dei økonomiske grensene har blitt vidareførte nominelt kvart år i perioden. Over tid har dette ført til at ein stadig mindre del av befolk-

ninga har hatt krav på behovsprøvd rettshjelp. Men tre fjerdedelar av den totale reduksjonen i rettshjelpsutgifter kjem frå saksområde der det blir innvilga fri rettshjelp uavhengig av inntekta og formuen til søkaren. Dette kjem i hovudsak av ein betydeleg nedgang i talet på barnevernssaker og utlendingssaker i perioden.

I 2023 var det derimot ein auke i utgiftene til fri rettshjelp, jf. figuren nedanfor. Det er eit resultat av fleire forhold, bl.a. innføring av ny barnevernslov frå 1. januar 2023, i tillegg til ein auke i satsen for reisefråvær og nye grenser for formue og inntekt for å få behovsprøvd rettshjelp. I 2024 heldt utgiftene seg på omtrent same nivå som året før, jf. figuren nedanfor.



Figur 2.7 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2019–2024)

Kjelde: Statsrekneskapen

Justis- og beredskapsdepartementet etablerte i 2019 eit særleg rettshjelpstiltak utan økonomisk behovsprøving for personar som er omfatta av den feilaktige praktiseringa av trygderegelverket til Nav, med heimel i rettshjelpslova § 7 tredje ledd. Ordninga omfattar personar som feilaktig har fått vedtak om stans i, avslag på og/eller tilbakebetaling av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar (rehabiliteringspengar/attføringspengar) og pleiepengar fordi dei frå og med 1994 har opphalde seg mellombels i eit anna EØS-land. Ordninga gjeld saker der det nye vedtaket ikkje endar med full omgjering til gunst for den det gjeld. Statsforvaltarane fekk 13 søknader gjennom ordninga i 2024, mot 19 søknader i 2023 og 52 søknader 2022. SRF, som behandlar ev. klagar, fekk ikkje saker til behandling i perioden 2022–2024. Mange søkarar får medhald i saka si hos Nav, noko som kan forklare at det ikkje har komme inn fleire saker gjennom ordninga. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2025–2026) Arbeids- og inkluderingsdepartementet programkategori 09.10, kap. 605.

Post 70 Juridisk bistand

Kap. 470, post 01 Driftsutgifter blir foreslått avvikla frå og med budsjettet for 2026. Løyvinga på posten blir derfor foreslått flytta til kap. 470, post 70 Juridisk bistand.

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige, meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som barneverns- og helsenemnda, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernnemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat eller rettshjelpar i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel. Posten er regelstyrt.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner, som følgje av utvidinga av prioriterte saker i rettshjelpslova til å omfatte saker

om heil utelukking og bruk av tryggingscelle og tryggingsseng etter straffegjennomføringslova.

Det blir foreslått ein salærsats på 1 375 kroner i 2026, som er ein auke på 60 kroner frå 2025.

For 2026 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 11,4 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 921,2 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til spesielle rettshjelpstiltak

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Løyvinga på posten dekker tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, rettshjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Formålet med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive rettshjelpstilbod til utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppleve at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg. Ordninga blir forvalta av SRF som fordeler heile posten etter søknad frå dei ulike tilskotsmottakarane.

Ordninga er ein viktig del av det totale tilbodet innanfor rettshjelp. Tilskotsmottakarane skal rapportere om måla dei oppnår, erfaringane med tiltaka og bruken av ressursane. Måloppnåinga til tilskotsmottakarane har over år vore gjennomgåande god. Løyvinga til tilskotsordninga har auka betydeleg over fleire år, samtidig som det nå er vedteke endringar i rettshjelpslova som vil gjere at fleire personar blir omfatta av ordninga for behovsprøvd rettshjelp. Det er derfor rom for å redusere løyvinga på posten noko utan at det totale tilbodet til rettshjelp blir redusert. Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner.

Tidlegare har enkelte organisasjonar blitt namngitt i Arbeids- og inkluderingsdepartementet sin budsjettproposisjon, som mottakarar av tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet. Som varsla i budsjettet for 2025 vil regjeringa frå 2026 at desse tilskota blir tildelte gjennom ei søkbar ordning. Regjeringa er opptatt av å gi rettshjelpstilbod til utsette grupper og foreslår at Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS) skal bli vidareført som mottakar av namngitt enkelttilskot i budsjettet for 2026. Regjeringa foreslår derfor å rammeoverføre 3,4 mill. kroner frå ordninga til nasjonale ressurssenter over kap. 671. post 71 på Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjett til kap. 470, post 72, som skal tildelast NOAS.

Det blir foreslått ei løyving på posten på om lag 66 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Tilkjende sakskostnader m.m.	2 572	4 954	5 132
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjende utgifter	5 668	5 883	6 095
	Sum kap. 3470	8 240	10 837	11 227

Post 01 Tilkjende sakskostnader m.m.

Sakskostnader som blir tilkjende staten i saker der éin eller begge partar får fri sakførsel (benefiserte saker), blir førte over til denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,1 mill. kroner.

Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått avslag på søknad om vern, kan godkjennast som utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med OECD/DAC sine presiseringar til ODA-regelverket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6,1 mill. kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
71	Erstatningsansvar m.m., *overslagsløyving*	272 480	136 572	141 489
72	Erstatning i anledning av straffeforfølging, *overslagsløyving*	85 955	103 800	124 320
73	Stortingets rettferdsvederlagsordning	31 830	36 330	38 332
	Sum kap. 471	390 265	276 702	304 141

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Posten blir nytta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare brukt til å dekke sakskostnadane til ein motpart og til å dekke forseinkingsrenter som har komme til fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje belastast posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstatningsutbetalingane bli belasta denne posten. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 141,5 mill. kroner.

Post 72 Erstatning i samband med straffeforfølging, overslagsløyving

Løyvinga på posten blir belasta ved utbetaling av erstatning i samband med straffeforfølging etter straffeprosesslova kap. 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) avgjer krav om erstatning i samband med straffeforfølging og betaler ut ev. erstatning. Posten blir også nytta når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. Det er politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegner av staten, som betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter på sakskostnadene som har komme til fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig, kan belastast posten. Forseinkingsrenter som har komme til etter dette tidspunktet, skal belastast driftsbudsjettet til verksemda.

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling, kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreising dersom vedkommande blir frifunnen, dersom forfølginga mot vedkommande blir innstilt, eller dersom vedkommande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Oppreising for fridomsrøving følgjer faste satsar. SRF behandlar og avgjer krav om erstatning etter straffeforfølging.

Justis- og beredskapsdepartementet sende i juli 2025 på høyring eit forslag om å innføre ei øvre beløpsgrense for dekning av inntektstap ved erstatning etter strafforfølging, endringar i satsane for varetektsfengsling mv. Høyringsfristen var 4. oktober 2025 og saka er til oppfølging i departementet.

Saksinngangen auka med 24 pst. i 2024, samanlikna med 2023. SRF fekk inn om lag 1 599 nye krav om erstatning. Den vedvarande høge saksinngangen dei seinare åra har ført til større restansar og lengre saksbehandlingstid. Auken i talet på saker dei tre siste åra botnar i fleire faktorar. I 2024 skriv auken seg i hovudsak frå bøtesoningssakene, som utgjer om lag 20 pst. av dei innkomne sakene.

SRF behandla om lag 1 000 saker i 2024, omtrent like mange som året før. Restansane har auka monnaleg, frå om lag 620 saker i 2022 til nærmare 1 600 saker i 2024. SRF opplyser at det er knytt uvisse til restansetala for 2022 og 2023 pga. overgang til nytt saksbehandlingssystem i 2022. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida auka med 6,3 md. i 2024 samanlikna med 2022. Delen som fekk tilkjend erstatning i 2024, var 54 pst.

Utgiftene til erstatning i samband med straffeforfølging varierer frå år til år. Utbetalingane er

først og fremst avhengige av kva type saker som er til behandling. I 2024 vart det gjennomført to større erstatningsutbetalingar som hadde stor påverknad på den totale summen som vart utbetalt etter ordninga. Av dei 79,4 mill. kronene som vart utbetalte, utgjorde Baneheia-saka åleine 45,5 mill. kroner. SRF har i perioden 2022 til 2024 fått fleire høge erstatningskrav som vil bli behandla i 2025 og 2026.

Krav om erstatning etter gjenopning av domfellingar etter uriktig praktisering av EØS-regelverket har hatt høg prioritet dei siste åra. I 2024 behandla SRF tre saker knytte til uriktig praktisering av EØS-regelverket.

Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 124,3 mill. kroner.

Post 73 Stortingets rettferdsvederlagsordning

Posten dekker utbetalingar av rettferdsvederlag. Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er sekretariat for Stortingets utval for rettferdsvederlag.

Talet på innkomne saker per år auka med 37 pst. frå 2020 til 2022, til 510 saker. I 2023 auka talet på innkomne saker med ytterlegare 15 pst. samanlikna med året før. I 2024 har derimot talet på nye søknader blitt redusert med 13 pst. frå 2023. Talet på innkomne søknader ser ut til å ha stabilisert seg på eit høgt nivå. Det har truleg samanheng med at SRF har sett i verk fleire tiltak for å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 111, 26. november 2020, om å gjere rettferdsvederlagsordninga betre kjend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 38,3 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	142 901	164 424	168 174
21	Særskilde driftsutgifter	87 158	113 567	117 967
70	Erstatning til valdsofre, *overslagsløyving*	520 430	616 000	500 000
	Sum kap. 473	750 489	893 991	786 141

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) forvaltar statlege ordningar på tvers av sivil- og strafferetten som skal sikre rettane til individet, rettslikskap og bidra til god rettspleie. SRF har kompetanse til å treffe vedtak i saker som gjeld bl.a. verjemål, fri rettshjelp, erstatning i samband med straffeforfølging og valdserstatning. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på områda verjemål og rettshjelp og har dessutan som oppgåve å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF er den sentrale myndigheita for rettsoppmodingar om forkynning og bevisopptak etter Haag-konvensjonane av 1965 og 1970. I tillegg utøver SRF sekretariatsfunksjon for Den rettsmedisinske kommisjonen, barnesakkunnig kommisjon, barnevernets tvisteløysingsnemnd, Konkursrådet, kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll, Stortingets utval for rettferdsvederlag, klagenemnda for krav om erstatning og kompensasjon for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i internasjonale operasjonar, tilsynsrådet for tvangsreturar og utlendingsinternatet, Partnardrapskommisjonen, varslingsombodet for politiet, tilsynsrådet for kriminalomsorga og Personvernnemnda.

Sjå òg omtale under programkategori 06.40 og 06.60.

Valdserstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Frå ny valdserstatningslov tredde i kraft 1. januar 2023, behandlar Kontoret for valdsoffererstatning

(KFV) krav om utbetaling av valdserstatning som er tilkjend ved dom, og søknader om valdserstatning i saker der straffesaka er avslutta utan dom. Kontoret behandla i 2024 òg saker etter den tidlegare valdsoffererstatningslova, medrekna saker om regress mot skadevaldaren. SRF behandlar no klagar på vedtak om valdserstatning som er gjorde i første instans, og er likeins klageorgan i saker som skal ferdigbehandlast etter gammal lov.

Saker behandla etter ny valdserstatningslov

Etter ny valdserstatningslov skal valdserstatningskrav som hovudregel behandlast av domstolane som ein del av straffesaka. Valdserstatninga staten betaler ut, skal svare til det beløpet skadevaldaren er halden ansvarleg for i straffesaka. Erstatninga skal utbetalast nærmast direkte etter rettskraftig dom og utan søknadsprosess. I 2024 kom det inn 1 610 krav til KFV etter ny lov, og KFV ferdigbehandla 1 557 krav etter ny lov. KFV hadde ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på krav på 25 dagar i 2024, ein auke frå 19 dagar i 2023.

Dersom det ikkje finst dom i saka, t.d. fordi politiet har lagt vekk saka, kan den valdsutsette søke KFV om erstatning. Talet på søknader etter ny lov var 2 105 i 2024, ein auke frå 1 856 søknader i 2023. I tildelingsbrevet for 2025 står det at saker etter ny lov skal prioriterast. KFV behandla ferdig 1 534 søknader etter ny lov i 2024. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for søknader etter ny lov er på 105 dagar, ein auke frå 79 dagar i 2023.

Ny lov vert for tida evaluert i samsvar med Stortingsvedtak 6. juni 2024. Den endelege rapporten frå evaluator Lund og Co skal føreligge i juni 2026.

Saker behandla etter gammal lov

Talet på nye søknader etter gammal lov i 2024 var 232, mot 664 nye søknader i 2023. Ny lov tredde i kraft 1. januar 2023, og søknadene gjaldt derfor berre saker om tilleggserstatning eller der det var gitt fristutsetjing. Det forklarer den store nedgangen frå åra før 2023. I tildelingsbrevet for 2025 står det at alle søknader som kjem inn til KFV skal behandlast innan rimeleg tid. KFV behandla 1 239 saker i førsteinstans i 2024, mot 1 716 saker i 2023. Restansane etter gammal lov er framleis for høge, og den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i vedtaksklare saker etter gamal lov var 675 dagar i 2024 mot 303 dagar i 2023. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart det løyvd midlar til eit mellombels prosjekt ut 2025 for å arbeide ned restansar etter gammal lov, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).



Figur 2.8 Saksbehandling hos KFV (2019–2024)

[1] Tala for 2023 og 2024 omfattar berre saker etter gammal lov.

Kjelde: Kontoret for valdsoffererstatning

Behandlingstida ved KFV for saker etter gammal lov gjekk opp i 2024. Årsaka til auken i saksbehandlingstida og til at KFV behandla færre saker etter gammal lov i 2024, er at KFV har prioritert behandling av saker etter den nye lova. Saksbehandling etter gammal lov har derfor hatt lågare prioritet. Dei gjenståande sakene etter gammal lov er i stor grad saker som politiet har lagt bort, som er meir tidkrevjande å behandle. Dette kan òg bidra til lengre saksbehandlingstid.

I 2024 vart 433 vedtak etter gammal lov klaga på, ein nedgang frå 805 i 2023. Delen vedtak som blir klaga på, vart redusert frå 47 pst. i 2023 til 35 pst. i 2024.

Utbetalingar og regress

Det vart utbetalt om lag 520 mill. kroner i valdserstatning i 2024, samla for ny og gammal lov, jf. figuren nedanfor. Det er på nivå med 2023. Etter gammal lov vart det utbetalt 317 mill. kroner og etter ny lov om lag 203 mill. kroner. Det er forventa at det vil bli utbetalt meir etter ny lov, ettersom fleire saker blir behandla etter den nye lova. Delen søkarar som fekk innvilga erstatning, vart redusert frå 54,5 pst. i 2023 til 43,5 pst. i 2024.

I saker etter ny lov blir det ikkje fatta eige vedtak om regress mot skadevaldar. Der erstatning er utbetalt på grunnlag av rettskraftig dom, blir sakene fortløpande sende til Statens innkrevjingssentral for innkrevjing. I 2024 gjorde KFV 316 vedtak om regress mot skadevaldar i samband med søknader etter gammal lov, ein betydeleg reduksjon frå 2023, då det vart gjort 974 slike vedtak. Det vart betalt inn om lag 88 mill. kroner frå skadevaldarar i 2024, ein nedgang frå om lag 123 mill. kroner året før.



Figur 2.9 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2019–2024)

[1] Tal for utbetalt erstatning i 2023 og 2024 omfattar både ny og gammal lov.

Kjelde: Kontoret for valdsoffererstatning

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at politiet sin bruk av kommunikasjonskontroll, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon og vurdere meldingar og rapportar som politimeistrane sender til Riksadvokatembetet. SRF utøver sekretariatsfunksjonen for utvalet.

Verjemålsordninga

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å handtere dei økonomiske og personlege forholda sine. Førstelinja i verjemålsforvaltninga er statsforvaltaren. SRF er sentral verjemålsmyndigheit og er bl.a. ansvarleg for klagebehandling og tilsyn med statsforvaltarane. Ordinære verjemål er eit frivillig velferdsgode som byggjer på sjølvråderett. Retten kan unntaksvis fastsetje verjemål og avgrense den rettslege handleevna til personen utan at perso-

nen vil, dersom strenge vilkår er oppfylte. Det er viktig at kvart enkelt verjemål er tilpassa ønska og behova til personen, og at verjemålet ikkje blir meir omfattande enn nødvendig. Barn kan få oppnemnd verje dersom dei er utan ei fungerande verje. Statsforvaltaren har òg til oppgåve å utnemne representantar til mindreårige som kjem til Noreg utan foreldre eller andre med foreldreansvar, og som søker vern (asyl), jf. utlendingslova § 98 a. Som førstelinje i verjemålsforvaltninga har statsforvaltaren ansvar for rekruttering, opplæring, rettleiing og tilsyn med verjene og representantane.

Per 31. desember 2024 var det registrert om lag 63 600 verjemål. Om lag 43 300 av verjemåla var for vaksne personar, og i drygt 350 av desse hadde retten fastsett avgrensingar i rettsleg handleevne. På same tidspunkt var det registrert om lag 13 000 verjemål for mindreårige.

Av om lag 26 700 verjer for vaksne personar var om lag 91 pst. verje for berre éin person, i hovudsak ein nærståande person. Nærståande verjer får som hovudregel ikkje godtgjersle. Ved avslutninga av 2024 forvalta statsforvaltaren om lag 24,6 mrd. kroner på vegner av personar med verje.

Stortinget vedtok våren 2023 endringar i verjemålslova, som tek sikte på å presisere kva sjølvråderetten betyr, og kor vidt han rekk, bl.a. i lys av dei menneskerettslege pliktene til Noreg. Formålet med endringane er først og fremst å tydeleggjere at alminneleg verjemål er eit frivillig støttetiltak. Endringane tok til å gjelde frå 1. april 2023. Statsforvaltarane rapporterte at dei i hovudsak prioriterte individtilpassing og medråderett høgt ved oppretting av verjemål i 2024.

Departementet held fram arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga, sjå omtale av oppmodingsvedtak nr. 848 (2020–2021). Medråderett har òg stått sentralt i opplæringa av verjer, og det har vore ei positiv utvikling i talet på verjer som gjennomfører grunnleggjande opplæring og nyttar seg av e-læringsplattforma til verjemålsforvaltninga. Bruken av e-læringskurs har auka monnaleg frå 2023 til 2024. Det er grunn til å rekne med at meir bruk av e-læringskurs har bidratt til å sikre betre og likare kompetanse hos verjene.

Medråderetten til personen som har verje, og verja si rolle i å støtte opp under retten er godt innarbeidd i verjemålsforvaltninga. Lovendringa i april 2023 tydeleggjer føresetnaden om at vedtak om verjemål skal treffast på grunnlag av ein samtale med personen saka gjeld. Delen saker der det blir gjennomført samtalar, gjekk opp til 63 pst. i 2024, frå 59 pst. i 2023 og 46 pst. i 2022. Det er store variasjonar mellom statsforvaltarane, og alle embeta rapporterer at kapasitetsutfordringar påverkar prioriteringa av samtalar. For å møte desse utfordringane og auke delen samtalar har embeta satt i verk ulike tiltak, som betre organisering, alternative kommunikasjonsmetodar og digitale løysingar.

Digitalisering er sentralt for å nå målet om betre og meir effektive tenester til brukarane. For å vurdere korleis dei framtidige behova for dei ulike aktørane i verjemålsforvaltninga best kan varetakast i framtida, har SRF starta ein gjennomgang av verjemålsapplikasjonen. Gjennomgangen omfattar både brukarretta funksjonalitet, teknisk arkitektur, sikkerheit og personvern, samt IT-organisering og styringsmodell. Formålet er få eit godt grunnlag for å vurdere vidare utvikling og drift av applikasjonen. Det er òg iverksett tiltak for å styrke informasjonssikkerheita.

Prosjektet DIVE (Digitalt verjerekneskap) har som formål å digitalisere kontrollen av økonomiforvaltninga til verjene. Digital innhenting av opplysningar frå Skatteetaten og finansnæringa vil gjere det mogleg å kontrollere alle verjerekneskapane. Då kan ein avdekke avvik meir effektivt. Programmet Digital Samhandling Offentleg Privat (DSOP) har godkjent utgreiingsarbeidet, og avtalen mellom SRF og Bits (bank- og finansnæringa sitt infrastrukturselskap) vart underteikna i desember 2024. I løpet av 2025 vil SRF sjå på moglegheita for å bruke data som er innhenta elektronisk frå bankane, til å plukke ut risikosaker for nærmare gjennomgang hos statsforvaltaren. Verjene treng ikkje lenger å sende inn kopi til statsforvaltaren av skattemeldinga til personen han eller ho er verje for.

Arbeidet til verjemålsforvaltninga med å informere meir om privatrettslege alternativ til verjemål, som framtidsfullmakter, legalfullmakter og private fullmakter, har hatt positiv effekt. Det har vore ein vesentleg auke i talet på stadfesta framtidsfullmakter som har tredd i kraft, frå om lag 1 000 i 2020 til om lag 3 600 i 2023 og 4 600 i 2024. Auken frå 2023 til 2024 utgjer om lag 29 pst. Meir bruk av framtidsfullmakter sikrar at fleire tek kontroll over eiga framtid og bidrar til å redusere belastninga på verjemålsforvaltninga. Samstundes opplever verjemålsmyndigheita ein betydeleg pågang frå publikum som etterspør rettleiing og tolking av framtidsfullmakter.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker dei ordinære driftsutgiftene til Statens sivilrettsforvaltning (SRF). Driftsutgiftene omfattar òg godtgjersle og reise- og kursutgifter til medlemmer av Stortingets utval for rettferdsvederlag, kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet), Tilsynsrådet for tvangsreturar og utlendingsinternatet, Statens kommisjon for partnardrap og Tilsynsrådet for kriminalomsorga. Løyvinga dekker i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til Kontoret for valdsoffererstatning (KFV), driftsutgiftene til Den rettsmedisinske kommisjonen (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet og driftsutgiftene til sekretariatet for Konkursrådet og andre utgifter til Konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. I tillegg dekker løyvinga driftsutgiftene til sekretariatet for tilsynsrådet for tvangsreturar og utlendingsinternat, sekretariatet for partnardrapskommisjonen og sekretariatet for tilsynsrådet for kriminalomsorga.

Bemanninga i SRF utgjorde om lag 75 årsverk per 31. desember 2024, og KFV hadde om lag 30 årsverk.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,7 mill. kroner i 2026 for å auke kapasiteten til tilsynsrådet for kriminalomsorga.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,27 mill. kroner i 2026 som følgje av endringar i rettshjelpslova.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 473, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01 inntektene frå kurs og konferansar som blir haldne i regi av Konkursrådet, og dessutan inntekter frå anna verksemd som rådet driv, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 168,2 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30, og til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar, i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Det blir foreslått ei løyving på posten på om lag 118 mill. kroner.

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdserstatningslova og valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 500 mill. kroner.

Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Diverse inntekter	276	5	5
02	Verjemåls-/representantordninga, ODA-godkjende utgifter	6 500	6 747	6 990
	Sum kap. 3473	6 776	6 752	6 995

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten er inntekter frå kursavgifter, som skal dekke utgifter Den rettsmedisinske kommisjonen har i samband med kurs, og ev. andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

Post 02 Verjemåls-/representantordninga, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktningar kan etter statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp det første året asylsøkarar og flyktningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følgje internasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand.

Det blir foreslått ei løyving på posten på om lag 7 mill. kroner.

Kap. 475 Bubehandling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	149 837	145 483	173 259
21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	9 561	9 263	9 596
	Sum kap. 475	159 398	154 746	182 855

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. Det blir foreslått ei løyving på posten på 173,3 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til den særskilde garantiordninga til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til å pådra staten forpliktingar med inntil 10 mill. kroner utover løyvinga som er gitt over kap. 475, post 21, men slik at den totale ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21 inntekter under garantiordninga som er betalte tilbake, jf. forslag til vedtak. Slik tilbakebetaling skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyraren.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,6 mill. kroner.

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	59 893	62 678	64 559	3,0
50–89	Overføringar til andre	554 692	477 050	569 562	19,4
	Sum kategori 06.80	614 585	539 728	634 121	17,5

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
480	Svalbardbudsjettet	554 692	477 050	569 562	19,4
481	Samfunnet Jan Mayen	59 893	62 678	64 559	3,0
	Sum kategori 06.80	614 585	539 728	634 121	17,5

Innleiing

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet (kap. 480) og løyvinga til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481). Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk i polarområda.

Det er lang tradisjon for brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Dei fem overordna måla for svalbardpolitikken vart første gong formulerte i samband med Stortinget si behandling av meldinga til Stortinget om Svalbard frå 1985, og har lege fast sidan då. Dei fem måla er:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- å overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området
- å halde oppe norske samfunn på øygruppa.

Utover måla som er fastsette av Stortinget, har Justis- og beredskapsdepartementet eit eige mål for politikken i Arktis og Antarktis: *godt forvalta polarområde*. Godt forvalta polarområde inneber at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk.

Om forvaltninga av polarområda

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lov om Svalbard (Svalbardlova), lov om Jan Mayen, og lov om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m. (bilandslova).

Justis- og beredskapsdepartementet har starta arbeidet med å revidere bilandsregelverket. Formålet med arbeidet er å rydde opp i og ajourføre regelverk og administrative forhold og dessutan å vurdere den statsrettslege stillinga til Bouvetøya. Justis- og beredskapsdepartementet har ingen løyvingar knytte til områda i og ved Antarktis. Aktiviteten på forskingsstasjonen Troll er omtalt i Prop. 1 S for Klima- og miljødepartementet.

Forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud Land er den viktigaste plattforma for norsk forsking i Antarktis. Stasjonen nærmar seg slutten av levetida si og treng oppgradering. Regjeringa har vedteke konsept for det vidare arbeidet med oppgradering av Troll-stasjonen. Konseptet er eit heilt nytt bygg med plass til 65 brukarar. Prosjektet er i forprosjektfasen. Våren 2025 underteikna Statsbygg kontrakt med entreprenør for totalentreprise med samspel for nye Troll forskingsstasjon. Sjå Prop. 1 S (2025–2026) Klima og miljødepartementet for utfyllande informasjon om oppgradering av Troll-stasjonen.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
50	Tilskot	554 692	477 050	569 562
	Sum kap. 480	554 692	477 050	569 562

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon, Prop. 1 S (2025–2026) *Svalbardbudsjettet,* samstundes med statsbudsjettet. Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet. For 2026 er det foreslått 804 mill. kroner i utgifter og 234,5 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 569,6 mill. kroner dannar grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementets kap. 480, post 50.

Forslaga til løyvingar for 2026 er omtalte nærmare i til Prop. 1 S (2025–2026) *Svalbardbudsjettet* med vedlegg.

Prioriteringar i 2026

Oppfølging av melding til Stortinget om Svalbard

Regjeringa la 31. mai 2024 fram ei melding til Stortinget om Svalbard, Meld. St. 26 (2023–2024). Stortinget behandla meldinga og voterte over ho 21. november 2024. Meldinga inneheld to gjennomgåande tema, som eit einstemmig Storting har slutta seg til: sterkare statleg styring og nasjonal kontroll på Svalbard, og styrking av Longyearbyen for å halde oppe det norske familiesamfunnet. I 2026 og framover vil regjeringa prioritere å følgje opp tiltak som bl.a. er omtalte i meldinga til Stortinget om Svalbard, mellom anna innføring av besøksbidrag, etablering av Svalbard forskingskontor og vurderingar av behov for investeringar i kritisk infrastruktur i Longyearbyen.

Energiforsyning i Longyearbyen

I svalbardmeldinga viser regjeringa til at ein har som intensjon at staten skal ta eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen, til dømes gjennom Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (Store Norske), og at ansvaret skal avklarast så snart som mogleg. Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet fekk i februar 2025 ei konseptvalutgreiing av ulike alternativ for framtidig energiforsyning i Longyearbyen og ei tilstandsvurdering av eksisterande infrastruktur frå Store Norske. Dokumenta har danna grunnlaget for vurderingar om framtidig ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen.

Store Norske og Longyearbyen lokalstyre har inngått ein avtale om overføring av Svalbard Energi AS (SEAS) frå lokalstyret til Store Norske. Føresett at Stortinget sluttar seg til vilkåra for overføring, overtar Store Norske eigarskapen til og ansvaret for SEAS, og med det ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen. Longyearbyen lokalstyre blir samstundes friteke for dette ansvaret, som ein har hatt etter Svalbardlova sidan 2002. Store Norske er eit heileigd selskap under Nærings- og fiskeridepartementet, og overføringa av SEAS vil gje auka nasjonal kontroll med kritisk infrastruktur på Svalbard.

Etter at kolkraftverket er nedlagt er det nødvendig å rydde opp og sanere området. Då energiverket i Longyearbyen vart omdanna til eit eige AS frå 1. januar 2023, vart pliktene knytta til opprydding og sanering etter kolkraftverket og tilhøyrande avfallsdeponi liggjande i lokalstyret, i hovudsak som følgje av selskapstekniske vurderingar. Som del av avtalen mellom Longyearbyen

lokalstyre og Store Norske, skal pliktene Longyearbyen lokalstyre har til sanering og opprydding etter kolkraftverket og tilhøyrande deponi overførast til SEAS, på vilkår av at pliktene blir finansierte av staten. Regjeringa foreslår ei fullmakt slik at Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret til saneringsog oppryddingstiltak ved kolkraftverket i Longyearbyen. Samla forpliktingar og utbetalingar skal ikkje overstige kostnadsramma på 134 mill. 2026-kroner. Sjå forslag til romartalsvedtak XIV.

Overføringa av SEAS frå Longyearbyen lokalstyre til Store Norske skjer på vilkår av at Stortinget løyver nødvendige midlar til at transaksjonen

kan finne stad i medhald av avtalen. Som ein del av transaksjonen vil gjelda som selskapet har til Longyearbyen lokalstyre, bli innløyst av staten. Det er ikkje klart kor mykje gjelda vil vere ved utgangen av 2025, men ho er rekna til 312,2 mill. kroner. Då det er usikkert kva lånegjelda vil vere ved utgangen av 2025, vil regjeringa kome tilbake til saka i samband med nysalderinga av 2025-budsjettet.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 orienterte regjeringa Stortinget om at Store Norske har identifisert fleire forhold ved dagens energisystem som tilseier at det er behov for å iverksette tiltak for å etablere ein oppgradert, forsvarleg og sikker energiforsyning i Longyearbyen. Ein opplyste òg at det er eit vesentleg vedlikehaldsetterslep på distribusjonsnettet for straum og fjernvarme. Stortinget løyva difor midlar til Store Norske for arbeid med prosjektering og regulering, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Store Norske vil dele oppgraderinga av energiforsyninga inn i to fasar, der dei mest tidskritiske tiltaka blir gjennomførte først. Sjå høvesvis Prop. 1 S (2025–2026) for Nærings- og fiskeridepartementet og Prop. 1 S (2025–2026) *Svalbardbudsjettet* for nærmare omtale av overføringa av Svalbard Energi AS, og oppgraderinga av energiforsyninga i Longyearbyen. Regjeringa foreslår òg å løyve 25 mill. kroner til å dekke kostnadene Longyearbyen lokalstyre vil ha i 2026 til sanering og opprydding etter avfallsdeponiet i Adventdalen er avslutta.

I samband med innføring av *Norgespris* for straum på fastlandet frå 1. oktober 2025 foreslo regjeringa å leggje til rette for reduserte straumprisar for hushalda på Svalbard òg, jf. Prop. 146 S (2024–2025). Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Løyvinga til Longyearbyen lokalstyre vart auka med 4,7 mill. kroner som vart øyremerkte til dette formålet. Heilårseffekten av tiltaket er 18,8 mill. kroner. Regjeringa foreslår å løyve til saman 118,8 mill. kroner i 2026 for å bidra til reduserte energiprisar i Longyearbyen.

Energilova med tilhøyrande forskrifter er ikkje gjort gjeldande på Svalbard, og i dag blir det ikkje stilt sektorspesifikke krav til energiforsyninga i Longyearbyen. Energidepartementet arbeider saman med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) med eit forslag til regulering av energiforsyninga i Longyearbyen. Forslaget vil bli sendt på høyring.

Longyearbyen – eit norsk lokalsamfunn

I Meld. St. 26 (2023–2024) varslar regjeringa at ein vil styrke det norske familiesamfunnet i Longyearbyen. Longyearbyen er, og skal vere, eit livskraftig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. Det er samstundes ikkje ønskjeleg at samfunnet i Longyearbyen skal vekse utover dagens nivå, og ein skal ikkje leggje til rette for utvikling som utløyser behov for større investeringar i infrastruktur eller utviding av velferds- og tenestetilbodet.

Det er eit mål framover at Longyearbyen skal vere ein attraktiv stad for norske familiar, og at ein slik kan bidra til å oppfylle målet om norske samfunn på øygruppa. Regjeringa foreslår bl.a. av den grunn å auke løyvinga til Longyearbyen lokalstyre med 23,1 mill. kroner.

Beredskap på Svalbard

Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på Svalbard og tek vare på dei statlege interessene der. Kjerneoppgåvene til Sysselmeisteren er ansvaret for rednings- og beredskapsarbeidet, for politi- og påtalemakta og for miljøforvaltninga. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Sysselmeisteren med 8,1 mill. kroner, bl.a. for å styrkje Sysselmeisteren si evne til å utføre oppgåvene sine, og for å tilføre Sysselmeisteren ressursar på beredskapsområdet.

Sysselmeisteren disponerer monnalege transportressursar, bl.a. tenestefartøyet MS Polarsyssel og to AWSAR Super Puma redningshelikopter. Helikoptera til Sysselmeisteren blir nytta til søk og redning på Svalbard og i nærliggjande område. Svalbard-basen er ein felles operasjon med den sivile redningshelikopterbasen i Tromsø. Frå 1.1.2026 tek ny kontrakt for fartøyet til å gjelde. Kontrakten gjeld i perioden 2026–2030, med opsjon på inntil fire år.

Det vart innført både personkontroll og kontroll med vareførselen til og frå øygruppa i 2022, bl.a. for å styrke moglegheita og evna myndigheitene har til å føre kontroll på Svalbard. Regjeringa vil prioritere å følgje opp personkontroll og vareførselskontroll på Svalbard i 2026. Eit forslag til ny forskrift om tryggleik i felt på Svalbard vart vedteke 6 juni 2025 og tar til å gjelde 1. januar 2026.

Arbeidet med skredsikring av sentrumsområdet i Longyearbyen vart avslutta i 2025. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått gjennomført sikringstiltaka under Sukkertoppen og i Vannledningsdalen. Området Nybyen i Longyearbyen vil ikkje bli prioritert for skredsikring. Det har blitt løyvd til saman 170 mill. kroner til sikring under fjellet Sukkertoppen. Sikringstiltaka består av støtteforbyggingar i fjellsida og ein fangvoll nedanfor fjellsida. Arbeidet starta opp i 2019 og vart avslutta i 2023. Sikringstiltak mot sørpeskred frå Vannledningsdalen utgjorde det avsluttande leddet i sikringsarbeidet for sentrum av Longyearbyen. Desse sikringstiltaka vart sette i gang i 2022 og ferdigstilte i 2025, til ein kostnad av 105 mill. kroner.

Sidan 2016 har NVE gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. NVE hadde òg ansvar for ei lokal varslingsteneste for Longyearbyen i perioden fram til dei permanente sikringstiltaka var fullførte. Det er framleis behov for den lokale varslingstenesta på grunn av restrisiko, og Longyearbyen lokalstyre har teke over ansvaret for tenesta frå vintersesongen 2024/25.

Regjeringa foreslo i Prop. 47 S (2024–2025) å etablere eit nytt sjøfibersamband mellom Svalbard, Jan Mayen og fastlandet. Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 174 S (2024–2025). Nytt sjøfibersamband har ei kostnadsramme på 2,8 mrd. kroner og skal etter planen vere operativt i 2028. Arbeidet med den nye kabelen har starta opp.

Post 50 Tilskot

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet for å sikre at inntektene på svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Bortsett frå tilskotet er skattar og avgifter på Svalbard den største inntektsposten.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 569,6 mill. kroner.

Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	59 893	62 678	64 559
	Sum kap. 481	59 893	62 678	64 559

Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer drifta av, og har budsjettansvaret for, Samfunnet Jan Mayen. Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde ved lag.

Øya Jan Mayen i Norskehavet er ein del av Kongeriket Noreg, jf. *lov 27. februar 1930 nr. 2 om Jan Mayen*. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova.

Aktivitet og aktørar på Jan Mayen

Justis- og beredskapsdepartementet har forvaltningsansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Samfunnet Jan Mayen blir drifta av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. Ansvaret for drift av infrastruktur på øya, medrekna flystripa, er lagt til Samfunnet Jan Mayen. Statsforvaltaren i Nordland er statsforvaltar for Jan Mayen.

I tillegg har fleire statlege verksemder overordna ansvar for, eller ansvar på, Jan Mayen. Desse er

- politimeisteren i Nordland
- Miljødirektoratet
- Norsk Polarinstitutt
- Riksantikvaren
- Forsvarsbygg
- Meteorologisk institutt

Kongsberg Satellite Services AS (KSAT) har òg verksemd på øya.

Verksemda på Jan Mayen medverkar til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innanfor meteorologi- og kommunikasjonstenester.

Plasseringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytte til oppfølging av internasjonale plikter, som drift av bakkestasjonar for satellittnavigasjonsprogramma til EU og ein seismisk målestasjon for overvaking av avtalen om prøvestans.

Nytt hovudbygg på Jan Mayen

Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 (Prop. 104 S (2023–2024)) ei investeringsfullmakt for å starte opp og gjennomføre prosjekt for nytt hovudbygg på Jan Mayen med ei kostnadsramme på 1 641 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Prisnivået er oppgitt i 2024-kroner. I same proposisjonen foreslo regjeringa å auke løyvinga på kap. 1710, post 47 med 80 mill. kroner, knytt til oppstart av prosjektet. Arbeidet starta opp våren 2025, med bygging av ny nødforlegging. Nødforlegginga vil bli nytta som innkvartering for arbeidarar som er involverte i bygginga. Ein ventar at prosjektet med nytt hovudbygg blir fullført i 2028. Forsvarsdepartementet er ansvarleg for prosjektet med nytt hovudbygg. Stortinget slutta seg til forslaga, jf. Innst. 447 S (2023–2024). Sjå elles Prop. 1 S (2025–2026) for Forsvarsdepartementet.

Ein vurderer at det ikkje er formålstenleg å bruke midlar utover det ein treng til trygging av bygningsmassen, inntil ny stasjonsbygning er på plass.

Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv infrastrukturen. Samfunnet Jan Mayen yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, noko som omfattar bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Kystradio og seismiske stasjonar. Justis- og beredskapsdepartementet har avtalar med dei ansvarlege institusjonane. Avtalane omfattar bl.a. arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya, og dekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Forsvaret har til kvar tid 15 tilsette på øya. Kvar kontingent er på Jan Mayen i seks månader, med rotasjon av personell i mars og september. Stasjonen på Jan Mayen blir leidd av ein militær stasjonssjef som òg er den offisielle representanten for norske myndigheiter på øya.

Løyvinga på posten dekker vidare lønn til fem administrativt tilsette på fastlandet. Meteorologisk institutt lønner over budsjettet sitt to tilsette som inngår i den samla besetninga på stasjonen.

Regjeringa foreslår ei løyving på 64,6 mill. kroner på posten.

Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refusjonar og andre inntekter	8 035	7 408	7 675
	Sum kap. 3481	8 035	7 408	7 675

Post 01 Refusjonar og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for delar av fellesutgiftene for Samfunnet Jan Mayen. Desse blir betalte av Meteorologisk institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Kystradio og andre som kjøper tenester på Jan Mayen. Inntekter frå kioskdrifta på Jan Mayen blir òg førte på denne posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3481, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei inntektsløyving på kap. 3481, post 01 Refusjonar og andre inntekter på 7,7 mill. kroner.

Programkategori 06.90 Vern og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens eigne driftsutgifter	4 630 032	4 609 658	4 040 536	-12,3
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	129 504	96 076	262 995	173,7
50–89	Overføringar til andre	1 259 261	1 227 237	1 118 296	-8,9
	Sum kategori 06.90	6 018 797	5 932 971	5 421 827	-8,6

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
490	Utlendingsdirektoratet	5 718 047	5 638 265	5 114 191	-9,3
491	Utlendingsnemnda	300 750	294 706	307 636	4,4
	Sum kategori 06.90	6 018 797	5 932 971	5 421 827	-8,6

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Desse verksemdene er ansvarlege for iverksetjing av innvandringspolitikken, ved å behandle søknader og klager om opphald i Noreg m.m. i samarbeid med politiet og utanrikstenesta (sjå omtale av politiet under programkategori 06.40 og utanrikstenesta under Prop. 1 S (2025–2026) for Utanriksdepartementet). Verksemdene i programkategorien har i hovudsak oppgåver som gjeld målet om kontrollert og berekraftig innvandring og målet om rettstryggleik.

Prioriteringar i 2026

Migrasjonspakta i EU

For å møte dei store migrasjonsutfordringane i Europa har EU vedteke ei samla regelverkspakke kalla pakta for migrasjon og asyl (pakta). Pakta inneber ei omfattande og heilskapleg reform av EUs regelverk for migrasjon og asyl. Noreg er bunde av nokre av rettsaktene, som bl.a. skal sikre betre kontroll og ei meir effektiv saksbehandling for irregulære migrantar og asylsøkarar. Tiltaka skal på lengre sikt bidra til ei meir koordinert og effektiv handtering av asylsøknader, meir effektiv retur og redusert sekundærflytting av asylsøkarar mellom land, og dessutan styrkt tryggleik gjennom betre grensekontroll ved EUs yttergrenser.

For å nå måla med pakta er det viktig at Noreg overheld forpliktingane sine og sikrar gjennomføring i tråd med EUs mål og norske interesser. Blant reglane er ei ny screeningforordning med felleseuropeiske reglar for innhenting av opplysningar og innleiande kontroll av irregulære migrantar og asylsøkarar ved Schengens yttergrense eller på territoriet. Formålet med forordninga er å sikre rask og sikker identifisering av personar som kjem til Schengen-området irregu-

lært, og samstundes sikre at personar som kan ha behov for internasjonalt vern, raskt blir innlemma i prosedyrane for dette. Vidare innfører asyl- og migrasjonshandteringsforordninga (AMMR) tydelegare reglar for kva land som har ansvaret for asylsøknader, og gir moglegheit for overføring av asylsøkarar mellom land (såkalla Dublin-saker). Krise- og force majeure-forordninga gir moglegheit for mellombelse tiltak ved krisesituasjonar innanfor migrasjon og asyl. Forordninga om fingeravtrykksregisteret Eurodac vidareutviklar evna dette systemet har til å avdekke uriktig identitet og bidrar til å kjempe mot irregulær migrasjon.

Fristen for å gjennomføre dei nye forordningane er sommaren 2026. For å få tiltaka på plass innan fristen er det behov for investeringar i POD, UDI og UNE til bl.a. tilpassingar i IT-infrastruktur, bygningsmessige tilpassingar ved innkomstsenteret og utgreiingskapasitet i etatane. I samanheng med revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd totalt 137,7 mill. kroner til implementeringa i 2025. Det er behov for investeringar fram mot fristen sommaren 2026, i tillegg til varig kapasitetsauke for å handtere dei nye reglane. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 200 mill. kroner til dette formålet i 2026. Sjå meir informasjon om pakta under kap. 440 Politiet, 490 Utlendingsdirektoratet og 491 Utlendingsnemnda.

Fordrivne frå Ukraina

Fullskalainvasjonen av Ukraina har ført til at millionar av menneske er fordrivne frå heimlandet, og fleire har kome til Noreg. Frå februar 2022 til 15. september 2025 har om lag 98 300 ukrainarar søkt om vern i Noreg, og det er no over 93 200 ukrainarar som har fått innvilga mellombels kollektiv vern i landet. I 2024 var det framleis høge innkomsttal frå Ukraina, sjølv om talet på ukrainarar som kom til Noreg nær halverte seg samanlikna med dei to føregåande åra. Talet ukrainarar som kjem til Noreg har fortset å gå ned og per 15. september har det komme om lag 7 200 ukrainarar i 2025. Ifølgje prognosane som ligg til grunn for budsjettet, er det forventa at det vil komme om lag 10 000 fordrivne frå Ukraina i 2026, i tillegg til 4 000 ordinære asylsøkarar. Regjeringa foreslår ei løyving til innkvartering i asylmottak på 2,3 mrd. kroner, i tråd med prognosane. Det er framleis stor uvisse om korleis tala på fordrivne og asylsøkarar vil utvikle seg. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre ei overskridingsfullmakt på 3 mrd. kroner som gjeld innkvartering av utlendingar som søker om vern, jf. forslag til vedtak XX. Regjeringa foreslår òg ei mellombels løyving på 83 mill. kroner til administrativ kapasitet i UDI i 2026. Løyvinga er mellombels for å sikre fleksibilitet til å handtere den uvisse innkomstsituasjonen som følgje av krigen i Ukraina. Samanlikna med 2025 er løyvinga for 2026 redusert med i overkant av 70 mill. kroner. Reduksjonen heng saman med færre innkomstar og ei forventa ytterlegare nedgang i 2026. Samstundes er det mange ukrainarar som treng forlenging av mellombels kollektivt vern, og det er framleis behov for å følgje opp kapasiteten i mottak og handsaminga av nye søknader frå Ukraina. Den reduserte løyvinga gjer det naudsynt med stram prioritering i UDI. Dette vil føre til redusert bemanning og vil påverke måloppnåinga på andre område.

Sjå òg omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina under programkategori 06.40 og i Prop. 1 S (2025–2026) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Sjølv om innkomstane frå Ukraina har gått ned dei siste par åra, er talet på innkomstar framleis høgt. Samla sett har dei høge innkomstane sidan 2022 lagt eit press på tenesteapparatet til kommunane. Regjeringa foreslår derfor å redusere kvoten for overføringsflyktningar m.m., frå 500 plassar i 2025 til 100 plassar i 2026. Dette gjer at behovet for løyving til formålet i programkategori 06.90 blir redusert med 13,8 mill. kroner.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 298 717	1 428 055	1 419 285
21	Særskilde driftsutgifter, asylmottak	3 008 681	2 846 808	2 284 327
22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetjing	16 116	32 741	21 675
23	Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, *kan overførast*	5 768	7 348	7 613
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	46 837	92 500	170 880
46	Investeringar i Schengen IT-system, *kan overførast*	82 667	3 576	92 115
60	Tilskot til vertskommunar for asylmottak	407 109	410 764	352 257
70	Stønadar til bebuarar i asylmottak	662 108	616 288	502 172
71	Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak	9 124	16 381	16 971
72	Assistert retur og reintegrering i heimlandet, *kan overførast*	52 603	42 500	110 100
73	Vern til flyktningar utanfor Noreg m.m., støttetiltak	14 300	11 806	10 500
74	Internasjonale forpliktingar, kontingentar m.m., *kan overførast*	66 897	93 264	93 585
75	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, *kan overførast*	29 847	8 980	4 476
76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, *kan overførast*	17 273	27 254	28 235
	Sum kap. 490	5 718 047	5 638 265	5 114 191

Innleiing

UDI har ansvar for å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, administrere innkvartering for asylsøkarar, leggje til rette for retur av personar utan lovleg opphald og tilbakevending for personar med fluktbakgrunn, og ta ut overføringsflyktningar og handtere ev. anna myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt til Noreg. UDI har fagleg instruksjonsmynde overfor politiet og utanrikstenesta i oppgåvene deira som førstelinje i utlendingsforvaltninga. UDI har òg ansvar for å drifte og forvalte fellesløysingar for IT. UDI skal jobbe for å sikre ei effektiv, rettssikker og brukarvennleg utlendingsforvaltning og gi faglege bidrag til utviklinga av lovverket og politikken på innvandringsfeltet.

Behandling av saker

Saker om vern (asyl)

Asylsøkarar som kjem til Noreg, blir registrerte av politiet og får søknaden sin behandla av UDI. Utgangspunktet er at asylsøkarar blir innkvarterte på Nasjonalt ankomstsenter i den første fasen.

Dei som får innvilga vern får eit mellombels løyve som gir grunnlag for å søke om permanent opphald etter fem år. Deretter kan dei søke om statsborgarskap. For fordrivne frå Ukraina er det ei eiga ordning med mellombels kollektivt vern. Mellombels kollektivt vern gir ein berre for eitt år av gongen, og løyvet gir ikkje dei same rettane som ordinært vern, sjå nærmare omtale i tekstboks.

Noreg har teke imot mange ukrainarar, over 93 200 har fått kollektivt vern per 15. september

Boks 2.3 Mellombels kollektivt vern

Regjeringa innførte 11. mars 2022 ei ordning med mellombels kollektivt vern for personar som er fordrivne frå Ukraina, med heimel i utlendingslova § 34. Ordninga inneber eit unntak frå utgangspunktet om at ein søknad om vern skal vurderast individuelt, då ho opnar for å gi vern etter ei gruppevurdering. Opphald blir gitt for eitt år og kan fornyast eller forlengjast i inntil fem år. Opphaldsløyvet dannar ikkje grunnlag for permanent opphald, men gir rett til familiesameining og rett til å arbeide. Bakgrunnen for dei særlege føresegnene om forenkla saksbehandling er behovet for effektivitet i ein situasjon der det kjem svært mange asylsøkarar frå same område på kort tid, og at behovet for vern er mellombels. Personar som har fått mellombels kollektivt vern, skal returnere når situasjonen i opphavslandet tilseier det. Det er Kongen i statsråd som avgjer når ordninga ikkje lenger gjeld.

2025. Dette er høgare tal enn i andre samanliknbare land, som Sverige, Danmark og Finland. Regjeringa har derfor gjort fleire justeringar i ordninga med mellombels kollektivt vern dei siste to åra. Blant anna skal det, som i alle andre saker om vern, vurderast om det er grunnlag for å kalle tilbake opphaldsløyvet som er gitt, dersom søkaren reiser til Ukraina i strid med føresetnaden for løyvet. Det er òg klargjort at ukrainarar med dobbelt statsborgarskap ikkje skal omfattast av ordninga dersom det andre statsborgarskapet er frå eit land som inngår i UDIs hurtigprosedyre for søknader som ein antek er grunnlause.

Frå hausten 2024 vart ordninga med mellombels kollektivt vern for fordrivne frå Ukraina stramma inn. Fleire område vest og sentralt i Ukraina er no vurderte som trygge i asylrettsleg forstand, slik at personar frå desse områda ikkje på generelt grunnlag har behov for internasjonalt vern.

Innstrammingane har truleg påverka innkomsttala frå Ukraina, og det har vore ein klar nedgang i talet på ukrainarar som har komme til Noreg etter at innstrammingane tredde i kraft. Innstrammingane inneber òg at UDI må behandle ein større del av søknadene individuelt, som følgje av at fleire søkarar ikkje lenger er omfatta av ordninga med kollektivt vern.

Då Assad-regimet i Syria fall i byrjinga av desember 2024, sette UDI søknader frå syriske asylsøkarar på vent. Det same gjorde utlendingsmyndigheitene i ei rekkje andre land. Utviklinga i Syria tyder på at det kan vere utsikter til betring i situasjonen i landet. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor vedteke å setje behandlinga av søknader om vern (asyl) frå syriske statsborgarar og statslause frå Syria i bero fram til 24. desember 2025. Utlendingsmyndigheitene har førebels ikkje tilstrekkeleg informasjon om tryggleikssituasjonen i landet til å kunne fatte rette vedtak. Avhengig av den vidare utviklinga i Syria, kan departementet vedta å ta opp att saksbehandlinga på eit tidlegare tidspunkt, altså før 24. desember 2025. Utanom ukrainarar utgjorde syrarar den største gruppa som søkte om vern i Noreg i 2024, og dei utgjer òg ein betydeleg del av asylmottaksbefolkninga. Dette har bl.a. påverka ventetidene og butida i mottak for søkarane. Nær 2 500 asylsøknader frå Syria er per no sett på vent. Talet asylsøkarar frå Syria er betydeleg redusert i første halvår 2025, men dei er framleis den største søkargruppa etter ukrainarane.

Om situasjonen i landet held fram med å utvikle seg i positiv retning, kan det føre til at færre personar frå Syria har krav på vern i Noreg, og dermed får avslag på asylsøknaden samstundes som at fleire syrarar med opphaldsløyve ønsker å vende tilbake til heimlandet. I motsetnad til tidlegare år ser UDI ei auke både i talet på søknader og faktiske assisterte returar og tilbakevending til Syria.

Figur 2.10 viser dei store svingingane i innkomne og behandla saker om vern frå 2015 til 30. juni 2025. I tillegg til nye asylsøknader må UDI behandle ei stor mengd søknader om forlengingar. Frå 2022 til 30. juni 2025 har UDI innvilga 113 000 første-, andre- og tredjegongsforlengingar av kollektiv beskyttelse.



Figur 2.10 Tal på saker om vern 2015–juni 2025

Kjelde: UDI

I budsjettet for 2026 er det lagt til grunn at det vil komme om lag 14 000 asylsøkarar, omlag 10 000 av desse frå Ukraina. Det er stor uvisse om talet på asylsøkarar framover.

Saker om opphald og statsborgarskap

Søknader om visum og opphald på anna grunnlag enn vern (arbeid, utdanning, familieinnvandring m.m.) blir leverte til politiet, ein utanriksstasjon eller Sysselmeisteren på Svalbard. Søkarar med innvilga sak får eit førstegongsløyve som er mellombels og må fornyast. Fleire av løyva gir grunnlag for å søke om permanent opphald og seinare statsborgarskap. Visum blir gitt for inntil 90 dagar og kan ikkje fornyast. UDI kan gjere vedtak i alle typar saker, men politiet og utanriksstasjonane, og i somme tilfelle Sysselmeisteren på Svalbard, har mynde til å gjere førstegongsvedtak i enkelte saker. Talet på innkomne saker til UDI avheng av talet på nye søknader og av kapasiteten i førstelinja i politiet og utanrikstenesta. Figur 2.11 viser utviklinga i talet på innkomne saker og behandla saker i UDI frå 2018 til 30. juni 2025.

Som det går fram av figuren, greidde UDI i 2023, 2024 og første halvår 2025 å behandle fleire saker enn det kom inn. Talet på ubehandla saker er likevel framleis høgt, som følgje av eit høgt tal på innkomne saker over tid.



Figur 2.11 Tal på saker om opphald og statsborgarskap til UDI 2018–juni 2025

Kjelde: UDI

I 2026 er det samla forventa om lag 344 000 søknader om visum, opphald og statsborgarskap til førstelinja i politiet og utanrikstenesta, og det blir forventa at UDI vil få om lag 99 000 saker.

Justis- og beredskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider med å greie ut og vurdere fleire forenklingar i regelverket, som skal leggje til rette for meir effektiv saksbehandling. Våren 2024 vart det gjennomført fleire endringar i utlendingsforskrifta for å forenkle regelverket og gjere det meir digitaliseringsvennleg. Endringane er knytte til bl.a. kravet om underhald ved familieinnvandring og permanent opphaldsløyve, og vil få full effekt frå 2025.

Våren 2025 vedtok Stortinget forslaget frå Justis- og beredskapsdepartementet om endringar i reglane som gir foreldre og søsken rett til familiesameining med barn under 18 år som har fått vern (asyl eller kollektivt vern) i Noreg, jf. Prop. 113 L 2024–2025 *Endringer i utlendingsloven mv. (familieinnvandring m.m.)*. Endringane skal bl.a. forhindre bigami ved at retten til familiesameining fell bort dersom det fører til at ein av foreldra blir sameint med fleire ektefellar i Noreg. I tillegg vart det vedteke endringar som inneber at dei alminnelege reglane for sikra underhald no også gjeld saker om familiesameining med barn under 18 år som har fått vern i Noreg, når barnet allereie har ein av sine foreldre her. Lovendringa er integreringsfremjande ved at den herbuande forelderen får eit insentiv til å skaffe seg eiga inntekt med påfølgjande moglegheit til å forsørge den andre forelderen. Vidare vart det gjort endringar i vilkåra for rett til permanent opphaldsløyve når det gjeld krava knytte til ferdigheiter i norsk og samfunnskunnskap og tidspunktet for når vilkåra for permanent opphaldsløyve må være oppfylte.

Saker om tilbakekall og utvising

Regjeringa er oppteken av å oppretthalde tilliten til asylordninga gjennom eit effektivt returarbeid. Politiet og UDI opprettar saker om utvising og tilbakekall av løyve. Det blir oppretta sak om utvising dersom ein utlending bryt norsk lov, og sak om tilbakekall når det er mistanke om at ein søkar har fått løyve basert på urette opplysningar, har halde tilbake vesentleg informasjon, eller at grunnlaget for løyvet har falle bort. Utlendingsforvaltninga skal særleg prioritere utvisingssaker for dei som har gjort seg skuldige i alvorleg og gjenteken kriminalitet, til dømes narkotikakriminalitet. Det er òg viktig å arbeide førebyggjande for å avdekke saker tidleg i saksgangen, gjerne før utlendingen kjem til Noreg, slik at ein unngår ei ressurskrevjande utvisingssak på eit seinare tidspunkt. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2025 vart derfor løyvinga til UDI auka med 30 mill. kroner for 2025 til behandling av utvisingssaker.

UDI behandla i 2024 i underkant av 5 800 saker om utvising og klagar på utvisingsvedtak. I 2024 vart 3 302 personar utviste frå Noreg. Om lag 75 pst. av utvisingane er grunna i brot på utlendingslova. I ein mindre del av desse sakene får det følgjer for barn. Dei fleste sakene der det blir

spørsmål om utvising av foreldre med barn i Noreg, endar med at det ikkje blir fatta vedtak om utvising.

Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsmyndigheitene har avdekt at fleire personar har oppholdsløyve basert på feil identitet eller på andre urette opplysningar. Rundt 830 personar fekk løyve trekte tilbake av UDI i 2024. UDI har prioritert dei alvorlegaste sakene, der det er viktigast å reagere med tilbakekall.

Innføring av gebyr for barn

Behandling av søknader om opphaldsløyve er som hovudregel ei gebyrbelagt teneste. Til no har det vore eit unntak for barn. For å bidra til å dekkje kostnadene ved behandling av søknader frå barn, skal det innførast eit gebyr for barn som søker om opphaldsløyve i Noreg. Gebyret skal vere 50 pst. av gebyret som vaksne betaler for tilsvarande søknader, noko som vil sikre at det framleis er ei subsidiering av søknader frå barn. Døme på nye gebyr for barn finn du i tabellen nedanfor. Sjå òg omtale under kap. 3440, post 06.

Tabell 2.10 Forslag til nytt gebyr for barn f.o.m. 1. januar 2026

Sakstype	Nytt gebyr for barn, kroner
Førstegongs søknad om familieinnvandring	5 950
Fornying av familieinnvandring	2 200
Studieløyve	2 700
Permanent opphaldsløyve	2 000

Utvikling i talet på ubehandla saker og restansar

Det er i dag mange som ventar på at UDI skal behandle saka deira, og ventetida er lang. Per 30. juni venta om lag 53 000 på svar i saka si, og dei hadde i gjennomsnitt venta i om lag 340 dagar. Fram til 2022 auka talet på ubehandla saker og klagar i UDI betydeleg. Det hadde samanheng med at talet på saker og klagar som kom inn til UDI, auka frå om lag 92 000 i 2019 til om lag 166 000 i 2022. Auken var i hovudsak driven av søknader om statsborgarskap og søknader om vern frå ukrainarar. Frå 2023 vart saksinngangen redusert, og i 2024 var han på om lag 122 000. Restansane har blitt noko reduserte som følgje av færre innkomne saker totalt sett, sjå figuren nedanfor.



Figur 2.12 Utvikling i restansar i UDI 2018–juni 2025

Kjelde: UDI

Særleg om omsyn til barn

Noreg skal vere ein pådrivar for at rettane til barn på flukt blir varetekne. UDI skal sørge for at omsynet til det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i saker som gjeld barn, og i nokre saker kan ein gi opphaldsløyve sjølv om vilkåra for vern ikkje er oppfylte. Saker som gjeld einslege, mindreårige asylsøkarar, skal prioriterast.

I saker der forvaltninga vurderer utvising av ein forelder som har barn i Noreg, har departementet dei seinaste åra gjort fleire tiltak for å styrke rettstryggleiken til barna.

I juni 2024 sende departementet på høyring eit forslag som bl.a. skal hindre at det blir gitt familiesameining med einslege, mindreårige barn i Noreg når dette ikkje er til det beste for barnet. Justis- og beredskapsdepartementet vurderer no høyringsinnspela.

Asylmottak

Alle utlendingar som søker om vern, har rett til innkvartering i asylmottak. Det blir gitt tilbod om plass i mottak fram til retur eller busetjing. Mottakstilbodet er tilpassa behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane, med bl.a. Nasjonalt ankomstsenter, transittmottak, ordinære mottak, mottak for einslege mindreårige over 15 år og mottak for bebuarar med særskilde behov.

UDI har omsorgsansvaret for einslege mindreårige som bur i asylmottak. For å sikre at rettane til barna blir varetekne, vart det i 2022 innført ei uavhengig tilsynsordning, der statsforvaltaren skal føre tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak. Omsorgsansvaret for einslege mindreårige under 15 år ligg under Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) (sjå omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Barne- og familiedepartementet).

Talet på bebuarar i asylmottak er i hovudsak avhengig av talet på asylsøkarar, men òg av saksbehandlingstid, kapasitet til å busetje og moglegheiter for retur. Talet på bebuarar i mottak har auka vesentleg som følgje av krigen i Ukraina. Det har likevel gått litt nedover det siste året, og per 30. juni 2025 var det om lag 8 000 bebuarar i asylmottak. Fordrivne frå Ukraina som raskt får behandla saka si som følgje av føresegna om mellombels kollektivt vern og raskt blir busette, har kort butid i asylmottak. Som omtalt ovanfor har asylsaker frå Syria blitt sette på vent som følgje av situasjonen i Syria etter regimeendringa i desember 2024. Det har ført til at fleire må bu lenger i mottak i påvente av at saka deira skal behandlast. Ved utgangen av juni 2025 utgjorde syrarar over ein firedel av mottaksbebuarar og hadde i snitt budd i mottak i rett over eitt år.



Figur 2.13 Bebuarar i mottak per utgangen av året, 2015–30. juni 2025

Kjelde: UDI

UDI må løpande arbeide for å tilpasse mottakskapasiteten for å unngå høge kostnader. Samstundes gir få ledige mottaksplassar redusert kapasitet til å handtere ein uventa auke i talet på asylsøkarar. Endringar i kor mange mottak UDI treng, kan skje raskt. I åra etter 2015 og fram til tilstrøyminga av fordrivne frå Ukraina starta i 2022, reduserte UDI mottakskapasiteten til færre bebuarar. Ved utgangen av 2021 var til saman 31 ulike avdelingar i asylmottak i drift. Som følgje av dei fordrivne frå Ukraina vart det i 2022 raskt oppretta fleire nye asylmottak, og ved utgangen av 2024 var 104 avdelingar (ekskl. Nasjonalt ankomstsenter) i asylmottak i drift, med ein samla kapasitet på 14 000 plassar. Som følgje av ein nedgang i asyltilstrøyminga den siste tida har talet plassar blitt redusert. Per 30. juni 2025 var det totalt 12 000 plassar.

Det er alltid uvisse om asyltilstrøyminga til Noreg, og det gjer det utfordrande å planleggje mottakskapasiteten. No er det særleg stor uvisse knytt til kor mange fordrivne som vil komme frå Ukraina. Ei rekkje land i EU har stor tilstrøyming av asylsøkarar frå andre land enn Ukraina òg.

Integreringsmottak

Integreringsmottak vart etablert som ei prøveordning i 2016 og vidareført i 2020 som eit tilbod for bebuarar som har fått eller med stort sannsyn vil få opphald. Integreringsmottaka har skild seg frå andre mottak ved at alle bebuarane over 18 år deltar i eit fulltidsprogram med opplæring i norsk, kultur- og samfunnskunnskap, utdannings- og arbeidsretta aktivitetar i tillegg til kompetansekartlegging og karriererettleiing.

I 2024 var det to integreringsmottak i Noreg, i Steinkjer og i Kristiansand. Begge desse mottaka er no lagt ned, og den særskilde ordninga med integreringsmottak er avvikla. Grunnen til dette er bl.a. fordi det er berre ein liten del av asylsøkarane i målgruppa som har stort sannsyn for å få innvilga opphald i dag. Det har òg vore utfordringar knytt til fleksibilitet og kostnadseffektivitet. Samstundes har fleire element frå integreringsmottaka no blitt obligatoriske for bebuarar i alle asylmottak. Mellom anna er det innført plikt til deltaking i opplæring i 175 timer norsk og 25 timer samfunnskunnskap for alle bebuarar i mottak over 18 år, og det har blitt lovfesta kompetansekartlegging før busetting. Sjå meir informasjon i Arbeids- og inkluderingsdepartementets Prop. 1 S (2025–2026).

Nominell vidareføring av stønader til bebuarar i asylmottak

Utgiftene til innkvartering av asylsøkarar bør ikkje blir for høge, og ytingsnivået i asylmottak i Noreg bør ikkje vere så høgt at det blir uforholdsmessig attraktivt å søke vern i Noreg. Ytingane i mottaka vidareførast derfor utan prisjustering i 2026.

Overføringsflyktningar og anna myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt

Noreg tek imot overføringsflyktningar innanfor ein årleg kvote. Kvoten for overføringsflyktningar omfattar flyktningar som får søknadene sine fremja av FNs høgkommissær for flyktningar, andre mellomstatlege organisasjonar, norsk utanriksstasjon, internasjonale straffedomstolar og norske frivillige organisasjonar og fagforeiningar, under visse føresetnader. Plassane på kvoten kan òg nyttast til andre typar myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt. Formålet er både å gi vern til flyktningar og å avlaste vertsland.

Justis- og beredskapsdepartementet fastset i samråd med Utanriksdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet kven som skal prioriterast på kvoten, basert på tilrådingar frå UDI, IMDi, UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI har ansvar for å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar i samarbeid med politiet og IMDi. Når overføringsflyktningane kjem til Noreg, skal dei som hovudregel bli busette direkte i ein kommune, sjå omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet. I 2024 var kvoten fastsett til 1 000 plassar. Regjeringa nyttar kvoten med ein viss fleksibilitet. Det kan vere tilfelle då plassar må overførast frå eitt år til eit anna, og det er ikkje alle som blir tekne ut på kvoten, som kjem til Noreg same året. Sidan det var plassar til gode frå 2023, kom det samla 1 468 overføringsflyktningar i 2024. Kvoten for 2025 er fastsett til 500 plassar, i tillegg til at det sto att 97 plassar på 2024-kvoten som vart overført til 2025.

Gjennom EUs ordning for sivil beredskap har Noreg òg bidratt med medisinsk evakuering av pasientar og pårørande frå Gaza i 2025. Desse inngjekk i kvoteordninga. Det var sett av 100 plassar til dette i 2025.

Sett i lys av dei høge tala på asylsøkarar som har vore, og som er forventa, foreslår regjeringa å redusere kvoten til 100 plassar i 2026. Dette inneber at Noreg vil ta i mot færre flyktningar som har vore prioriterte på kvoten dei seinaste åra, til

dømes flyktningar frå Syria, Afghanistan og evakuerte frå Libya.

I 2022 fastsette regjeringa òg eigne kvotar for medisinsk evakuering av ukrainarar frå Polen (550 pasientar og i tillegg pårørande) gjennom EU-ordninga for sivil beredskap, og for fordrivne frå Ukraina som oppheld seg i Moldova (500). Arbeidet skjer i samarbeid med EU og andre land. Per første halvår 2025 er det overført totalt 485 fordrivne ukrainarar frå Moldova sidan 2022, og 466 pasientar er evakuerte gjennom Medevac (over 700 personar medrekna pårørande). Personane blir innkvarterte i asylmottak og får behandla sak om mellombels kollektivt vern.

Retur av personar utan lovleg opphald i Noreg

Personar som får endeleg avslag på ein søknad om vern eller anna opphald, har plikt til å forlate landet innan ein bestemt utreisefrist. Dei skal returnere til heimlandet innan fristen, anten på eiga hand eller ved å søke om assistert retur med hjelp frå norske myndigheiter. Dersom dette ikkje blir gjort, kan dei bli transporterte ut av politiet, sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

Saman med Utanriksdepartementet har Justis- og beredskapsdepartementet ein returstrategi for perioden 2025–2030. Regjeringa legg opp til at returar skal gjennomførast effektivt og med god rettstryggleik, og at returarbeidet nasjonalt skal vere samordna med alle relevante aktørar. Noregs returarbeid byggjer òg på samarbeid med sentrale opphavsland og på europeisk samarbeid. Eit nytt EU/Schengen-regelverk som skal gjere returarbeidet meir effektivt, er no under forhandling.

Regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for at retur kan bli utfallet gjennom heile asylprosessen, bl.a. ved å avklare identiteten til asylsøkarar tidleg. Våren 2025 vart det vedteke endringar i utlendingslova som betre skal sikre at utlendingar med ulovleg opphald i Norge effektivt forlet Noreg og resten av Schengen- og EU-området, og om nødvendig bli hindra i å reise tilbake igjen, jf. *lov om endringer i utlendingsloven (tilpasninger som følge av nye SIS-forordninger mv.)*.

Målgruppa for retur har blitt gradvis mindre sidan 2016, hovudsakleg fordi nye asylsøkarar som kjem til Noreg, i større grad har fått innvilga opphald. Det er òg grunn til å tru at ein konsekvent returpolitikk har gitt resultat, og at færre oppheld seg utan lovleg opphald i Noreg.

Samanlikna med 2023 var det ein auke i talet på assisterte returar i 2024. Det var 179 som nytta ordninga, mot 156 i 2023. Per 30. juni 2025 har 84 personar reist heim assistert i 2025.

Tilbakevending

Noreg skal leggje til rette for at dei som ønskjer det, også personar med fluktbakgrunn og lovleg opphald i Noreg, skal få hjelp til å vende tilbake til heimlandet sitt. Dette er eit val den enkelte tek sjølv, og som ikkje direkte påverkar opphaldsløyvet i Noreg.

UDI gir tilskot til personar som vender heim, over kap. 490, post 72. Eventuell tildeling av tilbakevendingsstøtte medfører inga endring i opphaldsløyvet i Noreg, som gjeld ut gyldigheitstida. Tildelt støtte skal, med visse unntak, betalast tilbake dersom mottakaren gjeninnvandrar til Noreg innan to år.

Tilbakevendingsordninga var lite brukt før det vart mogleg for ukrainarar å søke på ordninga frå september 2022. I 2025 har det vore ein kraftig auke i talet på ukrainarar som ønskjer å vende tilbake til heimlandet sitt. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart prognosen for tilbakevendingar oppjustert frå 1 000 tilbakevendingar til 4 450. Løyvinga på post 72 vart bl.a. som følgje av dette auka med 61,6 mill. kroner for 2025.

Tilbakevendingsordninga er i tråd med regjeringa sin politikk for ukrainarar. Frå 2022 til første halvår 2025 har over 7 000 ukrainarar søkt om tilbakevendingsstøtte, medan nærmare 3 100 har reist. Det er stor uvisse i prognosane framover, og løyvingsbehovet er avhengig av utviklinga i Ukraina. For 2026 er det lagt til grunn ein prognose på 4 800 tilbakevendingar.

Nokre nordiske land har tilsvarande ordningar. Danmark og Sverige har omfattande ordningar for tilbakevending. Ukrainarar er førebels ikkje omfatta av desse ordningane.

Ein auke i talet på dei som reiser tilbake til heimlandet, vil kunne føre til reduserte utgifter til innkvartering i asylmottak og/eller reduserte utgifter til integrering og opplæring over Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine budsjettpostar.

Gjennomføring av europeiske tiltak for betre migrasjonskontroll

Eit stadig tettare europeisk samarbeid er under utvikling på asyl- og migrasjonsfeltet, i form av både meir utveksling og deling av informasjon, fleire felles prosedyrar, meir samarbeid om handtering av yttergrensene, og tiltak for å redusere sekundærmigrasjon innanfor Schengen-området. Dette kjem særleg til uttrykk gjennom regelverka i den europeiske pakta for migrasjon og asyl, som er omtala under prioriteringar. I tillegg til betra grensekontroll skal det nye regelverket bidra til

jamnare byrdedeling og solidaritet mellom landa. Noreg har starta samtaler med EU-kommisjonen om korleis eit rammeverk for norske bidrag til dette kan sjå ut. Tiltak som bidrar til at personar utan lovleg opphald returnerer, står høgt på den europeiske agendaen. Ei rekkje ulike verkemiddel blir vurderte av EU, også kalla nye og innovative løysingar for asyl- og migrasjonshandtering. Ein del av desse diskusjonane er forhandlingane om ei ny returforordning. Vidare skal ei rekkje IT-system utviklast. Endringane i dei ulike regelverka og IT-systema vil krevje nye saksprosedyrar, tilpassingar ved Nasjonalt ankomstsenter og IT-utvikling. Ein del av pakta er ei ny forordning for Det europeiske asylbyrået (EUAA), og Noreg forhandlar no om ei revidert tilknytningsavtale til dette. Implementeringa av pakta for migrasjon og asyl er nærmare omtalt under prioriteringar for 2026. Sjå avsnittet under for ytterlegare omtale av utviklinga av IT-systema.

Forvaltning og vidareutvikling av IT-systema for utlendingsforvaltninga

UDI driftar og forvaltar databasane og saksbehandlingssystema for heile utlendingsforvaltninga. Systema har førstehandsbrukarar i utanrikstenesta, politiet og UNE forutan UDI, i tillegg til at etatar som Nav og Skatteetaten med fleire regelmessig nyttar opplysningar frå systema. IT-infrastrukturen er utdatert og til hinder for effektiv saksavvikling og er derfor moden for utskifting. Systema inneheld data om fleire millionar søkarar, der god datakontroll er avgjerande for den enkelte sitt rettsvern, men òg for samfunnstryggleiken og målet om kontrollert innvandring. IT-porteføljen til utlendingsforvaltninga skal moderniserast gjennom eit seksårsprogram (ModUlf). Dei sentrale grunnsystema skal skiftast ut og erstattast med nye, tryggare og meir stabile løysingar, som òg skal gi betre effektivitet og meir samhandling med andre relevante aktørar i framtida.

Programmet vil krevje mykje av heile utlendingsforvaltninga i åra framover, men gi store gevinstar på sikt. ModUlf skal støtte opp under eit heilskapleg og effektivt migrasjonsløp, gjennom moderne digital infrastruktur og samhandlingstenester. Programmet starta opp i 2025, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Justis- og beredskapsdepartementet. Sjå òg omtale under postomtalen (kap. 490, post 45).

Budsjett for 2026

Det blir foreslått å setje utgiftsramma for UDI til 5,1 mrd. kroner. Dette er ein reduksjon på 9,3 pst. frå saldert budsjett 2025. Løyvinga skal nyttast i samsvar med dei måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor. Løyvinga blir fordelt på postane nedanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Det inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr, kontorlokale m.m. Løyvinga skal òg dekke anskaffingar, med unntak av asylmottak og større investeringar, jf. kap. 490, post 21 og 45. Bemanninga i UDI utgjorde 993 årsverk i 2024, mot 1 033 utførte årsverk i 2023.

Det blir i sum foreslått å redusere løyvinga på posten med 8,8 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2025. Forslaga til endringar er som følgjer:

- 20,3 mill. kroner til drift og bemanning i UDI til implementering av pakta for migrasjon og asyl, sjå omtale under overskrifta «Hovudprioriteringar i 2026»
- 83 mill. kroner i ei mellombels løyving til å handtere Ukraina-saker. Midlane skal dekke saksbehandling og oppfølging av asylmottak, i tillegg til enkelte støttetenester og IT-drift. Løyvinga er ei reduksjon på over 70 mill. kroner samanlikna med løyvinga til dette formålet i 2025.
- Regjeringa foreslår vidare å redusere den ordinære kvoten for overføringsflyktningar og anna myndigheitsassistert overføring av personar på flukt, frå 500 plassar i 2025 til 100 plassar i 2026. Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 7,3 mill. kroner som følgje av dette, sjå òg omtale av kutt under kap. 490, post 73 og 75, og kap. 3490, post 03 og 06.

Det er òg endringar på posten som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar som ikkje blir omtalte nærmare.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01 blir rapporterte som bistandsutgifter, i tråd med retningslinjene til OECD om Official Development Aid (ODA), og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01 og post 03, jf. nærmare omtale under postane.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 490, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 419,3 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av asylmottak, inkludert Nasjonalt ankomstsenter på Råde. Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte opplærings- og informasjonstiltak og nødvendige sosial -og omsorgstenester, bl.a. mat, klede og omsorgstenester for bebuarar med særskilde behov. Vidare dekker løyvinga utgifter til bl.a. vakthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar, reise og kost for asylsøkarar i samband med asylintervju og transportutgifter. Ekstra utgifter til lovpålagde kommunale tenester for vertskommunar for innkomstsenter kan òg dekkast over posten.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,8 mill. kroner til auka bemanning på Nasjonalt ankomstsenter på Råde og Trandum til arbeidet med implementering av pakta for migrasjon og asyl.

Den totale løyvinga det er behov for på posten, avheng av talet på mottaksplassar, kor mange bebuarar det er i mottaka, butid i mottak og samansetjinga av bebuarane og behova deira. Det er venta ein reduksjon i bebuarar i mottak i 2026, og det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 665,5 mill. kroner.

Det er usikkert kor mange asylsøkarar som faktisk vil komme i løpet av året, og det er spesielt stor uvisse om behovet for innkvartering av fordrivne frå Ukraina. Behovet for innkvartering heng vidare saman med registreringskapasiteten til politiet, sjå omtale under kap. 440. Den faktiske kapasiteten gjennom året kan avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Ved endringar i bebuarsamansetjinga kan det òg bli behov for å utløyse fleire plassar. Sjå forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 2 284,3 mill. kroner.

Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetjing

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkarar og UDI under behandlinga av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar, utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument og tolkeutgifter i samband med vedtakssamtale etter avslag på søknad. Løyvinga kan òg dekke tolking og omsetjing for overføringsflyktningar som blir valde ut frå land der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tolkar. Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med om lag 12,2 mill. kroner som følgje av at det er venta færre asylsøkarar neste år.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 21,7 mill. kroner.

Post 23 Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overførast

Løyvinga skal brukast til å støtte oppgåveløysinga i UDI ved å utvikle kunnskap om innvandring. UDI publiserer studiar som blir utarbeidd med løyving frå denne posten på sine nettsider, sjå nærmare informasjon på www.udi.no.

I 2026 skal løyvinga bl.a. nyttast til ei større undersøking om retur og tilbakevending til Ukraina. Løyvinga dekker òg utgifter til arbeid i UDI med å utvikle kunnskap i samarbeid med European Migration Network (EMN), og opplæring av migrasjonsmyndigheiter i aktuelle samarbeidsland (Partnerskap for migrasjon).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til programmet for å erstatte og modernisere IT-systema i utlendingsforvaltninga (Modulf). Kostnadsramma P85 er 2 231 mill. kroner (2025-kroner) for prosjektperioden 2025-2031, og styringsramma P50 er 1 863 mill. kroner (2025-kroner).

I 2025 har utviklingsarbeidet med løysing for statsborgarskapsaker starta. Dette vil fortsette inn i 2026, der leveransane for visum, permanent opphald- og arbeidssaker også vil starte. Vidare er verksemdene i gong med arbeidet med tilgangsstyring på tvers av utlendingsforvaltninga, og den underliggjande tenesteplattforma som utgjer grunnmuren i den digitale infrastrukturen.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 170,9 mill. kroner.

Den samla løyvinga til investeringsaktiviteten for moderniseringsprosjektet er på totalt 251,5 mill. kroner i 2026, som er ei auke på 159 mill. kroner frå 2025. 80,6 mill. kroner av den samla løyvinga blir foreslått fordelt til politiet, sjå omtalen under kap. 440, post 48. Utgiftane til det nye systemet for handsaminga av visumsaker vil delvis kunne bli refunderte frå BMVI-fondet i EU.

Post 46 Investeringar i Schengen IT-system, kan overførast

Posten omfattar prosjektutgiftene UDI har til utvikling og implementering av nye felleseuropeiske IT-system for styrkt grense- og migrasjonskontroll og betre informasjonsdeling og tryggleik.

Framdrifta er i stor grad styrt gjennom det internasjonale Schengen-samarbeidet, og har vore sterkt forseinka. Framdriftsplanen no går fram til 2028. Entry-Exit systemet (EES) vil etter planen innførast i fleire fasar frå oktober 2025. Eurodac-recast-forordninga, ein sentral del av pakta, planleggast innført før sommaren 2026. ETIAS skal etter revidert plan òg leverast i 2026. Styringsramma for tiltaka under kap. 490, post 46, er etter siste revisjon våren 2025, fastsett til om lag 480 mill. kroner i 2025-kroner for programmet fram til og med 2028. Av dette har om lag 170 mill. kroner blitt nytta fram til og med 2024.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 92,1 mill. kroner for 2026.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunane. Ordninga omfattar òg eit særtilskot ved omsorgsplassering, tilskot til kommunar som tek imot og følgjer opp personar med alternativ mottaksplassering (AMOT), og tilskot til å dekke utgiftene til barnehageplass. UDI forvaltar tilskotsordninga og betaler ut tilskot kvartalsvis når det er inngått kontrakt med ein driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2026 vil desse satsane gjelde:

- grunnsats per kommune: 851 007 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass og plass ved Nasjonalt ankomstsenter: 13 061 kroner per år
- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 20 115 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 184 922 kroner per år
- sats per plass i omsorgssenter: 49 611 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. Ei ordning for alternativ mottaksplassering (AMOT) inneber at UDI gir tilskot til ein kommune mot at kommunen gir ein person utan opphaldsløyve eller ein flyktning eit tilbod om bustad i kommunen i staden for opphald i asylmottak. I tilskotsbrevet blir det stilt krav til korleis kommunen skal bruke tilskotsmidlane. Kommunen skal vurdere individuelt kva for oppfølging personen i AMOT har bruk for. I 2026 vil satsen for AMOT vere 19 057 kroner per plass per månad.

Kommunen kan i visse tilfelle få eit større ansvar for ein mindreårig asylsøkar, jf. barnevernlova. Det er fastsett eigne satsar for å bidra til å dekke desse utgiftene til barnevern. For 2026 vil desse satsane gjelde:

- særtilskot for barn som har komme til Noreg i følgje med føresette: 36 268 kroner per månad
- særtilskot for einslege mindreårige: 18 133 kroner per månad

Regjeringa foreslår å vidareføre tilbod om gratis barnehageplass for alle barn i asylmottak frå dei er eitt år og fram til skulestart. Alle kommunar som tilbyr plass, får tilskot til å dekke utgiftene til barnehageplass for barn i mottak.

Satsane for barnehageplass i 2026 er som følgjer:

- 1–2-åringar, heildagsplass: 388 597 kroner per år
- 3–5-åringar, heildagsplass: 215 897 kroner per år

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommunar og talet på plassar. Behovet vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2024 var det totalt 207 kommunar som fekk vertskommunetilskot for delar av eller heile året. Per 31. juli 2025 har 127 kommunar fått vertskommunetilskot for delar av eller heile året. Det er lagt til grunn at 61 kommunar vil få tilskot med heilårseffekt for 2026.

Løyvingsforslaget er redusert med 72,7 mill. kroner som følgje av at det blir planlagt for færre vertskommunar enn det som vart lagt til grunn for 2025.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 352,3 mill. kroner.

Post 70 Stønadar til bebuarar i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til faste økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og ev. tilleggsytingar. Driftsoperatøren for asylmottaket betaler ut ytingar til bebuarane og får dei refunderte av UDI. Dei nærmare krava til stønadsordninga er gitt i *forskrift om stønad til beboere i asylmottak*. Stønadsordninga blir følgd opp ved UDIs kontrollar av asylmottak eller ved søknad til UDI i dei tilfella der ytingar ikkje dekker nødvendig livsopphald for bebuarar i mottak.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på bebuarar i mottak og samansetjinga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2026 er basert på ein prognose på i underkant av 9 000 bebuarar i mottak.

Regjeringa foreslår å nominelt vidareføre nivået på stønadene til bebuarar i mottak i 2026.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 114,1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2025.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 502,2 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbod for barn i mottak. Formålet med tilskot til aktivitetstilbod er å bidra til at barna får ein meiningsfull kvardag, gjennom eit aktivitetstilbod tilpassa alderen til barna og dei utviklingsmessige behova og interessene deira. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga. Tilskot kan bli gitt til enkeltpersonar, frivillige organisasjonar og andre ikkje-fortenestebaserte verksemder som organiserer aktivitetar for barn. Dei nærmare krava til tilskotsordninga er gitt i *forskrift om tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak*. Sjå nettsidene til UDI for utdjupande opplysningar om tilskotsmottakarane.

Det vart utbetalt 9,2 mill. kroner i tilskot til aktivitetar for barn i asylmottak i 2024. For 2025 er løyvinga på denne posten på 16,4 mill. kroner.

Delar av utgiftene til tilskot til aktivitetstilbod på kap. 490, post 71 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 17,0 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i heimlandet, kan overførast

Formålet med posten er å bidra til at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet, og til at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt. Posten finansierer to tilskotsordningar til enkeltpersonar – tilskot til assistert retur og tvangsretur og tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve.

Dei nærmare krava til tilskotsordninga til retur er gitt i *forskrift om tilskudd til assistert retur og tvangsretur*. Tilbakevendingsordninga er regulert i rundskriv. Tilnærma alle som fekk tilbakevendingstilskot i 2024 var frå Ukraina.

Tabellen nedanfor viser talet på returar innanfor kvar ordning og summen som vart brukt til desse ordningane i 2024. Éin retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

Tabell 2.11 Returar og rekneskapstal per ordning, 2024

	Rekneskap 2024 (i 1 000 kroner)	Talet på returar og tilbakevendingar
Voluntary Assisted Return Programme («VARP») – Frivillig returprogram	10 589	130
Returførebuande utgifter for personar i mottak	27	
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	704	39
Landprogram, assistert retur Somalia	4 401	7
Tilskot til returnerte via Frontex	131	3
Andre verkemiddel for returar	451	10
Tilbakevending, reintegreringstilskot	29 291	1555
Tilbakevending, medisinsk evakuerte	646	29
Totalt	46 240	

Løyvinga skal òg dekke utgifter til ei tilskotsordning til organisasjonar for at dei skal bidra med informasjons- og motiveringsarbeid som kan få personar som er busette utanfor mottak, til å returnere til heimlandet. UDI forvaltar tilskotsordninga. UDI inngår hovudsakleg fleirårige avtalar med ulike organisasjonar. Tabellen nedanfor viser organisasjonar UDI har fleirårige avtalar med og gav tilskot til i 2024. I tillegg vart det i 2024 gitt til saman 1 mill. kroner i tilskot til Norsom News, Clap Along AS og Internasjonal velferdsforening.

Tabell 2.12 Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2024

Namn	Beløp
NOAS (Norsk organisasjon for asylsøkere)	1 512 500
Caritas	1 925 520
NOMKUS (Norges multikulturelle senter)	825 000
Pireus	1 099 999
Totalt	5 363 019

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72 kan førast som ODA-godkjende utgifter og førast som inntekter på kap. 3490, post 01 og 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01 og 08.

Løyvingsforslaget er auka med 64,9 mill. kroner i hovudsak pga. ein høgare prognose for talet på personar som får tilbakevendingstilskot. I forslaget er det teke utgangspunkt i at 4 800 personar vil få tilbakevendingstilskot (i all hovudsak tilbakevending til Ukraina).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 110,1 mill. kroner.

Post 73 Vern til flyktningar utanfor Noreg m.m., støttetiltak

Tilskotet skal bidra til å oppretthalde innsatsen til FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) i arbeidet med overføring av flyktningar, inkludert operative oppgåver i uttakslanda knytte til uttaka til Noreg. Tilskotet kan bl.a. brukast til å styrke kapasiteten til å overføre flyktningar og til uttak av barn og unge til Noreg. Tilskot skal dekke noko av driftsutgiftane UNHCR har til dette.

I saldert budsjett for 2024 vart det løyvd 14,3 mill. kroner på posten. Av løyvinga gjekk 5 mill. kroner til operativ støtte utbetalt til UNHCR. I 2025 vart det løyvd 11,8 mill. kroner på posten.

Regjeringa foreslår ein kvote for uttak av overføringsflyktningar på totalt 100 plassar i 2026, noko som reduserer behovet for operativt arbeid i UNHCR med norske uttak. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner samanlikna med 2025.

Utgiftene på kap. 490, post 73 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap.

3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 10,5 mill. kroner, som skal tildelast UNHCR. Sjå òg kapittel 4 om enkeltståande tilskot.

Post 74 Internasjonale forpliktingar, kontingentar m.m., kan overførast

Løyvinga under posten dekker utgifter til Noregs internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet, medrekna bidrag til EUs asylstøttekontor (European Union Agency for Asylum, EUAA), som Noreg er knytt til gjennom ein eigen avtale. Vidare dekker posten relevante delar av Noregs utgifter til Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA), som Noreg er forplikta til gjennom Schengen-medlemskapet og Dublin-samarbeidet. Noregs innbetalingar blir fastsette etter fordelingsnøklar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 93,6 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, kan overførast

Tilskotet skal bidra til å opprethalde innsatsen til Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) i arbeidet med overføring av flyktningar til Noreg. Det dekker ein del av driftsutgiftene IOM har til dette.

IOM er ein mellomstatleg organisasjon som Noreg er medlem i. Det primære formålet er handtering av migrasjon globalt, bl.a. bidra til å fremme internasjonalt samarbeid og yte assistanse til migrantar i nød.

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar som skal til Noreg, og ev. anna myndigheitsstyrt overføring til Noreg av personar på flukt i samband med byrdedeling. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar når dei kjem til Noreg.

Løyvinga på posten varierer med talet på personar som kjem som overføringsflyktningar, og ev. anna byrdedeling. Sidan kvoten for overføringsflyktningar er redusert frå 500 til 100, foreslår regjeringa å redusere løyvinga på posten med 4,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2025.

Utgiftar på kap. 490, post 75 kan førast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 4,5 mill. kroner, som skal tildelast IOM. Sjå òg kapittel 4 om enkeltståande tilskot.

Post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, kan overførast

Formålet med posten er å bidra til at migrasjon går for seg på ein velordna, trygg og regulert måte, og at det blir mindre irregulær migrasjon frå enkelte land og regionar.

Posten skal brukast til tilskot til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transittland om retur og om velordna, trygg migrasjon. Det kan mellom anna bli gitt prosjekttilskot til tiltak som styrker retursamarbeid generelt eller migrasjonsforvaltninga i land Noreg prioriterer for retur- og reintegreringsprogram. Det vart tildelt 17 mill. kroner i tilskot til slike prosjekt i 2024. Det vart bl.a. gitt tilskot til styrking av migrasjonsforvaltninga i Somalia og Tyrkia, til prosjekt i Iran og i Irak og til retur- og reintegreringsprogram i Afghanistan og Marokko. Tilskot vart gitt i tråd med forskrift om internasjonalt migrasjonsarbeid.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 76 kan førast som ODA-godkjende utgifter og førast som inntekter på kap. 3490, post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 08.

Samla blir det foreslått å løyve 28,2 mill. kroner på posten.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter	5 906	6 286	8 222
03	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, ODA-godkjende utgifter	31 699	15 338	6 844
04	Asylmottak, ODA-godkjende utgifter	3 111 058	3 122 326	1 828 399
05	Refusjonsinntekter	4 553	2 987	1 095
06	Beskyttelse til flyktningar utanfor Noreg m.m., ODA-godkjende utgifter	14 325	11 358	10 500
07	Tolk og omsetjing, ODA-godkjende utgifter	20 383	31 353	20 409
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter	52 513	45 664	113 504
	Sum kap. 3490	3 240 437	3 235 312	1 988 973

Innleiing

Visse utgifter under kap. 490 Utlendingsdirektoratet (UDI) kan godkjennast som offisiell bistand (Official Development Assistance, (ODA)) og inntektsførast under kap. 3490. Desse utgiftene blir altså rekna som ein del av bistandsbudsjettet til Noreg. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei ulike postane og delane av verksemda til UDI som kan reknast som offisiell bistand, i tillegg til ein omtale av post 05, som består av refusjonsinntekter til UDI.

Etter retningslinjene til OECD/DAC (Development Assistance Committee) kan visse utgifter for flyktningar og asylsøkarar, knytte til både opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet, klassifiserast som offisiell bistand (ODA). Kva utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD.

Budsjett for 2026

Post 01 Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og for at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand (ODA). Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 01 og 72 blir rapporterte inn som bistand.

I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 8,2 mill. kroner på posten.

Post 03 Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand (ODA). Regjeringa foreslår at relevante utgifter på kap. 490, post 01 og alle utgiftene på post 75 som gjeld reiser og administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 6,8 mill. kroner på posten.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand (ODA). Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 21, 60, 70 og 71 blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 1 828,4 mill. kroner på posten.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekt og andre refusjonar.

På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 1,1 mill. kroner på posten. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Vern til flyktningar utanfor Noreg m.m., ODA-godkjende utgifter

Utgifter for overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand (ODA). Regjeringa foreslår at utgifter på kap. 490, post 73 blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 10,5 mill. kroner på posten.

Post 07 Tolk og omsetjing, ODA-godkjende utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22 blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 20,4 mill. kroner på posten.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter

Utgifter for reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i opphavs- og/eller transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell bistand (ODA) ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72 og 76 blir rapporterte inn. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 113,5 mill. kroner på posten.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21*	292 077	287 043	299 697
21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling m.m., *kan nyttast under post 01*	8 673	7 663	7 939
	Sum kap. 491	300 750	294 706	307 636

Innleiing

Som klageinstans har Utlendingsnemnda (UNE) til hovudoppgåve å etterprøve vedtak som er gjorde i første instans av Utlendingsdirektoratet (UDI), og som blir klaga på. UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når dei gjer vedtak i klagesaker. UNE vurderer både saker om vern og andre saker om opphald etter utlendingslova, i tillegg til saker om statsborgarskap. UNE saksbehandlar òg krav om omgjering av eigne vedtak.

UNE skal vareta rettstryggleiken på utlendingsfeltet. Saker med tvilsspørsmål som er utslagsgivande for utfallet, blir avgjorde i nemndmøte, som oftast med frammøte av klagaren. Nemndleiarar og nemndmedlemmer har sjølvstendig avgjerdsmakt i klagesakene, slik som dommarar i domstolane. UNE skal jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varetek rettstryggleiken og unngår å setje livet til barn og unge på vent. Det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av alle asylsaker som gjeld barn, og UNE skal prioritere einslege, mindreårige asylsøkarar i alle ledd i saksbehandlinga.

Innkomne saker og saksbehandlingstid

Talet på innkomne saker hos UNE vil variere både med talet på asylsøkarar og søknader om ulike løyve, og med utfalla i vedtaka hos UDI. UNE fekk inn totalt 7 457 saker i 2024, over 7 pst. fleire enn i 2023 og det høgaste talet på saker sidan 2018. Per utgangen av juni 2025 hadde det komme inn 4 070 saker til UNE, og om lag 14 pst. av dei var oppmodingar om omgjering. Til samanlikning kom det inn 3 465 saker til UNE i første halvdel av 2024.

UNE behandla til saman 6 779 saker i 2024, som var om lag 19 pst. fleire enn året før. Samla

gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2024 var 183 dagar. Tilsvarande tal for 2023 var 153 dagar. Familieinnvandring og tilbakekall var dei to saksgruppene med lengst gjennomsnittleg behandlingstid, medan statsborgarskap og asyl var dei saksgruppene med lågast gjennomsnittleg behandlingstid.

Per 30. juni 2025 har UNE behandla 3 357 saker, med ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle sakstypar på 182 dagar. Saksbehandlingstida heng saman med bl.a. talet på innkomne saker og samansetjinga av porteføljen.

UNE fekk i 2024 inn 1 775 asylsaker, som er ein auke frå om lag 1 000 asylsaker i 2023. Den gjennomsnittlege behandlingstida i asylsakene gjekk ned i 2023 og 2024. Nedgangen heng saman med at delen saker behandla etter Dublin-regelverket har auka. Desse sakane har mykje kortare behandlingstid, sidan sjølve asylsøknaden ikkje skal vurderast, men kun kva land som skal ha ansvaret. Talet på innkomne saker om opphald og statsborgarskap var om lag det same i 2024 som i 2023, men behandlingstida har auka. Sjå figurane nedanfor.



Figur 2.14 Tal på saker og gjennomsnittleg behandlingstid i asylsaker 2018–juni 2025

Kjelde: UNE



Figur 2.15 Tal på saker og gjennomsnittleg behandlingstid i saker om opphald 2018–juni 2025

Kjelde: UNE

Rettssaker og tidsbruk i retten

Når UNE stadfestar eit avslag frå UDI, er dette eit endeleg avslag. Det er då mogleg å saksøke staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne vedtaket frå UNE ugyldig. UNE var 164 dagar i retten i 2024, mot 150 dagar i 2023. Det har vore ein vesentleg reduksjon i talet på hovudforhandlingar og tidsbruk i retten dei seinare åra, sjølv om det var ein liten auke frå 2023 til 2024. Dette kjem i første rekkje av ei utvikling med nedgang i talet på innkomne saker til UNE sidan 2017. UNE tok imot 32 rettskraftige dommar i 2024. Staten fekk medhald i 28 av sakene, noko som utgjer 87,5 pst. Tilsvarande del i 2023 var 66 pst.

Budsjett for 2026

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 491, post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE. I 2024 var det i gjennomsnitt 220 utførte årsverk i UNE.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 491, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3491, post 01, jf. forslag til vedtak.

Løyvinga blir auka med 3,5 mill. kroner til gjennomføring av pakta for migrasjon og asyl, sjå omtale under «prioriteringar i 2026».

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 299,7 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling m.m., kan nyttast under kap. 491, post 01

Løyvinga på posten skal i første rekkje dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte. Det er den enkelte nemndleiaren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar bl.a. godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar, opplæring av nye nemndmedlemmer og reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klagarar.

Posten skal òg dekke sakskostnadene til klagarane ut frå forvaltningslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge verneting for utlendingssaker.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,9 mill. kroner.

Del III
Særlege tema

3 FNs berekraftsmål – rapportering

2030-agendaen for berekraftig utvikling er vår felles handlingsplan for å løyse dei mest presserande utfordringane verda står overfor. Agenda 2030 med FNs berekraftsmål vart vedteken av FN i 2015. Det er til saman 17 hovudmål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, tryggleik og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Måla er universelle, dvs. at alle land har ansvar for å følgje opp måla nasjonalt. Måla skal fungere som ei felles global retning for statar, næringsliv og sivilsamfunn.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) koordinerer arbeidet med nasjonal oppfølging av berekraftsmåla. Ei ny stortingsmelding om berekraftsarbeidet i Noreg vart lagd fram i juni 2025 (Meld. St. 35 (2024–2025). Justis- og beredskapsdepartementet har det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 16, som er å fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå. Justis- og beredskapsdepartementet har òg ansvar for å følgje opp tiltak innanfor delmål under høvesvis hovudmål 10, som er å redusere ulikskap i og mellom land, og hovudmål 5, som er å oppnå likestilling og styrke stillinga for jenter og kvinner i samfunnet. Justis- og beredskapsdepartementet rapporterer nedanfor på relevante delmål.

10. Redusere ulikskap i og mellom land

Delmål 10.7: Leggje til rette for migrasjon og mobilitet i ordna, trygge, regelbundne og ansvarlege former, mellom anna ved å føre ein planmessig og godt forvalta migrasjonspolitikk

Noreg har ei velfungerande migrasjonsforvaltning som fortløpande arbeider for ein tilpassa respons på utfordringar på migrasjonsfeltet.

Pakta for migrasjon og asyl utgjer ei omfattande og samla reform av EUs asyl- og migrasjonsregelverk. Sentrale formål med dei nye reglane er å balansere ansvaret til medlemsstatane og den gjensidige solidariteten for behandling av asylsøknader, og å sikre effektivisering og styrking av yttergrensekontrollen. Delar av regelverkspakka vil vere bindande for Noreg gjennom tilknytingsavtalane våre med EU.

Regjeringa vil halde fram med samarbeidet med EU og europeiske land om handtering av migrasjon. Blant anna bidrar Noreg gjennom EØS-midlane til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. I tillegg bidrar Noreg ved å sende ut ekspertar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. Sjå òg omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2025–2026) Utanriksdepartementet.

5. Oppnå likestilling og styrke stillinga for jenter og kvinner i samfunnet

Delmål 5.2: Avskaffe alle former for vald mot alle jenter og kvinner, både i offentleg og privat sfære, inkludert menneskehandel, seksuell utnytting og andre former for utnytting

Kvinner blir i større grad enn menn utsette for alvorleg fysisk vald i nære relasjonar, seksuell trakassering, valdtekt, negativ sosial kontroll, kjønnslemlesting og tvangsekteskap. Utgreiinga til valdtektsutvalet (NOU 2024: 4 *Voldtekt – et uløst samfunnsproblem)* vart overlevert i mars 2024 og har vore på brei offentleg høyring. Tilrådingane frå utvalet blir no følgde opp av departementet.

I desember 2023 la regjeringa fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Gjennom tiltak i planen blir det lagt til rette for å styrke den førebyggjande innsatsen, avdekke fleire saker, følgje opp valdsutsette på ein betre måte og styrke samarbeidet mellom tenestene. Planen inneheld ein eigen samisk del. For å styrke det førebyggjande arbeidet mot partnardrap og alvorleg vald i nære relasjonar har regjeringa etablert ein partnardrapskommisjon.

I 2024 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om seksuell trakassering (Meld. St. 7 (2024–2025)), som gir retning for innsatsen mot seksuell trakassering framover. Meldinga gir ei samla oversikt over omfanget av seksuell trakassering på tvers av samfunnsområde. Ho beskriv òg relevant

regelverk, aktørar og verkemiddel i det førebyggjande arbeidet.

16. Fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

Delmål 16.1: Vesentleg redusere vald i alle former og dødsfall som skriv seg frå vald, i heile verda

Drapsraten i Noreg ligg stabilt på rundt 0,5 drap per 100 000 innbyggjarar. Talet på drap som er utførte av noverande eller tidlegare partnar eller kjæraste, utgjer i gjennomsnitt mellom 25 og 30 pst. av alle drapa som blir utførte i Noreg årleg. Ni kvinner vart drepne av den dåverande eller tidlegare partnaren eller kjærasten sin i 2024. Av dei totalt 37 ofra for drap i Noreg i 2024 vart 65 pst. drepne av ein person i nær relasjon. I tillegg til partnar/kjæraste omfattar dette barn, foreldre eller annan familierelasjon. Kvinner utgjorde 57 pst. av alle drepne i 2024, medan snittet dei ti føregåande åra var 48 pst. I utgreiinga NOU 2020: 17 *Varslede drap?* fremma partnardrapsutvalet ei rekkje tilrådingar som regjeringa følgjer opp. Ein permanent kommisjon vart sett ned i 2024. Formålet med kommisjonen er å redusere førekomsten av alvorlege partnarvaldssaker, avdekke systemsvikt, lære av feil og vidareutvikle arbeidet med å førebyggje alvorleg partnarvald og partnardrap. I Noreg har vi sett ein generell nedgang i den registrerte kriminaliteten over fleire år. Innbyggjarane opplever òg at det er trygt å bu i Noreg. Fleire kvinner enn menn er urolege for vald eller truslar på bustaden. Vald og seksuallovbrot held fram med å vere ei betydeleg utfordring.

Delmål 16.2: Stanse overgrep, utnytting, menneskehandel og alle former for vald og tortur mot barn

Stortinget vedtok Prop. 36 S (2023–2024) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024–2028)* i mai 2024. Arbeidet med å følgje opp tiltaka i planen blir ført vidare i 2026.

Regjeringa har i 2025 etablert ei undersøkingsordning i Statens helsetilsyn om drap, vald, overgrep og omsorgssvikt mot barn. Ein lovproposisjon vart fremma våren 2025 med forslag til regulering av ordninga, jf. Prop. 141 L (2024–2025) *Lov om undersøkelser av offentlige virksomheters arbeid i saker om drap, vold, overgrep og omsorgssvikt mot barn (barnevoldsundersøkelsesloven)*. Undersøkingsordninga vil vere i full drift frå 2026. Formålet med ordninga er å bidra til å avdekke systemsvikt, og til læring og forbetring i verksemder gjennom undersøking av alvorlege saker og handlingar mot barn. Undersøkingane skal bidra til risikoreduserande tiltak for å førebyggje at slike alvorlege handlingar skjer i framtida.

Innsatsen mot internettrelaterte overgrep er koordinert av Justis- og beredskapsdepartementet. Opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar omhandlar òg internettrelaterte overgrep på nett. Store delar av kvardagen til barn og unge er digital. Regjeringa fremma Meld. St. 32 (2024–2025) *Trygg oppvekst i et digitalt samfunn* for Stortinget i juni 2025.

Regjeringa lanserte i mai 2025 ein nasjonal strategi mot menneskehandel. Formålet med strategien er å oppnå betre samordning og koordinering på strategisk nivå og å gi meir føreseieleg bistand til offer for utnytting. Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar ei tilskotsordning på prostitusjons- og menneskehandelsfeltet.

Noreg støttar det internasjonale arbeidet mot vald og overgrep mot barn gjennom Unicef og FNs spesialrepresentant for vald mot barn. I 2020 vart arbeidet med å førebyggje og oppklåra straffesaker om seksualrelatert kriminalitet mot barn og unge styrkt med ei politiutsending ved ambassaden i Manila. Vern mot seksualisert og kjønnsbasert vald, spesielt vald mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i den humanitære strategien til Noreg.

16.3: Fremme rettsstaten nasjonalt og internasjonalt, og sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle

Nasjonalt gir rettshjelpslova med forskrifter reglar for offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. I nokre sakstypar har søkaren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt og formue. I andre sakstypar er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tillegg er tilskotsordninga for frivillige rettshjelpstiltak ei ordning som er retta mot utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppleve at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg.

Inntektsgrensene for behovsprøvd rettshjelp vart oppjusterte i både 2022 og 2023. Grensene for formue vart òg oppjusterte i 2023. Lov 20. desember 2023 nr. 109 om endringer i rettshjelpsloven (ny modell for økonomisk behovsprøving) vart vedteken av Stortinget i desember 2023. Departementet tek sikte på at den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp vil tre i kraft i løpet av 2025. Den

nye modellen inneber bl.a. nye kriterium for behovsprøvinga når det blir innvilga rettshjelp. I staden for separate krav til inntekt og formue skal ein ta utgangspunkt i den samla betalingsevna til søkaren. Det blir vidare innført prosentvise eigendelar som blir fastsette på bakgrunn av betalingsevna til søkaren, og som aukar med betalingsevna. Eigendelen blir betalt ut frå dei samla advokatutgiftene i saka. Den nye modellen vil gi vesentleg fleire personar rett til behovsprøvd rettshjelp. *Lov 10. juni 2025 nr. 114 om endringer i rettshjelpsloven mv. (prioriterte sakstyper for rettshjelp mv.),* vart vedteken av Stortinget i juni 2025. Lovendringane inneber at retten til rettshjelp blir utvida til å omfatte fleire sakstypar.

Internasjonalt samarbeider Noreg med aktørar i sivilt samfunn, som International Commission of Jurists, som fremmar rettstryggleik for menneskerettsforsvararar.

Regjeringa la hausten 2023 fram Noregs femte nasjonale handlingsplan om kvinner, fred og tryggleik. Handlingsplanen gjeld for 2023–2030 og følgjer opp FNs tryggingsrådsresolusjon 1325 og andre resolusjonar om kvinner, fred og tryggleik, og dessutan den breiare dagsordenen for kvinner, fred og tryggleik. Norsk politi har i løpet av 2024 og 2025 bidratt i oppfølginga av tryggingsrådsresolusjon 1325. Norsk politi representerte Noreg på eit arrangement i Slovenia som markerte at det er 25 år sidan resolusjonen blei vedteken. Politiet har òg delt erfaringane sine frå både INTOPS (internasjonale operasjonar) og arbeidet med å førebyggje og stoppe alvorleg og gjentakande mishandling i nære relasjonar, inkl. seksuallovbrot, i andre høve.

Delmål 16.4: Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar, gjere det enklare å spore opp og returnere stolne eigedelar og motarbeide alle former for organisert kriminalitet, og delmål 16.5: Vesentleg redusere korrupsjon og bestikkingar i alle former

Nasjonalt har det dei siste åra blitt lagt meir vekt på å hindre og kjempe mot ulovlege pengestraumar. Ny teknologi og nye betalingstenester gjer det vanskelegare å avdekke slik kriminalitet.

Siste nasjonale risikovurdering (NRA) om kvitvasking og terrorfinansiering vart publisert i 2022. Ei ny NRA er under utarbeiding og skal vere ferdig medio 2026. Regjeringa la i mars 2024 fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet, Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar*. Meldinga og Stortinget si behandling av meldinga legg grunnlaget for ein styrkt innsats når det gjeld førebygging og motverking av økonomisk kriminalitet. Tiltaka i meldinga er under oppfølging.

Internasjonale evalueringar viser at sjølv om korrupsjon førekjem i Noreg, har det ikkje vore eit stort samfunnsproblem. Integriteten til institusjonar er verna ved offentleglova, forvaltningslova og spesiallover for dei enkelte institusjonane. Bevisstgjering, transparens, nulltoleranse og straffetrussel kombinert med aktive tilsynsmyndigheiter og effektiv rettshandheving er viktige føresetnader for førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg.

Internasjonalt arbeider Noreg for å styrke internasjonale normer, standardar og operative tiltak for å førebyggje og nedkjempe korrupsjon, medrekna internasjonale bestikkingar, skatteunndraging, kvitvasking og ulovleg kapitalflyt, gjennom deltaking i UNODC (FNs kontor mot narkotika og kriminalitet), generalforsamlinga i FN, det økonomiske og sosiale rådet til FN (ECOSOC), Financial Action Task Force (FATF), utviklingsbankane, OECD, Europarådets anti-korrupsjonsorgan (GRECO) og andre forum.

Noreg deltek for tida i forhandlingar i Europarådet om ein ny tilleggsprotokoll til Warszawakonvensjonen om inndraging av utbytte frå kriminalitet m.m. Støtta til fagleg samarbeid for å nedkjempe korrupsjon og fremme godt styresett har auka.

Dei siste åra har Finanstilsynet styrkt tilsynsinnsatsen sin knytt til kvitvaskingsregelverket. Samstundes syner erfaringar frå tilsyn at etterlevinga framleis er mangelfull i mange tilfelle. Etterleving av kvitvaskingsregelverket er blant Finanstilsynets særleg prioriterte tilsynsområde i strategiperioden 2023–2026.

Etter forslag i Prop. 74 LS (2023–2024) er verkeområdet til kvitvaskingslova blitt utvida til òg å gjelde kunsthandlarar og dei som tilbyr særlege tenester for oppbevaring av kunst. Desse lovendringane trådde i kraft 1. januar 2025.

Noreg er pådrivar i arbeidet med godt styresett og integritetsbygging bl.a. innanfor NATO-samarbeidet og i oppfølginga av det nye strategiske konseptet til alliansen. Desse verdiane står sentralt i ei rekkje bilaterale prosjekt, og er integrerte i Nansen-programmet for Ukraina òg.

Delmål 16.a: Styrkje relevante nasjonale institusjonar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å byggje kapasitet på alle nivå, særleg i utviklingsland, for å førebyggje vald og motarbeide terrorisme og kriminalitet

Den reviderte nasjonale kontraterrorstrategien frå 2022 er under oppfølging. Strategien rammar inn det nasjonale arbeidet med å førebyggje, verne mot, avverje og handtere terror i Noreg. Strategien har fem prioriterte tiltak. Blant anna skal det leggjast betre til rette for samhandling på tvers av sektorar i saker der psykiske lidingar og ekstremisme er eller kan vere relevant. Utviklinga på kontraterrorfeltet går raskt. Det skal vurderast om den nasjonale strategien skal gjennomgå ein ny revisjon.

Dei aller fleste tiltaka i den reviderte handlingsplanen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme frå 2020 er no følgde opp. Handlingsplanen inneheld bl.a. tiltak for å styrke arbeidet til førstelinja feltet. Eventuelle endringar i innretninga av den førebyggjande innsatsen mot radikalisering og ekstremisme i Noreg vil bli vurderte i arbeidet med den kommande stortingsmeldinga om førebygging av ekstremisme.

I 2025 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om førebygging av ekstremisme (Meld. St. 13 (2024–2025)). Meldinga var ei oppfølging av rapporten som ekstremismekommisjonen la fram for regjeringa i mars 2024.

Internasjonalt deltek norsk politi og anna personell frå justissektoren i internasjonale fredsoperasjonar i land som har behov for støtte til å opprette ein normal samfunnsstruktur att etter krig og konflikt. Norsk politi deltek for tida i FNs fredsoperasjonar og politiske oppdrag i Sør-Sudan og Colombia. Der bidrar dei til å byggje opp kapasitet i lokalt og nasjonalt politi og dessutan til å verne sivile. Norsk politi bidrar vidare med kurs og instruktørstøtte. Overordna prioriteringar for innsatsen er å bidra til å styrke kvinnedelen i politiet, kvinner sine rettar og likestillinga, støtte utviklinga av arbeidsmetodane til FN-politiet og samarbeide med andre land som bidrar. Det er avgjort at Noreg skal rekruttere personell til to nye misjonar i 2025/26. Det er to EU-misjonar som er godt etablerte, der det er inngått avtalar med EU om at Noreg som tredjeland kan sende kvalifisert personell til definerte stillingar.

Noreg bidrar i den internasjonale innsatsen for førebygging av og kamp mot valdeleg ekstremisme. Internasjonalt samarbeid er sentralt i det førebyggjande arbeidet mot radikalisering og ekstremisme. Norske styresmakter deltek aktivt i nordiske, europeiske og globale fora, og vidarefører innsatsen mot valdeleg ekstremisme og terrorisme.

I 2015 vart det etablert eit nordisk nettverk mot ekstremisme, med ein formell samarbeidsavtale mellom relevante departement. Nettverket styrkjer kunnskapsdeling og erfaringsutveksling innan forsking, metodeutvikling og praktisk førebygging, inkludert samarbeid med sivilsamfunn og lokale aktørar.

EU lanserte i 2024 samarbeidsmodellen *EU Knowledge Hub*, der Noreg deltek som prioritert tredjeland. Noreg er òg med i EU Internet Forum, der fjerning av ekstremistisk innhald på nett er eitt av to hovudtema.

Global Counter Terrorism Forum (GCTF), initiert av USA i 2011, fungerer som ein plattform for strategisk og fagleg samarbeid. Noreg er ikkje medlem, men har sidan 2021 vore co-lead saman med USA i eit initiativ mot valdeleg høgreekstremisme. Dette har resultert i ein handlingsplan og ei verktøykasse, lansert under FNs høgnivåveke i 2022. I 2024 arrangerte Noreg og USA eit seminar i Oslo og på Utøya for å fremje implementeringa av tiltaka.

Noreg deltek i Europarådets kontraterrorkomité (CDCT). Komiteen arbeider bl.a. med utvikling og oppfølging av kontraterrorstrategien til Europarådet, og han arrangerer fagseminar som er relevante for nasjonal politikkutvikling òg.

4 Likestilling og ikkje-diskriminering

4.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 4.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2025[1]	352	34	66	99,06	0,3	1,7	_	_
2024	380	35	65	94,96	_	0,8	_	_
2023	388	35	65	95,71	_	1,3	_	_
2022	376	34	66	96,6	1,6	2,4	_	_
2021	374	37	63	97,7	0,3	1,4	_	_
2020	377	37	63	99,4	0,7	3,0	0,5	4,2

[1] Tala for 2025 er frå DFØ per 1. mars 2025. (Toppleiarnivået er ikkje rekna med i lønna til kvinner i pst. av lønna til menn.)

Tabell 4.2 Fordeling av stillingar 2024 og 2025

	Februar 2024		Mars 2025	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Departementsråd og ekspedisjonssjef	3	7	3	7
Avdelingsdirektør	24	14	21	13
Seksjonssjef	3	2	3	1
Fagdirektør	30	19	31	16
Underdirektør	1		1	
Spesialrådgivar	1	6	2	3
Lovrådgivar	13	5	14	7
Prosjektleiar	1	1	2	1
Utgreiingsleiar	53	14	58	16
Seniorrådgivar	71	40	62	39
Rådgivar	38	22	34	15
Seniorkonsulent	5			
Førstekonsulent	1	4		
Konsulent/spesialbibliotekar	1	1	1	
Sum	246	134	233	119

Tala inkluderer både tilsette som er lønte på kap. 400, og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskaps-departementet.

Kjelde: Tala er frå DFØ per 1. februar 2024 og 1. mars 2025.

Oversikta viser at kvinnedelen i departementet er stabil og er på 66 pst. i 2025 (65 pst. i 2024). Delen kvinner på mellomleiarnivå har gått noko ned. På det høgaste leiarnivået er kvinner framleis underrepresenterte, med 3 kvinner mot 7 menn. I stillingar som fagdirektør er kvinnedelen 66 pst., som er ein auke på 5 pst. frå 2024.

Departementet har fleire kvinner enn menn i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar og rådgivar. Hos dei som har stillingskoden utgreiingsleiar, er det framleis stor overvekt av kvinner – 78 pst. Blant seniorrådgivarar er delen kvinner 61 pst. i 2025 og har sokke noko frå 2024 (64 pst.). Delen kvinnelege rådgivarar er 69 pst. i 2025, ein auke på 6 pst. frå 2024.

Tabell 4.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2024		Mars 2025	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Departementsråd og ekspedisjonssjef	1 805	1 572	1811	1572
Avdelingsdirektør	1 189	1 146	1246	1180
Seksjonssjef	970	1 073	1007	965
Fagdirektør	965	951	999	973
Underdirektør	902		902	
Spesialrådgivar	1 245	1 266	1134	1397
Lovrådgivar	1 082	1 103	1171	1164
Prosjektleiar	1 048	1 250	1099	1422
Utgreiingsleiar	861	857	889	917
Seniorrådgivar	773	814	804	809
Rådgivar	656	655	696	667
Seniorkonsulent	704			
Førstekonsulent	536	578		

Kjelde: Tal frå DFØ per 1. februar 2024 og 1. mars 2025.

Skilnadene i lønn på toppleiarnivå er i nokon grad knytte til tyngda til stillinga, dvs. ansvar, omfang og kompleksitet, jf. leiarlønnssystemet.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha best mogleg kjønnsbalanse i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar.

Det er berre éin mann som arbeider deltid, og seks kvinner. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar. Det legemelde sjukefråværet er 2,9 pst. samla for kvinner og menn.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst éin kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn, éin med nedsett funksjonsevne eller éin med hol i CV-en kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Sjølv om inkluderingsdugnaden ikkje gjeld lenger, held arbeidet med å byggje ein organisasjonskultur som fremmar og anerkjenner mangfald, fram.

Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider med representantane til dei tilsette i det løpande arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i departementet. Det er fastsett i lønnspolitikken til departementet at ein ikkje skal ha ugrunna skilnader i lønn. Ein skal ta omsyn til likestillingsperspektivet både ved tilsetjingane og ved forhandlingane om lønn, og alle tilsette skal ha lik moglegheit for utvikling i lønn. Når det blir forhandla om lønn, kartlegg departementet lønn bl.a. fordelt etter kjønn. Likestilling er vidare omtalt i tilpassingsavtalen til Hovudavtalen i staten. Departementet gjennomfører jamleg ROS-analysar på likestillings- og diskrimineringsfeltet i samarbeid med representantane til dei tilsette, inkludert arbeidsmiljøutvalet. På bakgrunn av analysen blir det fastsett konkrete tiltak i samarbeid med representantane.

Departementet gjennomfører årlege ROS-analysar på HMS-området for å undersøke det fysiske

og psykososiale arbeidsmiljøet i verksemda, medrekna risikoen for mobbing og trakassering. Medarbeidarundersøkingar der slike spørsmål òg blir tekne opp, blir gjennomførte jamleg.

4.2 Domstoladministrasjonen

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	2015	36,1	63,9	78,3	2,5	6,9	13,2	11,7	2,7	5,1
2023	1973	36,7	63,3	78,7	2	7,4	12	10,6	2,4	5,7
2022	2 081	36,9	63,1	76,6	3,2	7,7	13,7	13,2	2,2	5,2
2021	2 078	36,7	63,3	74,5	2,9	8,5	11,2	13,8	2,4	4,9
2020	2 062	37,2	62,8	74,2	2,6	9,4	11,2	12,1	2,2	4,5

Per 31. desember 2024 var det 2 015 tilsette i domstolane. Dette svarte til 1 974,4 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av stillingane i domstolane. Utskiftinga i administrative stillingar i domstolane er relativt låg. Domstolane prioriterer balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken. Bruken av deltidsstillingar er stabil og følgjer hovudsakleg av ønska til dei tilsette om redusert stilling i ein periode.

Av statistikken ser det ut til at bruken av mellombelse stillingar samla sett minka noko i 2024.

Det legemelde sjukefråværet er stabilt og lågt, men auka noko i 2024. Lønnsskilnadene mellom kvinner og menn må sjåast i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønte.

4.3 Kriminalomsorga

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	4 757	51	49	99	3	9	2	3	6,48	8,90
2023	4 872	52	48	99	3	9	1	4	6,90	9,30
2022	4 966	53	47	99	3	10	1	4	10,04	7,33
2021	4 934	53	47	98	4	10	2	5	9,57	6,49
2020	4 898	54	46	98	4	10	2	4	8,21	5,77

Talet på tilsette omfattar òg aspirantar ved Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga KRUS. I tala for lønn, deltid og mellombelse stillingar er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga i 2024 var 49 pst. kvinner og 51 pst. menn. Delen kvinner har auka med 1 prosentpoeng sidan 2023. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Dei deltidstilsette utgjer om lag

6 pst. av dei tilsette, same tal som i 2023. Delen tilsette i mellombelse stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 99 pst. av lønna til menn.

Kjønnsfordelinga blant aspirantar ved KRUS ved oppstart hausten 2024 var tilnærma 50 pst kvinner og menn. I 2024 hadde om lag 14 pst. av aspirantane ved KRUS ein annan kultur- og språkkompetanse enn norsk og engelsk.

Kriminalomsorga har som mål at minst 2 pst. av tilsetjingane i etaten skal gjelde personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Det er teke omsyn til kriminalomsorga si særlegheit, der om lag halvparten av stillingane krev fengselsbetjentutdanning og spesifikke krav til helse- og politiattest. I tillegg har fleire einingar utfordringar med eldre bygningsmasse som ikkje er universelt utforma. I 2024 er delen tilsetjingar av personar i målgruppa på 1,23 pst. Det har vore ei positiv utvikling samanlikna med gjennomsnittet for 2020 og 2021, då delen tilsetjingar av personar i målgruppa i snitt låg på 1,08 pst.

Kriminalomsorga arbeider for likestilling og mot diskriminering i tråd med likestillings- og diskrimineringslova. Arbeidet er forankra i HR-strategi og handlingsplan for likestilling og mangfald 2023–2026, med vekt på kjønnsbalanse, brei rekruttering og like løns- og arbeidsvilkår.

Sjukefråværet i kriminalomsorga har over tid hatt ei negativ utvikling, men etaten arbeider med å snu utviklinga. I 2024 var det samla sjukefråværet på 8,67 pst., mot 8,89 pst. i 2023. Nedgangen skriv seg i hovudsak frå korttidsfråværet. Langtidsfråværet utgjorde framleis om lag 70 pst. av det totale sjukefråværet i 2024. Det vart iverksett ei rekkje tiltak gjennom 2024 for å redusere sjukefråværet, samt rekruttere og behalde personell.

4.4 Konfliktrådet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	142	34,5	65,5	101	0	0	2	3,2	3,5	7,6
2023	129	29	71	97,6	3	0	5	4	2,9	11,2
2022	135	28	72	96,2	3	2	11	7	5,8	8,5
2021	148	28	72	96,6	4	9	20,1	16	3	6,4
2020	143	29	71	99,0	4,8	3,0	11,9	9,9	3,1	7,3

Per 31. desember 2024 utgjorde bemanninga i konfliktrådet 142 årsverk. I leiargruppa til Sfk er det ein mann og tre kvinner. Av elleve konfliktrådsleiarar var åtte kvinner og tre menn ved årsskiftet. Sfk har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla i stillingsannonsane til verksemda. For å fremme likestilling mellom kjønna har menn blitt oppmoda om å søke ved nokre rekrutteringar, då kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette.

Konfliktrådet er oppteke av mangfald og inkludering, og nedsette i 2023 ei arbeidsgruppe med representantar frå Sfk og dei tillitsvalde. Arbeidsgruppa identifiserte rekruttering og kompetanse om likestilling som sentrale satsingsområde for å realisere måla. I januar 2024 blei handlingsplanen til konfliktrådet for likestilling og mangfald avgjorde. Planen inneheld forslag til hovudmål, fokusområde og tiltak og er forpliktande og retningsgivande for heile verksemda.

4.5 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	19 138	51	49	95,2	1,7	6,6	3,2	4,5	2,9	6,8
2023	19 063	52	48	95,1	1,5	6,7	2,7	4,1	3,2	6,9
2022	19 377	52	48	95,0	1,6	7,2	4,3	6,0	3,0	6,4
2021	18 920	53	47	97,5	1,2	5	4,6	5,2	2,7	6,1
2020	18 540	54	46	97	0,8	4,9	4,3	4,7	2,6	5,8

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønnssystemet i etaten. Tala omfattar ikkje timelønte medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingsteneste (PST).

Talet på tilsette: talet på tilsette som får lønn, inkl. medarbeidarar i foreldrepermisjon (ikkje årsverk)

Kjønnsbalanse: prosent av tilsette som får lønn, inkl. medarbeidarar i foreldrepermisjon (ikkje årsverk)

Lønn: berekna av gjennomsnittleg grunnlønn pluss faste tillegg per månad for alle tilsette. Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarande 100 pst. stilling. Tal frå før 2022 er ikkje direkte samanliknbare då faste tillegg ikkje var medrekna.

Deltid: Tal for tidlegare år er ikkje direkte samanliknbare som følgje av at ein frå 2022 har teke med medarbeidarar i ulike delvise permisjonar.

Kvinner ligg noko under menn i gjennomsnittleg lønn. I tala for perioden 2022–2024 er faste tillegg inkluderte, og tala er derfor ikkje samanliknbare med tidlegare år. Lønnsskilnaden mellom menn og kvinner i politiet forklarast ut frå variablar som bl.a. godtgjeringar, ansiennitet, turnover og at det framleis er fleire menn i leiarstillingar. Menn og kvinner er representerte ulikt på fleire fagområde, der ein hypotese er ei overvekt av kvinner som jobbar på områder med lågare lønn som til dømes etterforsking og ei overvekt av menn i operative stillingar som er høgare lønna.

Kvinnedelen i politiet har auka gradvis gjennom fleire år. Spesielt gjeld dette politistillingar, noko som heng saman med ein aukande del kvinnelege studentar på Politihøgskolen. Sidan 2012 har delen lege på over 40 pst. og sidan 2019 på over 50 pst. I 2024 var 54 pst. av studentane kvinner.

God kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. For å få fleire kvinner til å satse på leiing er det viktig med gode rollemodellar. Delen kvinnelege toppleiarar i distrikta per 31. desember 2024 var ca. 45 pst. I den overordna planen for kjønnsbalanse i leiarstillingar var det sett mål om 30 pst. kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 pst. kvinnelege leiarar totalt innan 2022. I 2024 var delen kvinnelege leiarar i politistillingar 28 pst, medan kvinnedelen i leiarstillingar totalt var 40 pst. Innan 2027 er målet 40 pst. kvinner i politileiarstillingar.

Politiet er ei stor og variert verksemd og jobbar med mangfald og likestilling innanfor mange ulike fagfelt, både for å levere betre tenester til innbyggjarane og for å ta vare på dei tilsette.

Mangfold, dialog og tillit: Handlingsplan for arbeidet til politiet (2022–2025) er ei tydeleg satsing på mangfaldsfeltet i politiet. Planen dekker både det interne arbeidet som er retta mot politiet som organisasjon, og det eksterne arbeidet som handlar om korleis politiet løyser oppgåvene sine og møter innbyggjarane på ulike arenaer. Det er sett i gang ei rekkje tiltak og aktivitetar nasjonalt, bl.a. for å leggje betre til rette for informasjon på ulike språk, auke kompetansen og kunnskapen om samisk språk og kultur, få betre kunnskap om nasjonale minoritetar i Noreg generelt, heve kompetansen om kjønns- og seksualitetsmangfald (LHBT+), styrke kompetansen om hatkriminalitet og forbetre dialogen, kommunikasjonen og konflikthandteringa i møte med etniske og religiøse minoritetar.

4.6 Den høgare påtalemakta

År	Talet på tilsette	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	238	37,7	62,3	77,9	0	7,1	7,6	10	1,3	4,8
2023	230	37,4	62,6	75,6	0	6,9	19,8	10,4	1	4,5
2022	223	36,8	63,2	75,9	0	7,1	22,0	14,2	1,45	4,21
2021	217	37,3	62,7	72,5	1,2	7,4	14,8	13,2	0,0	5,6
2020	216	37	63	70,4	1,3	9,6	16,3	16,9	1,1	4,2

Stillingskategoriane i Den høgare påtalemakta er embetspersonar og administrativt tilsette. Lønna til embetspersonar er høgare enn lønna til dei administrativt tilsette. Vidare er dei fleste av dei administrativt tilsette kvinner, noko som gjer at lønna til kvinner i prosent av lønna til menn verkar låg når begge stillingskategoriane blir slått saman.

Stillingskategorien embetsperson omfattar riksadvokaten, assisterande riksadvokat, førstestatsadvokatar og statsadvokatar. Blant statsadvokatane er det 50,7 pst. kvinner og 49,38 pst. menn. Det blir praktisert likelønn i denne stillingskategorien, og lønna til kvinner er 98,2 pst. av lønna til menn. Det er framleis flest menn som er førstestatsadvokatar/embetsleiarar. Trenden er likevel ei utjamning i kjønnsbalansen. Av dei statsadvokatane som no går av med pensjon, er det flest menn, og nye tilsetjingar er meir balanserte med omsyn til kjønn. Frå 2018 til 2023 har talet på kvinnelege embetsleiarar auka frå éin til fem. I denne stillingskategorien utgjer lønna til kvinner 99 pst. av lønna til menn. Ved Riksadvokatembetet er 40 pst. av leiarane kvinner, og ti av elleve kontorsjefar ved statsadvokatembeta er kvinner.

4.7 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	713	57,1	42,9	97,5	4,0	7,2	4,3	5,3	2,8	4,5
2023	681	57,3	42,7	98,3	2,3	3,3	2,1	2,1	2,3	6,3
2022	662	57,9	42,1	98,1	1,8	3	6,4	2,8	3,2	6,7
2021	641	56,4	43,6	96,4	4,6	10,6	1,6	4,2	2,8	4,9
2020	631	56,1	43,9	94,5	3,1	12,3	0,5	1,5	3,1	4,5

Blant leiarar i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i 2024 utgjer kvinner totalt 40 pst., mot 36 pst. i 2023. Det er i dag stor skilnad innanfor dei ulike leiarnivåa, med 67 pst. kvinnedel på direktørnivå, mot 36 pst. kvinnedel i mellomleiarsjiktet. I mellomleiarsjiktet finn vi bl.a. dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda med sivilforsvarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre 4 av 25 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn. DSB jobbar for likestilling og ei balansert kjønnssamansetjing gjennom rekrutteringsprosessar, og direktoratet legg særleg vekt på at kunngjeringstekstane skal formast ut slik at verksemda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemda. DSB arbeider for likelønn

mellom kjønna og for å redusere uønskte skilnader i lønn mellom nytilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i DSB sitt lønnspolitiske dokument.

4.8 Sivil klareringsmyndigheit (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønn til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	54	38,9	61,1	95,7	0	0	1,8	0	1,72	5,18
2023	54	35,2	64,8	95,0	0	0	0	1	1,20	2,72
2022	50	36,0	64,0	97,1	0	0	2,0	6,0	0,08	3,91
2021	42	33,3	66,7	90,2	0	0	0	3,6	0,00	2,51
2020	34	35,3	64,7	89,2	0	0	8,8	5,9	0,01	2,88

Sivil klareringsmyndigheit (SKM) har i åra fram til 2022 redusert lønnsforskjellen mellom kvinner og menn, men frå 2022 til 2024 har det endra seg frå 97,1 % til 95,7 %. Det har skjedd endringar innanfor ulike stillingskategoriar, men det er ikkje avdekka usaklege lønnsforskjellar mellom kjønna.

Gjennom året har SKM halde oppe kjønnsbalansen i leiargruppa med to kvinner og to menn.

SKM er framleis ein til dels liten verksemd når det gjeld tal på tilsette, og ei endring i tilsetjingsforhold eller sjukefråvær for ein eller få tilsette vil kunne gje utslag på statistikken, som vist.

I kunngjeringstekstane har verksemda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje aktivt oppfordra kandidatar av eit bestemt kjønn om å søke. Kjønnsbalanse har likevel vore eitt av fleire element som har vore vurdert i rekrutteringsprosessane.

I lønnspolitikken til verksemda er det eit mål at tilsette skal få lik lønn for arbeid av lik verdi, og at kvinner og menn skal ha lik lønnsutvikling. Lønns- og personalpolitikken skal medverke til at alle arbeidstakarar har moglegheit for utvikling i sin karriere, uavhengig av kjønn. Samstundes skal lønn og stillingskode spegle innhald, ansvar, kompleksitet og krav til kompetanse og resultat i stillinga.

Likestilling vil vere eit sentralt tema i utviklinga av livsfasepolitikken til SKM.

4.9 Hovudredningssentralen (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	77	70,7	29,3	94,4	0	0	0	0	1,8	1,8
2023	69	76,8	23,2	83,2	0	0	1,4	1,4	1,5	1,6
2022	54	75,9	24,1	79,6	0	0	1,9	1,9	1,7	0,8
2021	54	81,5	18,5	76,6	0	0	1,9	1,9	0,9	0,3
2020	53	79,2	20,8	69,3	0	0	0	1,9	1,9	2,5

I 2024 vart det oppretta nye seniorstillingar innanfor redningsfag, HR, økonomi og flyfag. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og arbeids- og livserfaring alltid oppmoda til å søke

stillinga, men det blir ikkje praktisert nokon form for kvotering. HRS er i ein god posisjon, ettersom verksemda mottar godt kvalifiserte søkjarar av begge kjønn. Det blei i perioden tilsett tre menn og tre kvinner i dei ledige stillingane.

4.10 Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	364	62,1	37,9	97,1	2,2	2,2	4,9	6,5	3,3	5,9
2023	379	62,5	37,5	96,2	2,1	2,8	5,1	7,0	2,8	6,0
2022	360	65,2	34,7	94,8	5,3	2,2	10,6	8,8	1,7	3,9
2021	322	66,1	33,9	93,3	2,9	3,4	12,0	15,2	1,9	4,3
2020	297	64,8	35,2	92,1	4,7	1,7	4,4	3,8	1,81	5,57

NSM hadde hausten 2024 styrt reduksjon i årsverk, og dette påverka antal tilsette i verksemda ved utgangen av året, noko som også har resultert i ein reduksjon i mellombelse stillingar. Ved utgangen av 2024 var 37,9 pst. av dei tilsette i NSM kvinner. I leiargruppa (direktør, assisterande direktør og avdelingsdirektørar) var det 44 pst. kvinner og 56 pst. menn ved utgangen av året. Av alle leiarar i NSM var 36 pst. kvinner og 64 pst. menn.

NSM har som målsetting å vere ein attraktiv arbeidsgivar for alle tilsette. NSM legg i rekrutteringsprosessane alltid kvalifikasjonsprinsippet til grunn og jobbar systematisk for å oppnå ei jamnare kjønnssamansetting i den enkelte avdeling, seksjon og eining. NSM er spesielt merksam på dette ved utlysing av tekniske stillingar, meir spesifikt for stillingar innanfor IKT-tryggleik. I andre fagmiljø er kjønnssamansettinga jamn, og i enkelte miljø er kvinneandelen høg. NSM ser på inkludering og mangfald som ein styrke, og ønsker medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv for å bidra enda betre til oppgåveløysinga vår.

NSM jobbar for likelønn mellom kjønna og dette er eit spesifikt mål i det årlege lønnsoppgjeret. Ein av grunnane til at menn tener meir enn kvinner i NSM, er at menn dominerer i enkelte tekniske fagmiljø. Det har vist seg at det kan vere vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette i desse miljøa, noko som medfører at lønningane er høgare der enn i andre delar av verksemda. Dette gir utslag på lønnsstatistikken.

4.11 Spesialeininga for politisaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	45	40	60	93,5	0	4,4	0	2,2	1,3	4,4
2023	44	43,2	56,8	96,1	0	2,3	0	0	1,1	1,3
2022	44	43,2	56,8	96,4	0	4,5	0	2,3	1,2	2,6
2021	44	45,5	54,5	96,4	0	4,5	4,5	2,3	0,6	7,0
2020	42	42	57,1	95	0	0	7,1	7,1	1,5	1,6

Spesialeininga for politisaker hadde 45 faste stillingar per 31. desember 2024. Det er fleire kvinnelege enn mannlege tilsette i eininga, og fordelinga mellom kjønna har vore stabil opp gjennom åra. I tillegg til dei fast tilsette har eininga oppnemnt fem advokatar på verv (to kvinner og tre menn). Leiinga består av tre menn (50 pst.) og tre kvinner (50 pst.). Personell blir likt lønt i dei enkelte stillingskategoriane uavhengig av kjønn. Årsaka til at statistikken viser noko lågare lønn for kvinner, er at dei lågast lønte stillingane i verksemda (administrasjon) i stor grad har kvinnelege tilsette.

4.12 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	22	27,3	72,7	133	0	13,6	0	0	0,4	2,6
2023	16	12,5	87,5	125,5	0	18,75	0	0	0	4,01
2022	14	14	86	92	0	21,4	0	0		1,33
2021	16	19	81	100	0	19	6,25	12,5		1,49
2020	14	14	86	89	0	21	0	21		1,31

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker hadde 22 tilsette per 31. desember 2023. Dette utgjorde 16,8 årsverk. I 2024 var kjønnsfordelinga i sekretariatet 72,7 pst. kvinner og 27,3 pst. menn. Det er kvinner i alle leiarstillingane i organisasjonen. Målsetjinga til staten om å oppnå ein kvinnedel i leiarstillingane på 40 pst. er dermed oppfylt for sekretariatet sin del.

4.13 Statens sivilrettsforvaltning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	88	31,8	68,2	106,3	3,6	6,7	10,7	1,7	4,5	7,8
2023	82	32	68	106	0	7,1	7,7	7,1	1,4	3,1
2022	77	32,5	67,5	103,8	5,1	2,6	1,3	1,3	0	5,6
2021	76	32,9	67,1	103,9	4	3,9	8	7,8	0	4,6
2020	82	34,1	65,9	105,5	0	6,1	7,3	11	0,9	4,8

Statens sivilrettsforvaltning hadde 88 tilsette per 31. desember 2024. Dette svarer til om lag 75,3 årsverk. Delen kvinner og menn var høvesvis 68,2 og 31,8 pst. På leiarnivå (direktør og avdelingsdirektør) var kvinnedelen 82 pst.

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga og har ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Desse forholda blir vektlagde i rekrutteringsprosessane i verksemda. Statens sivilrettsforvaltning jobbar kontinuerleg med å auke delen menn i samband med rekruttering.

4.14 Kontoret for valdsoffererstatning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	33	36	64	111	0	0	0	0	0,6	2,5
2023	26	27	73	96,9	0	0	0	0	0,6	4,6
2022	25	28	72	95,3	0	0	14	3	1,94	1,96
2021	31	23	77	80,4	0	0	0	3,0	11,1	1,7
2020	32	28	72	83,1	0	0	0	0	1,9	1,5

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) hadde 33 tilsette per 31. desember 2024. KFV har alltid hatt ein stor del kvinnelege tilsette, men har hatt ei positiv utvikling med å tilsette fleire menn, og i 2024 var kjønnsbalansen betre. Gjennomsnittslønna til kvinner er no høgare enn gjennomsnittslønna til menn, noko som kjem av at det er tilsett fleire kvinner i leiarstillingar.

Det var ein nedgang i sjukefråværet ved KFV i 2024. Nedgangen er størst for langtidssjukemelde.

4.15 Utlendingsdirektoratet (UDI)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	1 160	30	70	93,5	2,7	4,6	5,6	6,1	2,28	5,75
2023	1 185	29,7	70,3	93,7	1,6	0,6	1,77	5,23	1,86	7,65
2022	1 136	28,3	71,7	92,0	3,7	8,8	1,49	5,37	3,37	5,41
2021	1 027	28,9	71,1	91,7	2,8	3,8	1,94	0,68	5,3	5,0
2020	1 009	29,5	70,5	92,0	2,5	4,0	0,69	0,69	3,0	4,8

Kjelde: UDI

UDI har ei arbeidsgruppe som består av representantar frå arbeidstakarorganisasjonane og frå HR og organisasjon. Gruppa arbeider etter systematikken i likestillings- og diskrimineringslova § 26 andre ledd. Resultatet av arbeidet blir summert opp i ei årleg utgreiing om likestilling. Utgreiinga er tilgjengeleg på www.udi.no.

I 2024 hadde UDI ei positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Tilsetjingane i målgruppa utgjorde 10 pst., mot 4,9 pst. i gjennomsnitt i 2020 og 2021.

UDI starta arbeidet med å kartleggje diskriminering, likestilling og mangfald i tenestene i 2023. I 2024 publiserte UDI si første likestillingsframstilling for tenestene, der det blir skildra korleis UDI arbeider med likestilling og mot diskriminering. I framstillinga blir det peika på nokre område der det er særleg risiko for diskriminering av brukarane, og korleis ein kan unngå det. Det handlar om å tilby likeverdige tenester, skrive på eit språk brukarane forstår, nå ut til brukarar som ikkje er digitalt inkluderte, og å identifisere og følgje opp sårbare grupper.

4.16 Utlendingsnemnda (UNE)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2024	258	28,2	71,8	95,0	5,6	2,7	1	0	2,7	5,5
2023	256	30,1	69,9	96,2	3,8	2,8	0	0	2,9	5,3
2022	248	33,5	66,5	94,3	1,2	2,4	0,6	2,4	2,7	5,6
2021	226	33,6	66,4	97,5	0	2,0	2,6	0,7	3,1	4,2
2020	215	30,7	69,3	94,8	0	2,0	0	0,6	4,7	3,3

Kjelde: UNE

Per 31. desember 2024 hadde UNE 257 fast tilsette og ein lærling. Av desse var 70 pst. kvinner. På leiarnivå var det 11 kvinner og 9 menn.

UNE varetek omsynet til likestilling på alle nivå i verksemda. Det er utarbeidd ein handlingsplan for mangfald og inkludering som blir utvikla og oppdatert kontinuerleg. Likestilling og mangfald er tema i dei jamlege medarbeidarundersøkingane til UNE òg.

UNE legg vekt på å fremme likestillings- og mangfaldsperspektivet i alle rekrutteringsprosessar for å trekkje til seg søkarar uavhengig av

kjønn, alder, etnisitet og seksuell orientering, og uavhengig av om dei har hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne. Inkludering og mangfald var i fokus i alle rekrutteringsprosessane, men det var få søkarar som opplyste at dei hadde funksjonsnedsetjing og/eller hol i CV-en. Ingen av søkarane som gjorde det, var kvalifiserte, og dei vart dermed ikkje innkalla til intervju.

5 Omtale av klima- og miljørelevante saker

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljømåla. Sjå fagproposisjonen til Klima- og miljødepartementet for ein samla omtale av dei klima- og miljørelevante sakene til regjeringa.

5.1 Politiet

Dei viktigaste oppgåvene for politiet innanfor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforsking med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Førebygging på miljøområdet inneber særleg gjensidig informasjonsdeling med relevante samarbeidsaktørar, slik at alle kan setjast i stand til å utføre nødvendige tiltak på sitt eige ansvarsområde. Samarbeidspartnarane til politiet i miljøforvaltninga må derfor involverast både lokalt og sentralt.

Regjeringa vil styrke innsatsen mot fiskeri- og miljøkriminalitet. Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar – Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet* inneheld fleire tiltak som er særleg retta mot fiskerikriminalitet, og mange av tiltaka i meldinga er relevante for både miljøkriminalitet og fiskerikriminalitet. Tiltaka i meldinga blir no følgde opp gjennom tverrdepartemental samordning, og det skal rapporterast årleg på gjennomføring av tiltaka.

5.2 Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for miljøforvaltninga på Svalbard, med Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitutt og Riksantikvaren som ytre etatar og Sysselmeisteren på Svalbard som regionalt apparat.

Justis- og beredskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Sysselmeisteren på Svalbard og er kontaktpunkt for Longyearbyen lokalstyre.

Ein generell omtale av klima- og miljøpolitikken på Svalbard finst i Prop. 1 S (2025–2026) for Klima- og miljødepartementet og Prop. 1 S (2025–2026) *Svalbardbudsjettet.*

6 Enkeltståande tilskot

Tilskotsmidlar skal normalt lysast ut og fordelast på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium, slik at fleire får moglegheit til å søke tilskot, og slik at alternative tilnærmingar for å oppnå mål og samfunnseffektar kan vurderast opp mot kvarandre. Tilskot der mottakaren er namngitt i budsjettproposisjonen, er unntak frå føresegnene i økonomiregelverket. Slike unntak kan vere tenlege i enkelte tilfelle, t.d. viss det gjeld viktige formål utan alternative tilbydarar, men namngitte mottakarar kan òg føre til mindre effektiv måloppnåing fordi mottakaren ikkje må gjennom konkurranse og prioritering.

Tabell 6.1 Samla oversikt over enkeltståande tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2026

Tilskotsmottakar	Kap.	Post	Tilskot i 2025 (i 1 000 kr)	Forslag 2026 (i 1 000 kr)
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) (drift av nettportal)	400	70	4 886	0
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar / informasjonskampanje)	400	70	1 078	0
Regionale ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (nasjonal konferanse)	400	70	450	0
Regionale ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar / informasjonskampanje)	400	70	400	0
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) (tilskot til drift)	433	70	0	3 400
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) (drift av nettportalen dinutvei.no)	433	70	0	4 886
Nasjonalt senter for innsats mot radikalisering og valdeleg ekstremisme	433	70	0	29 500
Rosa kompetanse justis	433	70	1 000	0
Krisesentersekretariatet (Rosa-prosjektet)	440	70	5 600	5 600
Norsk Elektroteknisk Komite (NEK), Norsk brannvernforening	451	70	8 037	8 326
Telenor Kystradio og Avinor Svalbard[1]	455	72	145 422	0
Redningsselskapet	455	73	145 422	150 657
Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)	470	72	0	3 360
Svalbard kyrkje	480	50	6 230	6 500
Svalbard museum	480	50	15 740	16 000
FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR)	490	73	11 806	10 500
Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM)	490	75	8 980	4 479

[1] Staten overtek eigarskap og forvaltning av kystradiotenesta frå og med 1. januar 2026. Tilskotet til Telenor blir dermed avvikla. Løyvinga til døgnkontinuerleg tårnteneste på Svalbard blir flytta til kap. 454, post 01, og er å rekne som ei driftsutgift for redningshelikoptertenesta.

7 Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overførast»

Kap. *411 Domstoladministrasjonen, post 01 Driftsutgifter* blir innlemma i kap. 410 Domstolane, post 01 Driftsutgifter. Kap. 3411 Domstoladministrasjonen, post 03 blir innlemma i kap. 3410, post 03.

Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter blir innlemma i kap. 430 Kriminalomsorga, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 441 Politidirektoratet, post 01 Driftsutgifter blir innlemma i kap. 440 *Politiet,* post 01 Driftsutgifter.

Kap. 440, post 21 endrar namn til *Post 21 Særskilde driftsutgifter – forsking og utvikling*

Kap. 455 *Redningstenesta, post 72 Tilskot til naud- og sikkerheitstenester* blir avvikla.

På kap. *461 Advokattilsynet* blir det oppretta ein ny post 86 *Lovbrotsgebyr*.

På kap. *466 Særskilde straffesaksutgifter* blir det oppretta ein ny post *70 Juridisk bistand.*

På kap. *470 Fri rettshjelp* blir det oppretta ein ny post 70 Juridisk bistand.

Nemninga på kap. 490, post 71 blir endra til *Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak*.

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir stikkordet «kan overførast» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2025	Forslag 2026
400	21	Særskilde driftsutgifter		14 504
400	23	Særskilde driftsutgifter, forsking, evaluering og kunnskapsinnhenting	3 401	14 927
400	73	Tilskot til Noregs forskingsråd		98 617
410	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstolar	1 841	2 502
430	21	Særskilde driftsutgifter	2 524	130 500
430	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m.	14 086	172 142
440	22	Søk etter personar en antek har omkomme		5 000
440	73	Internasjonale forpliktingar, m.m.	68 603	864 721
451	22	Særskilde driftsutgifter – Nødnett	117 574	624 443
475	21	Særskilde driftsutgifter		9 596
490	23	Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling	4 315	7 613
490	72	Assistert retur og reintegrering i heimlandet		110 100
490	74	Internasjonale forpliktingar, kontingentar m.m.		93 585
490	75	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet	2 023	4 476
490	76	Internasjonalt migrasjons- og retursamarbeid	11 991	28 235

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for år 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026) statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 61, 400–491, 3400–3490

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Administrasjon		
400		Justis- og beredskapsdepartementet		
	01	Driftsutgifter	489 069 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	14 504 000	
	23	Særskilde driftsutgifter, forsking, evaluering og kunnskaps-innhenting, *kan overførast*	14 927 000	
	71	Tilskot til internasjonale organisasjonar	23 318 000	
	73	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*	98 617 000	640 435 000
		Sum Administrasjon		640 435 000
		Rettsvesen		
61		Høgsterett		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 410, post 01*	145 381 000	145 381 000
410		Domstolane		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 61, post 01*	3 640 453 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	115 835 000	
	22	Vernesaker/sideutgifter, jord-skiftedomstolar, *kan overførast*	2 502 000	3 758 790 000
414		Forliksråd og andre domsutgifter		
	01	Driftsutgifter	384 219 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	42 863 000	427 082 000
		Sum Rettsvesen		4 331 253 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Straffegjennomføring og konfliktråd		
430		Kriminalomsorga		
	01	Driftsutgifter	6 524 721 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01*	130 500 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	61 684 000	
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m., *kan overførast*	172 142 000	
	70	Tilskot	44 768 000	6 933 815 000
432		Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga		
	01	Driftsutgifter	335 145 000	335 145 000
433		Konfliktrådet		
	01	Driftsutgifter	210 185 000	
	60	Tilskot til kommunar	34 820 000	
	70	Tilskot	60 348 000	305 353 000
		Sum Straffegjennomføring og konfliktråd		7 574 313 000
		Politi og påtalemakt		
440		Politiet		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 443, post 01*	25 385 552 000	
	21	Særskilde driftsutgifter – forsking og utvikling	19 250 000	
	22	Søk etter personar en antek har omkomme, *kan overførast*	5 000 000	
	23	Sideutgifter i samband med sivile gjeremål	30 167 000	
	25	Variable utgifter ved innkomst, mottak og retur i utlendingsforvaltninga til politiet	202 120 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	37 346 000	
	46	Investeringar i Schengen IT-system, *kan overførast*	179 939 000	
	48	Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, *kan overførast*	282 110 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	70	Tilskot	49 861 000	
	73	Internasjonale forpliktingar, m.m., *kan overførast*	864 721 000	27 056 066 000
442		Politihøgskolen		
	01	Driftsutgifter	746 529 000	746 529 000
443		Påtalemakta i politiet		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under kap. 440, post 01*	1 738 400 000	1 738 400 000
444		Politiets tryggingsteneste (PST)		
	01	Driftsutgifter	1 882 354 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	82 296 000	1 964 650 000
445		Den høgare påtalemakta		
	01	Driftsutgifter	406 623 000	406 623 000
448		Grensekommissæren		
	01	Driftsutgifter	7 617 000	7 617 000
		Sum Politi og påtalemakt		31 919 885 000
		Redningstenesta, samfunnsstryggleik og beredskap		
451		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap		
	01	Driftsutgifter	1 633 769 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	28 458 000	
	22	Særskilde driftsutgifter – Nødnett, *kan overførast*	624 443 000	
	23	Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap	53 768 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	145 570 000	
	70	Overføringar til private	8 326 000	2 494 334 000
452		Sentral krisehandtering		
	01	Driftsutgifter	31 088 000	31 088 000
453		Sivil klareringsmyndigheit		
	01	Driftsutgifter	70 673 000	70 673 000
454		Redningshelikoptertenesta		
	01	Driftsutgifter	1 246 408 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	768 977 000	2 015 385 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
455		Redningstenesta		
	01	Driftsutgifter	289 962 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	44 149 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	16 255 000	
	71	Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta	89 547 000	
	73	Tilskot til Redningsselskapet	150 657 000	590 570 000
457		Nasjonalt tryggingsorgan		
	01	Driftsutgifter	574 900 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*	12 358 000	587 258 000
		Sum Redningstenesta, samfunnsstryggleik og beredskap		5 789 308 000
		Andre verksemder		
460		Spesialeininga for politisaker		
	01	Driftsutgifter	79 060 000	79 060 000
461		Advokattilsynet		
	01	Driftsutgifter	56 891 000	56 891 000
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.		
	01	Driftsutgifter	30 000 000	
	70	Juridisk bistand	1 828 577 000	1 858 577 000
467		Norsk Lovtidend		
	01	Driftsutgifter	14 284 000	14 284 000
468		Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker		
	01	Driftsutgifter	31 718 000	31 718 000
		Sum Andre verksemder		2 040 530 000
		Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m.		
470		Fri rettshjelp		
	70	Juridisk bistand	921 175 000	
	72	Tilskot til særskilde rettshjelptiltak	65 988 000	987 163 000
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning		
	71	Erstatningsansvar m.m., *overslagsløyving*	141 489 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	72	Erstatning i anledning av straffe-forfølging, *overslagsløyving*	124 320 000	
	73	Stortingets rettferdsvederlags-ordning	38 332 000	304 141 000
473		Statens sivilrettsforvaltning		
	01	Driftsutgifter	168 174 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	117 967 000	
	70	Erstatning til valdsofre, *overslagsløyving*	500 000 000	786 141 000
475		Bubehandling		
	01	Driftsutgifter, *overslagsløyving*	173 259 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*	9 596 000	182 855 000
		Sum Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar m.m.		2 260 300 000
		Svalbardbudsjettet m.m.		
480		Svalbardbudsjettet		
	50	Tilskot	569 562 000	569 562 000
481		Samfunnet Jan Mayen		
	01	Driftsutgifter	64 559 000	64 559 000
		Sum Svalbardbudsjettet m.m.		634 121 000
		Vern og innvandring		
490		Utlendingsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	1 419 285 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, asylmottak	2 284 327 000	
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetjing	21 675 000	
	23	Særskilde driftsutgifter, kunnskaps-utvikling, *kan overførast*	7 613 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlike-hald, *kan overførast*	170 880 000	
	46	Investeringar i Schengen IT-system, *kan overførast*	92 115 000	
	60	Tilskot til vertskommunar for asylmottak	352 257 000	
	70	Stønadar til bebuarar i asylmottak	502 172 000	
	71	Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak	16 971 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	72	Assistert retur og reintegrering i heimlandet, *kan overførast*	110 100 000	
	73	Vern til flyktningar utanfor Noreg m.m., støttetiltak	10 500 000	
	74	Internasjonale forpliktingar, kontingentar m.m., *kan overførast*	93 585 000	
	75	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, *kan overførast*	4 476 000	
	76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, *kan overførast*	28 235 000	5 114 191 000
491		Utlendingsnemnda		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21*	299 697 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling m.m., *kan nyttast under post 01*	7 939 000	307 636 000
		Sum Vern og innvandring		5 421 827 000
		Sum departementets utgifter		60 611 972 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Departementets inntekter		
3400		Justis- og beredskapsdepartementet		
	01	Diverse inntekter	6 819 000	6 819 000
3410		Domstolane		
	01	Rettsgebyr	211 000 000	
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolane	24 000 000	
	03	Diverse refusjonar	13 813 000	
	04	Vernesaker jordskiftedomstolane	2 502 000	251 315 000
3430		Kriminalomsorga		
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta	130 500 000	
	03	Andre inntekter	28 155 000	
	04	Tilskot	18 000 000	176 655 000
3432		Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga		
	03	Andre inntekter	829 000	829 000
3433		Konfliktrådet		
	02	Refusjonar	6 000	6 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
3440		Politiet		
	01	Gebyr – pass og ID-kort	832 662 000	
	02	Refusjonar m.m.	281 401 000	
	03	Salsinntekter	45 842 000	
	04	Gebyr – vaktselskap og etter-kontroll av deaktiverte skytevåpen	3 828 000	
	05	Gebyr – våpenforvaltning	136 702 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker	367 389 000	
	07	Gebyr – sivile gjeremål	620 537 000	
	08	Refusjonar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar	237 175 000	2 525 536 000
3442		Politihøgskolen		
	02	Diverse inntekter	24 934 000	
	03	Eksterne forskingsmidlar	14 076 000	39 010 000
3444		Politiets tryggingsteneste (PST)		
	02	Refusjonar	17 372 000	17 372 000
3451		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap		
	01	Gebyr	134 908 000	
	02	Refusjonar driftsutgifter Nødnett	40 186 000	
	03	Diverse inntekter	42 020 000	
	04	Refusjonar større utstyrsinnkjøp og vedlikehald Nødnett	88 589 000	
	05	Abonnementsinntekter og refusjonar Nødnett	577 324 000	
	06	Refusjonar	18 696 000	
	07	Refusjonar frå EU i samband med variable utgifter knytte til EUs ordning for sivil beredskap	53 768 000	955 491 000
3453		Sivil klareringsmyndigheit		
	01	Diverse inntekter	800 000	800 000
3454		Redningshelikoptertenesta		
	01	Refusjonar	33 645 000	33 645 000
3457		Nasjonalt tryggingsorgan		
	01	Inntekter	49 205 000	49 205 000
3461		Advokattilsynet		
	01	Bidrag frå advokatar og forvaltar-ordning	57 204 000	57 204 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
3470		Fri rettshjelp		
	01	Tilkjende sakskostnader m.m.	5 132 000	
	02	Fri rettshjelp, ODA-godkjende utgifter	6 095 000	11 227 000
3473		Statens sivilrettsforvaltning		
	01	Diverse inntekter	5 000	
	02	Verjemåls-/representantordninga, ODA-godkjende utgifter	6 990 000	6 995 000
3481		Samfunnet Jan Mayen		
	01	Refusjonar og andre inntekter	7 675 000	7 675 000
3490		Utlendingsdirektoratet		
	01	Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter	8 222 000	
	03	Reiseutgifter for flyktningar frå utlandet, ODA-godkjende utgifter	6 844 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjende utgifter	1 828 399 000	
	05	Refusjonsinntekter	1 095 000	
	06	Beskyttelse til flyktningar utanfor Noreg m.m., ODA-godkjende utgifter	10 500 000	
	07	Tolk og omsetjing, ODA-godkjende utgifter	20 409 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter	113 504 000	1 988 973 000
		Sum departementets inntekter		6 128 757 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 61, post 01	kap. 3061, post 03
kap. 400, post 01	kap. 3400, post 01
kap. 410, post 01	kap. 3410, post 02 og 03
kap. 410, post 22	kap. 3410, post 04
kap. 430, post 01	kap. 3430, post 03 og 04
kap. 430, post 21	kap. 3430, post 02
kap. 432, post 01	kap. 3430, post 04 og kap. 3432, post 03
kap. 433, post 01	kap. 3433, post 02
kap. 440, post 01	kap. 3440, post 02, 03 og 04
kap. 442, post 01	kap. 3442, post 02 og 03
kap. 443, post 01	kap. 3440, post 02
kap. 444, post 01	kap. 3444, post 02
kap. 451, post 01	kap. 3451, post 02, 03 og 06
kap. 451, post 22	kap. 3451, post 05
kap. 451, post 23	kap. 3451, post 07
kap. 451, post 45	kap. 3451, post 04
kap. 453, post 01	kap. 3453, post 01
kap. 454, post 01	kap. 3454, post 01
kap. 455, post 01	kap. 3455, post 01
kap. 457, post 01	kap. 3457, post 01
kap. 461, post 01	kap. 3461, post 01
kap. 473, post 01	kap. 3473, post 01
kap. 481, post 01	kap. 3481, post 01
kap. 490, post 01	kap. 3490, post 05
kap. 491, post 01	kap. 3491, post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga òg, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 01 Driftsutgifter med inntil 75 pst. av inntektene ved sal av sivilforsvarsanlegg og fast eigedom. Inntekter skal inntektsførast under kap. 3451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 40 Sal av eigedom m.m.

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 21 Særskilde driftsutgifter dersom det oppstår ein situasjon med ekstraordinær skogbrannfare og/eller mange skogbrannar, og det i samband med det er nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det som må bereknast i eit normalår. Løyvinga på posten kan òg overskridast ved ekstraordinære hendingar som har medført, eller kan medføre, tap av liv eller skade på helse, kritiske samfunnsfunksjonar eller kritisk infrastruktur, når dei andre nasjonale helikopterressursane ikkje er tilstrekkelege. Fullmakta gjeld utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykke. Overskridingar på posten kan ikkje overstige 40 mill. kroner.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan bestille varer utover løyvinga som er gitt, men slik at den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
440		Politiet	
	01	Driftsutgifter	250,0 mill. kroner
444		Politiets tryggingsteneste (PST)	
	01	Driftsutgifter	50,0 mill. kroner
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	50,0 mill. kroner

V

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om støtte utover løyvingane som er gitt på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, men slik at den samla ramma for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 50 mill. kroner.

VI

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn utover løyvingane som er gitt på kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, post 73 Tilskot til Noregs forskingsråd, men slik at den samla ramma for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 314,3 mill. kroner.

VII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 på kap. 430 Kriminalomsorga, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan bestille og forplikte staten utover budsjettåret for brukarutstyrsprosjektet utviding av Innlandet fengsel, Ilseng avdeling innanfor ei kostnadsramme på 301 mill. kroner (2026-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

VIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 under kap. 440 Politiet, post 46 Investeringar i Schengen-IT-system, kap. 440 Poli-

tiet, post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 46 Investeringar i Schengen IT-system, kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret, i investeringsprosjekt for implementering av Schengen IT-systema SIS, VIS, Eurodac og Interoperabilitet, som Noreg har forplikta seg til gjennom Schengen-avtalen og Dublin-avtalen. Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått dei kommande budsjettåra. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma på 2 680 mill. kroner (2025-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

IX

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 under kap. 440 Politiet, post 46 Investeringar i Schengen IT-system, kap. 440 Politiet, post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 46 Investeringar i Schengen IT-system kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret i investeringsprosjekt for implementering av Schengen IT-systema EES og ETIAS, som Noreg har forplikta seg til gjennom Schengen-avtalen. Fullmakta gjeld og forpliktingar som blir inngått dei kommande budsjettåra. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma på 880 mill. kroner (2025-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

X

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å gjennomføre anskaffing av nye redningshelikopter m.m. under kap. 454 Redningshelikoptertenesta, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma på 17 906 mill. kroner (2026-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å pris- og valutajustere kostnadsramma i åra som kjem.

XI

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret i investeringar knytte til modernisering av utlendingsforvaltningas IKT-system under kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald og kap. 440 Politiet, post 48 Tildeling frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar, innanfor ei kostnadsramme på 2 231 mill. kroner (2025-kroner). Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått dei kommande budsjettåra. Samla forpliktingar og utbetalingar skal til kvar tid haldast innanfor den vedtekne kostnadsramma. Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

XII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å byggje ein ny redningshelikopterbase ved ny lufthamn i Bodø under kap. 454 Redningshelikoptertenesta, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride den endra kostnadsramma på 803 mill. kroner (2026-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

XIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 under kap. 410 Domstolane, post 01 Driftsutgifter kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å anskaffe brukarutstyr til prosjektet med å rehabilitere Bergen tinghus, innanfor ei kostnadsramme på 201,8 mill. kroner (2025-kroner). Samla utbetalingar og forpliktingar skal til kvar tid haldast innanfor den vedtekne kostnadsramma. Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i åra som kjem.

XIV

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 under kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 tilskot kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret til saneringsog opprydingstiltak ved kolkraftverket i Longyearbyen. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overstige kostnadsramma på 134 mill. kroner (2026-kroner).

Andre fullmakter

XV

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Domstoladministrasjonen i 2026 kan postere sideutgifter som blir forskoterte i samsvar med rettsgebyrlova, mot mellomværet med statskassa.

XVI

Avhending av sivilforsvarsanlegg

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når særlege grunnar ligg føre.

XVII

Vidareføring av bubehandling

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan bestemme at ein under ordninga med utgifter til vidare bubehandling kan pådra seg forpliktingar utover løyvinga som er gitt under kap. 475 Bubehandling, post 21 Særskilde driftsutgifter, med inntil 10 mill. kroner, men slik at totalramma for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner.

XVIII

Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan

1. trekkje dei direkte utgiftene politiet har til oppbevaring, tilsyn og sal av beslag, frå salsinntekta før det overskytande beløpet blir inntektsført under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse
2. trekkje kostnader ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene før det overskytande beløpet blir inntektsført under kap. 3451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 40 Sal av eigedom m.m.
3. nettoføre inntektene frå kurs og konferansar som blir haldne i regi av Konkursrådet, og inntekter frå anna verksemd som rådet driv, som utgiftsreduksjon under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter
4. nettoføre tilbakebetalte inntekter under ordninga med utgifter til bubehandling som utgiftsreduksjon under kap. 475 Bubehandling, post 21 Særskilde driftsutgifter

XIX

Stortingets rettferdsvederlagsordning

Stortingets utval for rettferdsvederlag får i 2026 fullmakt til å tilstå rettferdsvederlag av statskassa med inntil 250 000 kroner for kvar enkelt søknad, men slik at grensa er 500 000 kroner for HIV-offer og 300 000 kroner for tidlegare barn i barneheimar, offentlege fosterheimar og spesialskular. Søknader der utvalet tilrår å innvilge erstatning som er høgare enn dei nemnde beløpa, blir fremma for Stortinget til avgjerd. Det same gjeld søknader som etter utvalet si vurdering reiser spørsmål av særleg prinsipiell art.

XX

Innkvartering av utlendingar som søker vern

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2026 kan inngå avtalar som varar utover 2026 om mellombels drift av innkvartering for utlendingar som søker om vern i Noreg. Dersom behovet for innkvartering av asylsøkarar og flyktningar blir større enn føresett i statsbudsjettet for 2026 eller det oppstår behov for å gjennomføre tiltak for forsvarleg innkvartering utover det

som er lagt til grunn der, samtykker Stortinget i at Justis- og beredskapsdepartementet kan auke innkvarteringskapasiteten eller setje i verk nødvendige tiltak, sjølv om dette fører til eit behov for å auke løyvinga over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 21 Særskilde driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak eller post 70 Stønadar til bebuarar i asylmottak. Summen av overskridingar på postane kan ikkje overstige 3,0 mrd. kroner i 2026, og forpliktingane utover 2026 skal ikkje overstige ei samla ramme på 3,0 mrd. kroner.

Andre vedtak

XXI

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 208, 7. desember 2020 blir oppheva.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025